



DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG DISTRIKTSDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2025–2026)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2026

Utgiftskapittel: 500–595 og 2412

Inntektskapittel: 3500–3595, 5312, 5615, 5616 og 5635



DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG DISTRIKTSDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2025–2026)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2026

Utgiftskapittel: 500–595 og 2412

Inntektskapittel: 3500–3595, 5312, 5615, 5616 og 5635

Innhald

Del I	Innleiande del	9	<i>Programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk</i>	51
1	Satsingsområde	11	Kap. 553 Regional- og distriktsutvikling	54
1.1	Eit sterkt og velfungerande kommunesystem	11	Kap. 554 Kompetansesenter for distriktsutvikling	73
1.2	Ein aktiv bustadpolitikk	12	<i>Programkategori 13.60 Samiske føremål</i>	76
1.3	Ein berekraftig arealpolitikk	14	Kap. 560 Samiske føremål	78
1.4	Ein heilskapleg distrikts- og nordområdepolitikk	15	Kap. 563 Internasjonalt reindriftssenter	79
1.5	Gode rammevilkår for samar og nasjonale minoritetar	17	Kap. 3563 Internasjonalt reindriftssenter	80
2	Det økonomiske opplegget for kommunesektoren	19	<i>Programkategori 13.67 Nasjonale minoritetar</i>	81
2.1	Kommunesektoren sine inntekter i 2025	19	Kap. 567 Nasjonale minoritetar	82
2.2	Kommunesektoren sine inntekter i 2026	19	<i>Programkategori 13.70 Kommunesektoren mv.</i>	86
3	Oppfølging av oppmødingsvedtak	23	Kap. 571 Rammetilskot til kommunar	88
3.1	Stortingssesjon 2024–2025	25	Kap. 3571 Tilbakeføring av forskot	91
3.2	Stortingssesjon 2023–2024	34	Kap. 572 Rammetilskot til fylkeskommunar	92
3.3	Stortingssesjon 2022–2023	38	Kap. 3572 Tilbakeføring av forskot	92
3.4	Stortingssesjon 2021–2022	40	Kap. 573 Kommunestruktur	97
3.5	Stortingssesjon 2018–2019	41	Kap. 575 Ressurskrevjande tenester	98
3.6	Stortingssesjon 2015–2016	41	Kap. 577 Tilskot til dei politiske parti	100
4	Oversikt over budsjettforslaget	42	Kap. 578 Valdirektoratet	102
4.1	Utgifter fordelte på kapittel	42	Kap. 579 Valutgifter	103
4.2	Inntekter fordelte på kapittel	43	Kap. 5616 Kommunalbanken AS	103
Del II	Budsjettforslag	45	<i>Programkategori 13.80 Bustad, bumiljø og bygg</i>	104
5	Nærare om budsjettforslaget	47	Kap. 581 Bustad- og bumiljøtiltak	108
Programområde 13 Kommunal- og distriktsdepartementet	47		Kap. 585 Husleigetvistutvalet	112
<i>Programkategori 13.00 Administrasjon</i>	47		Kap. 3585 Husleigetvistutvalet	112
Kap. 500 Kommunal- og distriktsdepartementet	48		Kap. 587 Direktoratet for byggkvalitet	113
			Kap. 3587 Direktoratet for byggkvalitet	114
			Kap. 2412 Husbanken	115
			Kap. 5312 Husbanken	120
			Kap. 5615 Husbanken	121
			<i>Programkategori 13.90 Planlegging, byutvikling og geodata</i>	122
			Kap. 590 Planlegging og byutvikling	125
			Kap. 595 Statens kartverk	132
			Kap. 3595 Statens kartverk	136
			Kap. 5635 Electronic Chart Centre AS	137

Del III	Omtale av særlege tema	139	10	Lønsvilkår o.a. til leiarar i heileigde statlege verksemdar	160
6	Sannings- og forsonings-kommisjonens rapport – oppfølging av oppmodingsvedtak	141	11	Likestilling i verksemdene	161
7	Klima- og miljøprofil	145	Forslag	163	
8	Oppfølging av berekraftsmåla	148	Vedlegg		
9	Nordområdepolitikken	154	1	Den breie distriktpolitikken	171

Digitale vedlegg

Prográmmakategoriija 13.60 Sámi ulbmilat

Tabelloversikt

Tabell 2.1	Auka handlingsrom for kommunesektoren i 2026	20	Tabell 5.5	Fordeling av post 65 på kommunar og områder (i mill. kroner)	127
Tabell 2.2	Realvekst i kommunesektoren sine samla inntekter i 2026	20	Tabell 5.6	Områdesatsing – forslag til tildeling for 2026 (i mill. kroner)	128
Tabell 2.3	Kommunane og fylkes- kommunane sine frie inntekter	21	Tabell 11.1	Tilstandsrapportering i departementet og under- liggende verksemder	161
Tabell 2.4	Kommunesektoren sine inntekter i 2026	22			
Tabell 3.1	Oversikt over oppmodings- vedtak, ordna etter sesjon og nummer	23			
Tabell 5.1	Satsar for distriktstilskot Sør-Noreg 2026	89	Vedlegg		
Tabell 5.2	Satsar for distriktstilskot Nord-Noreg 2026	90	Tabell 1.1	Økonomisk politikk	172
Tabell 5.3	Tilskot gjennom inntekts- systemet i 2025 og 2026	93	Tabell 1.2	Næringspolitikk	172
Tabell 5.4	Endringar i rammetilskotet som følgje av endringar i oppgåver mv.	93	Tabell 1.3	Infrastruktur	174
			Tabell 1.4	Velferd, oppvekst, sikkerheit, rettstryggleik og miljø	176
			Tabell 1.5	Særskilde tiltak for Finnmark og Nord-Troms	178
			Tabell 1.6	Tiltak som prioriterer Nord-Noreg og rammetilskot til kommunar og fylkeskommunar	179

Figuroversikt

Figur 5.1	Organisasjonskart	47	Vedlegg		
			Figur 1.1	Utvikling i den breie distriktspolitikken 2010–2026	171

Oversikt over bokser

Boks 2.1	Inntekter til kommunesektoren i 2026	22	Boks 5.1	Verkemiddel	57
----------	---	----	----------	-------------------	----

(Korrigert utgåve per 14.11.2025)



DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG DISTRIKTSDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2025–2026)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2026

Utgiftskapittel: 500–595 og 2412

Inntektskapittel: 3500–3595, 5312, 5615, 5616 og 5635

*Tilråding frå Kommunal- og distriktsdepartementet 26. september 2025,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Støre)*

Del I
Innleiande del

1 Satsingsområde

1.1 Eit sterkt og velfungerande kommunesystem

Eit sterkt og velfungerande kommunesystem er avgjerande for å sikre gode tenester, små forskjellar og like moglegheiter i heile landet. Når kommunane har kapasitet til å møte nye behov, styrker ein fellesskapet og tilliten i samfunnet. I ei tid med behov for store omstillingar – som følgje av endringar i demografi, klima og teknologi – må vi sørge for at kommunane står godt rusta. Det handlar både om sikkerheit for folk i kvardagen og om å gi framtidstru gjennom gode velferdstilbod, ansvarleg økonomistyring og lokal utviklingskraft.

Mangel på arbeidskraft, aukande omstillingsbehov som følgje av demografiendringar og stram økonomi treffer alle kommunar, men nokre meir enn andre. Ulike kommunar har ulike føresetnader for å møte desse utfordringane. Regjeringa vil bevare eit sterkt lokaldemokrati og eit kommunesystem basert på generalistkommuneprinsippet som leverer likeverdige tenester til innbyggjarane i heile landet.

Kommunesystemet må vere i stand til å møte dei utfordringane kommunesektoren står overfor. Staten må sørge for rammeføresetnader som legg til rette for at kommunane kan møte utfordringane. Samstundes har kommunane sjølv ansvar for omstilling, og for å finne lokale løysingar på korleis utfordringane best kan møtast.

Noreg er eit langstrakt land med store lokale forskjellar i busetnad, samfunns- og næringsliv. Vi har eit velutvikla nasjonalt, regionalt og lokalt folkestyre og eit samfunn med høg tillit og relativt små forskjellar mellom folk. Det lokale folkestyret, både i kommunar og fylkeskommunar, gir innbyggjarane moglegheit for innverknad på utviklinga av sine lokalsamfunn og si framtid.

Det kommunale sjølvstyret gir rom for skreddarsydd løysingar for kvart einskilt lokalsamfunn, tilpassa dei utfordringane ein står overfor. Derfor skal kommunesektoren i all hovudsak vere rammefinansiert, hovudsakeleg gjennom frie midlar. Øyremerkte tilskot skal som hovudregel berre gå til viktige nasjonale prioriteringsområde i ein

oppstartsfase, eller til finansiering av oppgåver som få kommunar har ansvar for. Regjeringa er opptatt av å gi kommunane handlingsrom til å løyse oppgåvene lokalt.

Regjeringa har sett ned ein kommisjon som skal foreslå endringar i den statlege styringa av kommunesektoren som legg til rette for god ressursbruk, fleksibel bruk av personell og effektiv oppgåveløysing i kommunesektoren. Kommisjonen skal òg vurdere og foreslå tiltak om det er andre forhold som bind kompetanse unødvendig, bidrar til unødvendig høge kostnader eller lite effektiv oppgåveløysing i kommunar og fylkeskommunar. Kommisjonen skal etter planen levere ein første rapport før jul i år, medan neste rapport skal kome i 2026.

Samanslåing til større kommunar kan i dei aller fleste tilfelle bidra til å løyse utfordringar med manglande kapasitet og kompetanse. Departementet har gode og føreseielege økonomiske verkemiddel tilgjengeleg for kommunar som vurderer å slå seg saman.

Regjeringa meiner at interkommunalt samarbeid er heilt nødvendig for at mange kommunar skal kunne løyse oppgåvene sine. Departementet vil derfor greie ut korleis regelverket kan legge betre til rette for at kommunar kan samle fleire oppgåver og tenester i same samarbeid, og framleis behalde demokratisk styring og kontroll gjennom ei folkevald leiing.

Nokre enkeltkommunar kan over tid stå i ein særleg krevjande økonomisk situasjon og langvarige styringsutfordringar. Generalistkommuneutvalet tilrådde at det blir greidd ut ei særskild oppfølgingsordning for kommunar med store og vedvarande utfordringar, jf. NOU 2023: 9. Regjeringa vil greie ut ei slik særskild oppfølgingsordning som skal førebygge at kommunar hamnar i svært krevjande situasjonar som kan utfordre legitimiteten til kommunesystemet.

I møte med nye utfordringar må offentleg sektor vere utviklingsorientert. Forsøksordninga for kommunar og fylkeskommunar, som regjeringa inviterte til i 2023, vil kunne bidra til å teste ut smartare organisering av kommunen sine oppgåver og verksemd gjennom fritak frå regelverk.

Tolv søknadar vart valde ut i ordninga. Til no er seks forsøk godkjente. For dei resterande søknadane som vart valde ut, er arbeidet med å konkretisere prosjekta i gang.

Inntektssystemet er viktig for å sikre eit likeverdig tenestetilbod i heile landet. Det nye inntektssystemet for kommunane, som regjeringa foreslo i Prop. 102 S (2023–2024) *Kommuneproposisjonen 2025*, fekk verknad frå 2025. Endringane i inntektssystemet sikrar ei jamnare fordeling av skatteinntektene mellom kommunane, både gjennom endringar i skattegrunnlaga til kommunane og ved å auke utjamningsgraden i inntektsutjamninga. Endringane i skatteelementa i inntektssystemet blir fasa vidare inn og vil vere fullt implementerte i 2026.

Regjeringa foreslår ein vekst i frie inntekter i 2026 på 4,2 mrd. kroner. Veksten blir fordelt med 3,2 mrd. kroner til kommunane og 1,0 mrd. kroner til fylkeskommunane. Dei samla inntektene til kommunesektoren utgjer om lag 18,5 pst. av BNP for fastlands-Noreg. Om lag kvar femte sysselsette i landet er tilsett i kommunal sektor. Storleiken på kommunesektoren inneber at utviklinga i sektoren har stor betydning for utviklinga i norsk økonomi, og sektoren sin samla ressursbruk har stor verknad på heilskapen i økonomien. Det økonomiske opplegget for kommunesektoren i 2026 er omtalt i kapittel 2.

1.2 Ein aktiv bustadpolitikk

Noreg treng fleire bustader, og regjeringa har som mål at det blir tillate igangsetting av 130 000 bustader innan 2030. Regjeringa prioriterer derfor tiltak for å ta ned tida på plan- og byggesaksprosessar og gjere det meir føreseieleg å realisere gode bustadprosjekt. Samstundes jobbar regjeringa for å sikre at bustadene og buområda har god kvalitet – vi skal bygge bustader i eit hundreårsperspektiv. Kommunane er viktige i det bustadpolitiske arbeidet, og regjeringa vil gjere kommunane betre rusta til å ta sitt bustadpolitiske ansvar. Regjeringa sin bustadpolitikk er òg forankra i Meld. St. 13 (2023–2024) *Bustadmeldinga – ein heilskapleg og aktiv bustadpolitikk for heile landet*. Målet er at folk skal kunne bu i ein eigna bustad i heile landet. I bustadmeldinga legg regjeringa fram fire innsatsområde som ligg til grunn for bustadpolitikken:

1. Fleire skal få høve til å eige eigen bustad.
2. Leigemarknaden skal vere trygg og føreseieleg.

3. Ta vare på bustadane vi har, og bygge dei vi treng.
4. Forsterka innsats for dei som ikkje sjølve klarer å skaffe seg og behalde ein eigna bustad.

Regjeringa har sett i gang ei rekke grep for å få fart på bustadbygginga. For å ta ned tida på plan- og byggesaksprosessar, er rammene til Direktoratet for byggkvalitet (DiBK) styrkt, og regjeringa foreslår ei ytterlegare styrking i 2026, slik at dei kan forsterke arbeidet med å forenkle og digitalisere plan- og byggesaksprosessane. Effektive plan- og byggesaksprosessar kan redusere tidsbruk og kostnader i byggeprosjekt, og vil gjere prosessane kortare og meir føreseielege for både utbyggarar og kommunar. I revidert nasjonalbudsjett for 2025 vart DiBK styrkt med midlar til å automatisere byggesaksprosessar.

Vidare har departementet sendt på høyring lov- og forskriftsendringar som skal bidra til færre byggesøknader med manglar og til meir føreseieleg tidsfristberekning i byggesaksprosessen. Ei arbeidsgruppe med deltakarar frå byggenæringa, kommunane og staten har utarbeidd ein rapport med forslag til tiltak for raskare plan- og byggesaksbehandling.

Departementet har òg etablert eit motsegnprosjekt som skal sjå på korleis planprosessane kan bli betre. Gjennom god dialog og tydeleg rettleiing vil departementet bidra til at nasjonale interesser blir ivaretatt, samstundes som prosessane blir meir effektive. Departementet vil i dette arbeidet ha tett kontakt med sektordepartementa som er ansvarlege for å styre motsegnsmyndighetene.

Stortinget har vedtatt lovendringar i plan- og bygningslova og matrikkellova som skal bidra til å gjere det enklare og raskare å bygge bustader i byar og tettstader, jf. Prop. 115 L (2024–2025). I lovendringane er det mellom anna lagt fram ei ny ordning for grunneigarfinansiering av infrastruktur. Lovendringane skal gi kommunane eit nytt verktøy som kan sikre ein meir heilskapleg planlegging og ei raskare og meir effektiv gjennomføring av desse planane. Det vil vere frivillig for kommunane om dei skal bruke ordninga.

Regjeringa bidrar til å halde hjula i gang når bustadbygginga er låg. Gjennom Husbankens låne- og tilskotsordningar blir det bygd fleire bustader med kvalitetar som vi som samfunn treng. Desse prosjekta har òg bidratt til at utbyggarar har klart seg gjennom ein periode med svært låg bustadbygging.

Regjeringa satsar på studentbustadbygging, og i 2025 vil 3 050 studentbustader kunne få til-

skot, og storleiken på tilskotet har auka. Frå 1. juli 2025 er det opna for at kommunane kan fastsette studentbustader som eige arealformål. Gjennom boligdugnaden.no har regjeringa lagt til rette for at fleire private leiger ut.

Kommunane har eit stort bustadpolitisk ansvar. Dei skal drive heilskapleg bustadplanlegging og legge til rette for at det blir bygd nok bustader. Regjeringa vil bidra til at kommunane har dei føresetnadane og rammevilkåra dei treng for å kunne ta ei aktiv bustadpolitisk rolle ut frå lokale forhold, prioriteringar og nasjonale mål. Nye statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet er eit viktig verkøy for kommunane, jf. omtale under pkt. 1.3.

Husbanken fekk i 2025 eit fornya samfunnsoppdrag som inneber at dei skal forsterke og vidareutvikle rolla som støttespelar for kommunane i det heilskaplege bustadpolitiske arbeidet. Husbanken skal mellom anna bidra til at kommunane får eit betre kunnskapsgrunnlag for å analysere bustadbehov og effektar på bustadmarknader av bustadplanlegging og bustadpolitiske innsats i kommunane.

Regjeringa har òg sett i gang ein pilot saman med Oslo og Akershus om bustadbehov i bu- og arbeidsmarknadsregionar, og støtta etableringa av ein ny modell for bustadbehovsanalysar til bruk i fylkeskommunar og kommunar. Det er òg utvikla betre data og rettleiingar for kommunane sine analysar av bustadpotensialet. Departementet har vidare fremja eit lovforslag om å gi kommunane høve til å stille krav om at bustader skal organiserast som burettslag i nye bustadprosjekt.

Bustadpolitikken skal bidra til å redusere og jamne ut sosiale og geografiske forskjellar. Dei fleste bur godt og trygt i Noreg i dag. Fire av fem bur i ein bustad dei eig, og bustadmassen er generelt velhaldt og av god kvalitet. Fleirtalet av befolkninga er òg nøgde med bustaden sin. Samstundes har bustadsituasjonen blitt meir krevjande for mange. Det har vore ein nedgang i bustadbygginga, presset i leigemarknaden er høgt fleire stader i landet, og hushalda opplever aukande buutgifter. Særleg har dei samla buutgiftene til bustadeigarar med høge lån auka grunna høgare rente. Andelen med høg buutgiftsbelasting er likevel framleis høgare blant hushald som leiger bustad enn blant dei som eig. Det er særleg aleinebuande og einslege forsørgjarar som opplever buutgiftene som belastande. Dei som er aller mest vanskelegstilte på bustadmarknaden, er dei som ikkje har tilgang til eigd eller leigd bustad, dei bustadlause. Talet på bustadlause aukar og det er fleire som oppheld seg i mellombelse butilbod

over lengre tid. Den nasjonale kartlegginga av bustadløyse som skulle vore gjennomført hausten 2024, vart utsett grunna utfordringar knytt til personvernreglar for innsamling og bruk av data. Departementet tar sikte på å gjennomføre ei ny kartlegging hausten 2025.

I bustadmeldinga foreslår regjeringa tiltak som gir fleire høve til å eige eigen bustad både i by og bygd. Regjeringa vidarefører forsøket der kommunane kan gi startlån til husstandar som er noko betre økonomisk stilte enn dei som kommunane gir startlån til i dag. Regjeringa la i juni 2025 fram for Stortinget eit forslag om å gjere endringar i burettslagslova og eigarseksjonslova for å legge betre til rette for bruk av leige- til eigemodellar og andre bustadkjøpsmodellar, og for å styrkje forbrukaromsynet i slike modellar.

Nær ein million innbyggjarar leiger bustaden dei bur i. Regjeringa legg i bustadmeldinga fram ein fornya leigemarknadspolitikkk med fire mål for leigemarknaden: trygge leigeforhold, eit tilstrekkeleg tilbod av leigebustader, solid kunnskap om leigemarknaden og ein berekraftig kommunal utleigesektor. Det skal vere føreseieleg både å leige og leige ut bustad. Regjeringa fornyar husleigelova, har forbetra bustøtta og reduserer talet på konflikhtar gjennom eit effektivt og kompetent husleigetvistutval. Regjeringa vil òg satse på forskning for å skaffe meir kunnskap om leigemarknaden og leigepreisar.

Regjeringa vil slå saman Husbanken og Husleigetvistutvalet frå 1. januar 2026. Målet er å gjere saksbehandlinga av husleigetvister meir robust, og å vri innsatsen i større grad frå tvisteløysing til førebygging. Handsaminga av husleigetvister vil framleis vere uavhengig. Husbanken har fått ei nasjonal fagrolle for leigemarknaden som dei alle-reie er godt i gang med å fylle. Kunnskap om husleigetvistar vil bli verdifull for Husbankens kunnskapsrolle. I tillegg foreslår regjeringa å styrkje rammene til Husleigetvistutvalet for å gjere dei i stand til å handtere det auka talet på innkomne saker.

I samband med revidert nasjonalbudsjett for 2024, vart bustøtta styrkt gjennom ei rekke tiltak. Dei årlege buutgiftstaka er auka med 4 000 kroner, og berekninga av eigendelen er forenkla. I tillegg vart det vedtatt at inntekta til heimebuande 18- og 19-åringar ikkje skal telje med når bustøtta til ein husstand blir berekna. Alle mottakarar som ikkje har oppvarming inkludert i husleige eller fellesutgifter får eit årleg tillegg på over 7 000 kroner i buutgiftene når bustøtta blir utrekna.

Husbanken har utvikla eit digitalt fagsystem, Kobo, for å søkje, tildele og administrere kommu-

nale utleigebustader. Kobo gjer det enklare for kommunane å finne rett bustad til kvar enkelt søkjar. Ved årsskiftet stod nær 8 850 kommunale leigebustader tomme, noko som tilsvarende om lag 8 pst. av den kommunale bustadmassen. Dette er bustader som kan utnyttast betre. Husbanken tilbyr Kobo til alle kommunar, og over 130 kommunar har inngått samarbeidsavtale med Husbanken. Interessen frå kommunane er stor, og Husbanken rullar ut så raskt som mogleg. Husbanken undersøker no om Kobo kan vidareutviklast for å betre samarbeidet mellom velferdssektorane og gi betre brukarreiser i sårbare overgangar.

Kommunane sitt ansvar på det bustadsosiale feltet vart klargjort i bustadsosiallova, som tredde i kraft 1. juli 2023. Husbanken gir kommunane støtte i arbeidet med å følgje opp lova, mellom anna gjennom webinarar og systemet Kobo. Departementet har bedt Husbanken vurdere kva for ytterlegare informasjon kommunane har behov for i arbeidet med å følgje opp lova.

1.3 Ein berekraftig arealpolitikk

Kommunar og fylkeskommunar er avgjerande for å realisere ein berekraftig arealpolitikk. Dei har rolla som samfunnsutviklar og er planmyndigheit med ansvar for arealforvalting, kart og geodata.

Dei nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging, vedtatt i juni 2023, seier at kommunane skal ta omsyn til nasjonale klimamål, naturmangfald og andre viktige samfunnsomsyn i planlegginga. Målet er å styrkje samanhengen mellom nasjonal politikk og lokal arealforvalting, slik at lokale planavgjerder bidrar til å nå overordna mål for ein heilskapleg arealpolitikk.

For å nå regjeringa sitt mål om igangsetting av 130 000 nye bustader innan 2030, må bustadpolitikken og arealbruken sjåast i samheng. Ei heilskapleg samfunns- og arealplanlegging etter plan- og bygningslova er avgjerande for å legge til rette for gode og berekraftige bumiljø. Regjeringa har derfor sett i gang fleire tiltak for å stimulere til bustadbygging, mellom anna ein brei dialog om korleis planprosessane kan forenklast og sakshandsaminga gjerast meir effektiv. Sjå òg omtale under pkt. 1.2. Digitalisering av planprosessane og bruk av Kartverkets fellesløysingar skal gi betre medverknad, meir open forvalting og meir effektive prosessar – til nytte for både innbyggjarar, utbyggjarar og kommunar.

Regjeringa har sett i gang eit arbeid med å betre dei statlege og regionale myndigheitene sin medverknad i planprosessar, og vil sjå på om ein

kan bruke motsegner på ein betre måte for å unngå at planarbeidet blir bremsa. Sjå òg omtale under pkt. 1.2. Regjeringa vil med arbeidet kring motsegner bidra til eit nærare samarbeid med dei meist sentrale arealdepartementa for å betre samordninga av statleg arealpolitikk.

Regjeringa la i juni 2025 fram ein ny nasjonal arkitekturstrategi *Rom for kvalitet*. Strategien framhevar kor viktig kvalitet i dei bygde omgivnadene er for folks kvardag og for samfunnsutviklinga. Regjeringa sin ambisjon er at vi saman skal forvalte og utvikle arkitektur med varierte nabolag, varsam ressursbruk, vakre omgivningar og varige kvalitetar. Strategien er knytt til regjeringa sitt mål om auka bustadbygging, og beskriv statleg politikk, verkemiddel og bidrag for auka kvalitet i dei bygde omgivnadene.

Regjeringa ønskjer å følgje opp arkitekturstrategien med å sette i gang arbeidet med ei stortingsmelding om arealplanlegging og arkitektur. Målretta planlegging av arealbruk og det bygde miljøet er viktige verkemiddel som kan bidra til å finne framtidige løysingar på korleis vi kan redusere utslepp av klimagassar og tap av naturmangfald, møte demografiske endringar og trygging- og beredskapsbehov, og dessutan omstille økonomien. Arbeidet med ei stortingsmelding vil inkludere ein brei medverkings- og innspelsprosess. Arkitekturstrategien vil òg bli følgt opp gjennom mellom anna ei styrkt samordning av statlege sektorar og verkemiddel, støtte til innovasjonsprogrammet FutureBuilt og vidareutvikling av DOGA sitt arbeid med kvalitet i dei bygde omgivnadene.

Våren 2025 vedtok Stortinget regjeringa sitt forslag til grunneigarfinansiering for å gjere kommunane i stand til raskare å få på plass nødvendig infrastruktur ved utvikling av nye område (Prop. 115 L 2024–2025). Desse endringane i plan- og bygningslova og matrikkellova styrkjer verkemidla ved fortetting og transformasjon av by- og tettstadsområde. Kommunane får no høve til å innføre omsynssoner med krav om grunneigarfinansiering av infrastruktur, og det er opna for at private kan søkje om ekspropriasjon med kommunestyrets samtykke. I tillegg er det gjort endringar i reglane om utbyggingsavtalar og eigedomsendringar for å sikre betre gjennomføring av arealplanar.

Nye statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet vart lagt fram i januar 2025. Desse erstattar dei tidlegare retningslinjene for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging. Retningslinjene skal sikre samordna og berekraftig planlegging av bustader, areal og transport i heile landet. Målet er å fremje utvikling av kompakte,

attraktive og klimavenlege byar og tettstader, samstundes som ein tar vare på natur, jordressursar og kulturmiljø. Ein viktig del av retningslinjene er å legge til rette for effektiv arealbruk gjennom fortetting og transformasjon i eksisterande by- og tettstadsområder, særleg i område med høgt utbyggingspress.

Kommunesektoren har ei viktig rolle i omstillinga til eit lågutsleppssamfunn og skal bidra til å tilpasse samfunnet til klimaendringar og ta vare på natur. I desember 2024 vedtok Kongen i statsråd nye statlege planretningslinjer for klima og energi. Retningslinjene tydeleggjer korleis kommunane skal ta klimaomsyn og legge til rette for energiomstilling. Retningslinjene skal legge til rette for at planlegginga reduserer klimagassutslepp og bidra til eit lågutsleppssamfunn.

I stortingsmeldinga om klima, Meld. St. 25 (2024–2025) *Klimamelding 2035 – på vei mot lavutslippssamfunnet*, blir kommunane si viktige rolle i klimaomstillinga nærare omtalt. Stortingsmeldinga om natur, Meld. St. 35 (2023–2024) *Bærekraftig bruk og bevaring av natur – Norsk handlingsplan for naturmangfold*, understrekar korleis kommunane, særleg som planmyndigheit, har ei nøkkelrolle i å ta vare på natur. Sjå òg omtale i del III om klima- og miljøpolitikk.

Regjeringa har avtalar med fleire store og mellomstore kommunar om områdesatsingar. I stortingsperioden har regjeringa utvida talet på kommunar med avtale om områdesatsing frå 4 til 14 kommunar. Områdesatsingar har som mål å betre bu- og nærmiljøa og tenestetilboda i byområde med konsentrasjon av levekårsutfordringar. Regjeringa fortset arbeidet med områdesatsingane, sjå nærare omtale under kap. 590, post 65.

I dei store byområda er det press på areal og på transportsystema. Byvekstavtalane er eit viktig verkemiddel for å sikre nødvendig samordning av areal- og transportutviklinga. Avtalane går over om lag ti år og er langsiktige politiske intensjonsavtalar der staten, fylkeskommunar og kommunar forpliktar seg til ein felles innsats for å nå nullvekstmålet for persontransport med bil. Regjeringa samarbeider òg med dei mellomstore byane gjennom bypakkar og tilskot til ein miljøvenleg transportpolitikk. Det er inngått avtalar for sju byområde. Regjeringa vil på sikt vurdere om det er aktuelt å invitere Buskerudbyen (Drammensområdet) og Grenland til forhandlingar om byvekstavtalar.

Kommunal- og distriktsdepartementet støttar planarbeidet i fylkeskommunane og kommunane gjennom kompetansetiltak, kunnskapsdeling og ved å utvikle nye verktøy.

Over heile landet er det tilbod om rettleiing og etter- og vidareutdanning på planfeltet, i samarbeid med offentlege og private aktørar. Regjeringa oppmodar kommunane til samarbeid gjennom interkommunale plankontor og andre former for interkommunalt plansamarbeid for å styrkje kapasiteten og kompetansen til å drive samfunnsutvikling. Det er oppdatert og tilgjengeleg rettleiing og informasjon om planlegging etter plan- og bygningslova på regjeringa si nettside planlegging.no.

Regjeringa ønskjer å styrkje fellesløysingane i Kartverket. Desse løysingane leverer kart og kartdata til viktige samfunnsområde som sikkerheit og beredskap, klima og miljø, plan- og byggesaksprosessar, samferdsle og privat næringsliv. Over tid har datamengda som blir forvalta gjennom fellesløysingane auka mykje, og det blir sett stadig høgare krav til sikkerheit og kvalitet. Krava til funksjonalitet har òg økt. Tiltaket skal bidra til å vidareutvikle fellesløysingane med ny funksjonalitet og betre sikkerheit, og i tillegg styrkje drifta av løysingane. Regjeringa ønskjer å legge til rette for sikker registrering, lagring og deling av opplysningar for å sikre tilstrekkeleg oversikt over og kontroll med eigarskap til fast eigedom. Kartverket leverte ei konseptvalutgreiing om eigarskapsopplysningar i juni 2025 som regjeringa vil følge opp vidare.

Regjeringa har støtta opp om Oslo, Trondheim og Stavanger sitt arbeid for grøn omstilling og klimanøytralitet innan 2030. EU-kommisjonen godkjente i 2025 klimakontraktane til dei tre byane, og tildelte dei Mission Label-merket under EU sitt samfunnsoppdrag for klimanøytrale og smarte byar. Dette markerer eit viktig steg i byane sitt klimaarbeid. For å bli godkjente, måtte byane utarbeide ein klimakontrakt med mål, tiltak og investeringsplanar.

1.4 Ein heilskapleg distrikts- og nordområdepolitikk

Målet for distrikts- og regionalpolitikken er at folk skal kunne leve eit godt liv i heile Noreg, at alle lokalsamfunn skal ha rom for utvikling og verdiskaping, og at folketalet skal auke i distriktskommunar. Regjeringa arbeider for at folk har tilgang på arbeid, bustad og gode tenester nær der dei bur, og vil legge til rette for trygge, berekraftige og levande lokalsamfunn i heile landet gjennom desentraliserte løysingar, jf. Meld. St. 27 (2022–2023) *Eit godt liv i heile Noreg – Distriktpolitikk for framtida*.

Kommunal- og distriktsdepartementet har ei samordningsrolle i saker som har betydning for distrikts- og regionalpolitiske mål, og skal bidra til at regjeringa sin politikk samla sett støtter opp under målet. Departementet har òg ansvar for å koordinere regjeringa sin nordområdepolitikk.

Regjeringa utforskar bygdevekstavgøter som distriktspolitisk verkemiddel. Det overordna målet for bygdevekstavgøter er å bidra til framtidsretta næringsutvikling, busetting og tilgang på kompetent arbeidskraft i dei minst sentrale delane av Distrikts-Noreg. Avgøterane legg til rette for styrkt utviklingskraft i distriktskommunar og samordnar offentlege aktørar på tvers av sektorar og forvaltingsnivå. Kommunane testar nye tiltak på lokale utfordringar som vil kunne ha overføringsverdi til andre kommunar. Regjeringa har no signert 10 avgøter fordelt på 35 kommunar i 7 fylke.

Grøn omstilling og attraktive arbeidsplassar er viktig for framtida. Noreg treng næringar som gir landet verdiskaping og arbeidsplassar, som tar klimaomsyn og nyttar ressursane på ein berekraftig måte. Regjeringa vil føre ein aktiv næringspolitikk slik at små og mellomstore verksemdar tar del i denne omstillinga. Fylkeskommunen har ansvar for å legge til rette for verdiskaping og samfunnsutvikling. Ressursgrunnlaget som finst regionalt og lokalt er viktige føresetnader når nye og eksisterande næringar skal utviklast.

Regjeringa arbeider med å følgje opp regionvekstavgøterane med pilotfylka Nordland og Rogaland, som begge har valt grønt industriløft som overordna tema for sine avgøter. Avgøterane vil styrkje gjennomføringa av nasjonal politikk og forsterke rolla til fylkeskommunen som samfunnsutviklar.

Reiselivsnæringa medverkar til å sikre verdiskaping, arbeidsplassar og utvikling over heile landet. Stortinget vedtok våren 2025 ei lov om besøksbidrag. Dette vil gjere det lettare for kommunar med høgt reiselivspress å finansiere reiselivsrelaterte fellesgode, og kan bidra til å legge grunnlaget for ei berekraftig utvikling i næringa.

Landbruk og landbruksbasert verksemd er viktig for verdiskaping og sysselsetting i mange distriktskommunar. Regjeringa har i heile si periode prioritert ei auke i inntektsmoglegheitene i jordbruket. I jordbruksavgøter Prop. 149 S (2024–2025) vart partane samde om å styrkje nasjonal sikkerheit og sjølvforsyning. Regjeringa vidarefører satsinga på Nord-Noreg og berekraftig matproduksjon og verdiskaping.

Alle innbyggjarar skal ha tilgang til likeverdige tenester same kvar i landet dei bur. I pilot nærtene-senter testar ni kommunar ut ulike modellar

for å gjere statlege publikumstenester meir tilgjengelege i område der innbyggjarane har lang reiseveg.

Lokaliseringspolitikken har som mål å sikre ei god fordeling av statlege arbeidsplassar over heile landet. Dette bidrar til å utvikle robuste arbeidsmarknader i alle regionar og gir tilgang til statlege tenester. Regjeringa ønskjer å lokalisere fleire statlege arbeidsplassar utanfor Oslo og sentrale kommunar i Oslo-området, og å legge betre til rette for desentralisert arbeid i statlege verksemdar. Regjeringa vil òg vurdere korleis statlege arbeidsplassar som skal vere baserte i Oslo kan bli flytta frå sentrum til Groruddalen, Søndre Nordstrand og andre delar av kommunen.

I 2025 vart pilot Statens hus avslutta. Resultata viser at pilotkommunane i stor grad har styrkt og samla det offentlege kompetansemiljøet i regionane, og at kontorfellesskapa har spelt ei særskilt rolle i dette. Piloten har mellom anna løfta fram kommunane si viktige rolle som vertskap for statlege arbeidsplassar, og gitt verdifull innsikt for vidare utvikling av lokaliseringspolitikken for mindre stader.

Eit viktig mål for regjeringa er å få fleire i arbeid. Kombinasjonen av høg etterspørsel etter arbeidskraft og færre folk i arbeidsdyktig alder i distrikta gjer at tiltak for å få fleire utanfor arbeidslivet i jobb vil bli særleg viktig for distrikta framover.

Utdanning og kompetanseutvikling er ein føresetnad for tilgang på nok og kompetent arbeidskraft i offentlig og privat sektor. Regjeringa vektlegg utvikling av utdannings- og kompetansetilbod i distrikta basert på regionale kompetansebehov og prioriteringar. Studiesentera er her sentrale, då dei legg til rette for fleksible og desentraliserte utdanningstilbod.

Regjeringa la våren 2025 fram Meld. St. 11 (2024–2025) om høgare yrkesfagleg utdanning. Meldinga løfter fram behovet for å bygge ut kapasiteten i høgare yrkesfagleg utdanning i tråd med kompetansebehova i heile landet. Fylkeskommunane har eit kompetansopolitisk ansvar for høgare yrkesfagleg utdanning. Meldinga omfattar tiltak som støttar opp under dette ansvaret, som å vidareutvikle dialogen mellom Kunnskapsdepartementet og fylkeskommunane om forvaltning og styring av høgare yrkesfagleg utdanning.

Merkur-programmet er eit viktig verkemiddel for å sikre innbyggjarane i distrikta tilgang til ein nærliggande daglegvarebutikk med god kvalitet. Merkur-butikkar kan spele ei sentral rolle som beredskapsbutikk ved naturkatastrofar og andre akutte hendingar. Maksimalt støttebeløp til inves-

teringsstøtte til Merkur sine daglegvarebutikkar blir auka frå inntil 600 000 kroner til inntil 800 000 kroner per butikk frå 2026.

Infrastruktur som veg, jernbane, hamner, ferjer, flyplassar, breiband og mobilnett bind Noreg saman og er viktig for busetting og arbeidsplassar i heile landet. I Meld. St. 14 (2023–2024) *Nasjonal transportplan 2025–2036* legg regjeringa opp til å vri ressursbruken i planperioden mot drift, vedlikehald og fornying, samstundes som det er lagt opp til oppstart av fleire store riksvegprosjekt over heile landet. Regjeringa har langt på veg sikra alle husstandar og verksemder i Noreg tilgang til høg-hastigheitsbreiband.

I langtidsplanen for forsvarssektoren legg regjeringa opp til eit kraftig forsvarsløft for å styrkje evna til å førebygge, avverje og handtere krise og krig. Regjeringa vil satse på eit sterkt forsvar i heile landet ved å auke bemanninga og styrkje drifta, ikkje minst i nordområda og Finnmark. Langtidsplanen vil krevje store ressursar, fleire tilsette og store investeringar. Dette kan gi store verknader for busetting og næringsutvikling i lokalsamfunn dersom forholda blir lagt til rette og handlingsrommet utnytta.

I den rådande geopolitiske situasjonen er busetting og næringsaktivitet i nordområda avgjerande for å verne om norsk suverenitet, og for å sikre berekraftig forvaltning av naturressursane. I nordområda heng utanriks-, sikkerheits- og innanrikspolitikkk tett saman. I lys av dette har regjeringa lagt fram ny nordområdestrategi *Norge i nord – Nordområdepolitikken i en ny virkelighet*.

Det overordna målet i strategien er at Nord-Noreg skal ha livskraftige lokalsamfunn der folk ønskjer å bu, og som bidrar til sikkerheit og beredskap. Strategien set retning for regjeringa si vidare politikikutvikling og prioriteringar i nordområda, og har som mål å samordne innsatsen på tvers av sektorar og forvaltingsnivå. Dagens utfordringsbilete og den geopolitiske situasjonen tilseier at det er avgjerande at våre politiske mål, prioriteringar og initiativ trekk i same retning. Regjeringa foreslår tiltak innan fleire sektorar for å styrkje ringverknadane av forsvarssatsinga, styrkje beredskapskapasitet og -samarbeid, og dessutan styrkje lokalsamfunnsutvikling og næringsutvikling i nord.

Vekst, utvikling og beredskap i Aust-Finnmark er ikkje isolerte finnmarksforhold, men ein føresetnad for nasjonal sikkerheit og suverenitet. Regjeringa har styrkt den politiske og faglege dialogen med lokale og regionale aktørar i regionen, noko som har lagt grunnlag for prioriteringar i den nye nordområdestrategien. Vidareføring av

dialogen blir sentral for den vidare innsatsen mot felles mål.

Fleire ordningar tar omsyn til dei særskilde utfordringane i Nord-Noreg. Regjeringa har i regjeringsperioden styrkt dei personretta ordningane i innsatssona for Finnmark og Nord-Troms, og har innført gratis barnehage, auka Finnmarksfrådraget og gjeldsletta for studielån. Det er etablert ein «fordelskalkulator» som skal synleggjere dei økonomiske fordelane ved å bu og arbeide i sona (sjå meir under del III Nordområdepolitikken).

Ei særleg viktig ordning i distriktspolitikken er den differensierte arbeidsgivaravgifta, med nullsats i innsatssona i Finnmark og Nord-Troms, og låg avgift i landsdelen elles. Provenytapet av dette tiltaket er estimert til om lag 25,2 mrd. kroner i 2026, sjå vedlegg 1 Den breie distriktspolitikken.

1.5 Gode rammevilkår for samar og nasjonale minoritetar

Samane har status som urfolk i Noreg. Jødar, kvener/norsksfinnar, romar, romanifolk/taterar og skogfinnar er anerkjende som nasjonale minoritetar. Det er viktig for regjeringa at samar og nasjonale minoritetar i Noreg skal få utvikle sitt språk, sin kultur og sitt samfunnsliv.

Regjeringa er i gang med å følgje opp dei 16 oppmodningsvedtaka frå Stortinget etter handsaminga av rapporten til Sannings- og forsoningskommisjonen hausten 2024. Mange av vedtaka handlar på ulike måtar om språk og kultur. Regjeringa har i tillegg ein aktiv samepolitikk og ein aktiv politikk overfor dei nasjonale minoritetane som går utover oppmodningsvedtaka, og som regjeringa ønskjer å bygge vidare på og styrkje i forsoningsprosessen framover. Å motvirke hets, rasisme og diskriming av samar og nasjonale minoritetar står òg sentralt i regjeringa sitt arbeid. Videre forsoning er ein prosess som vil ta tid og som involverer ulike aktørar nasjonalt og lokalt, i tillegg til utstrekt kontakt med Sametinget, og med organisasjonar som representerer kvener/norsksfinnar og skogfinnar. Sjå nærare omtale av oppfølging av oppmodningsvedtaka knytt til rapporten til Sannings- og forsoningskommisjonen i Del III og i budsjettforslaga frå dei enkelte fagdepartementa.

Denne stortingsperioden har det vore ein solid auke av midlar til Sametinget og til andre samiske føremål. Dette er med å styrkje det samiske samfunnet på fleire område – ikkje minst når det gjeld

språk og kultur. Det er innført fleire gode språktiltak for både kvensk og for samiske språk som skal styrkje posisjonen deira. Regjeringa har mellom anna starta arbeidet med ein ny handlingsplan for kvensk språk, styrkt dei samiske språksentera og utviklinga av betre teknologiske verktøy. Språkreglane i samelova er endra slik at det er lettare for fleire kommunar å bli med i forvaltingsområdet for samiske språk. Kommunane i forvaltingsområ-

det skal sørgje for eit samisk språk- og kulturtilbod til barn, unge og eldre. I tillegg har regjeringa utvida den samiske vegviserordninga frå fire til seks vegvisarar frå hausten 2024 og styrkt dei nasjonale minoritetanes organisasjonar. Regjeringa vil fortsette å legge til rette for at omsynet til samane og dei nasjonale minoritetane blir vareteke på tvers av politikkområde og at dei folkerettslege forpliktingane blir etterlevde.

2 Det økonomiske opplegget for kommunesektoren

2.1 Kommunesektoren sine inntekter i 2025

I saldert budsjett for 2025 vart det lagt opp til ein realvekst i dei frie inntektene på 13 mrd. kroner rekna frå inntektsnivået i revidert nasjonalbudsjett for 2024. Dette inkluderer tilleggsløyvinga på 5 mrd. kroner i Prop. 1 S Tillegg 1 (2024–2025).

Anslaget for skatteinntektene knytt til inntekt og formue er no på om lag same nivå som anslått til saldert budsjett for 2025. Då er det korrigert for at nedgangen i skatteinntektene på 250 mill. kroner som følgje av innføring av jordbrukskonto er kompensert gjennom auka rammetilskot.

Anslaget for den kommunale deflatoren er endra frå 4,1 pst. i Nasjonalbudsjettet 2025 til 4,0 pst. Dette trekker isolert sett inntektsveksten opp med om lag 0,5 mrd. kroner.

Rekna frå anslag på rekneskap for 2024, er realveksten i frie inntekter anslått til om lag 23,0 mrd. kroner. Dette inkluderer mellom anna 4,1 mrd. kroner i kompensasjon for auka pensjonskostnader, inkludert ny offentlig AFP, og 1,6 mrd. kroner i auka frie inntekter i revidert nasjonalbudsjett for 2025. Denne betydelege auken må òg bli sett i samanheng med skattesvikten i 2024 knytt til inntekt og formue som var 8,5 mrd. kroner samanlikna med saldert budsjett for 2024.

Anslaget for meirkostnader til pensjon er no om lag 4,2 mrd. kroner utover anslått lønsvekst i 2025, noko som er 0,6 mrd. kroner høgare enn tidlegare anslått.

2.2 Kommunesektoren sine inntekter i 2026

Signal i kommuneproposisjonen

I kommuneproposisjonen for 2026 la regjeringa opp til ein realvekst i kommunesektoren sine frie inntekter i intervallet 4,2–4,9 mrd. kroner. Den foreslåtte veksten ville gi eit handlingsrom utover meirkostnader til demografi på 1,3–2,0 mrd. kroner. Regjeringa foreslo at kommunane skulle få 85 pst. av handlingsrommet utover meirkostnader

til demografi, medan fylkeskommunane skulle få 15 pst. av handlingsrommet. Det vart vidare varsla at dersom det skulle kome vesentleg ny informasjon om den økonomiske situasjonen i kommunesektoren, kunne den foreslåtte veksten bli endra i forslaget til statsbudsjettet for 2026.

Demografi

I kommuneproposisjonen for 2026 vart det anslått ein vekst i kommunesektoren sine demografikostnader på om lag 2,9 mrd. 2026-kroner, fordelt med om lag 2,1 mrd. kroner på kommunane og 0,8 mrd. kroner på fylkeskommunane.

Teknisk berekningsutval for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) oppdaterte anslaget for demografikostnader i juni 2025. Det er inga endring i anslaget samanlikna med kommuneproposisjonen for 2026.

Pensjon

I kommuneproposisjonen for 2026 vart det varsla at kompensasjon for vekst i pensjonskostnader frå og med 2026 skulle inkludrast i anslaga på den kommunale deflatoren. Dette er følgt opp, og anslaget for den kommunale deflatoren i statsbudsjettet tar omsyn til meirkostnader til pensjon. Realvekst i frie inntekter som blir foreslått i statsbudsjettet, er altså vekst utover anslått lønsvekst, prisvekst på varer og tenester og vekst i pensjonskostnader.

Det vart vidare varsla i kommuneproposisjonen for 2026 at departementet tar sikte på ei gradvis justering av berekningsføresetnader for pensjonskostnadane i åra framover. Målet er at pensjonskostnadane, gjennom forventningsrette anslag, over tid skal reflektere nivået på pensjonspremiane. Det er særleg forholdet mellom diskonteringsrenta og lønsvekst som har betydning for nivået på pensjonskostnadane.

I august sendte departementet ut Rundskriv H-4/25 *Beregningsforutsetninger for pensjonskostnadene regnskapsåret 2026*. I rundskrivet fastsette departementet at det såkalla forholdstalet mellom diskonteringsrente og lønsvekst blir redusert frå 1,0 til 0,88. Dette vil isolert sett innebære ein auke

i dei rekneskapsmessige pensjonskostnadane. Denne auken er tatt omsyn til i anslaget på den kommunale deflatoren for 2026.

Vekst i frie inntekter

Tabell 2.1 viser den foreslåtte veksten i frie inntekter og handlingsrommet i 2026. Regjeringa foreslår ein realvekst i sektoren sine frie inntekter på 4,2 mrd. kroner, noko som svarer til ein realvekst på om lag 0,7 pst. Veksten tilsvare nedre grense i intervallet som vart varsla i kommuneproposisjonen for 2026. Inntektsveksten er rekna frå inntektsnivået i 2025 slik det vart anslått etter stortingsbehandlinga av revidert nasjonalbudsjett for 2025.

Mange kommunar og fylkeskommunar opplever den økonomiske situasjonen som utfordrande. Særleg var 2024 eit krevjande år for kommunesektoren. For regjeringa er det viktig å sikre kommunesektoren eit godt og føreseieleg inntektsgrunnlag som bidrar til økonomisk balanse, slik at innbyggjarane kan få eit godt tenestetilbod. I 2025 har sektoren fått betydeleg inntektsvekst. Mellom anna fekk sektoren 1,6 mrd. kroner i frie inntekter i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2025. Desse midlane blir vidareført i 2026. Ein vekst på 4,2 mrd. kroner i 2026 vil ytterlegare bidra til å styrkje den økonomiske situasjonen i kommunesektoren. Når ein tar omsyn til auken på 1,6 mrd. kroner frå Stortinget si handsaming av revidert nasjonalbudsjett, er inntektsveksten i 2026 høgare enn øvre grense i intervallet som vart varsla i kommuneproposisjonen for 2026.

Den foreslåtte veksten på 4,2 mrd. kroner vil gi eit handlingsrom utover meirkostnadar til demografi på 1,3 mrd. kroner. I tråd med signala i kommuneproposisjonen foreslår regjeringa at handlingsrommet på 1,3 mrd. kroner blir fordelt med om lag 85 pst. på kommunane og 15 pst. på fylkeskommunane. Kommunane vil få ein vekst i frie inntekter på 3,2 mrd. kroner, medan fylkeskommunane får ein vekst på 1,0 mrd. kroner.

Regjeringa vil streke under at kommunane og fylkeskommunane har eit sjølvstendig ansvar for å tilpasse aktivitetsnivået til inntektene dei har gjennom kloke prioriteringar, nødvendige omstillingstiltak og god økonomistyring, slik at drifta er berekraftig over tid. Kommunane og fylkeskommunane kan ut frå lokale behov og vurderingar bruke handlingsrommet til å betre den økonomiske balansen eller betre tenestetilbodet.

Tabell 2.1 Auka handlingsrom for kommunesektoren i 2026

	Mrd. 2026-kroner
Vekst i frie inntekter	4,2
-Meirkostnadar til demografi	2,9
Handlingsrom etter meirkostnadar til demografi	1,3

Nærare om realveksten i samla inntekter

I tabell 2.2 er realveksten i kommunesektoren sine samla inntekter på 6,7 mrd. kroner dekomponert.

Ved pålegg om nye eller utvida oppgåver for kommunesektoren, avvikling av oppgåver eller regelendringar som har økonomiske konsekvensar, blir kommunesektoren kompensert eller trekt i frie inntekter basert på endring i økonomisk belastning. Desse endringane blir haldne utanom berekna vekst i frie inntekter, men inngår i veksten i samla inntekter. For 2026 utgjør desse endringane i løyvingane samla sett ein auke på 2,2 mrd. kroner. Endringane er mellom anna knytt til vidareføring av maksimal foreldrebetaling i barnehagen i 2026.

Realveksten i øyremerkte tilskot er anslått til -0,2 mrd. kroner. Reduserte tilskot til mellom anna regional- og distriktpolitiske verkemiddel, vertskommunetilskot, breibandutbygging og energitiltak i kommunale bygg trekker veksten ned. I motsett retning trekker auka løyvingar til mellom anna toppfinansieringsordninga, driftstilskot til fagskular, investeringstilskot til heildøgns omsorgsplassar, tilskot til kulturhistorisk verdifulle kyrkjebygg og overføringar til Havbruksfondet.

Tabell 2.2 Realvekst i kommunesektoren sine samla inntekter i 2026

	Mrd. 2026-kroner
Frie inntekter	4,2
Frie inntekter knytt til endringar i oppgåver ¹	2,2
Øyremerkte tilskot	-0,2
Gebyrinntekter	0,5
Realvekst samla inntekter	6,7

¹ Desse midlane blir løyvd som frie inntekter, men er ikkje med i veksten i frie inntekter fordi dei er knytt til endringar i pålagte oppgåver. Midlane er rekna med i veksten i dei samla inntektene.

Nærare om realveksten i frie inntekter

Tabell 2.3 viser anslag på kommunesektoren sine frie inntekter i 2025 og 2026 i løpende prisar. Inntektsnivået i 2025 er anslag på rekneskap i denne proposisjonen. Inntektsnivået i 2025 er korrigert for oppgaveendringar, regelendringar og endringar i finansieringa av kommunesektoren sine oppgaver. Hensikta med å korrigere for oppgaveendringar mv. er å gjere inntektsnivået i 2025 samanliknbart med inntektsnivået i 2026. Det er gjort nærare greie for korreksjonar i programkategori 13.70, tabell 5.4.

I kommuneproposisjonen for 2026 vart det varsla at den kommunale skattøyren skal fastset-

tast ut frå ei målsetting om at skatteinntektene skal utgjere om lag 40 pst. av dei samla inntektene for kommunesektoren. Anslaget på kommunesektoren sine skatteinntekter i 2026 bygger mellom anna på ein vekst i sysselsettinga på 0,7 pst. og ein årleg lønsvekst på 4,0 pst. frå 2025 til 2026.

Forslag til kommunale og fylkeskommunale skattøyrrar for 2026 er lagt fram i Prop. 1 LS (2025–2026) *Skatter og avgifter 2026*. Det er foreslått at den kommunale skattøyren blir 11,35 pst., medan den fylkeskommunale skattøyren blir 2,40 pst.

Etter dette er det anslått at skatteinntektene vil utgjere om lag 40 pst. av kommunesektoren sine samla inntekter i 2026.

Tabell 2.3 Kommunane og fylkeskommunane sine frie inntekter

	Mill. kroner. Nominelle prisar ¹								
	Kommunane ²			Fylkeskommunane ²			Kommunesektoren i alt		
	2025 ³	2026	Pst. endr.	2025 ³	2026	Pst. endr.	2025 ³	2026	Pst. endr.
Skattar i alt	252 989	268 388	6,1	45 700	48 300	5,7	298 689	316 688	6,0
<i>Av dette skatt på inntekt og formue</i>	<i>234 450</i>	<i>249 200</i>	<i>6,3</i>	<i>45 700</i>	<i>48 300</i>	<i>5,7</i>	<i>280 150</i>	<i>297 500</i>	<i>6,2</i>
Rammetilskot ⁴	200 169	203 464	1,6	54 021	55 554	2,8	254 190	259 017	1,9
Sum frie inntekter	453 158	471 851	4,1	99 721	103 854	4,1	552 879	575 705	4,1

¹ Pris- og lønsveksten i kommunesektoren i 2026 (deflator) er anslått til 3,5 pst. Fra og med 2026 inngår meirkostnader til pensjon i anslått deflator. For 2026 er det anslått nullvekst i meirkostnader til pensjon. Anslaget på den kommunale deflatoren er dermed 3,5 pst. frå 2025 til 2026 både med og utan meirkostnader til pensjon.

² Oslo er delt i ein kommunedel og ein fylkeskommunedel

³ Anslag på rekneskap korrigert for oppgaveendringar, regelendringar og eingongsløyvingar, jf. tabell 5.3 under programkategori 13.70

⁴ Omfattar ikkje kap. 571, post 21 Særskilde driftsutgifter

Boks 2.1 Inntekter til kommunesektoren i 2026

Kommunesektoren sine samla inntekter er anslått til om lag 790 mrd. kroner i 2026. Tabell 2.4 viser samansettinga av inntektene i 2026 og nominell endring frå 2025. Veksten er rekna frå anslag på rekneskap 2025 i denne proposisjonen, korrigert for oppgåveendringar, regelendringar og eingongsløyvingar.

Kommunesektoren sine skatteinntekter og rammetilskot er sektoren sine frie inntekter. Dei frie inntektene utgjer om lag 73 pst. av dei samla inntektene. Desse inntektene kan disponerast fritt innanfor ramma av lover og forskrifter, og gir kommunesektoren rom for lokal tilpassing av verksemda.

Skatteinntekter er kommunesektoren sin del av skatt på alminneleg inntekt frå personlege skatteytarar, formuesskatt og eigedomsskatt i kommunar som har innført det. Nokre kommunar har inntekter frå naturressursskatt frå vasskraftverk. Storleiken på skatteinntektene avheng

mellom anna av utviklinga i skattegrunnlaga og av dei kommunale og fylkeskommunale skattøy-rane. Rammetilskot blir løyvd på Kommunal- og distriktsdepartementet sitt budsjett, kap. 571 og 572.

Øyremerkte tilskot skal nyttast i tråd med føremålet som er angitt for løyvinga. Øyremerkte tilskot utgjer om lag 5 pst. av dei samla inntektene.

Gebyrinntektene er kommunale avgifter og eigenbetalingar for tenester som kommunane leverer til innbyggjarane, til dømes tekniske tenester, helse- og omsorgstenester og barnehagar, og utgjer om lag 14 pst. av dei samla inntektene.

Meirverdiavgiftskompensasjonen er refusjon til kommunesektoren for anskaffingar som er meirverdiavgiftspliktige, og utgjer om lag 4 pst. av dei samla inntektene.

Tabell 2.4 Kommunesektoren sine inntekter i 2026

	Mrd. kroner	Del av samla inntekter (pst.)	Endring frå 2025 ¹ (pst.)
Frie inntekter	575,7	72,9	4,1
<i>Skatteinntekter</i>	<i>316,7</i>	<i>40,1</i>	<i>6,0</i>
<i>Rammetilskot</i>	<i>259,0</i>	<i>32,8</i>	<i>1,9</i>
Øyremerkte tilskot ²	42,1	5,3	8,7
Gebyr	113,9	14,4	4,0
Meirverdiavgiftskompensasjon	33,6	4,3	1,5
Andre inntekter	24,9	3,2	3,5
Totalt	790,2	100,0	4,3

¹ Nominell endring. Berekningsgrunnlaget er anslag på rekneskap for 2025 korrigert for oppgåveendringar, regelendringar og eingongsløyvingar.

² Ekskl. tilskot til kommunane sitt arbeid med flyktningar, personar med opphald på humanitært grunnlag og asylsøkarar.

3 Oppfølging av oppmodingsvedtak

Nedanfor er ei oversikt over oppfølging av oppmodingsvedtak under Kommunal- og distriktsdepartementet. Oversikta omfattar alle vedtak frå stortingssesjonen 2024–2025 og alle vedtak frå tidlegare sesjonar som kontroll- og konstitusjonskomiteen i Innst. 216 S (2024–2025) meinte ikkje var kvittert ut. I tabellen nedanfor blir det òg opplyst om departementet planlegg at rapporteringa knytt til oppmodingsvedtaket no blir avslutta eller om departementet òg vil rapportere konkret på vedtaket i budsjettproposisjonen for neste år.

Departementet har foreslått å avslutte rapporteringa på fleire vedtak der vedtaket gir føringar for politikkkutforming på eit konkret område, og der departementet har omtala korleis dette skal følges opp i politikken framover. Orientering til Stortinget om det vidare arbeidet i desse sakene vil skje i den ordinære omtalen i dei årlege budsjettframlegga og i andre dokument til Stortinget.

Tabell 3.1 Oversikt over oppmodingsvedtak, ordna etter sesjon og nummer

Sesjon	Vedtak nr.	Stikkord	Rapporteringa blir avslutta (Ja/Nei)
2024–2025	17	Sannings- og forsoningskommisjonen – lokale språk- og kulturarenaer	Ja
2024–2025	19	Sannings- og forsoningskommisjonen – økonomiske rammer for kommunar og fylkeskommunar	Ja
2024–2025	28	Sannings- og forsoningskommisjonen – offentleg tilsette sin kunnskap	Ja
2024–2025	29	Sannings- og forsoningskommisjonen – forpliktande handlingsplanar	Nei
2024–2025	30	Sannings- og forsoningskommisjonen – rapportering om utvikling av kvensk språk	Ja
2024–2025	31	Sannings- og forsoningskommisjonen – rapportering til Stortinget	Ja
2024–2025	89	Distriktstilskot for kommunar i innsatssona i Nord-Troms	Ja
2024–2025	451	Sjølvkostregelverk: Forlenge maksimal avskrivingstid	Ja
2024–2025	452	Sjølvkostregelverk: Periode for tilbakeføring/framføring av overskot/underskot	Ja
2024–2025	524	Forsøks-/frikommuneprinsippet	Ja
2024–2025	525	Gjennomgang av kommunesektorens oppgåver	Ja
2024–2025	697	Gjennomgang av partilova	Nei
2024–2025	878	Mindre føringar i areal- og transportplanar	Ja
2024–2025	880	Enklare handsaming av byggesaker	Ja
2024–2025	885	Reduserte plankrav i plan- og bygningslova	Ja

Tabell 3.1 Oversikt over oppmodningsvedtak, ordna etter sesjon og nummer

Sesjon	Vedtak nr.	Stikkord	Rapporteringa blir avslutta (Ja/Nei)
2024–2025	1026	Grunneigarfinansiering: Pilotprosjekt med utval av kommunar	Ja
2024–2025	1027	Grunneigarfinansiering: Evaluere bruken av omsyns-sonar	Ja
2024–2025	1028	Grunneigarfinansiering: Unngå utvida bruk av omsyns-sonar	Ja
2024–2025	1103	Kommunalt sjølvstyre i plan-, areal- og byggesaker	Ja
2024–2025	1104	Forbetre ordninga for ressurskrevjande tenester	Ja
2024–2025	1105	Særskild rentekompensasjon for ferjeavløysingsprosjekt	Nei
2024–2025	1107	Tilskot til ressurskrevjande tenester – enklare utforming	Ja
2024–2025	1108	Vidareføring av ferjeavløysingsordninga	Ja
2024–2025	1148	Fordeling av auken i dei frie inntektene til fylkes-kommunane	Ja
2024–2025	1221	Korttidsutleige av bustader	Ja
2024–2025	1234	Merkur-ordninga	Ja
2024–2025	1241	Frie inntekter til kommunesektoren	Ja
2024–2025	1258	Særskilte tiltak i innsatssonen	Ja
2023–2024	1	Endringar i partilova	Ja
2023–2024	74	Klimagassrekneskap	Ja
2023–2024	93	Ikkje-kommersielle bustader	Ja
2023–2024	155	Regjeringsmedlemmar sine verv og økonomiske interesser	Ja
2023–2024	156	Verv og økonomiske interesser i regjeringsmedlemmar sin hushalding	Ja
2023–2024	456	Organisatoriske tiltak mot flaum	Ja
2023–2024	756	Innføre obligatorisk registrering av eigarskap i fast eigedom	Nei
2023–2024	757	Forbod mot blankoskøyter	Ja
2023–2024	784	Styringsverktøy for områder med villrein	Ja
2023–2024	797	Gjeninnføre tilskot til utleigebustader	Ja
2023–2024	813	Evaluering av nytt inntektssystem for kommunane	Ja
2023–2024	815	Evaluere omlegginga av toppfinansieringsordninga	Ja
2023–2024	909	Husbanklån til ideelle stiftingar til bygging av student-bustader	Nei
2022–2023	24	Unntak frå søknadsplikta etter plan- og bygningslova for mindre solenergianlegg	Ja
2022–2023	88	Husleigelovutval	Nei

Tabell 3.1 Oversikt over oppmodingsvedtak, ordna etter sesjon og nummer

Sesjon	Vedtak nr.	Stikkord	Rapporteringa blir avslutta (Ja/Nei)
2022–2023	454	Strategi for massehandtering	Ja
2022–2023	455	Digital marknadsplass for overskotsmassar	Ja
2022–2023	780	Fordeling av førehandsstemmer og stemmer på valkrins	Nei
2022–2023	821	Evaluering av inntektssystemet for fylkeskommunar	Ja
2022–2023	824	Evaluering av frikommuneforsøk	Ja
2022–2023	934	Etablering av solceller og/eller lokalprodusert energi på nye næringsbygg	Ja
2021–2022	35 nr. 35	Blankoskøyter og plikt til tinglysing	Ja
2021–2022	35 nr. 54	Studentbustader som eige føremål i kommunale arealplanar	Ja
2021–2022	726	Energifleksibel oppvarming	Ja
2018–2019	55	Opplysningsplikt for statsråder og statssekretærer	Ja
2015–2016	646	Unntak frå plan- og bygningslova og grannelova ved nasjonal flyktningkrise	Ja

3.1 Stortingssesjon 2024–2025

Sannings- og forsoningskommisjonen – lokale språk- og kulturarenaer

Vedtak 17, 12. november 2024

«Stortinget ber regjeringen gjennomgå status for aktive, lokale språk- og kulturarenaer for urfolk og nasjonale minoriteter og vurdere hva som er nødvendig for å sikre slike arenaer stabil drift over tid.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Dokument 19 (2022–2023) *Rapport til Stortinget fra Sannhets- og forsoningskommisjonen* og Innst. 30 S (2024–2025).

Departementet har sett i gang arbeidet med å gjennomgå status for kultur- og språkarenaer og foreslår på denne bakgrunn at rapporteringa blir avslutta.

Sannings- og forsoningskommisjonen – økonomiske rammer for kommunar og fylkeskommunar

Vedtak 19, 12. november 2024

«Stortinget ber regjeringen se på de økonomiske rammene for kommuner og fylkeskommuner sitt ansvar for språkutvikling.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Dokument 19 (2022–2023) *Rapport til Stortinget fra Sannhets- og forsoningskommisjonen* og Innst. 30 S (2024–2025).

Departementet vil sjå på dei økonomiske føresetnadene kommunar og fylkeskommunar har for å ivareta språkutvikling og foreslår på denne bakgrunn at rapporteringa blir avslutta.

Sannings- og forsoningskommisjonen – offentlig tilsette sin kunnskap

Vedtak 28, 12. november 2024

«Stortinget ber regjeringen ta ansvar for en planmessig oppdatering av offentlig ansattes kunnskap om urfolks og nasjonale minoriteters rettigheter, språk, kultur og tradisjoner.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Dokument 19 (2022–2023) *Rapport til Stortinget fra Sannhets- og forsoningskommisjonen* og Innst. 30 S (2024–2025).

Departementet har eit e-læringsprogram for offentleg tilsette om samar og nasjonale minoritetar, sist oppdatert i 2024. Departementet vil sjå på andre måtar å nå ut med informasjon om e-læringsprogrammet, i tillegg til å vurdere andre tiltak for å spreie informasjon om gruppene blant offentlege tilsette.

Departementet arbeider med å revidere rett-leiar for kommunar og fylkeskommunar om konsultasjonar med samiske interesser.

Departementet foreslår på denne bakgrunn at rapporteringa blir avslutta.

Sannings- og forsoningskommisjonen –
forpliktande handlingsplanar

Vedtak 29, 12. november 2024

«Stortinget ber regjeringen vurdere effektene av gjeldende virkemiddelapparat og å utforme forpliktende handlingsplaner for å styrke språkene som ble utsatt for fornorsking, med et tilpasset ambisjonsnivå, for henholdsvis levende og utdødde språk.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Dokument 19 (2022–2023) *Rapport til Stortinget fra Sannhets- og forsoningskommisjonen* og Innst. 30 S (2024–2025).

Vedtaket er under oppfølging. Departementet har starta arbeidet med ein handlingsplan for kvensk språk. Det er etablert ei referansegruppe med representantar frå kvenske organisasjonar og institusjonar og ei samarbeidsgruppe med deltakarar frå relevante departement og etatar. Det er enno ikkje sett dato for når handlingsplanen skal vere ferdig.

Departementet har starta arbeidet med ein handlingsplan for skogfinsk kulturarv med språklege element hausten 2025. Det er etablert ei referansegruppe med representantar frå dei skogfinske organisasjonane og institusjonane, og ei samarbeidsgruppe med deltakarar frå relevante departement og etatar.

Departementet har planar om å sette i gang arbeid med handlingsplanar for dei samiske språka.

Sannings- og forsoningskommisjonen –
rapportering om utvikling av kvensk språk

Vedtak 30, 12. november 2024

«Stortinget ber regjeringen om en regelmessig rapportering om utviklingen av kvensk språk etter modell av dagens rapportering for de samiske språkene, og en vurdering av hva som er et hensiktsmessig omfang av en slik rapportering.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Dokument 19 (2022–2023) *Rapport til Stortinget fra Sannhets- og forsoningskommisjonen* og Innst. 30 S (2024–2025).

Det er i dag inga regelmessig rapportering om utviklinga av dei samiske språka som kan brukast som modell for rapportering på kvensk språk. Departementet svarer på dette vedtaket ved å vise til rapporteringa på oppmodningsvedtak 29.

Noreg har ratifisert Den europeiske pakta om regions- eller minoritetsspråk og rapporterer kvart femte år til Europarådet om oppfyllinga av forpliktingane, mellom anna når det gjeld kvensk språk og dei samiske språka.

Departementet foreslår på denne bakgrunn at rapporteringa blir avslutta.

Sannings- og forsoningskommisjonen –
rapportering til Stortinget

Vedtak 31, 12. november 2024

«Stortinget ber regjeringen melde tilbake til Stortinget ved fremleggelse av budsjettet hvert år om hvordan arbeidet overfor urfolk og nasjonale minoriteter følges opp i de respektive departementers ansvarsområder. Det skal i tillegg legges frem en helhetlig melding om forsoningspolitikken og status i oppfølgingsarbeidet. Meldingen legges fram for Stortinget en gang i hver stortingsperiode, første gang i 2027.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Dokument 19 (2022–2023) *Rapport til Stortinget fra Sannhets- og forsoningskommisjonen* og Innst. 30 S (2024–2025).

Regjeringa sin politikk overfor samar og nasjonale minoritetar og oppfølginga av oppmodningsvedtaka går fram av dei årlege budsjettproposisjonane til departementa. Kommunal- og distriktsdepartementet har òg samanfatta rapportering på oppmodningsvedtaka i oppfølginga av Sannings- og forsoningskommisjonens rapport, i del III Omtale av særlege tema.

Kommunal- og distriktsdepartementet vil starte arbeidet med ei stortingsmelding om forsoning og status for oppfølginga oppmodningsvedtaka på nyåret 2026, slik at meldinga kan leggest fram i 2027.

Departementet foreslår på denne bakgrunn at rapporteringa blir avslutta.

Distriktstilskot for kommunar i innsatssonen i Nord-Troms

Vedtak 89, 5. desember 2024

«Stortinget ber regjeringen i kommuneproposisjonen for 2026 utrede behovet for at kommuner i innsatssonen i Nord-Troms skal få distriktstilskudd Nord-Norge mer lik satsene i Finnmark.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Prop. 1 S (2024–2025) Statsbudsjettet 2025 og Innst. 2 S (2024–2025).

Departementet legg til grunn at oppmodningsvedtaket er følgt opp gjennom vurderingane i Prop. 142 S (2024–2025) Kommuneproposisjonen 2026, kap. 3.1.2, der det vart foreslått å ikkje endre satsane for distriktstilskot Nord-Noreg for kommunane i innsatssona i Nord-Troms. Fleirtalet på Stortinget hadde ingen merknader til dette, jf. Innst. 532 S (2024–2025).

Departementet meiner med dette at oppmodningsvedtaket er følgt opp.

Sjølvkostregelverk: Forlenge maksimal avskrivningstid

Vedtak 451, 11. februar 2025

«Stortinget ber regjeringen forlenge maksimal avskrivningstid på renseanlegg, pumpestasjoner, høgdebasseng og ledningsnett i forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv. til 80 år i tråd med SØF-rapport nr. 06/24 Selvkost i kommunene – avskrivningstid, kalkylerente og framføringsperiode.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er representantforslag frå Anne Kristine Linnestad, Erlend Larsen, Liv Kari Eskeland, Mahmoud Farahmand og Turid Kristensen om lavere vann- og avløpsgebyr, jf. Dokument 8:21 S og Innst. 127 S (2024–2025).

Kommunal- og distriktsdepartementet sende 8. mai 2025 ut eit forslag til endringar i dei maksimale avskrivningstidene i budsjett- og rekneskaps-

forskrifta. Høyringsfristen var 3. september 2025. Forslaga fekk god støtte i høyringa. På bakgrunn av dette endra departementet 12. september 2025 forskrifta i tråd med høyringsforslaga. Endringa vil tre i kraft frå og med budsjett- og rekneskapsåret 2026.

Avskrivningstida for leidningsnett blir endra frå 40 til 80 år, og det vil gjelde for både tidlegare og framtidige anskaffingar.

For reinseanlegg, forbrenningsanlegg, pumpestasjonar og høgdebasseng blir gjeldande avskrivningstid på 40 år vidareført. Denne vart endra frå 20 til 40 år i 2020, men gjaldt då berre for nye investeringar. No vil òg investeringar som kommunane gjorde i slike anlegg fram til og med 2019, få ei maksimal avskrivningstid på 40 år.

Avskrivningar er per definisjon ei fordeling av investeringskostnaden over den forventa levetida til investeringa. Avskrivningstida må derfor samsvare med forventa levetid. Samsvar med forventa levetid er ein føresetnad for at avskrivningane skal gi eit rimeleg uttrykk for det årlege kapitalslitet, og for at nedbetalinga av investeringa skal skje over tida investeringa er i bruk, både når det gjeld nedbetaling av kommunen sine lån og den nedbetalinga som skal bli dekt av gebyr innanfor sjølvkostområda. Om avskrivningstida blir sett lengre enn forventa levetid, blir nedbetalingstida for lang.

NTNU Samfunnsforskning vurderte forventa bruks-/levetider for kommunale investeringar. Forslaga som departementet sendte på høyring, var i tråd med deira faglege anbefalingar. I SØF-rapport nr. 06/24 vart det peika på at pumpestasjonar, høgdebasseng og reinseanlegg har ei forventa levetid på ca. 50 år, men komponentar i desse anlegga har kortare levetid. Rapporten anbefalte ikkje konkrete endringar i avskrivningstider for desse anlegga. Rapporten gav altså ikkje fagleg grunnlag for å auke avskrivningstida på pumpestasjonar, høgdebasseng og reinseanlegg frå 40 til 80 år.

Departementet foreslår på denne bakgrunn at rapporteringa blir avslutta.

Sjølvkostregelverk: Periode for tilbakeføring/ framføring av overskot/underskot

Vedtak 452, 11. februar 2025

«Stortinget ber regjeringen revidere forskrift om beregning av samlet selvkost for kommunale og fylkeskommunale gebyrer (selvkostforskriften) med mål om å forlenge perioden for når fremtidig overskudd må tilbakeføres eller underskudd kan fremføres.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er representantforslag frå Anne Kristine Linnestad, Erlend Larsen, Liv Kari Eskeland, Mahmoud Farahmand og Turid Kristensen om lavere vann- og avløpsgebyrer, jf. Dokument 8:21 S og Innst. 127 S (2024–2025).

Kommunal- og distriktsdepartementet sende 8. mai 2025 på høyring forslag om endringar i budsjett- og rekneskapsforskrifta for kommunane og i sjølvkostforskrifta. I høyringa ba departementet om synspunkt på framføringsperioden for under- og overskot i sjølvkostrekneskapen, sjølv om forslaget i høyringsnotatet var at gjeldande periode på fem år blir vidareført. Høyringsfristen var 3. september 2025.

Gjeldande regel er ei avveging mellom omsynet til at kostnadene ved dagens tenester skal bli dekte av dagens brukarar (generasjonsprinsippet) på den eine sida og omsynet til stabile gebyr og jamne gebyraukar på den andre. Høyringsinstansane meinte dagens framføringsperiode på fem år i hovudsak fungerer godt, og forslaget om å vidareføre dagens reglar på dette punktet fekk god støtte. På bakgrunn av dette vil departementet vidareføre gjeldande framføringsperiode på fem år.

Departementet foreslår på denne bakgrunn at rapporteringa blir avslutta.

Forsøks-/frikommuneprinsippet

Vedtak 524, 25. mars 2025

«Stortinget ber regjeringen legge til rette for at flere kommuner kan gjennomføre forsøk med nye måter å løse sine oppgaver på etter forsøks-/frikommuneprinsippet.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er representantforslag frå stortingsrepresentantane Mudassar Kapur, Sandra Bruflot, Anne Kristine Linnestad og Charlotte Spurkeland om ein gjennomgang av kommunesektorens oppgåver og tilskot, jf. Dokument 8:38 S og Innst. 163 S (2024–2025).

I mai 2023 inviterte departementet kommunar og fylkeskommunar til å søke om forsøk (frikommuneforsøk) – og dermed bli forsøkskommunar. Forsøka måtte vere innanfor rammene av eksisterande forsøksheimlar.

Det kom totalt 87 søknader frå 77 kommunar og tre fylkeskommunar, og 12 søknader vart tatt med vidare i forsøksordninga. Søknadane vart vurdert i samarbeid med dei aktuelle fagdepartementa. Til no er fire forsøk med unntak frå opplæringslova godkjente. I tillegg er det godkjent eit

forsøk i Oslo kommune om delegering av myndighet til å fatte vedtak i saker om nedsetting og ettergivnad av eigedomsskatt til eigedomsskattekontoret, og eit forsøk i fire kommunar i Indre Namdalen om felles legeteneste i eit kommunalt oppgåvefellesskap med myndighet til å fatte vedtak. For dei resterande søknadane som vart valde ut, er arbeidet med å konkretisere prosjekta i gang. Årsaka til at mange søknader ikkje vart tatt med vidare i forsøksordninga var mellom anna at kommunar søkte om forsøk der det ikkje var naudsynt med unntak frå regelverk for å gjennomføre tiltaket, at det var i gang lovarbeid på området og at søknader var uklare om kva for regelverk ein søkte unntak frå. I nokre tilfelle opna ikkje forsøksregelverket for det forsøket det var søkt om.

Departementet har inngått avtale med Rambo Management Consulting om å evaluere forsøksordninga. Det inneber å evaluere om rammene for forsøksordninga som regjeringa inviterte til, er ein føremålstenleg måte å legge til rette for forsøk på. Denne evalueringa vil òg kunne gi eit grunnlag for å vurdere eventuelle endringar i forsøksregelverket på sikt, som igjen vil kunne ha betyding for kva for forsøk som bør bli iverksett.

Sett i lys av at regjeringa allereie har invitert kommunar og fylkeskommunar til å søke om forsøk, og at kommunar og fylkeskommunar når som helst kan søke om forsøk etter dei forsøksheimlane som gjeld i dag, meiner departementet at oppmodingsvedtaket er følgt opp.

Gjennomgang av kommunesektorens oppgåver

Vedtak 525, 25. mars 2025

«Stortinget ber regjeringen igangsette et arbeid med å gjennomgå kommunesektorens oppgaver, med sikte på at kommunene kan løse oppgaver mer effektivt, tiltrekke seg nødvendig kompetanse og øke det lokale handlingsrommet, slik at kommuner og fylkeskommuner får økt frihet til å prioritere og sikre innbyggernes rettigheter og tjenester av høy kvalitet. Regjeringen bes komme tilbake til Stortinget på egnet måte.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er representantforslag frå stortingsrepresentantane Mudassar Kapur, Sandra Bruflot, Anne Kristine Linnestad og Charlotte Spurkeland om ein gjennomgang av kommunesektorens oppgåver og tilskot, jf. Dokument 8:38 S og Innst. 163 S (2024–2025).

Regjeringa har sett ned ein kommisjon som skal foreslå endringar i den statlege styringa av

kommunesektoren som legger til rette for god ressursbruk, fleksibel bruk av personell og effektiv oppgaveløsning i kommunesektoren. Kommisjonen skal øg vurdere og foreslå tiltak om det er andre forhold som binder kompetanse unødvendig, bidrar til unødvendig høge kostnader eller lite effektiv oppgaveløsning i kommunar og fylkeskommunar. Kommisjonen skal etter planen levere ein første rapport før jul i år, medan neste rapport skal kome i 2026.

Departementet meiner med dette at oppmødingsvedtaket er følgt opp.

Gjennomgang av partilova

Vedtak 697, 20. mai 2025

«Stortinget ber regjeringen foreta en helhetlig gjennomgang av partiloven, herunder regelverket for finansiering av politiske partier, og komme tilbake til Stortinget på egnet måte.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er representantforslag frå stortingsrepresentantane Mudassar Kapur og Trond Helleland om økt openheit rundt bidrag i form av direkte kandidatstøtte og i form av naturalytingar, jf. Dokument 8:118 L og Innst. 275 L (2024–2025).

Regjeringa vil sette ned eit utval som skal foreslå ny partilov. Dei politiske partia på Stortinget skal bidra med innspel til mandatet.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte.

Mindre føringar i areal- og transportplanar

Vedtak 878, 4. juni 2025

«Stortinget ber regjeringen påse at fylkeskommunenes areal- og transportplaner ikke legger så sterke føringar på kommunene og lokaldemokratiet at de hindrer boligbygging og gode lokale løsninger og bidrar til sentralisering og ensretting av boligtilbudet.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er representantforslag frå stortingsrepresentantane Erlend Wiborg, Hans Andreas Limi, Per-Willy Amundsen og Terje Halleland om ein betre politikk for å eie bustad og få bustad- og byggebransjen i gang, jf. Dokument 8:183 S og Innst. 339 S (2024–2025).

Regjeringa visar til at fylkeskommunen etter plan- og bygningslova skal utarbeide regionale

planar for spørsmål som er fastsett i regional planstrategi. Dei regionale planane er retningsgivande og skal bli lagt til grunn for kommunal og statleg planlegging.

Regjeringa legg til grunn at kommunane skal ha friheit til å styre eigen arealutvikling innanfor rammene som nasjonale og vesentlege regionale interesser sett. Der kor konflikhtar om innhaldet i og praktiseringa av regionale planer ender med føresegn eller vesentlege innvendingar vil desse kunne komme til behandling i Kommunal- og distriktsdepartementet, kor statsråden vil ta stilling frå sak til sak.

Plan- og bygningslova seier at kommunane skal legge til rette for tilstrekkeleg bygging av bustader. Lova gir fylkeskommunane og kommunane fleksibilitet til å tilpasse planlegginga til behovet for ulike typar bustader. I dei nye statlege planretningslinjene for arealbruk og mobilitet har regjeringa differensiert meir mellom kommunar i storregionar og øvrige kommunar. Når fylkeskommunane lager regionale planer, bør dei legge vekt på dette. Dei statlege planretningslinjene for arealbruk og mobilitet inneheld ein eigen retningslinje 3.4 om bustad og bustadsamansetning som ivaretar og avveier hensyna bak oppmødingsvedtaket: *«Det skal bli lagt til rette for tilstrekkeleg og variert bustadbusetnad. Planlegginga skal bidra til gode bumiljø for alle. Potensialet for fortetting i bustadområder og andre utbygde areal skal bli kartlagt og bør bli utnytta før det blir lagt til rette for utviding av eksisterande bustadområder og utbygging i nye områder»*.

Intensjonane i oppmødingsvedtaket vil bli følgt opp gjennom praksis knytt til plan- og bygningslova. I tillegg vil det vere naturleg å drøfte problemstillingane i oppmødingsvedtaket i samband med ei stortingsmelding om arealplanlegging og arkitektur som regjeringa vil igangsette, og som vil inkludere ein bred medverkings- og innspelsprosess.

Departementet meiner med dette at oppmødingsvedtaket er følgt opp.

Enklare handsaming av byggesaker

Vedtak 880, 4. juni 2025

«Stortinget ber regjeringen avbyråkratisere og forenkle byggesaksbehandlingen og gjennomgå fordyrende tekniske krav med tanke på at slike ikke skal bidra til unødige høye kostnader. Innenfor godkjente reguleringsplaner bør prinsippet om forenklet byggesak gjelde.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er representantforslag frå stortingsrepresentantane Erlend Wiborg og Per-Willy Amundsen om dispensasjonar, motsegner og forenklingar i plan og bygningsloven for å skape vekst, jf. Dokument 8:185 S og Innst. 340 S (2024–2025).

Det har over fleire år vore jobba med å digitalisere og forenkle byggesaksprosessane, noko som har gitt store innsparingar for både næringa og kommunane. Digitalisering gjer sakshandsaminga enklare og raskare, og kan bidra til å synleggjere kompliserte, unødvendige eller motstridande reglar. Regjeringa styrkjer innsatsen for digitalisering av plan- og byggesaker. Våren 2025 leverte ei arbeidsgruppe med deltakarar frå byggenæringa, kommunane og staten fleire forslag til tiltak for raskare plan- og byggesaksprosessar. Arbeidsgruppa peikte ikkje på tekniske krav som særleg utfordrande for bustadbygging, og meinte desse i hovudsak ligg på eit fornuftig nivå. Likevel er det enkelte krav kan verke lite føremålstenlege og fordyrande. Dette følgjer departementet opp.

Det er eit betydeleg forenklingspotensial i å omstrukturere dei byggtekniske krava slik at regelverket blir betre tilrettelagt for digital bruk. Direktoratet for byggkvalitet er i gang med digitalisering av byggteknisk forskrift for å gjere det enklare å forstå når eit krav gjeld, kva kravet konkret inneber, og når det er oppfylt. Det er uklart kva som er meint med at prinsippet om forenkla byggesak skal gjelde innanfor godkjende reguleringsplanar. Eit slikt prinsipp og omgrepsbruk er ikkje etablert i plan- og bygningsregelverket. Departementet er oppteken av at byggesakshandsaminga skal vere enkel og effektiv. Våren 2025 vart eit forslag til lov- og forskriftsendingar som skal bidra til raskare og enklare handsaming av byggesøknader sendt på høyring. Forslaget skal gjere det lettare å utarbeide byggesøknaden på rett måte, slik at kommunane kan handsame han med ein gong. Det er i dag òg mogleg å sende inn byggesøknad som må avgjerast av kommunen innan tre veker dersom tiltaket er i samsvar med reguleringsplan, og ein ikkje treng ytterlegare løyve, samtykke eller fråsegn frå annan myndighet, og naboar ikkje har merknader.

Departementet meiner med dette at oppmødingsvedtaket er følgd opp.

Redusere plankrav i plan- og bygningslova

Vedtak 885, 4. juni 2025

«Stortinget ber regjeringen fremme forslag om reduserte plankrav i plan- og bygningsloven.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er representantforslag frå stortingsrepresentantane Heidi Greni, Kathrine Kleveland og Sigbjørn Gjelsvik om å gi kommunane større friheit til å løyse oppgåvene og å redusere det statlege styringstrykket, jf. Dokument 8:247 S og Innst. 415 S (2024–2025).

Asplan Viak AS har på oppdrag frå departementet utarbeidd ein rapport om tidsbruk i plan-saker, og har kome med forslag til tiltak som kan redusere tidsbruken. Rapporten peikar på at årsaka til auka tidsbruk ser ut til å vere meir komplekse planar og fleire krav til utgreiingar i tillegg til motsegn og klager. Rapporten peikar vidare på ei rekke forslag til tiltak som kan bidra til å redusere tidsbruken. Det vert i liten grad peika på behov for justeringar i regelverket. Mange kommunale planar har unødvendig mange og komplekse føresegnar, men dette er ikkje ei nødvendig følgje av plan- og bygningslova. Lova gjev kommunane ei rekke verktøy til bruk i arealplanlegginga, og stor fleksibilitet og fridom til å bruke desse. I lova § 3-1 går det tydeleg fram at planar ikkje skal «vere meir omfattande enn nødvendig». Lova seier òg at det berre kan gjevast planføresegner i naudsynt utstrekning. Erfaringa er at det er praktiseringa av lovas føresegnar som gjer at planane vert kompliserte og omfattande, ikkje lova i seg sjølv. Kommunane treng òg meir rettleiing om korleis praksis kan forbetrast.

Departementet har følgd opp rapporten og har i eit brev til kommunar, byggenæringa og statlege styresmakter oppmoda til auka innsats, raskare prosessar og betre oversikt. I brevet blir kommunane oppmoda om ha oversikt over framtidig bustadbehov og setje av nok areal. Brevet påpeikar òg at kommunane må vere medvitne om kva krav dei kan stille i plan- og byggesaker. Dei bør unngå å ta inn tekniske krav i planføresegner som høyrer heime i byggesaksbehandlinga, og ikkje bruke tid på å kontrollere krav som ansvarlege aktørar skal dokumentere. Departementet vil sjå på motsegnpraksis, vurdere byggtekniske krav og styrkje digitaliseringa av plan- og byggesaksprosessane, i tillegg til å innføre fleire fristar som kan redusere tidsbruken.

Departementet har saman med Klima- og miljødepartementet sett i gang eit arbeid med å revidere forskrifta om konsekvensutgreiingar. Det kan i den samanheng bli naudsynt med nokre endringar i plan- og bygningslova. Det kan då vere aktuelt å vurdere justeringar av lova sitt krav om bruk av planprogram.

Departementet foreslår på denne bakgrunn at rapporteringa blir avslutta.

Grunneigarfinansiering: Pilotprosjekt med utval av kommunar

Vedtak 1026, 11. juni 2025

«Stortinget ber regjeringen legge til rette for egnede og begrensede pilotprosjekter med et representativt utvalg av kommuner for å kunne høste tidlige erfaringer.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Prop. 115 L (2024–2025) *Endringer i plan- og bygningsloven og matrikkellova (nye virkemidler ved fortetting og transformasjon, grunneierfinansiering av infrastruktur mv.)* og Innst. 450 L (2024–2025).

Kommunar som ønskjer å bruke den nye modellen for finansiering av infrastruktur er inviterte til å ta direkte kontakt med departementet for bistand. Vi vil blant anna på grunnlag av slik kontakt legge til rette for pilotering av modellen.

Departementet foreslår på denne bakgrunn at rapporteringa blir avslutta.

Grunneigarfinansiering: Evaluere bruken av omsynssonar

Vedtak 1027, 11. juni 2025

«Stortinget ber regjeringen evaluere bruken av hensynssoner med krav om grunneierfinansiering etter at ordningen har vært virksam i noe tid og komme tilbake til Stortinget ved behov for justeringer.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Prop. 115 L (2024–2025) *Endringer i plan- og bygningsloven og matrikkellova (nye virkemidler ved fortetting og transformasjon, grunneierfinansiering av infrastruktur mv.)* og Innst. 450 L (2024–2025).

Vedtaket vil bli følgt opp med ei evaluering av ordninga når ho har vore i verksemd ei stund. Dersom departementet ser at det er behov for lovjusteringar vil vi kome tilbake til stortinget med eit forslag om det. Departementet foreslår på denne bakgrunn at rapporteringa blir avslutta.

Grunneigarfinansiering: Unngå utvida bruk av omsynssonar

Vedtak 1028, 11. juni 2025

«Stortinget ber regjeringen sørge for at reglene om hensynssone med krav om grunneierfinansiering av infrastruktur i praksis ikke gir kommu-

nen et utvidet handlingsrom i vurderingen av hva som er nødvendig infrastruktur, sammenlignet med bruk av utbyggingsavtaler.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Prop. 115 L (2024–2025) *Endringer i plan- og bygningsloven og matrikkellova (nye virkemidler ved fortetting og transformasjon, grunneierfinansiering av infrastruktur mv.)* og Innst. 450 L (2024–2025).

Departementet vil i si rettleiing søkje å tydeleggjere kva som skal reknast som nødvendig infrastruktur. Når ordninga har vore i verksemd ei stund, vil departementet vurdere praksisen og behovet for å eventuelt å klargjere regelverket på dette punktet. Departementet foreslår på denne bakgrunn at rapporteringa blir avslutta.

Kommunalt sjølvstyre i plan-, areal- og byggesaker

Vedtak 1103, 17. juni 2025

«Stortinget ber regjeringen vektlegge sterkere det kommunale selvstyret som en grunnleggende verdi i plan-, areal- og byggesaker enn dagens praksis.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Prop. 142 S (2024–2025) *Kommuneproposisjonen 2026* og Innst. 532 S (2024–2025).

Departementet vil setje i gang eit arbeid for å forbetre og effektivisere dialogen mellom kommunane og statlege og regionale styresmakter i planprosessane. Målet er å sikre at planane legg grunnlag for ønska lokal utvikling samstundes som nasjonale interesser blir ivaretatt. Departementet vil òg ta initiativ til eit tettare samarbeid med dei departementa som har størst interesser i arealplanlegginga, med mål om betre samordning av den statlege arealpolitikken. Som ein del av dette arbeidet vil departementet òg gå nøye gjennom motsegnspraksisen.

Departementet foreslår på denne bakgrunn at rapporteringa blir avslutta.

Forbetre ordninga for ressurskrevjande tenester

Vedtak 1104, 17. juni 2025

«Stortinget ber regjeringen i forslaget til statsbudsjett for 2026 vurdere å forbedre toppfinansieringsordningen for ressurskrevende tjenester i kommunene.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Prop. 142 S (2024–2025) *Kommuneproposisjonen 2026* og Innst. 532 S (2024–2025).

Toppfinansieringsordninga for ressurskrevjande tenester vart lagt om og forbetra frå 2025. I Prop. 1 S (2025–2026) blir det foreslått endringar i innslagspunktet i samband med at verdien for kriteriet i inntektssystemet for personar med utviklingshemming 16 år og over blir redusert. Departementet vurderer at det ikkje er behov for å gjere andre endringar i toppfinansieringsordninga for ressurskrevjande tenester no. Sjå òg vedtak 815, 19. juni 2024, der regjeringa vart bedt om å evaluere omlegginga av ordninga og vurdere innslagspunktet i samband med ordinære budsjettprosessar.

Departementet meiner med dette at oppmødingsvedtaket er følgt opp.

Særskild rentekompensasjon for ferjeavløysingsprosjekt

Vedtak 1105, 17. juni 2025

«Stortinget ber regjeringa vidareføre den særskilde rentekompensasjonsordninga for ferjeavløsningsprosjektet som Stortinget har vedtatt, der fylkeskommunen får kompensert for inntil 50 prosent av dei faktiske årlige rentekostnadene de fem første åra etter at veiprosjektet er ferdig, også for prosjekt som vert ferdigstilte etter 2027.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Prop. 142 S (2024–2025) *Kommuneproposisjonen 2026* og Innst. 532 S (2024–2025).

Den særskilde rentekompensasjonsordninga, som vart lagt fram i kommuneproposisjonen for 2022, kan kompensere fylkeskommunane for inntil 50 pst. av årlege, berekna rentekostnader dei første fem åra etter at vegprosjektet er ferdig, for ferjeavløysingsprosjekt som blir ferdig mellom 2022 og 2027. Det er ein føresetnad at finansieringa av ordninga ikkje skal gå ut over andre fylkeskommunar. Ordninga som vart omtalt i kommuneproposisjonen for 2022 hadde ein årleg ramme på inntil 50 mill. kroner.

Hittil er det Nordøyvegen-prosjektet i Møre og Romsdal som har vore aktuelt for dette tilskotet. Prosjektet har fått eit tilskot til dekking av kapital-kostnader for dei fem første åra etter at prosjektet vart ferdigstilt, men tilskotet vart utbetalt over to år (2024 og 2025).

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte.

Tilskot til ressurskrevjande tenester – enklare utforming

Vedtak 1107, 17. juni 2025

«Stortinget ber regjeringen følge opp anbefalingene fra Riksrevisjonens rapport om tilskudd til ressurskrevende helse- og omsorgstjenester i kommunene, slik at tilskuddsordningen utformes enklere og mindre administrativt krevende for kommunene, og slik at en unngår forskjellsbehandling og ineffektiv ressursbruk. Regjeringen bes komme tilbake til Stortinget i kommuneproposisjonen for 2027.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Prop. 142 S (2024–2025) *Kommuneproposisjonen 2026* og Innst. 532 S (2024–2025).

Regjeringa vil følge opp Riksrevisjonen sin rapport der dette er relevant og hensiktsmessig. Departementet har mellom anna bedt Helsedirektoratet greie ut moglege forenklingar i ordninga.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget i kommuneproposisjonen for 2027 og foreslår på denne bakgrunn at rapporteringa blir avslutta.

Vidareføring av ferjeavløysingsordninga

Vedtak 1108, 17. juni 2025

«Stortinget ber regjeringen sikre at ferjeavløsningsordningen blir videreført som en del av finansieringen for å erstatte ferjesamband med fast forbindelse.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Prop. 142 S (2024–2025) *Kommuneproposisjonen 2026* og Innst. 532 S (2024–2025).

Eit ferjeavløysingsprosjekt inneber at det blir bygd eit nytt vegsamband, vanlegvis ei bru eller ein undersøisk tunnel med tilhøyrande vegnett, som erstattar eller kortar inn på eit ferjesamband. Ferjeavløysingsordninga inneber at fylkeskommunane kan delfinansiere slike prosjekt med midlane dei får for ferjesambandet gjennom inntektssystemet. Regjeringa meiner at ferjeavløysingsordninga er ei god ordning for fylkeskommunane som bidrar til ei stor, langvarig og føreseieleg delfinansiering av nye vegsamband. Det er òg viktig at fylkeskommunane er med på å delfinansiere eigne vegprosjekt.

Regjeringa foreslår inga endring i ferjeavløysingsordninga i statsbudsjettet for 2026, og vidarefører dermed ordninga.

Departementet meiner med dette at oppmødingsvedtaket er følgt opp.

Fordeling av auken i dei frie inntektene til fylkeskommunane

Vedtak 1148, 20. juni 2025

«Stortinget ber regjeringen fordele midlene tilhørende bevilgning på kap. 572, post 60 på 250 mill. kroner for en satsing på samferdsel i fylkeskommunene etter tabell C-fk, kolonne 1, Opprusting og fornying av fylkesvegnettet i Grønt hefte 2025.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Meld. St. 2 (2024–2025) *Revidert nasjonalbudsjett 2025* og Innst. 540 S (2024–2025).

I samband med behandlinga av revidert nasjonalbudsjett for 2025, vedtok Stortinget å auke dei frie inntektene til fylkeskommunane med totalt 500 mill. kroner, med grunngiving i auka satsing på samferdsle. Kommunal- og distriktsdepartementet fordelte 250 mill. kroner av desse midlane etter tabell C-saka om opprusting og fornying av fylkesvegnettet i Grønt hefte 2025. Midlane vart utbetalte til fylkeskommunane 2. juli 2025.

Departementet meiner med dette at oppmødingsvedtaket er følgt opp.

Korttidsutleige av bustader

Vedtak 1221, 20. juni 2025

«Stortinget ber regjeringen utrede hjemler i løpet av 2026 for at kommuner kan forby korttidsutleie i hele eller deler av kommunen samt at borettslag og sameier bedre kan begrense og håndheve reglene om korttidsutleie.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Meld. St. 2 (2024–2025) *Revidert nasjonalbudsjett 2025* og Innst. 540 S (2024–2025).

Husbanken er beden om å auke kunnskapen om marknaden for korttidsutleige av bustader, og å vurdere behovet for rettleiing, presisering av reglane og nye tiltak. Ut frå tilrådingane frå Husbanken, vil departementet vurdere å foreslå for Stortinget å endre reglane for korttidsutleige av bustader. Departementet foreslår på denne bakgrunn at rapporteringa blir avslutta.

Merkur-ordninga

Vedtak 1234, 20. juni 2025

«Stortinget ber regjeringen gi føringer om å øke maksimal årlig støtteramme per butikk under Merkur-ordningen til 800 000 kroner.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Meld. St. 2 (2024–2025) *Revidert nasjonalbudsjett 2025* og Innst. 540 S (2024–2025).

Departementet vil justere maksimalt tilskotsbeløp på Merkur-programmet si investeringsstøtte frå inntil 600 000 kroner per butikk per år til inntil 800 000 kroner per butikk per år. Før endringa kan settast i verk må Merkur-forskrifta justerast.

Departementet tar sikte på at endringa vil tre i kraft frå nyttår og meiner med dette at oppmødingsvedtaket er følgt opp.

Frie inntekter til kommunesektoren

Vedtak 1241, 20. juni 2025

«Stortinget ber regjeringen legge til grunn at vekst i frie inntekter til kommunesektoren for 2026 skal regnes fra vedtatt nivå i revidert budsjett for 2025.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Meld. St. 2 (2024–2025) *Revidert nasjonalbudsjett 2025* og Innst. 540 S (2024–2025).

Det er vanleg praksis at vekst i frie inntekter i budsjettåret blir rekna frå vedtatt nivå i revidert nasjonalbudsjett året før. Vekst i frie inntekter for 2026 er rekna frå vedtatt nivå i revidert nasjonalbudsjett for 2025. I vedtatt nivå inngår mellom anna kompensasjon for meirkostnader til pensjon på 4,1 mrd. kroner og vekst i frie inntekter på 1,6 mrd. kroner.

Departementet meiner med dette at oppmødingsvedtaket er følgt opp.

Særskilte tiltak i innsatssonen

Vedtak 1258, 20. juni 2025

«Stortinget ber regjeringen vurdere innretningen av de særskilte tiltakene i Nord-Troms og Finnmark (innsatssonen) for å få bedre resultater for tilflytting og økt verdiskaping.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er representantforslag frå stortingsrepresentantane Bengt Rune Strifeldt, Carl I. Hagen, Dagfinn Henrik Olsen, Morten Stordalen, Per-Willy Amundsen og Sylvi Listhaug om ein tiltakspakke for å styrke næringsliv og befolkningsutvikling i Finnmark, jf. Dokument 8:175 S og Innst. 541 S (2024–2025).

Innsatssona (tidlegare Tiltakssona) er viktig for Noreg sin tryggleik og beredskap. Målet er at det skal bli meir attraktivt å bu og flytte til kommu-

nar i sona. Det er stor etterspørsel etter arbeidskraft og kompetanse i både offentlig og privat sektor i sona. Regjeringa vurderer fortløpande tiltak som kan medverke til auka busetting og aktivitet. Regjeringa gjer fleire tiltak for å styrke og målrette dei særskilte tiltak i sona. I samband med revidert nasjonalbudsjett for 2025 vart det innført eit Finnmarkstillegg i barnetrygda. I budsjettet for 2026 foreslår regjeringa å auke Finnmarksfradraget og satsen for gjeldsslette i innsatssonen aukar frå 30 000 til 60 000 kroner slik regjeringa varsla i samband med budsjettet for 2025.

Departementet foreslår på denne bakgrunn at rapporteringa blir avslutta.

3.2 Stortingssesjon 2023–2024

Endringar i partilova

Vedtak 1, 5. oktober 2023

«Stortinget ber regjeringen utrede forslag til endring av partiloven som sikrer at reelle bidragsyttere av bidrag over de beløpsgrenser som loven fastsetter, innberettes og offentliggjøres. Regjeringen bes om å komme tilbake til Stortinget på egnet måte etter utredningen er gjennomført.»

Vedtaket vart fatta i samband med trontaledebatten 5. oktober 2023.

Regjeringa la i Prop. 144 L (2024–2025) *Endringer i partiloven (innberetning og offentliggjøring av bidrag fra bakenforliggende givere)* fram forslag til endringar i partilova. Departementet foreslo at bestemte vilkår må vere oppfylt for at parti og partiledd skal kunne ta imot bidrag frå juridiske personar som har som føremål eller ein vesentleg del av si verksemd å støtte politiske parti økonomisk, eller frå privatpersonar som har mottatt bidrag frå andre for å gi til politiske parti. Politiske parti og partiledd kan berre motta bidrag frå desse givarane viss dei har mottatt dokumentasjon frå givaren om kven givaren i inneverande og førre kalenderår har mottatt bidrag frå, og på storleiken på bidraget. I tillegg foreslo departementet at parti og partiledd skal rapportere identiteten til dei bakanforliggende givarane og storleiken på bidraga viss bidraga er over dei fastsette beløpa i lova.

Stortinget slutta seg til forslaget frå regjeringa, jf. Innst. 528 L (2024–2025), og lovendringa trådde i kraft frå og med 1. juli 2025.

Departementet meiner med dette at oppmødingsvedtaket er følgt opp.

Klimagassrekneskap

Vedtak 74, 4. desember 2023

«Stortinget ber regjeringen i løpet av 2024 sikre at data fra klimagassregnskap, som det stilles krav om i TEK 17, samles inn slik at det kan bidra til en faglig utvikling av klimagassregnskapene og kravene som stilles i TEK 17.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Meld. St. 1 (2023–2024) *Nasjonalbudsjettet 2024* og Innst. 2 S (2023–2024).

Kravet i byggeteknisk forskrift om at det skal utarbeidast klimagassrekneskap for bygging av bustadblokker og yrkesbygg har verknad frå 1. juli 2023, og gjeld for prosjekt som søker om byggeøyve etter dette. Ein klimagassrekneskap blir gjort ferdig først når byggeprosjektet er gjennomført, og det vil derfor ta tid før det finst data som kan bidra til fagleg utvikling som følgje av dette kravet.

Direktoratet for byggkvalitet har arbeidd med tiltak knytt til standardisering, rapportering og deling av informasjon frå byggeprosjekt, og vil etablere ei digital teneste for frivillig innsending av klimagassrekneskap.

Departementet meiner med dette at oppmødingsvedtaket er følgt opp.

Ikkje-kommersielle bustader

Vedtak 93, 4. desember 2023

«Stortinget ber regjeringen om å utrede hvordan ikke-kommersielle boliger, med pris- og omsetningskontroll, kan defineres, og komme tilbake på egnet måte innen 1. juli 2024.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Meld. St. 1 (2023–2024) *Nasjonalbudsjettet 2024* og Innst. 2 S (2023–2024).

Regjeringa gjorde greie for korleis ikkje-kommersielle bustader kan definerast i Meld. St. 13 (2023–2024) *Bustadmeldinga*. I Innst. 216 S (2024–2025) viser fleirtalet i kontroll- og konstitusjonskomiteen til regjeringas tilbakemelding om at den i løpet av første halvår 2025 skal kome tilbake til Stortinget med eit forslag til korleis ikkje-kommersielle bustader, med pris- og omsetjingskontroll, kan definerast og brukast i innretninga av juridiske og økonomiske verkemidlar. På denne bakgrunn meiner fleirtalet rapporteringa ikkje kan avsluttast.

Departementet gjer under programkategori 13.80, mål 1 i denne proposisjonen greie for kor-

leis ikkje-kommersielle bustader med og utan pris- og omsetjingskontroll, kan bli definert og brukt i juridiske og økonomiske verkemiddel.

Departementet meiner med dette at oppmødingsvedtaket er følgt opp.

Regjeringsmedlemmar sine verv og økonomiske interesser

Vedtak 155, 12. desember 2023

«Stortinget ber regjeringen sikre at kravene til registreringen av regjeringsmedlemmers verv og økonomiske interesser til enhver tid er minimum like strenge som kravene for stortingsrepresentanter.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Prop. 12 L (2023–2024) *Endringer i lov om registrering av regjeringsmedlemmers verv og økonomiske interesser (hjemmel for registreringsplikt for statssekretærer og politiske rådgivere)*, Innst. 121 L (2023–2024) og Lovvedtak 22 (2023–2024).

Registreringsplikta følgjer av forskrift om registrering av regjeringsmedlemmers, statssekretærers og politiske rådgiveres verv og økonomiske interesser. Desse reglane er like strenge som reglane for stortingsrepresentantar. Se forskrift om registrering av regjeringsmedlemmers, statssekretærers og politiske rådgiveres verv og økonomiske interesser § 3 som viser til reglement om register for stortingsrepresentantenes verv og økonomiske interesser.

Departementet meiner med dette at oppmødingsvedtaket er følgt opp.

Verv og økonomiske interesser i regjeringsmedlemmar sin husholding

Vedtak 156, 12. desember 2023

«Stortinget ber regjeringen utrede forslag til registrering av verv og økonomiske interesser for regjeringsspolitikernes medlemmer av husholdningen, inkludert ektefeller og samboere, og komme tilbake til Stortinget på egnet måte.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Prop. 12 L (2023–2024) *Endringer i lov om registrering av regjeringsmedlemmers verv og økonomiske interesser (hjemmel for registreringsplikt for statssekretærer og politiske rådgivere)*, Innst. 121 L (2023–2024) og Lovvedtak 22 (2023–2024).

Departementet har vurdert forslaget, men vil ikkje tilrå å innføre ei slik registreringsplikt for

personar som ikkje sjølve er folkevalde. Departementet vurderer at behovet til allmenta er tilstrekkeleg tatt hand om ved at regjeringsspolitikaren sjølve alltid må vurdere eigen habilitet, inkludert inhabilitet som følgje av til dømes ektefelle eller sambuar sin tilknyting til ei sak. Departementet har mellom anna lagt vekt på den nærståande sitt personvern da vedkommande ikkje sjølv har søkt eit offentleg verv. Forslaget er òg vanskeleg å avgrense. Det gjeld heller ikkje ei tilsvarande plikt for stortingsrepresentantar.

Departementet foreslår på denne bakgrunn at rapporteringa blir avslutta.

Organisatoriske tiltak mot flaum

Vedtak 456, 16. januar 2024

«Stortinget ber regjeringen tillate at kommuner kan bruke organisatoriske tiltak fremfor permanent sikring for å sikre ny bebyggelse mot flom, i tråd med anbefalingene fra NVE.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Meld. St. 26 (2022–2023) *Klima i endring – sammen for et klimarobust samfunn* og Innst. 161 S (2023–2024).

Eit forslag til endringar i byggteknisk forskrift (TEK17) som vil opne for bruk av organisatoriske tiltak på gitte vilkår, vart sendt på høyring i juni, med høyringsfrist 3. oktober 2025. Departementet vil følgje opp saka vidare.

Departementet meiner med dette at oppmødingsvedtaket er følgt opp.

Innføre obligatorisk registrering av eigarskap i fast eigedom

Vedtak 756, 12. juni 2024

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med et forslag om å innføre obligatorisk registrering av eierskap i fast eiendom»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Meld. St. 15 (2023–2024) *Styrket innsats for forebygging og bekjempelse av kriminalitet* og Innst. 412 S (2023–2024).

Regjeringa ser dette i samanheng med vedtak 35 nr. 35, 2. desember 2021, der *«Stortinget ber regjeringen utrede bruken av blankoskjøter og plikt til tinglysing ved eiendomskjøp.»*, og vedtak 757, 12. juni 2024 *«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med et forslag om å innføre et forbud mot blankoskjøter, hvor det vurderes et unntak for*

utbyggingsprosjekt.». Ein eventuell innføring av pliktig eigedomsregistrering og eit forbod mot blankoskøyter må òg sjåast i samanheng med tinglysinga og dokumentavgifta. For at ei slik regelendring skal virke, må den òg koordinerast med anna arbeid knytt til kven som eiger eigedom og selskap.

Oppmodingsvedtakets underliggende problemstilling må sjåast i samanheng med den moglege bruken til styresmaktene av opplysningar om eigarskap til aksjar og fast eigedom. Finansdepartementet, Nærings- og fiskeridepartementet og Kommunal- og distriktsdepartementet ga Skatteetaten, Brønnøysundregistra og Kartverket i oppdrag å kartlegge styresmaktene si moglege bruk av opplysningar om eigarskapsforhold til aksjar og fast eigedom.

Kartverket har som følgje av oppdraget frå departementa gjennomført ein konseptvalutredning om innsamling, lagring og deling av opplysningar for å sikre tilstrekkeleg oversikt over og kontroll med eigarskap til fast eigedom. Oppdraget bygger blant anna på rapporten *Kartlegging av myndighetenes bruk av opplysninger om eierskap av aksjer og fast eiendom*, og er gjennomført i samarbeid med Skatteetaten.

Utgreiinga vart levert 16. juni 2025 og er lagt ut på høyring på Kartverket sine heimesider. Det skal no gjennomførast KS1 hausten 2025 med leveranse av sluttrapport innan utgangen av november. Det må deretter tas stilling til konsept.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte.

Forbod mot blankoskøyter

Vedtak 757, 12. juni 2024

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med et forslag om å innføre et forbud mot blankoskjøter, hvor det vurderes et unntak for utbyggingsprosjekt.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Meld. St. 15 (2023–2024) *Styrket innsats for forebygging og bekjempelse av kriminalitet* og Innst. 412 S (2023–2024).

Oppfølginga av vedtaket har nær samanheng med og vil bli følgt opp under vedtak 756, 12. juni 2024, og det vises til omtale under dette vedtaket. Departementet foreslår på denne bakgrunn at rapporteringa blir avslutta.

Styringsverktøy for områder med villrein

Vedtak 784, 13. juni 2024

«Stortinget ber regjeringa på eigna måte sørge for at alle villreinområda får styringsverktøy tilsvarende dei regionale planane, enten gjennom kommunale arealplanar, regionale planar eller på annan eigna måte inkludere eigna føresegner for villreinffjellet i eksisterande plansystem som kommunane rår over.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Meld. St. 18 (2023–2024) *Ein forbetra tilstand for villrein* og Innst. 374 S (2023–2024).

Oppfølging av vedtaket vil sjåast i samanheng med dei andre oppmodingsvedtaka (783, 785, 786) knytt til stortingsmeldinga om villrein, og som Klima- og miljødepartementet har ansvar for.

Klima- og miljødepartementet og Kommunal- og distriktsdepartementet følgjer opp oppmodningsvedtaket saman. Eit forprosjekt, utført av Norsk villreinsenter, er gjennomført, der planstatusen i alle dei 24 villreinområda er kartlagt. Det er òg sett på korleis leveområda til villreinen blir forvalta gjennom arealplanar etter plan- og bygningslova, og verneområde etter naturmangfaldlova. Departementa samarbeider vidare om ei meir grundig hovudevaluering som skal gi eit fagleg grunnlag for å vurdere kva for typar styringsverktøy som er mest føremålstenlege, særleg med tanke på forvaltinga av dei villreinområda som i dag ikkje har regionale planar. Behovet for å revidere eksisterande planar blir òg vurdert i samband med evalueringa.

Departementet foreslår på denne bakgrunn at rapporteringa blir avslutta.

Gjeninnføre tilskot til utleigebustader

Vedtak 797, 14. juni 2024

«Stortinget ber regjeringen gjeninnføre Husbankens tilskuddsordning for utleieboliger og tilhørende virkemidler for å gjøre det enklere å få tilgang på boliger i bosettingsarbeidet.»

Dokumenta som ligg til grunn er representantforslag frå stortingsrepresentantane Abid Raja, André N. Skjelstad, Guri Melby, Ingvild Wetrhus Thorsvik og Ola Elvestuen om ein tiltakspakke for å ruste norske kommunar i integreringsarbeidet, jf. Dokument 8:103 S og Innst. 382 S (2023–2024).

I Innst. 216 S (2024–2025) merkar fleirtalet i kontroll- og konstitusjonskomiteen seg at oppmodningsvedtaket ikkje vart følgt opp i statsbud-

sjettet for 2025, og meiner derfor rapporteringa til Stortinget ikkje kan avsluttast.

På generelt grunnlag meiner regjeringa at offentlege tilskot vanskeleg kan løyse utfordringane med høge bustad- og leigeprisar og låg bustadbygging. Tiltak retta mot tilbodssida av marknaden er då meir effektivt. Vidare er det integreringstilskotet som skal dekke utgiftene kommunane har til busetting og integrering av flyktningar, slik at flyktningane kan forsørge seg sjølve og ta del i samfunnet.

Departementet foreslår på denne bakgrunn at rapporteringa blir avslutta.

Evaluering av nytt inntektssystem for kommunane
Vedtak 813, 19. juni 2024

«Stortinget ber regjeringen evaluere det nye inntektssystemet for kommunene i løpet av 2029.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Prop. 102 S (2023–2024) *Kommuneproposisjonen 2025* og Innst. 440 S (2023–2024).

Departementet tar sikte på å kome tilbake til saka seinast i samband med kommuneproposisjonen for 2030, som skal leggest fram våren 2029, og foreslår på denne bakgrunn at rapporteringa blir avslutta.

Evaluere omlegginga av toppfinansieringsordninga
Vedtak 815, 19. juni 2024

«Stortinget ber regjeringen evaluere omleggingen av toppfinansieringsordningen for ressurskrevende tjenester og vurdere innslagspunktet for ressurskrevende tjenester i forbindelse med ordinære budsjettprosesser.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Prop. 102 S (2023–2024) *Kommuneproposisjonen 2025* og Innst. 440 S (2023–2024).

Før 2025 kompenserte toppfinansieringsordninga for ressurskrevjande tenester kommunar for 80 pst. av netto lønsutgifter ut over innslagspunktet. Eigenandelen over innslagspunktet var dermed på 20 pst. Inntektssystemutvalet (NOU 2022: 10) tilrådde å legge om toppfinansieringsmodellen slik at han i større grad tar utgangspunkt i kommunen sine utgifter målt per innbyggjar enn utgiftene for den enkelte mottakar. Bakgrunnen for dette var at i dåverande modell ville to kommunar med ulikt innbyggartal og like høge utgifter til ressurskrevjande tenester, få like stort tilskot. Dette til

tross for at utgiftene til ein mindre kommune normalt vil vere ei større belastning for kommuneøkonomien enn for ein større kommune.

Toppfinansieringsordninga for ressurskrevjande tenester vart lagt om frå 2025. Eigenandelen over innslagspunktet for landet vil framleis vere 20 pst., men eigenandelen har blitt delt i to, ein eigenandel per innbyggjar, som er variabel, og ein eigenandel som er fast. Eigenandelen per innbyggjar tar omsyn til kommunar med høge utgifter til ressurskrevjande tenester i høve til innbyggartalet.

Kommunane som har rapportert inn låge utgifter til ressurskrevjande tenester per innbyggjar i tilskotsordninga, har tapt på omlegginga. Kommunar som har lågare enn om lag 3 000 kroner i netto lønsutgifter over innslagspunktet per innbyggjar, taper på den nye modellen. Desse kommunane har i gjennomsnitt tapt 78 kroner per innbyggjar. Kommunar som har høgare enn 3 000 kroner per innbyggjar i netto lønsutgifter over innslagspunktet, tener på den nye modellen. Denne gevinsten blir gravis høgare med auka lønsutgifter til ressurskrevjande tenester over innslagspunktet per innbyggjar.

Når ein ser på kommunestorleiken, så er det dei minste kommunane (under 3 200 innbyggjarar) som tener mest på den nye modellen. Nokre av desse kommunane får òg tilleggskompensasjon. I gjennomsnitt tener kommunar med under 3 200 innbyggjarar 172 kroner per innbyggjar på den nye modellen. Kommunar med mellom 3 200 innbyggjarar og 50 000 innbyggjarar tener i gjennomsnitt 43 kroner per innbyggjar på den nye modellen, medan kommunar med over 50 000 innbyggjarar taper i gjennomsnitt 60 kroner per innbyggjar. Dette viser at omlegginga har ført til betre fordelingsverknader.

Innslagspunktet blir vurdert i samband med dei årlege budsjettprosessane. For 2026 er innslagspunktet foreslått sett til 1 921 000 kroner. Departementet viser til omtale under kap. 575 om korleis innslagspunktet er berekna.

Departementet meiner med dette at oppmødingsvedtaket er følgt opp.

Husbanklån til ideelle stiftingar til bygging av studentbustader

Vedtak 909, 21. juni 2024

«Stortinget ber regjeringen i løpet av 2024 sende på høring endrede retningslinjer for tildeling av Husbanklån til studentboliger, slik at også ideelle stiftelser er berettiget husbanklån til bygging av studentboliger.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Meld. St. 2 (2023–2024) *Revidert nasjonalbudsjett 2024* og Innst. 447 S (2023–2024).

Vedtaket er under oppfølging. Saka vart ikkje sendt på høyring i 2024. Regjeringa vil vurdere saka på nytt etter at lov om registrering av ideelle velferdsaktørar er på plass, jf. oppmodningsvedtak nr. 87 (2024–2025), som blir handsama av Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet.

3.3 Stortingssesjon 2022–2023

Unntak frå søknadsplikta etter plan- og bygningslova for mindre solenergianlegg

Vedtak 24, 18. oktober 2022

«Stortinget ber regjeringen vurdere å midlertidig eller tidsbegrenset unnta mindre solenergianlegg fra søknadsplikt etter plan- og bygningsloven, med unntak for fredede og verneverdige bygg, og fjerne kravet om netttinnmelding på anlegg under 7 kW.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er representantforslag frå stortingsrepresentantane Guri Melby og Ola Elvestuen om ekstraordinære tiltak som følgje av straumkrisa, jf. Dokument 8:289 S (2021–2022) og Innst. 25 S (2022–2023).

Forskrift om elektriske lågspenningsanlegg blir forvalta av Justis- og beredskapsdepartementet. Kravet om førehandsmelding til sentral tilsynsmyndigheit for mellom anna solenergianlegg, blir nærare regulert i § 14 i forskrifta. Av tredje ledd i føresegna går det fram at denne meldelikta i hovudregelen ikkje gjeld for anlegg med ytingar på 10 kW eller lågare. Anlegg med ytingar under 7 kW er allereie unntatt frå kravet om førehandsmelding til sentral tilsynsmyndigheit. Justis- og beredskapsdepartementet meiner med dette at denne delen av oppmodningsvedtaket er følgt opp.

Eit forslag til endringar i byggesaksforskrifta (SAK10) som vil gi unntak frå søknadsplikt for installasjon av solcellepanel og solfangarar på eksisterande småhusbygg innanfor ei branncelle, vart sendt på høyring 13. mars 2025. Høyringsfristen var 13. juni 2025. Departementet vil følgje opp saka vidare.

Departementet meiner med dette at oppmodningsvedtaket er følgt opp.

Husleigelovutval

Vedtak 88, 1. desember 2022

«Stortinget ber regjeringen sette ned et Husleielovutvalg som går gjennom Husleieloven for å vurdere hvordan den kan styrke leietagernes rettigheter, sikre grunnleggende botrygghet og at loven samsvarer bedre med dagens situasjon på leiemarkedet. Utvalget settes ned våren 2023, og en ny lov skal behandles i inneværende stortingsperiode.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Meld. St. 1 (2022–2023) *Nasjonalbudsjettet 2023* og Innst. 2 S (2022–2023).

I Innst. 216 S (2024–2025) viser fleirtalet i kontroll- og konstitusjonskomiteen til omtalen av vedtaket i Meld. St. 4 (2024–2025), der regjeringa ikkje legger opp til at ei ny lov skal behandlast i inneverande stortingsperiode, slik oppmodningsvedtaket krev. Fleirtalet legg til grunn at ei ny lov behandlast i inneverande periode.

Husleigelovutvalet har levert ei grundig utgreiing som gir eit godt grunnlag for å fornye husleigelova. Utgreiinga viser tydeleg at det er delte meininger om fleire saker, noko som òg kom fram i høyringa. Departementet arbeider no med ein lovproposisjon til Stortinget der alle forslag frå utvalet blir sett i samanheng. Eit mål for arbeidet er å finne den rette balansen mellom rettar og plikter for både leigarar og utleigarar. Begge partar skal oppleve lova som rettviss, trygg og påreknelig. Lova må òg stå seg over tid, og fungere godt både i periodar med høgt og lågt press i leigemarknaden. Arbeidet med proposisjonen har høg prioritet, og regjeringa vil legge fram eit forslag for Stortinget når nødvendig førearbeid er gjort.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte.

Strategi for massehandtering

Vedtak 454, 12. januar 2023

«Stortinget ber regjeringen gjennomgå relevant regelverk og utarbeide en tverrsektoriell strategi for massehåndtering i samarbeid med bygge- og anleggsnæringen.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er representantforslag frå stortingsrepresentantane Mathilde Tybring-Gjedde og Nikolai Astrup om ein meir sirkulær økonomi, jf. Dokument 8:254 S (2021–2022) og Innst. 124 S (2022–2023).

Departementet arbeider med ein rettleiar om handtering av overskotsmassar etter gjeldande lovverk. Rettleiaren skal bidra til at berekraftig masseforvalting vert sett på dagsorden tidleg i aktuelle planprosessar, og at sektorlovverket som rører masseforvalting vert praktisert likt. Rettleiaren er venta ferdig hausten 2025. Departementet foreslår på denne bakgrunn at rapporteringa blir avslutta.

Digital marknadsplass for overskotsmassar

Vedtak 455, 12. januar 2023

«Stortinget ber regjeringen legge til rette for etableringen av en digital markeds plass for overskuddsmasser, etter modell fra Bærum resursbank.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er representantforslag frå stortingsrepresentantane Mathilde Tybring-Gjedde og Nikolai Astrup om ein meir sirkulær økonomi, jf. Dokument 8:254 S (2021–2022) og Innst. 124 S (2022–2023).

Departementet har innhenta ein rapport frå Asplan Viak AS (2025) som inneheld forslag til korleis staten kan legge til rette for etablering av digitale marknadsplassar for overskotsmassar ulike stader i landet. På kort sikt vurderer departementet, i samarbeid med andre relevante departement, å opprette eit nasjonalt samarbeidsforum for handtering av overskotsmassar. Samarbeidsforumet skal mellom anna bidra til erfaringsutveksling mellom regionane om berekraftig massehandtering og utbreiing av digitale marknadsplassar. Departementet foreslår på denne bakgrunn at rapporteringa blir avslutta.

Fordeling av førehandsstemmer og stemmer på valkrins

Vedtak 780, 7. juni 2023

«Stortinget ber regjeringen sørge for at forhåndsstemmer og stemmer avgitt i en annen valgkrets enn der velger er manntallsført ved valgoppgjøret, fordeles på den krets der velgeren er manntallsført.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Prop. 45 L (2022–2023) *Lov om valg til Stortinget, fylkesting og kommunestyre (valgloven)*, Innst. 431 L (2022–2023) og Lovvedtak 96 (2022–2023).

Forslaget vil krevje endring i vallova om korleis kommunane tar imot stemmer og korleis oppteljing av stemmer skal gjerast. Det må difor gjerast ei større utgreiing for å sjå på korleis oppmodningsvedtaket kan følgjast opp. Departementet har merka seg at kontroll- og konstitusjonskomiteen i Innst. 347 L (2023–2024) understrekar at det er viktig at Stortinget får ei sak om korleis dette kan gjerast i god tid før kommunestyre- og fylkestingsvalet i 2027.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte.

Evaluerings av inntektssystemet for fylkeskommunar

Vedtak 821, 13. juni 2023

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake med en evaluering av inntektssystemet for fylkeskommuner i forbindelse med fremleggelsen av kommuneproposisjonen våren 2027.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Prop. 112 S (2022–2023) *Kommuneproposisjonen 2024* og Innst. 488 S (2022–2023).

Departementet tar sikte på å kome tilbake til saka i samband med kommuneproposisjonen for 2028, som skal leggjast fram våren 2027 og foreslår på denne bakgrunn at rapporteringa blir avslutta.

Evaluerings av frikommuneforsøk

Vedtak 824, 13. juni 2023

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake med en evaluering av frikommuneforsøk på egnet tidspunkt.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 112 S (2022–2023) *Kommuneproposisjonen 2024* og Innst. 488 S (2022–2023).

Departementet har inngått avtale med Rambøll Management Consulting om å evaluere forsøksordninga. Det inneber å evaluere om rammane for forsøksordninga som regjeringa har invitert til, er ein hensiktsmessig måte å legge til rette for forsøk på. Denne evalueringa vil kunne gi eit grunnlag for å vurdere eventuelle endringar i forsøksregelverket på sikt. Dei enkelte forsøka skal òg evaluerast i eigne oppdrag.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget om evalueringa av forsøksordninga og foreslår på denne bakgrunn at rapporteringa blir avslutta.

Etablering av solceller og/eller lokalprodusert energi på nye næringsbygg

Vedtak 934, 16. juni 2023

«Stortinget ber regjeringen i løpet av første halvår 2024 sende på høring et forslag med krav om at det skal etableres solceller og/eller lokalprodusert energi på alle nye næringsbygg over 500 m2 utenfor LNF-områder.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Prop. 118 S (2022–2023) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2023* og Innst. 490 S (2022–2023).

I Innst. 216 S (2024–2025) er fleirtalet i kontroll- og konstitusjonskomiteen enige om at regjeringa skal sende forslaget på høring før 1. mai 2025.

Forslaget vart sendt på høring i juni 2025, med høyringsfrist 26. september 2025. Forslaget er ein del av arbeidet med å gå gjennom energikrava i byggteknisk forskrift og relevante krav i byggesaksforskrifta, og vurdere moglege endringar som kan bidra til auka energieffektivitet, energifleksibilitet og lokal energiproduksjon.

Departementet meiner med dette at oppmødingsvedtaket er følgt opp.

3.4 Stortingssesjon 2021–2022

Blankoskøyter og plikt til tinglysing

Vedtak 35 nr. 35, 2. desember 2021

«Stortinget ber regjeringen utrede bruken av blankoskjøter og plikt til tinglysing ved eiendoms-kjøp.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Meld. St. 1 (2021–2022) *Nasjonalbudsjettet 2022* og Innst. 2 S (2021–2022).

Oppfølginga av dette vedtaket har nær samanheng med og vil bli følgt opp under vedtak 756, 12. juni 2024. Det vises til omtale under dette vedtaket. Departementet foreslår på denne bakgrunn at rapporteringa blir avslutta.

Studentbustader som eige føremål i kommunale arealplanar

Vedtak 35 nr. 54, 2. desember 2021

«Stortinget ber regjeringen vurdere forslag til endringer i plan- og bygningsloven om at student-

boliger blir et eget formål i kommunale arealplaner, innen utgangen av 2022.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Meld. St. 1 (2021–2022) *Nasjonalbudsjettet 2022* og Innst. 2 S (2021–2022).

Eit forslag om å innføre studentbustader som nytt arealformål vart utgreidd og sendt på høring 15. april 2024, med høyringsfrist 5. august 2024. Det nye arealformålet er teke inn i kart- og planforskrifta som nyleg er revidert. Forskrifta vart vedteken 20. januar 2025 og trådde i kraft 1. juli 2025.

Departementet meiner med dette at oppmødingsvedtaket er følgt opp.

Energifleksibel oppvarming

Vedtak 726, 10. juni 2022

«Stortinget ber regjeringen utrede energieffekten og konsekvenser for byggekostnadene av å stramme inn kravet til energifleksibel oppvarming, og vurdere hvor mye kravet kan strammes inn.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Innst. 446 S (2021–2022) Innstilling frå energi- og miljøkomiteen om Meld. St. 36 (2020–2021) *Energi til arbeid – langsiktig verdiskaping fra norske energiresurser*, Meld. St. 11 (2021–2022) *Tilleggsmelding til Meld. St. 36 (2020–2021) Energi til arbeid – langsiktig verdiskaping fra norske energiresurser*, representantforslag om å forlenge strømkompensasjonen, representantforslag om å bygge opp ei kraftfull norsk havvindsatsing, representantforslag om energipolitikk for framtida, representantforslag om hurtigspor for flytande havvind, representantforslag om uavhengige konsekvensutgreiingar i vindkraftsakar og representantforslag om energi for framtida.

Direktoratet for byggkvalitet har greidd ut moglege endringar i krava til energifleksibel oppvarming. Utgreiingane syner at det ikkje er lønsamt å stramme inn kravet. Det er føremålstenleg å gjere andre endringar i energikrava i byggteknisk forskrift for å bidra til auka energieffektivitet, energifleksibilitet og lokal energiproduksjon. Dette er greidd ut i arbeidet med ei heilskapleg gjennomgang av energikrava i byggteknisk forskrift og relevante krav i byggesaksforskrift, eit arbeid som er sett i gang i samband med handlingsplanen for energieffektivisering i alle delar av norsk økonomi.

Departementet meiner med dette at oppmødingsvedtaket er følgt opp.

3.5 Stortingssesjon 2018–2019

Opplysningsplikt for statsråder og statssekretærer

Vedtak 55, 27. november 2018

«Stortinget ber regjeringen utrede og sende på høring forslag om endring i lov om registrering av regjeringsmedlemmers verv og økonomiske interesser. Herunder opplysningsplikt for statsråder og statssekretærer til å registrere sine tidligere oppdragsgivere og oppdragenes innhold der vedkommende, de siste to år før tiltredelse, har arbeidet med å fremme politiske eller næringsmessige interesser.»

Dokumenter som ligg til grunn for vedtaket er representantforslag frå stortingsrepresentantane Karin Andersen, Torgeir Knag Fylkesnes, Kari Elisabeth Kaski, Gina Barstad og Marius Meisfjord Jøsevoll om opplysningsplikt for statsråder og statssekretærer, jf. Dokument 8:108 LS (2017–2018) og Innst. 54 L (2018–2019).

Lov om registrering av regjeringsmedlemmers verv og økonomiske interesser vart endra i 2023 ved at det òg vart innført registreringsplikt for statssekretærer og politiske rådgivarar. Regjeringsmedlemmar, statssekretærer og politiske rådgivarar har med det den same plikta til å registrere eksisterande inntektsnivå og forhold og avtalar med framtidige oppdragsgivarar som stortingsrepresentantar. Det følgjer av forskrift om registrering av regjeringsmedlemmers, statssekretærers og politiske rådgiveres verv og økonomiske interesser § 2. Stortingspolitikarar er ikkje pålagde å registrere tidlegare oppdragsgivarar eller innhaldet i slike oppdrag.

Departementet sette hausten 2019 ned ei arbeidsgruppe for å greie ut forslaget om å utvide registreringsplikta til òg å omfatte tidlegare oppdragsgivarar og oppdraga sitt innhald i situasjonar der regjeringspolitikaren har arbeidd med å fremje politiske eller næringsmessige interesser. Arbeidsgruppa leverte si utgreiing i juni 2022.

Departementet har gått gjennom utgreiinga og vurderer at det ikkje er grunnlag for å sende eit slikt forslag på høyring no. Dagens regelverk for stortingsrepresentantar, som forskrift om registrering av regjeringsmedlemmers, statsse-

ekretærers og politiske rådgiveres verv og økonomiske interesser viser til, gir eit godt balansert regelverk mellom omsynet til openheit og omsynet til den enkelte. Det ligg til den enkelte regjeringspolitikar å vurdere sin habilitet i den enkelte sak, inkludert om det er grunnlag for inhabilitet på grunn av tilknytning til tidlegare oppdragsgivar. Eit register over tidlegare oppdragsgivarar og oppdraga sitt innhald vil uansett ikkje gi ei uttømmende liste over alle forhold som kan medføre inhabilitet.

Departementet foreslår på denne bakgrunn at rapporteringa blir avslutta.

3.6 Stortingssesjon 2015–2016

Unntak frå plan- og bygningslova og grannelova ved nasjonal flyktningkrise

Vedtak 646, 10. mai 2016

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med forslag til lovendringer som ved en nasjonal flyktningkrise gir kommunene myndighet til å fravike plan- og bygningsloven og grannelova. Det settes frist for kommunens beslutning, som treffes etter anmodning fra annen kommunal eller statlig myndighet. Saken overføres departementet hvis fristen ikke holdes, og departementet kan også ved overprøving prøve alle sider av saken. Beslutning om at det foreligger en nasjonal flyktningkrise kan treffes av Kongen i statsråd eller av departementet.»

Dokumenter som ligg til grunn for vedtaket er Prop. 43 L (2015–2016) *Endringer i plan- og bygningsloven (unntak ved kriser, katastrofer eller andre ekstraordinære situasjoner i fredstid)* og Innst. 229 L (2015–2016).

Stortinget har vedtatt mellombelse beredskapsheimlar i plan- og bygningslova for å avhjelpe situasjonar der mange flyktningar kjem til landet. Dei gjeld fram til 1. juni 2026. Departementet vil ikkje prioritere eit arbeid med nye reglar no, men vil vurdere saka på nytt når dei mellombelse heimlane løper ut.

Departementet foreslår på denne bakgrunn at rapporteringa blir avslutta.

4 Oversikt over budsjettforslaget

4.1 Utgifter fordelt på kapittel

					(i 1 000 kr)
Kap.	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026	Endring i pst.
	Administrasjon				
500	Kommunal- og distriktsdepartementet	431 127	459 572	462 845	0,7
	<i>Sum kategori 13.00</i>	<i>431 127</i>	<i>459 572</i>	<i>462 845</i>	<i>0,7</i>
	Distrikts- og regionalpolitikk				
553	Regional- og distriktsutvikling	1 564 159	1 497 386	1 284 635	-14,2
554	Kompetansesenter for distrikts- utvikling	107 924	117 618	118 870	1,1
	<i>Sum kategori 13.50</i>	<i>1 672 083</i>	<i>1 615 004</i>	<i>1 403 505</i>	<i>-13,1</i>
	Samiske foremål				
560	Samiske foremål	687 790	769 903	796 076	3,4
563	Internasjonalt reindriftssenter	13 104	10 062	10 394	3,3
	<i>Sum kategori 13.60</i>	<i>700 894</i>	<i>779 965</i>	<i>806 470</i>	<i>3,4</i>
	Nasjonale minoriteter				
567	Nasjonale minoriteter	72 283	83 435	90 447	8,4
	<i>Sum kategori 13.67</i>	<i>72 283</i>	<i>83 435</i>	<i>90 447</i>	<i>8,4</i>
	Kommunesektoren mv.				
571	Rammetilskot til kommunar	181 391 472	192 232 534	203 487 714	5,9
572	Rammetilskot til fylkeskommunar	49 514 482	53 157 770	55 553 773	4,5
573	Kommunestruktur	213 700			0,0
575	Ressurskrevjande tenester	13 592 920	14 616 141	14 345 844	-1,8
577	Tilskot til dei politiske parti	533 990	575 605	596 262	3,6
578	Valdirektoratet	69 541	126 860	78 046	-38,5
579	Valutgifter		8 600	8 832	2,7
	<i>Sum kategori 13.70</i>	<i>245 316 105</i>	<i>260 717 510</i>	<i>274 070 471</i>	<i>5,1</i>
	Bustad, bumiljø og bygg				
581	Bustad- og bumiljøtiltak	4 547 406	4 175 496	4 356 906	4,3

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026	Endring i pst.
585	Husleigetvistutvalet	39 658	43 080		-100,0
587	Direktoratet for byggkvalitet	162 421	184 804	219 724	18,9
2412	Husbanken	23 595 535	29 034 189	31 925 510	10,0
	<i>Sum kategori 13.80</i>	<i>28 345 020</i>	<i>33 437 569</i>	<i>36 502 140</i>	<i>9,2</i>
Planlegging, byutvikling og geodata					
590	Planlegging og byutvikling	222 073	221 111	231 660	4,8
595	Statens kartverk	1 382 862	1 481 201	1 471 364	-0,7
	<i>Sum kategori 13.90</i>	<i>1 604 935</i>	<i>1 702 312</i>	<i>1 703 024</i>	<i>0,0</i>
	Sum programområde 13	278 142 447	298 795 367	315 038 902	5,4
	Sum utgifter	278 142 447	298 795 367	315 038 902	5,4

4.2 Inntekter fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026	Endring i pst.
	Samiske foremål				
3563	Internasjonalt reindriftssenter	4 842	3 260	3 377	3,6
	<i>Sum kategori 13.60</i>	<i>4 842</i>	<i>3 260</i>	<i>3 377</i>	<i>3,6</i>
	Kommunesektoren mv.				
3571	Tilbakeføring av forskot	140 575			0,0
5616	Kommunalbanken AS	700 000	700 000	700 000	0,0
	<i>Sum kategori 13.70</i>	<i>840 575</i>	<i>700 000</i>	<i>700 000</i>	<i>0,0</i>
	Bustad, bumiljø og bygg				
3585	Husleigetvistutvalet	3 836	3 366		-100,0
3587	Direktoratet for byggkvalitet	41 926	40 990	41 203	0,5
5312	Husbanken	11 939 680	15 210 444	14 234 895	-6,4
5615	Husbanken	7 317 571	7 661 000	8 480 000	10,7
	<i>Sum kategori 13.80</i>	<i>19 303 013</i>	<i>22 915 800</i>	<i>22 756 098</i>	<i>-0,7</i>
	Planlegging, byutvikling og geodata				
3595	Statens kartverk	834 157	850 614	868 305	2,1
5635	Electronic Chart Centre AS	2 389	3 000	3 000	0,0
	<i>Sum kategori 13.90</i>	<i>836 546</i>	<i>853 614</i>	<i>871 305</i>	<i>2,1</i>
	Sum programområde 13	20 984 976	24 472 674	24 330 780	-0,6
	Sum inntekter	20 984 976	24 472 674	24 330 780	-0,6

Del II
Budsjettforslag

5 Nærare om budsjettforslaget

Programområde 13 Kommunal- og distriktsdepartementet
Programkategori 13.00 Administrasjon

Utgifter under programkategori 13.00 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026	Endring i pst.
500	Kommunal- og distrikts- departementet	431 127	459 572	462 845	0,7
	Sum kategori 13.00	431 127	459 572	462 845	0,7


Programkategorien omfattar utgifter til drift og administrasjon av Kommunal- og distriktsdepartementet og utgifter til felles forskings- og utgreiingsoppgåver innanfor departementet sine fagområde.

Departementet har ansvar for bustads- og bygningspolitikk, regional- og distriktpolitikk, økono-

miske og juridiske rammevilkår for kommunesektoren, gjennomføring av val, planlegging og kart- og geodata, og urfolk og nasjonale minoritetar.

Omtale av departementets arbeid på dei enkelte fagområda inngår under programkategoriane 13.50–13.90.

Departementets organisering:



Figur 5.1 Organisasjonskart

Kap. 500 Kommunal- og distriktsdepartementet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Driftsutgifter	298 031	305 434	316 223
21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast, kan nyttast under post 70</i>	58 480	58 545	54 111
50	Forskingssenter	72 741	10 400	10 400
70	Diverse føremål, <i>kan overførast, kan nyttast under post 21</i>	1 875	2 293	3 376
72	Noregs forskingsråd, <i>kan overførast</i>		82 900	78 735
	Sum kap. 500	431 127	459 572	462 845

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga dekker i hovudsak løn, husleige og andre faste driftsutgifter i Kommunal- og distriktsdepartementet.

Kostnadar til tenestereiser for politisk leiing blir i dag dekkja over kap. 21, post 01 Statsrådet. Frå 2026 leggst det opp til at kvart departement skal dekke tenestereiser for eiga politisk leiing. Det blir derfor foreslått å auke løyvinga med 1 mill. kroner mot ein tilsvarende reduksjon av kap. 21, post 01.

Det blir foreslått å løyve 316,2 mill. kroner.

Det blir foreslått at løyvinga kan overskridast mot tilsvarende meirinntekt under kap. 3500, post 01, jf. forslag til romartalsvedtak.

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast, kan nyttast under post 70

Løyvinga skal dekke departementet sitt behov for kjøp av statistikk, data, utgreiingar, evalueringar og formidling av kunnskap og gjennomføring av mellombelse tiltak og prosjekt.

Løyvinga vart i 2024 i hovudsak brukt til prosjekt innanfor områda planlegging, regional- og distriktpolitikk, bustad- og bygningspolitikk, og urfolk og nasjonale minoritetar.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2026

Det blir foreslått å auke løyvinga med 3 mill. kroner til eit arbeid for å fremje produktivitsutviklinga i byggenæringa. Auka produktivitet vil vere til gunst både for næringa og for å få til ei effektiv bygging. Det blir òg foreslått 2 mill. kroner til

Forskingsrådet over kap. 285, post 21 under Kunnskapsdepartementet, for å kartlegge kunnskap om produktivitsutviklinga i næringa, og utarbeide eit grunnlag for vidare innretning på arbeidet. Sjå òg målomtalen under programkategori 13.80.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 1 mill. kroner for å sette i gang eit forprosjekt for utvikling av samisk KI. Ved å tilpasse teknologien som allereie eksisterer til samiske føremål, kan ein mellom anna utvikle verktøy og hjelpemidlar til undervisning og opplæring, få samisk helseteknologi, og bidra til å løyse problemet med mangel på språkressursar.

Løyvinga reduserast med 15 mill. kroner som følgje av at det i 2025 vart lagt inn ei eingongsløyving for å vidareutvikle og oppgradere det digitale fagsystemet regionalforvaltning.no.

I 2024 vart det flytta 5 mill. kroner til kap. 553, post 64 for å bidra til å finansiere ein pilot med nærtastesenter. Midlane skal tilbakeførast i 2026. Sjå nærare omtale under kap. 553, post 64.

Samla blir det foreslått å løyve 54,1 mill. kroner.

Post 50 Forskingssenter

Løyvinga blir brukt til direkte støtte til forskning ved statlege forskingsinstitusjonar.

Løyvinga skal dekke departementet si langsiktige kunnskapsoppbygging på det bustad- og bygningspolitiske feltet, og går til forskingssentera Housing Lab og BOVEL.

Housing Lab er tilknytt OsloMet og forskar på drivarane i bustadmarknaden, og samanhengar mellom bustadmarknaden, makroøkonomien og

finansmarknadene. Senteret har i 2024 arbeidd med ulike forskingsartiklar og prosjekt om bustadmarknaden og bustadprisar. Fleire relevante forskingsprosjekt er under arbeid. Alle tre doktorgradsstipendiatane knytt til senteret har levert si avhandling i 2024.

BOVEL er forankra ved Velferdsforskningsinstituttet NOVA på OsloMet, og er eit nasjonalt senter for forskning om bustad og velferd. Senteret er eit samarbeid mellom fleire forskingsinstitusjonar. BOVEL skal bygge opp kunnskap om samanhengane mellom bustadmarknaden, låginntekt og buforhold. Senteret har mellom anna publisert notat om kommunale bustader, bustøtte og nordisk samanlikning av bustad og velferd. Senteret har òg utarbeida ein antologi om kommunale utleigebustader i Noreg. Det er tilknytt fleire doktorgradsstipendiatar til BOVEL, og senteret lyste ut mastergradstipend i 2024.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2026

Det blir foreslått ei tildeling på 7,8 mill. kroner til forskningssenteret BOVEL ved Velferdsforskningsinstituttet NOVA og 2,6 mill. kroner til Housing Lab.

Det blir foreslått å løyve 10,4 mill. kroner.

Post 70 Diverse føremål, kan overførast, kan nyttast under post 21

Løyvinga dekkjer kontingentar og enkeltstående tilskot med namngitt mottakar, som ikkje høyrer naturleg inn under andre budsjettpostar.

Regjeringa lanserte *Handlingsplan mot antisemittisme 2025–2030* i november 2024. Planen inneheld 22 målretta tiltak for å motverke antisemittisme. Det blir foreslått å auke løyvinga med 1 mill. kroner for å følgje opp tiltaka og til å innhente meir kunnskap om jødisk liv og antisemittisme i Noreg i dag.

Det vil òg bli sett av 750 000 kroner til formidling om jødisk liv og antisemittisme ved Jødisk museum i Trondheim. Midlane er tilknytt eit tiltak i handlingsplanen mot antisemittisme.

Det vil bli sett av 1 mill. kroner til NHO Byggenæringen sitt arbeid med kunnskaps- og kompetansebygging om redusert fotavtrykk frå bygging. Tilsvarande beløp vil bli sett av over Klima- og miljødepartementet budsjett. Midlane er knytt til klimapartnarskapsavtalen med byggenæringa.

Samla blir det foreslått å løyve 3,4 mill. kroner.

Post 72 Noregs forskingsråd, kan overførast

Kommunal- og distriktsdepartementet sine tilskot til forskning under Noregs forskingsråd skal underbygge og gi eit godt grunnlag for faglege og politiske vedtak, og medverke til at det finns kompetente forskingsmiljø innanfor departementet sitt sektoransvar.

Sjå budsjettproposisjonen for Kunnskapsdepartementet for nærare omtale av overordna mål og samordna måloppnåing for Forskingsrådet. Nedanfor er det rapportert på forskning som er finansierte over Kommunal- og distriktsdepartementet sitt budsjett.

Rapport

Demokratisk og effektiv styring, planlegging og forvalting

Forskingsrådet sin årsrapport viser at det etter kvart er fleire resultat frå prosjekt som medverkar til kunnskapsgrunnlaget om demokratisk og effektiv styring, planlegging og forvalting. Det er godt tilfang av søknadar med høg kvalitet. Det vart i 2024 tildelt midlar til sju nye forskingsprosjekt med oppstart i 2025, mellom anna ny Stortingsvalundersøking for dei to neste stortingsvalperiodane.

I 2024 fekk Forskingsrådet eit særskilt oppdrag frå departementet om å utarbeide ein rapport som kartlegg norsk forskning som er relevant for distrikts- og regionalpolitikken. Rapporten inneheld òg tilrådingar om korleis framtidig innsett på feltet bør rettast inn.

Kapasitetsløft

Kapasitetsløft skal styrkje samarbeidet mellom forskings- og utdanningsmiljøa og næringslivet, og gi næringslivet tilgang til relevant utdanning og forskning i sin region på strategiske satsingsområde, i tråd med fylkeskommunale planer og strategiar. I 2024 vart tre prosjekt avslutta etter seks års aktivitet. Forskingsrådet rapporterer at prosjekta har medverka til auka rekruttering, næringsrelevans i utdanning, og forskning og innovasjonstakt- og -kapasitet hos verksemdene i regionen.

Samisk forskning

Prosjekta i porteføljen for samisk samfunn og kultur medverkar til å utvikle ny kunnskap for at den samiske befolkninga skal sikre og utvikle sitt språk, kultur og samfunnsliv. I 2024 vart det gjort

tildelingar til prosjekt på utdanningsområdet, som vil kunne gi nyttig kunnskap om samiske strategiar for kulturell resiliens.

Nasjonale minoritetar

Noregs forskingsråd finansierer forskning som gjeld nasjonale minoritetar med midlar frå mellom anna Kommunal- og distriktsdepartementet. Som ein del av oppfølginga av Sannhets- og forsoningskommisjonen sin rapport er det utlyst forskarprosjekt om samisk, kvensk/norskfinsk og skogfinsk kultur- og samfunnsutvikling.

Joint Programming Initiative Urban Europe (JPI Urban Europe)/Driving Urban transitions (DUT)

Løyvinga til Joint Programming Initiative Urban Europe (JPI Urban Europe)/Driving Urban Transitions (DUT) finansierer norsk deltaking i JPI Urban Europe, som i perioden 2022–2028 vil drive det urbane partnerskapet Driving Urban Transitions under Horisont Europa. Partnerskapet har medfinansiering frå EU-kommisjonen og involverer i overkant av 65 deltakande organisasjonar frå 28 land.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2026

Løyvinga til Forskingsrådet skal medverke til å utvikle kunnskapsgrunnlaget, og medverke til at det finns kompetente forskingsmiljø innanfor departementet sitt sektoransvar.

Departementet finansierer tre sykliske tildelingar: Kapasitetsløft, som lysast ut om lag kvart fjerde år, og valforskningsprogramma Stortingsval-

undersøkinga og Lokalvalundersøkinga, som begge utlysast med eit intervall på om lag sju år. I 2026 skal Forskingsrådet utlyse og gi tilsegn i Lokalvalundersøkinga. Vidare vil Kapasitetsløft bli utlyst, men det ligg ikkje an til at det vil bli gitt tilsegn før i 2027. Neste utlysing i Stortingsvalsundersøkinga planleggast i 2031. På grunn av dei sykliske utlysingane av dei tre programma, vil den årlege tilsegnssramma variere ein del mellom budsjettåra.

Forskingsrådet er frå og med 2025 budsjettert med tilsegnsfullmakter. I budsjettmodellen blir det brukt tre omgrep: løyving, tilsegnsfullmakt og tilsegnssramme. Det blir fremja forslag om to beløp, eit for løyving og eit for tilsegnsfullmakt, for kvart departement sine tilskotspostar til Forskingsrådet. Forslag til løyving er sett med utgangspunkt i anslått kontante utbetalingar i det aktuelle budsjettåret. Løyvinga vil bestå av anslåtte utbetalingar av tidlegare gitte tilsegn og utbetaling av nye tilsegn gitt i det aktuelle budsjettåret. Forslag til tilsegnsfullmakt angir samla beløp for tidlegare inngåtte forpliktingar, og nye tilsegn som kjem til utbetaling etter det aktuelle budsjettåret. Tilsegnssramma som løyvinga og tilsegnsfullmakta gir rom for, er summen av nye tilsegn som kan bli gitt i budsjettåret. For ein meir detaljert omtale av bakgrunnen for og hovudtrekka ved budsjettmodellen, sjå kap. 10 i Kunnskapsdepartementets Prop. 1 S (2024–2025).

Det blir foreslått ei løyving på 78,7 mill. kroner og ei tilsegnsfullmakt på 236,4 mill. kroner, jf. forslag til romartalsvedtak. Løyvinga og tilsegnsfullmakta gir ei tilsegnssramme på 79 mill. kroner i 2026.

Programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk

Utgifter under programkategori 13.50 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026	Endring i pst.
553	Regional- og distriktsutvikling	1 564 159	1 497 386	1 284 635	-14,2
554	Kompetansesenter for distrikts- utvikling	107 924	117 618	118 870	1,1
	Sum kategori 13.50	1 672 083	1 615 004	1 403 505	-13,1

Innleiing

Distrikts- og regionalpolitikken skal skape grunnlag for at folk skal kunne leve eit godt liv i heile Noreg, at alle lokalsamfunn skal ha rom for utvikling og verdiskaping, og at folketalet skal auke i distriktskommunar. Regjeringa arbeider for at folk skal ha tilgang på arbeid, bustad og gode tenester nær der dei bur, og vil legge til rette for trygge, berekraftige og levande lokalsamfunn i heile landet gjennom desentraliserte løysingar, jf. Meld. St. 27 (2022–2023) *Eit godt liv i heile Noreg – Distriktpolitikk for framtida*.

Dei særskilte distrikts- og regionalpolitiske utviklingsmidlane under programkategori 13.50 er ein målretta innsats der utfordringane ikkje kan løysast av sektorpolitisk innsats aleine. Regjeringa foreslår at det blir løyvd om lag 1,4 mrd. kroner under programkategorien.

Ein vellykka distrikts- og regionalpolitikk føreset innsats på ei rekke politikkområde. Vedlegg 1 gir ei oversikt over verkemiddel under andre departement sine budsjett som er viktige for å nå distriktpolitiske mål. Samla foreslår regjeringa å løyve om lag 75,6 mrd. kroner til dette, ein vekst på 3,9 pst. frå 2025.

Kommunal- og distriktsdepartementet har ei samordningsrolle i saker som har betyding for distrikts- og regionalpolitiske mål, og skal bidra til at regjeringa sin politikk i sum støttar opp under dette målet, sjå del I Ein heilskapleg distrikts- og nordområdepolitikk og del III der regjeringa sin nordområdepolitikk omtalast. Departementet har

øg ansvar for å samordne regjeringa sin nordområdepolitikk, den strategisk viktige innsatssona for Finnmark og Nord-Troms, følgje opp situasjonen i Aust-Finnmark og internasjonalt samarbeid om regionalpolitikk. Departementet koordinerer regjeringa sitt arbeid med lokalisering av statlege arbeidsplassar, og arbeider for at EØS-regelverket for offentlig regionalstøtte gir handlingsrom for distrikts- og regionalpolitikken.

Fylkeskommunane har ansvar for å betre samsvaret mellom etterspørsel etter arbeidskraft og tilbod på utdanning og kompetanse, for å legge til rette for verdiskaping og for samfunnsutvikling i eige fylke. Mesteparten av midlane under programkategori 13.50 blir overført til fylkeskommunane. Fylkeskommunane skal, ut frå regionale fortrinn, prioriteringar og kompetansebehov, gi oppdrag og fordele delegerte tilskot som skal mobilisere og utvikle verksemder og gründerar. Dei har òg ei viktig rolle knytt til utviklingsarbeid i kommunane, regional utdannings- og kompetansepolitikk og i å mobilisere fleire verksemder til å ta i bruk forskning. Fylkeskommunane har òg fått ansvar for forvalting av studiesenterordninga i eige fylke.

Innovasjon Noreg og Siva¹ forvaltar verkemidla på oppdrag frå fylkeskommunane og departementet. Innovasjon Noreg skal utløyse verksemds- og samfunnsøkonomisk lønsam næringsutvikling og dei næringsmessige moglegheitene i

¹ Næringshageprogrammet og inkubasjonsprogrammet er foreslått overført frå Siva til Innovasjon Noreg våren 2026.

regionane. Siva skal utløyse lønsam næringsutvikling i verksemdar og regionale nærings- og kunnskapsmiljø. Kommunane skal vere pådrivar for lokal samfunns- og næringsutvikling, og sikre velfungerande tenestetilbod tilpassa lokale behov og føresetnader.

Kompetansesenter for distriktsutvikling (Distriktssenteret) skal arbeide for at kommunane blir gode samfunnsutviklarar. Senteret skal bidra med å koordinere og målrette lokal utviklingsinnsats gjennom samarbeid, nettverksbygging og erfaringsutveksling. Distriktssenteret forvaltar òg Merkur-programmet, som skal sikre område med få innbyggjarar tilgang til grunnleggjande private tenester, med vekt på daglegvarer og drivstoffstilbod.

Europeisk og nordisk samarbeid bidreg til utvikling av norsk regionalpolitikk. Fylkeskommunane står som forvaltar i Noreg av fleire av EU sine interregionale samarbeidsprogram. Dei mobiliserer og legg til rette for at norske aktørar deltar i interregionale prosjekt der ny kunnskap, innovasjonar og felles løysningar blir resultatet. Interregionalt samarbeid skapar tillit over grenser. Det norske Barentssekretariatet fremjar òg grenskryssande samarbeid og aktivitetar mellom aktørar i Nord-Noreg og dei nordlege finske og svenske regionane, irekna urfolkssamarbeid. Målet med ordninga er å fremje samfunnsutvikling i Nord-Noreg.

Mål for programkategorien

1. Næringsutvikling, verdiskaping og attraktive arbeidsmarknader i regionar og distrikt
2. Regional utvikling over landegrensene og i nordområda
3. Styrkt utviklingskapasitet og velfungerande tenestetilbod i distrikta

Mål 1 Næringsutvikling, verdiskaping og attraktive arbeidsmarknader i regionar og distrikt

Regjeringa vil føre ein politikk for næringsutvikling og attraktive arbeidsmarknader i heile landet.

Føresetnadene for næringsverksemd varierer mellom ulike regionar. Noreg treng næringar som fører til verdiskaping og arbeidsplassar, og som tar klimaomsyn og nyttar ressursane på ein berekraftig måte. Regjeringa legg til rette for at næringslivet i distrikta får tilgang til kompetent risikokapital gjennom eit forvaltningssystem som kjenner dei utfordringane som næringslivet møter.

Arbeidskraft med rett kompetanse er ein føresetnad for utvikling og verdiskaping i alle delar av

landet. Arbeidsmarknaden er stram, arbeidsløysa er låg, og tilgang på kompetent arbeidskraft er ei utfordring i fleire regionar, særleg i dei tre nordlegaste fylka. Dette gjer mobilisering til kompetanseutvikling og tilbod på relevant utdanning i distrikta stadig meir nødvendig. Derfor er desentralisert og fleksibel utdanning viktig, òg for dei som står utanfor arbeidslivet med behov for skule og nye kvalifikasjonar.

Eit viktig mål for regjeringa er å utvikle robuste arbeidsmarknader over heile landet. Derfor ønskjer regjeringa å lokalisere fleire statlege arbeidsplassar utanfor Oslo og sentrale kommunar i Oslo-området, og å legge betre til rette for desentralisert arbeid i statlege verksemdar. Det kan styrkje lokale kompetansemiljø og auke tilgangen på kompetansesarbeidsplassar i distrikta. Ambisjonen er auka bruk av stillingar i staten som blir lyste ut med høve til desentralisert arbeid.

Regjeringa vil bidra til meir målretta og samordna innsats i distrikts- og regionalpolitikken ved hjelp av regionvekstavgifter. Regjeringa har signert regionvekstavgifter med pilotfylka Nordland og Rogaland, som begge har valt grønt industriløft som overordna tema for avtalane.

Sjå nærare omtale av løyvingar og verkemiddel som støttar opp under mål 1 under kap. 553, postane 60, 61, 65, 67 og 69.

Mål 2 Regional utvikling over landegrensene og i nordområda

Regjeringa vil legge til rette for eit aktivt internasjonalt samarbeid om viktige distrikts- og regionalpolitiske samfunnsutfordringar. Kommunal- og distriktsdepartementet utviklar norsk regionalpolitikk gjennom internasjonalt regionalpolitisk samarbeid, og koordinerer regjeringa sin nordområdepolitikk.

Regjeringa la i august 2025 fram strategien *Norge i Nord - Nordområdepolitikken i en ny virkelighet*. Det overordna målet i strategien er at Nord-Noreg skal ha livskraftige lokalsamfunn der folk ønskjer å bu, og som bidreg til sikkerheit og beredskap. Strategien set retning for utvikling av regjeringa sin politikk i nordområda, klargjer prioriteringar og har som mål å samordne innsatsen på tvers av sektorar og forvaltningsnivå for å sikre at nordområdepolitikken er tilpassa dei gjeldande utfordringane. Tiltak for oppfølging av nordområdestrategien ligg til ei rekke departement. I 2026 foreslår regjeringa mellom anna å styrkje innsatsen for auka ringverknader av forsvarssatsinga i nord – med omsyn til næringsutvikling og lokalsamfunnsutvikling.

Noreg deltar i ti Interreg-program der grense-overskridande samarbeid og kunnskapsutvikling om ulike samfunnsutfordringar er hovudtema. Gjennom felles prosjektarbeid jobbar norske deltakarar saman med partnarar i naboregionar eller regionar i andre europeiske land. Utvikling av offentlege tenester, berekraftig forvaltning av ressursar, grøn næringsutvikling, digitalisering og administrativ kapasitet er sentrale tema for samarbeid.

Kommunal- og distriktsdepartementet har òg ansvaret for det norske Barentssekretariatet og Nordisk Atlantsamarbeid – NORA². Her støttast grensekryssande samarbeidsprosjekt som bidreg til ei positiv utvikling i små lokalsamfunn, mellom anna i Nord-Noreg.

Sjå nærare omtale av løyvingar og verkemiddel som støttar opp under mål 2 under kap. 553, postane 63, 65 og 76.

Regjeringa og departementet sin særskilde innsats i nordområda er omtalt i del III.

Mål 3 Styrkt utviklingskapasitet og velfungerande tenestetilbod i distrikta

Regjeringa er opptatt av at alle lokalsamfunn skal ha rom for utvikling, og vil legge til rette for trygge, berekraftige og levande lokalsamfunn i heile landet gjennom desentraliserte løysingar.

Regjeringa vil arbeide for at folk har tilgang på bustadar og gode tenester der dei bur.

Distriktskommunane står i betydelege utfordringar som følgje av spreidd busetting, auke i talet på eldre og nedgang i folketal. Dette stiller store krav til arbeid med utvikling av lokalsamfunnet og fornying i kommunen sine tenester og arbeidsformer, som igjen krev kompetanse og utviklingskapasitet.

Ordninga for bistand og rettleiing til distriktskommunar gir fylkeskommunane verktøy til å styrkje kommunane sin kompetanse og kapasitet til strategisk arbeid med samfunnsutvikling.

Kompetansesenter for distriktsutvikling (Distriktssenteret) skal i samarbeid med regionale aktørar støtte opp om distriktskommunane sin utviklingskapasitet og utviklingsinnsats. Distrikts-senteret skal òg gjennom Merkur-programmet støtte opp om tilgangen til grunnleggjande private tenester, med vekt på daglegvarer og drivstoffstilbod.

Bygdevekstavtaler skal bidra til busetting, tilgang på kompetent arbeidskraft og framtidssretta næringsutvikling i område med betydelege distriktsutfordringar. Det er i dag ti bygdevekstpilotar med til saman 35 kommunar i sju fylke.

Med pilot nærtenesesenter vil regjeringa teste ut ulike modellar for å gjere statlege publikumstenester meir tilgjengelege. Ni nærtenesepilotar og relevante statlege etatar deltar i prosjektet som blir avslutta i 2026.

Sjå nærare omtale av løyvingar og verkemiddel som støttar opp under mål 3 under kap. 553, postane 64, 65 og 66, og under kap. 554, postane 01 og 73.

² NORA er ein del av det regionalpolitiske samarbeidet i Nordisk ministerråd. Grønland, Island, Færøyene og Kyst-Noreg (norske kystfylker frå Finnmark i nord til Rogaland i sør) er geografi for samarbeidet.

Kap. 553 Regional- og distriktsutvikling

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
60	Kompetanse og arbeidskraft i distrikta	62 940	112 940	74 674
61	Mobiliserande og kvalifiserande næringsutvikling	802 091	816 197	793 553
63	Interreg, Arktis 2030 og det norske Barents-sekretariatet	145 403	147 903	163 400
64	Pilot nærttenestesenter, <i>kan overførast</i>		5 126	
65	Omstilling og utvikling i område med særlege distriktsutfordringar	120 559	126 266	129 000
66	Bygdevekstavgifter, <i>kan overførast</i>	49 404	73 963	73 963
67	Utviklingstiltak i Andøy kommune	170 000	30 000	25 000
69	Mobilisering til forskningsbasert innovasjon	66 332	66 332	6 386
71	Investeringsstilskot for store grønne investeringar	101 528	100 000	
74	Klyngjer og innovasjon	28 322		
76	Nordisk og europeisk samarbeid, <i>kan overførast</i>	17 580	18 659	18 659
	Sum kap. 553	1 564 159	1 497 386	1 284 635

Post 60 Kompetanse og arbeidskraft i distrikta

Posten omfattar ordningane Tilskot til mobilisering til utdanning og kompetanseheving og Tilskot til studiesenter. Ordningane skal bidra til å betre tilgangen på arbeidskraft med etterspurd kompetanse og relevante utdanning- og kompetansetilbod i distrikta. Frå og med 2026 er det foreslått at posten berre omfattar ordninga Tilskot til studiesenter.

Tilskot til mobilisering til utdanning og kompetanseheving

Mål for ordninga

Løyvinga skal betre tilgangen på kompetent arbeidskraft i distrikta.

Kriterium for måloppnåing

Måloppnåinga skal bli vurdert etter følgjande kriterium:

- Auka mobilisering av tilsette i offentlege og private verksemdar, og dei som i dag står utanfor arbeidslivet, til utdanning og kompetanseutvikling.

- Styrkt regional koordinering og samarbeid for å kvalifisere og mobilisere fleire til utdanning og kompetanseutvikling.

Tildelingskriterium

Fylkeskommunane har ansvar for forvaltning av ordninga i eige fylke.

Fylkeskommunane kan finansiere prosjekt og tiltak i eigen regi, eller etablere egne regionale støtteordningar. Prosjekt og støtteordningar som i størst grad bidrar til måloppnåing, skal prioriterast.

Departementet oppmodar fylkeskommunane til å drøfte planlagde tiltak og utlysingar i regionale kompetansefora og liknande partnerskap.

Fylkeskommunane kan overføre midlar frå mobiliseringsordninga til studiesenterordninga. Midlar på sistnemnde ordning skal berre gå til studiesentera. Dersom fylkeskommunen overfører midlar, må dei delane av forskrifta som gjeld for studiesenterordninga følgast.

Oppfølging og kontroll

Midlane blir forvalta av fylkeskommunane. Kriteria for måloppnåing blir følgd opp gjennom årleg

rapportering til departementet. Departementet fastsette forskrift for ordninga 3. april 2025.

Rapport

Ordninga Tilskot til mobilisering til utdanning og kompetanseheving var ny i 2024. Fylkeskommunane har mellom anna brukt midlane på å styrkje tilgangen til desentralisert og fleksibel utdanning i tråd med lokale og regionale behov for kompetent arbeidskraft i distrikta. Dei fleste av fylkeskommunane rapporterer at dei har brukt midlane på prosjekt retta mot dei som står utanfor arbeidslivet. Rapporteringa syner at midlane er brukt til å førehandskvalifisere elevar og studentar til utdanning, mellom anna språkopplæring, karriererettleiing og tilrettelegging for å kvalifisere til opptak til høgare utdanning.

Tilskot til studiesenter

Mål for ordninga

Studiesenterordninga skal bidra til at utdanning og kompetanseutvikling blir tilgjengeleg for innbyggjarar og tilsette i verksemder som ikkje kan følgje ordinær undervisning ved dei faste studiestadene som følgje av lange avstandar. Kommunal- og distriktsdepartementet overtok ansvaret for ordninga frå Kunnskapsdepartementet i 2025.

Kriterium for måloppnåing

Måloppnåinga skal bli vurdert etter følgjande kriterium:

- Auka innsats for etablering av fleire etterspurde fleksible og/eller desentraliserte tilbod om utdanning.
- Auka tal på personar som tileignar seg etterspurd kompetanse.
- Fleire utanfor arbeidslivet får utdanning og kompetanseutvikling.

Tildelingskriterium

Fylkeskommunane har ansvar for forvaltning av ordninga i eige fylke.

Midlane skal tildelast studiesenter. Eit studiesenter er ein fysisk møteplass og eit læringsmiljø som legg til rette for desentralisert og fleksibel utdanning og kompetanseutvikling i distrikta, i samsvar med behova til individ samt offentlege og private verksemder. Det er vidaregåande skular, fagskular, høgskular og universitet som har det faglege ansvaret for tilboda ved studiesentera.

Fylkeskommunane skal fordele midlane til studiesentera basert på søknadar, og prioritere tilskot som i størst mogleg grad bidreg til måloppnåing.

Fylkeskommunane blir oppmoda til å drøfte planlagde tiltak og utlysingar i regionale kompetansefora og liknande partnerskap.

Oppfølging og kontroll

Midlane blir forvalta av fylkeskommunane. Kriteria for måloppnåing blir følgt opp gjennom årleg rapportering til departementet. Departementet fastsette forskrift for ordninga 3. april 2025.

Rapport

Departementet vil få den første heilskaplege rapporteringa frå fylkeskommunane på ordninga Tilskot til studiesenter våren 2026. Fylka har levert førebels halvårsrapporteringar for ordninga i 2025. Halvårsrapporteringa viser at dei aller fleste fylkeskommunane har lyst ut, eller planlegg å lyse ut, midlane til studiesentera i form av søknadsbaserte ordningar. Om lag halvparten av fylkeskommunane har brukt høve til å fordele midlar frå mobiliseringsordninga til studiesenterordninga.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2026

For å frigjere midlar til andre føremål blir det foreslått å redusere løyvinga med 38,3 mill. kroner. Dette inneber å avvike ordninga Tilskot til mobilisering til utdanning og kompetanseheving med verknad frå 1. januar 2026.

Heile løyvinga vil då bli brukt til tilskot til studiesenter. Det inneber ei auke på 24,6 mill. kroner til tilskotet. Fylkeskommunane kan bruke inn til 500 000 kroner til å gjennomføre mobiliseringsprosjekt som vart starta opp i 2025. Fordelinga av midlane mellom fylkeskommunane tar utgangspunkt i ein regionaldel og ein distriktsdel.

Det blir foreslått å løyve 74,7 mill. kroner.

Departementet tildeler midlane til fylkeskommunane som tilskot utan krav om tilbakebetaling, jf. forslag til romartalsvedtak. Det inneber at fylkeskommunane kan disponere midlane uavhengig av kva år løyvinga vart gitt.

Post 61 Mobiliserande og kvalifiserande næringsutvikling

Midlane blir tildelt fylkeskommunane, som gir oppdrag til Innovasjon Noreg og Siva for ei portefølje av verkemiddel retta mot verksemder, sjå

boks 5.1. Fylkeskommunane har òg moglegheit til å gi oppdrag til Innovasjon Noreg og Siva for mobiliseringsarbeid, inkludert regionale oppdrag for Invest in Norway.

Som ein del av vidareutviklinga av Siva som reindyrka nasjonal verkemiddelaktør for industriutvikling, blir det foreslått å overføre forvaltinga av inkubasjonsprogrammet og næringshageprogrammet til Innovasjon Noreg våren 2026. Dette inkluderer ei overføring av tilsette. Sjå omtale under kap. 2426, post 70 og kap. 2421, post 70 på Nærings- og fiskeridepartementet sitt budsjett. Rapporteringa for 2024 blir omtala særskilt for kvar av verkemiddelaktørane.

Mål for ordninga

Ordninga skal mobilisere verksemder til innovasjon og utvikling, og føre til vekst i verdiskaping, sysselsetting og nyskaping i regionane. Vidare skal ordninga bidra til å utløyse ny aktivitet i næringslivet i distriktsområda som ikkje blir tatt vare på gjennom nasjonale verkemiddel. Ordninga skal òg bidra til grøn omstilling av næringslivet i regionane og distrikta.

Kriterium for måloppnåing

Innsatsen blir målt etter følgjande kriterium for måloppnåing:

- Utviklinga i verdiskaping, omsetning³, sysselsetting og nyskaping for verksemdene som deltar i programma, samt status og utvikling i programma. Kriteria varierer mellom verkemidla.
- Del av verkemidla som når fram til verksemder med kvinneleg leiar eller eigar, eller som blir definert som «kvinneretta»⁴.
- Del av løyvinga som går til prosjekt med positiv miljøeffekt.

Tildelingskriterium

Fylkeskommunane har ansvaret for å utforme og finansiere oppdrag til Innovasjon Noreg og Siva i sitt fylke. Bruken av tilskotsmidlar skal vere forankra i regionale mål og planar, og i forpliktande partnerskap med næringslivet og regionale og lokale aktørar.

³ Dei ulike ordningane bruker ulike omgrep i måling og rapportering. Verdiskaping er verdien av verksemda sitt ferdige produkt minus vareinnsats. Omsetning er summen av verksemda sine inntekter og er det same som salsinntekt.

⁴ Enten målt ved del kvinnelege leiarar/eigarar eller ved Innovasjon Noreg sin indikator «kvinneretta», sjå Innovasjon Noreg sin oppdragsgivarrapport 2023 s. 291 for definisjon.

Departementet fordeler midlane mellom fylka basert på ein distriktsdel og ein regionaldel. Den distriktsretta delen skal utjamne geografiske forskjellar ved å kompensere for ulemper i distriktsområde. Den regionale delen skal legge til rette for vekst og utvikling i heile landet. I tillegg dekker tilskotet Innovasjon Noreg, Siva og fylkeskommunane sine gjennomføringskostnader.

Departementet tildeler løyvinga til kvart fylke som ein samla sum, utan føringar for korleis den skal fordelast av fylkeskommunen mellom verkemiddelaktørane eller verkemidla.

Oppfølging og kontroll

Ordninga blir følgd opp gjennom årleg rapportering, effektmålingar og eksterne evalueringar. Departementet har laga retningslinjer for posten i samråd med fylkeskommunane, Innovasjon Noreg og Siva, der oppgåvene og ansvarsområda til aktørane er omtalt.

Rapport

I saldert budsjett for 2024 vart det løyvd 802,1 mill. kroner til ordningane på posten. Rapporteringa under viser mottakarane sitt forbruk⁵ for 2024. Den inkluderer løyvinga frå fylkeskommunane for 2024, i tillegg til akkumulerte midlar under ordningane.

Fylkeskommunane har gitt oppdrag til Innovasjon Noreg, med følgjande rapportering for 2024⁶:

*Bedriftsutviklings- og investeringstilskot
(364,6 mill. kroner)⁷*

Verksemdar som har fått investeringstilskot og/eller bedriftsutviklingstilskot har ei signifikant betre årleg økonomisk utvikling (omsetning og verdiskaping) enn kontrollgruppa. Av tilskotet gjekk 39 pst. av innvilga beløp til prosjekt med innovasjon på internasjonalt nivå, 25 pst. til prosjekt med innovasjon på nasjonalt nivå, og 57 pst.

⁵ Ulike ordningar har ulikt innhald. For ordningar som tildeler tilskot eller lån blir totale tilsegn rapportert. For ordningar som inneheld tenester blir prosjektmidlar, tenestekjøp og tenestetilskot rapportert. For låneordningar er tildelte tilsegn høgare enn løyvingane fordi det berre er tapsavsetninga som reknast som kostnad.

⁶ Resultata i ordninga vart rapportert i Innovasjon Noreg sin oppdragsgivarrapport 2024, i tillegg til eksterne evalueringar av ordningane.

⁷ Summen brukt på desse verkemidlane i 2024, inkludert rammer frå tidlegare 60-postar på programkategori 13.50 og 5,8 mill. kroner i egne løyvingar frå fylkeskommunane.

Boks 5.1 Verkemiddel

Distriktsretta ordningar fylkeskommunen kan bruke¹:

- *Distriktsretta risikolån* kan bli gitt til toppfinansiering av forventa lønsame investerings- og utviklingsprosjekt som er vanskelege å finansiere i den private kredittmarknaden. Låna kan bli gitt til nyetableringar og etablerte verksemder.
- *Distriktsretta garantiar* for driftskreditt, og unntaksvis for lån, kan bli gitt til verksemder som manglar pantetryggleik for lånefinansiering i bank.
- *Investeringsstilskot* kan bli gitt til fysiske investeringar som produksjonslokale eller produksjonsutstyr, og blir primært gitt til små og mellomstore verksemder.
- *Bedriftsutviklingstilskot* kan bli gitt til rådgivingstenester, kompetansetiltak og forprosjekt, primært til små og mellomstore verksemder.
- *Distriktsretta oppstartstilskot* kan bli brukt til finansiering av innovative prosjekt med vekstpotensial i ein regional eller nasjonal marknad.

Landsdekkande ordningar fylkeskommunen kan bruke²:

- *Mentortenesten for grunderar* skal gi auka kunnskap om forretningsutvikling og vurdering av marknadsmoglegheiter. Verksemder må vere i utviklings- eller marknadsintroduksjonsfasen og ha ambisjonar om vekst utover sin lokale marknad.
- *Bedriftsnettverk* er eit tilbod til små og mellomstore verksemder med vekstambisjonar, som ønskjer å etablere strategiske og marknadsretta samarbeidsprosjekt for å styrkje innovasjon og konkurransekraft.
- *Inkubasjonsprogrammet*³ har som visjon å utvikle framtidens berekraftige verksemder. Hovudmålet er å bidra til auka nasjonal verdiskaping og eksport i verksemder med internasjonalt vekstpotensial, gjennom effektivt å identifisere, kommersialisere og vidareut-

vikle innovative idéar til nye vekstverksemder, og utløyse vekst i etablerte verksemder. Målgruppa er verksemder med innovative idéar og vekstpotensial med internasjonalt eller nasjonalt potensial. Siva bidrar med tilskot, kompetanse og nettverk til inkubatorane i programmet.

- *Næringshageprogrammet*⁴ har som visjon å utvikle berekraftige og framtidretta næringsliv i distrikta, og er eit viktig distriktspolitisk verkemiddel. Hovudmålsettinga er å føre til auka verdiskaping basert på regionale fordelar, gjennom å legge til rette for utvikling av berekraftige og omstillingsdyktige verksemder. Siva bidrar med tilskot, kompetanse og nettverk til næringshagane i programmet. Målgruppa er små og mellomstore verksemder og nyetableringar, hovudsakleg innanfor verkeområdet for distriktsretta investeringsstønad.

Finnmark fylkeskommune kan bruke følgande ordning:

- *Utviklingstilskot for Finnmark* forvalta av Innovasjon Noreg og gir finansiering til investeringsprosjekt og bedriftsutviklingsprosjekt i regionen. Prosjekta si betydning for lokalsamfunna vil vektleggast. Det er krav til bedriftsøkonomisk lønsemd, men ikkje til innovasjonshøgde. Tilskotet kan brukast på prosjekt i alle kommunar i Finnmark, utanom Alta og Hammerfest.

¹ Dei distriktsretta ordningane kan berre bli brukt innanfor verkeområdet for distriktsretta investeringsstøtte. Verkeområdet for distriktspolitisk investeringsstøtte er fastsette av departementet og godkjend av ESA i samsvar med EU sine retningslinjer om regionalstøtte. I kommunane omfatta av området kan det bli gitt økonomisk stønad til verksemder med bakgrunn i distriktspolitiske omsyn.

² Landsdekkende oppstartstilskudd 1 er foreslått overført til Nærings- og fiskeridepartementets kap. 2421, post 50

³ Inkubasjonsprogrammet er foreslått overført frå Siva til Innovasjon Noreg våren 2026.

⁴ Næringshageprogrammet er foreslått overført frå Siva til Innovasjon Noreg våren 2026.

var retta mot internasjonal eksport. Kvinneretta prosjekt utgjorde 21,5 pst. av tildelte beløp.

Kundeeffektundersøkinga for 2024 viser at støtta frå Innovasjon Noreg i stor grad var utløyssande for at prosjekta vart gjennomført.

Distriktsretta risikolån og garantiar for driftskreditt (270 mill. kroner)

Lån og garantiar frå Innovasjon Noreg har positiv økonomisk effekt hos mottakarane, samanlikna med kontrollgruppa av verksemder som ikkje fekk slike lån. Mottakarar av lån har i gjennomsnitt høgare årleg meirvekst, spesielt på omsetning og verdiskaping, enn mottakarar av tilskot.

I 2024 gjekk 47 pst. av tildelingane for nye lån og garantiar til gründerar, og 53 pst. til vekstkraftige verksemder. 86 pst. av tildelte lån og garantiar gjekk i 2024 til verksemder med inntil 20 tilsette. Kvinneretta prosjekt utgjorde 7 pst. av tildelt beløp.

Oppstartstilskot (62,2 mill. kroner)

Distriktsretta oppstartstilskot og landsdekkande oppstartstilskot 1 har gitt mottakarane ein årleg meirvekst i omsetning, verdiskaping og sysselsetting. Kundeeffektundersøkinga for 2024 viser at dei aktuelle prosjekta i lita grad ville blitt gjennomført i same omfang eller til same tid utan støtta frå Innovasjon Noreg.

99 pst. av landsdekkande oppstartstilskot vart gitt til prosjekt med innovasjon på nasjonalt eller internasjonalt nivå. Kvinneretta prosjekt utgjorde 25 pst. Tilskotet er foreslått overført til Nærings- og fiskeridepartementet i 2026.

For distriktsretta oppstartstilskot vart 66 pst. av midlane innvilga til prosjekt på nasjonalt eller internasjonalt innovasjonsnivå. Kvinneretta prosjekt utgjorde 40 pst.

Bedriftsnettverk (53,1 mill. kroner)

22 nye bedriftsnettverk, med til saman 226 verksemder, vart tatt inn i programmet i 2024. Totalt var det 89 bedriftsnettverk i programmet ved utgangen av året, med om lag 940 verksemder. Nettverka har god geografisk spreiding, og omfattar verksemder i alle næringsgrupper. Menon Economics har i 2024 på oppdrag frå Innovasjon Noreg gjennomført ei evaluering av verksemdsnettverkstenesten for perioden 2017–2023. Ifølgje rapporten framstår tenesten som effektiv og teneleg for å nå målet om fleire innovative næringsmiljø, og deltakarverksemdene oppgir positiv effekt på innovasjon og auka sal.

Mentortenensten for gründerar (3,4 mill. kroner)

97 verksemder fekk tildelt mentor i 2024. Ordninga kan vise til svært høg del deltakarar med internasjonalt innovasjonsnivå. Ei evaluering frå Menon Economics i 2018 viser at tenesten tilbyr skreddarsydd kompetanse tilpassa behova til gründerar og har lite overlapp med andre tenester.

Utviklingstilskot for Finnmark (6,5 mill. kroner)

Utviklingstilskot for Finnmark vart lansert i november 2024. Av tilskota på kap. 553, post 61, satt Finnmark fylkeskommune av ei ramme på totalt 15,9 mill. kroner. Det vart innvilga totalt 6,5 mill. kroner i utviklingstilskot fordelt på fem prosjekt i 2024.

Miljøeffekt

Innovasjon Noreg rapporterte at talet på tilsegn med positiv miljøeffekt for 2024 er 60 pst. for bedriftsutviklings- og investeringstilskot, og 77 pst. for distriktsretta risikolån. Samla for Innovasjon Noreg sine verkemiddel over posten er 63 pst. av tilsegna vurdert som miljøpositive.

Fylkeskommunane har gitt oppdrag til Siva, med følgjande rapportering for 2024:

Nedanfor er det gitt eit statusbilete for verksemdene i næringshageprogrammet og inkubasjonsprogrammet i 2024. Dei nye tiårige programma starta opp 1. januar 2023.

Næringshageprogrammet (101,4 mill. kroner)

I 2024 var det 2 376 målverksemder⁸ som tok imot rådgivings- og utviklingstenester frå 38 næringshagar. Fylka Trøndelag, Finnmark, Innlandet og Vestland hadde flest målverksemder i næringshageprogrammet. Målverksemdene i næringshagane hadde i 2024 totalt 27 851 tilsette. Gjennomsnittleg tal på tilsette var 18, og medianen var ni tilsette.

I næringshageprogrammet hadde 34 pst. av målverksemdene kvinneleg leiing i 2024. Desse verksemdene tok imot om lag 28 pst. av innovasjonsstøtta.

⁸ Målverksemd blir definert som kvar verksemd eller næringsdrivande som mottar innovasjonsrådgiving og/eller støttetjenester til redusert pris frå programselskapet. Målverksemda skal alltid vere ei norsk SMB. Målverksemda blir tilknytt næringshagen gjennom ein målverksemdavtale og skal ha ein utviklingsplan.

Inkubasjonsprogrammet (155,2 mill. kroner)

I 2024 var det 35 inkubatorar og totalt 2 093 inkubatorverksemdar som brukte inkubasjonsprogrammet. Dei fleste verksemdene i inkubasjonsprogrammet held til i Vestland, Nordland, Oslo og Trøndelag.

Av dei aktive inkubatorverksemdene hadde 30,4 pst. kvinner i leiande stillingar i 2024, og desse tok imot om lag 30 pst. av innovasjonsstøtta.

Miljøeffekt

Berekraft er ein integrert del av både næringshageprogrammet og inkubasjonsprogrammet, og er definert i vid forstand innanfor økonomiske, sosiale og miljømessige dimensjonar.

Ifølgje kundetilfredsheitsundersøkinga for 2024 oppgir 37 pst. av målverksemdene i næringshageprogrammet at næringshagen har vore ganske eller svært viktig for deira arbeid med berekraft. Vidare svarar 35 pst. at næringshagen har bidratt til at verksemdene har blitt meir klima- og miljøvennleg. Dette er ein liten auke frå undersøkinga i 2023. Tilsvarende tal for inkubasjonsprogrammet er høvesvis 24 pst. og 19 pst.

Siva brukar skalaen sustainability readiness level (SRL) for måling av berekraft i begge programma. SRL-skalaen angir verksemdene sitt modenheitsnivå når det gjeld å integrere berekraft i deira forretningsmodell.

Utviklinga frå 2023 til 2024 viser at færre verksemdar i programma har låg eller inga bevisstheit om berekraft, samstundes som fleire integrerer berekraft i verksemda si. Mange av verksemdene i inkubasjonsprogrammet er i ein tidleg fase av etableringsprosessen, noko som kan innebere låg bevisstheit om berekraft som del av forretningsmodellen. Tilsvarende gjeld for næringshageprogrammet, der mange av verksemdene er små aktørar med avgrensa ressursar.

For inkubasjonsprogrammet er det ei positiv utvikling blant verksemdar som er bevisst på behovet for å integrere berekraft i forretningsmodellen, og der berekraft er forankra i heile verksemda. For verksemdar i næringshageprogrammet er det òg ein auke i talet på verksemdar som har starta med måling, rapportering og kommunikasjon i berekraftsarbeidet.

Siva bruker òg EU sin taksonomi for berekraftsmåla, med eigenrapportering av kva for miljø/klimarelaterte mål dei oppnår. Metoden er under utvikling og det er planlagt å implementere dei nye definisjonane i programma i løpet av haus-

ten 2025, slik at programaktørane rapporterer basert på dei nye definisjonane for 2025⁹.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2026

Det blir foreslått å overføre ordninga landsdekkande oppstartstilskot 1 til Nærings- og fiskeridepartementet, for å få ei meir samla finansiering av oppstartstilskot til grunderar. Som følgje av dette blir løyvinga satt ned med 34 mill. kroner, mot ei tilsvarende auke på kap. 2421, post 50 over Nærings- og fiskeridepartementet sitt budsjett.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 20 mill. kroner, som følgje av at delar av tilskotet til Arktis 2030 blir flytta frå kap. 553, post 63, sjå omtale under post 63. Midlane blir øyremerkte Nordland, Troms og Finnmark og skal nyttas til næringsutvikling.

For å frigjere midlar til andre føremål blir det foreslått å redusere løyvinga med 8,6 mill. kroner.

Det blir foreslått å overføre Siva si programverksemd til Innovasjon Noreg i løpet av våren 2026, med overføring av tilsette og verkemidla. Etter overføringa vil alle verkemiddel under post 61 forvaltast av Innovasjon Noreg. Oppdrag for løyvinga over kap. 553, post 61 gis som før av fylkeskommunane.

Samla blir det foreslått å løyve 793,6 mill. kroner, inkludert administrasjons- og gjennomføringskostnader til Innovasjon Noreg og Siva.

Departementet overfører midlane til fylkeskommunane som tilskot utan krav om tilbakebetaling, jf. forslag til romartalsvedtak. Fylkeskommunane kan dermed disponere midlane uavhengig av året løyvinga blir gitt.

Post 63 Interreg, Arktis 2030 og det norske Barentssekretariatet

Posten omfattar tilskot til Noreg si deltaking i grenseregionale Interreg-program, tilskot til Arktis 2030, tilskot til det norske Barentssekretariatet, sekretariat for Regionalt nordområdeforum, og Grensetjenesten Sverige-Finland-Norge. Tilskot til transnasjonale og heil-europeiske Interreg-program blir omtalt under post 76.

I inneverande Interreg-periode (2021–2027) deltar Noreg i programma Øresund-Kattegat-Skagerrak, Sverige-Noreg og Interreg Aurora (post 63), samt Nordleg Periferi og Arktis, Nordsjøen, Østersjøen, Interreg Europe, URBACT, ESPON og Interact (post 76).

⁹ Siva SF – Årsrapport 2024

Prosjekta fremjar regional utvikling gjennom utveksling av kunnskap og erfaringar, berekraftig økonomisk vekst, kultursamarbeid og grøn omstilling. Samarbeid over landegrensene gir høgare kapasitet og kompetanse hos aktørane til å løyse regionale og distriktpolitiske utfordringar. Programma bygger ned grensehinder med stor betyding for distriktskommunane langs grensa. Programma er i tråd med prioriteringane frå fylkeskommunane.

Grenseregionale Interreg-program

Mål for ordninga

Målgruppene er lokale, regionale og nasjonale styremakter, aktørar frå lokalsamfunn og urfolk, privat næringsliv, forskings- og utviklingsaktørar og frivillige organisasjonar.

Ordninga skal:

- Bidra til regional utvikling gjennom samarbeid over landegrensene.
- Bidra til eit a) smartare Europa, b) grønare Europa, c) meir samanknytt Europa, d) meir sosialt Europa og e) Europa nærare borgarane. I tillegg kjem det Interreg-spesifikke målet (ISO 1) om å styrkje administrativ kapasitet til utvikling og grenseoverskridande samarbeid. Norsk innsats vektlegg måla a, b, c og ISO 1.
- Gi deltakarar tilgang til kunnskap, erfaringar og økonomiske ressursar til konkrete utviklingsprosjekt.

Kriterium for måloppnåing

Indikatorar for å vurdere måloppnåing blir fastsette i programdokumenta for kvart enkelt Interreg-program.

Tildelingskriterium

Tildelingskriterium blir fastsette i tråd med EU sitt regelverk og formulert i programdokumenta for kvart program. Kriteria for prosjekt og program omhandlar ofte om dei bidrar til grenseregional meirverdi, kapasitet til gjennomføring, resultatorientering, berekraftig utvikling og å nå målet med programmet. Midlane blir lyste ut og skal utløyse minimum 50 pst. regional medfinansiering.

Oppfølging og kontroll

Forvaltinga av midlane er delegert til fylkeskommunane, som rapporterer til departementet. Oppfølging og kontroll skjer i overvåkings- og sty-

ringskomiteane til programma, der departementet og fylkeskommunane deltar saman med dei andre programlanda. Krava til oppfølging og kontroll blir fastsette gjennom EU sitt regelverk og i programdokumenta for kvart program.

Rapport

Fylkeskommunane fekk til saman 54,3 mill. kroner i 2024 til deltaking i grenseregionale Interreg-program. Dei norske midlane utgjer ein mindre del av programbudsjettet, som i stor grad er finansiert av EU sitt regionale utviklingsfond. Det gir norske deltakarar tilgang til større ressursar og kapasitet i programma, som bidrar til å løyse samfunnsutfordringar på norsk side.

Programperioden for 2021–2027 starta med prosjektutlysingar i 2022. Programma har sett i gong midtvegsevalueringar som vil skje i 2025–2027. Sluttevaluering og sluttrapportering kjem først etter at programperioden er avslutta. Sekretariata for programma rapporterer om høg etterspørsel av prosjektmidlar i 2024/2025. I 2024 har 64 prosjekt med norske deltakarar mottatt stønad frå programma.

Øresund-Kattegat-Skagerrak (ØKS) (16 mill. kroner)

Innsatsen er retta mot konkrete utviklingsprosjekt innan innovasjon og entreprenørskap, grøn omstilling, transport og mobilitet. Det er flest innovasjonsprosjekt innan helse og livskvalitet. Programmet omfattar fylkeskommunane Østfold, Akershus, Oslo, Buskerud, Vestfold, Telemark og Agder, og svenske og danske regionar i tilgrensande kystområde. Så langt i programperioden er det tildelt midlar til 25 prosjekt, inklusive 4 forprosjekt, av dei norske midlane.

Sverige-Noreg (22 mill. kroner)

Programmet omfatta grenseregionane på norsk og svensk side. Programmet omfatta Østfold, Innlandet og Trøndelag, og det vart tildelt midlar til 16 prosjekt fordelt mellom innsatsområda næringsmiljø, innovasjon i små og mellomstore bedrifter (SMB), klima og sirkulærøkonomi, grensekryssande arbeidsmarknad, utdanningstilbod, kultur- og reiselivsnæring og ein sterkare grenseregion.

Interreg Aurora (16,2 mill. kroner)

Programmet omfattar Nordland, Troms, Finnmark, regionar i Nord-Finland og Nord-Sverige. Program-

met har eit delprogram, Sápmi, som dekker heile det samiske området frå Innlandet til Finnmark, og alle samiske område i Sverige og Finland.

I 2024 er det gitt tilskot til totalt 23 prosjekt med norske partnerar inkludert 4 samiske prosjekt. Dei samiske prosjekta rettar seg særleg mot målet om eit meir sosialt Europa, men òg om å styrkje administrativ kapasitet og grenseoverskridande samarbeid i Sápmi. Dei andre 19 prosjekta handlar mest om smart og berekraftig vekst (43 pst.), eit grønar Europa med vekt på klima og sirkulærøkonomi (30 pst.), i tillegg til målet om eit meir sosialt Europa med vekt på utdanning, kultur og berekraftig turisme.

NEXT Kolarctic

NEXT Kolarctic (2021–2027) er stoppa, og midlane er fordelt til dei andre programma på posten. Kolarctic CBC 2014–2020 vart avslutta i 2024 og alle prosjekt var ferdige i 2023. Prosjekta handla mellom anna om auka kapasitet og kompetanse for utvikling av lokale verksemdar, miljø- og naturressursforvaltning, betre infrastruktur, grenseforvaltning og -sikkerheit. Restmidlar etter avslutta program tildelast Interreg Aurora.

Arktis 2030

Mål for ordninga

Arktis 2030 skal ivareta norske interesser i nord og Noreg si rolle som ein ansvarleg og sentral polarnasjon. Programmet skal bidra til ein heilskapleg nordområdepolitikk i tråd med ambisjonane til regjeringa.

Kriterium for måloppnåing

Innsatsen blir målt etter følgjande kriterium for måloppnåing innanfor tre innsatsområde:

- Kunnskap: Auka kunnskap om polare strøk og samfunn, kompetansebehov, forvaltning og miljø og naturressursar i nordområda.
- Infrastruktur: Auka kunnskap om og tilrettelegging for å møte infrastrukturbehov som følgje av auka aktivitet i nordområda.
- Miljøvern, sikkerheit, beredskap og klimaendringar: Auka kunnskap om og kapasitet til forebygging og handtering av forureining og ulykker i nordområda. Auka kunnskap om klimaendringar, konsekvensar av dette og grøn omstilling.

For å gjere ordninga enklare og meir effektiv, foreslår regjeringa å overføre det fjerde innsats-

området Næringsliv: Auka økonomisk aktivitet, næringsutvikling og verdiskaping i nordområda, til fylkeskommunane Nordland, Troms og Finnmark. Dette blir ein del av deira regionale oppdrag til Innovasjon Noreg. Sjå nærare omtale under prioriteringar og budsjettforslag for 2026.

Tildelingskriterium

Det kan bli gitt tilskot til prosjekt som skal bidra til operativ bruk av nyutvikla kunnskap, teknologi og/eller kompetanse om nordområda. Prosjekt og tiltak skal legge FN sine berekraftsmål til grunn. Ved vurdering av prosjekta skal det bli lagt vekt på situasjonen for urfolk. Midlane kan både gå til forprosjekt og større fleirårige strategiske prosjekt. Både næringsliv, interesseorganisasjonar, offentlege aktørar og kunnskapsmiljø kan søkje om tilskot. Søkjarar treng ikkje vere lokaliserte i Nord-Noreg, men må tydeleg vise at resultata av aktivitetane som blir finansierte vil kome nordområda til gode. Fylkeskommunane kan finansiere tiltak og program i eigen regi.

Oppfølging og kontroll

Troms fylkeskommune har ansvaret for organisering av arbeidet, i nært samarbeid med Nordland og Finnmark fylkeskommunar. Direkte bedriftsretta tilskot skal bli forvalta av Innovasjon Noreg Arktis gjennom oppdragsbrev frå fylkeskommunen. Departementet har utarbeidd ei forskrift for ordninga: Forskrift om Kommunal- og distriktsdepartementets tilskuddsmidler til Arktis 2030.

Rapport

I 2024 tildelte Kommunal og distriktsdepartementet 47,5 mill. kroner til Arktis 2030. Dei tre fylkeskommunane har til saman tildelt 23,8 mill. kroner til 16 prosjekt, fordelt mellom innsatsområda. Vidare har fylkeskommunane løyvd 5 mill. kroner til Interreg-programmet Aurora. Innovasjon Noreg Arktis har forvalta ei ramme på 20 mill. kroner på vegne av fylkeskommunane, og har til saman tildelt 14,6 mill. kroner til 13 prosjekt innan mellom anna biogass, romfart, regionale økosystem og innovative energiløysingar. Til saman stod det att ei ramme på om lag 28 mill. kroner i 2024.

På grunn av den krevjande situasjonen i fiskerisektoren, som særleg påverkar lokalsamfunn i Finnmark, vedtok Stortinget i statsbudsjettet for 2025 at ordninga òg skulle brukast til omstilling og utvikling av sjømatnæringa i Nord-Noreg. Innovasjon Noreg har derfor fått eit sær-

skild oppdrag om å bidra til omstilling av sjømatnæringa langs kysten for å møte utfordringane med nedgang i fiskerikvotar og manglande tilgang på råstoff.

Det norske Barentssekretariatet

Mål for ordninga

Barentssekretariatet skal fremje og finansiere samarbeidsprosjekt, og vere eit ressurs- og kompetansesenter for grensekryssande- og nordområdesamarbeid. Målet med ordninga er god samfunnsutvikling i nord, mellom anna gjennom kunnskapsheving. Ordninga omfattar òg folk-til-folk-prosjekt med uavhengige russiske aktørar i Barentsregionen.

Kriterium for måloppnåing

Måloppnåing for tilskotsordninga skal vurderast etter desse kriteria:

- Prosjektet har gitt meir og betre samarbeid mellom norske, finske og/eller svenske aktørar i nord, ev. òg med aktørar frå andre regionar i Arktis.
- Prosjektet bidreg til samfunnsutvikling i Nord-Noreg.

Tildelingskriterium

Tilskotsordninga blir forvalta av Barentssekretariatet. Sekretariatet kan gi tilskot til prosjekt som er retta mot internasjonalt samarbeid mellom aktørar i Nord-Noreg og i det nordlege Norden, inkludert urfolkssamarbeid.

Delar av løyvinga går til drift av sekretariatet og til utviklingsoppgåver i tråd med oppdraget. Sekretariatet skal hente inn og samordne kunnskap frå aktørar i regionen. Dei skal hjelpe fylkeskommunane i Nord-Noreg i samfunnsutviklingsrolla deira, gjennom å fremje, utvikle og styrkje samarbeid med aktørar, først og fremst i finske og svenske regionar.

Oppfølging og kontroll

Barentssekretariatet er eit interfylkeskommunalt selskap. Eigarfylkeskommunane, Nordland, Troms og Finnmark, har ansvar for dagleg drift av selskapet gjennom ein selskapsavtale. Departementet følgjer opp rapporteringa for bruken av tilskotsmidlane etter dei krav og vilkår som er sette i regelverk og i oppdragsbrev. Kommunal- og distriktsdepartementet er klageinstans.

Rapport

Barentssekretariatet vart overført frå Utanriksdepartementet i 2024. Det vart løyvd 42 mill. kroner til sekretariatet i 2024. Av dette går inntil 16 mill. kroner til drift og forvaltning. Sekretariatet har omstilt seg og arbeider godt med sitt nye oppdrag.

Det er god søking til ordninga og sekretariatet har gitt støtte til 54 ordinære samarbeidsprosjekt. I tillegg er det gitt støtte til 16 ungdomsprosjekt (BarentsUng) og 13 profesjonelle kunst- og kulturprosjekt (BarentsKult). Det er gitt støtte til flest prosjekteigarar i Finnmark (36), dernest Troms (30) og færrest i Nordland (17). Innsatsen har bidratt til auka samarbeid med regionar og aktørar i våre naboland.

Eit fleirtal av prosjektpartnerane kjem frå Nord-Finland (40), dernest frå Nord-Sverige (22). Fem av prosjekta har samarbeid med uavhengige russiske aktørar, medan det var tre prosjekt med partnerar på Island og eitt på hhv. Grønland og i Canada.

Breidda av norske aktørar i prosjekta som har mottatt tilskot, og engasjementet til dei som gjennomfører prosjekta, tilseier at innsatsen bidreg til positiv samfunnsutvikling i landsdelen. Sekretariatet arbeider med ny strategi saman med sine eigarar. Dei vil skape retning framover med nytt oppdrag, og mellom anna utvikle rolla som ressurs- og kompetansesenter for grensekryssande samarbeid i nord.

Regionalt nordområdeforum

For å styrkje dialogen i og om nordområda har regjeringa møter med fylkeskommunane og Sametinget i Regionalt nordområdeforum. I 2024 vart det løyvd 1,6 mill. kroner til drift av sekretariatet og aktivitetar i regi av forumet.

Grensetjenesten Sverige-Finland-Norge

Grensetjenesten Sverige-Finland-Norge i Skibotn i Storfjord kommune har som mål å legge til rette for grenseoverskridande aktivitetar for enkeltpersonar, verksemdar, organisasjonar og styresmakter, og arbeider aktivt for auka mobilitet på tvers av landegrensene i Finland, Sverige og Noreg. I dette inngår rettleiing, informasjon, tilrettelegging og kontaktformidling, som skal gi den enkelte betre føresetnader for å kunne fungere på alle sider av grensene. Informasjon blir gitt på svensk, finsk, norsk og samiske språk.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2026

Det blir foreslått 67,1 mill. kroner til Arktis 2030. I 2020 vart den innanrikspolitiske delen av Arktis 2030 overført frå Utanriksdepartementet til Kommunal- og distriktsdepartementet, medan Utanriksdepartementet beheldt midlar til utanrikspolitiske tiltak i Arktis. Det er stor likskap mellom ordningane, og i oppfølginga av regjeringa sin nordområdepolitikk og -strategi blir det derfor foreslått å slå saman dei to ordningane over Kommunal- og distriktsdepartementet sitt budsjett. Som følge av dette aukar løyvinga med 40 mill. kroner mot ein tilsvarande reduksjon av kap. 118, post 70 over Utanriksdepartementet sitt budsjett.

Det er behov for å spisse og forenkle Arktis 2030, og vurdere grenseflatene mot andre relevante ordningar. For å forenkle den regionale næringsretta innsatsen i Nord-Noreg, foreslår regjeringa derfor å flytte 20 mill. kroner frå Arktis 2030, til kap. 553, post 61. Midlane blir øyremerkte fylkeskommunane Nordland, Troms og Finnmark og skal brukast til næringsutvikling. Kommunal- og distriktsdepartementet og Utanriksdepartementet vil òg vurdere behovet for fleire endringar i ordninga, i samarbeid med Troms fylkeskommune, og kjem eventuelt tilbake til Stortinget med forslag til endringar i ordninga.

For å frigjere midlar til andre føremål blir det ikkje foreslått midlar til Grensetjenesten Sverige-Finland-Norge i Storfjord kommune eller Regionalt nordområdeforum, som òg har ein betydeleg del ubrukte midlar. Som følge av dette reduserast løyvinga med vel 4 mill. kroner.

Det blir foreslått til saman 54,3 mill. kroner til norsk deltaking i dei tre Interreg-programma Øresund-Kattegat-Skagerrak, Sverige-Noreg og Interreg Aurora. Programma følgjer dei fastlagde programplanane med innsatsområde, som gjeld for inneverande programperiode, som varar ut 2027.

Vidare blir det foreslått 42 mill. kroner til det norske Barentssekretariatet, av dette inntil 16 mill. kroner til drift og forvalting.

Samla blir det foreslått å løyve 163,4 mill. kroner.

Departementet tildeler midlane til fylkeskommunane og Barentssekretariatet som tilskot utan krav om tilbakebetaling, jf. forslag til romartalsvedtak.

Post 64 Pilot nærttenestesenter, kan overførast

Mål for ordninga

Pilotprosjektet for nærttenestesenter går over perioden 2024–2026. Målet med piloten er å prøve ut

ulike modellar for korleis statlege publikumstenester kan gjerast tilgjengelege i område der innbyggjarane har lang reiseveg til slike tenester. Forvaltingsansvaret for tenestene blir ikkje endra. Piloten inneber at statlege tenester blir tilbydde på same stad som kommunale publikumstenester, til dømes ved at representantar frå statlege etatar er til stades på avtalte tidspunkt. Det konkrete innhaldet i kvar pilot skal vidareutviklast gjennom prosjektperioden, og må tilpassast både kapasiteten i dei statlege etatane og lokale behov i kommunane.

Føremålet er å styrkje tilbodet av statlege publikumstenester, ikkje å flytte statlege arbeidsplassar. Piloten kan òg omfatte tiltak der kommunen gir støtte til innbyggjarane for å ta i bruk digitale statlege tenester. Dette kan inkludere både opplæring i digital kompetanse og rettleiing i korleis ein finn fram til og brukar digitale statlege tenester.

Rapport

Kommunane Tokke, Lebesby, Nore og Uvdal, Ulstein, Meløy, Øygarden, Værøy (inkl. Røst, Flakstad og Moskenes), Gamvik og Vanylven deltar i piloten. Kvart pilotprosjekt mottar eit tilskot på mellom 1-2,2 mill. kroner for å dekke delar av kostnadene knytte til gjennomføringa av piloten.

Sidan hausten 2024 har kommunane, i dialog med relevante statlege etatar, arbeidd med å utvikle innhaldet i pilotane. Det er førebels ikkje etablert fysiske oppmøtetilbod klare for uttesting. Samarbeidet med statlege etatar varierer i omfang mellom pilotane, men Skatteetaten, Statens vegvesen og Nav er involverte i fleire av dei.

Som ein del av prosjektet samarbeider Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir), gjennom Digidel.no, med pilotkommunane og dei statlege etatane om utvikling av opplæringsressursar. Desse skal støtte rettleiarar i kommunane i å hjelpe innbyggjarar med å finne fram til og ta i bruk digitale statlege tenester.

Oxford Research AS gjennomfører ei følgeevaluering av pilotprosjektet og skal levere sluttrapporten i juni 2027.

Det blir ikkje foreslått å løyve midlar i 2026 fordi prosjektet vart fullfinansiert gjennom løyvingar i 2023–2025. Utgifter i 2026 vil bli dekt av overførte midlar.

Post 65 Omstilling og utvikling i område med særlege distriktsutfordringar

Posten omfattar ordningane Bistand og rettleiing til distriktskommunar med særlege utfordringar med strategisk utviklingsarbeid, Tilskot til kom-

munar med langvarig nedgang i befolkning og sysselsetting av særleg omfattande grad, Tilskot til omstilling i kommunar eller regionar med vesentleg fall i sysselsettinga over relativt kort tid, Pilot Statens hus og Pilot kystutviklingssenter. Frå 2026 omfattar posten òg ordningane Leverandørutvikling knytt til Forsvaret i nord og Stadutvikling i forsvarskommunar.

Bistand og rettleiing til distriktskommunar med særlege utfordringar med strategisk utviklingsarbeid

Mål for ordninga

Auka utviklingsevne og strategisk arbeid i distriktskommunar, mellom anna gjennom nye måtar å løyse oppgåver, og styrkt strategisk samfunnsplanlegging.

Kriterium for måloppnåing

Fylkeskommunen bidrar til å styrkje kommunane sin kompetanse og kapasitet til strategisk arbeid med samfunnsutvikling.

Tildelingskriterium

Fordeling av midlane mellom fylkeskommunane tar utgangspunkt i folketalet i kommunane som skårar lågast på distriktsindeksen.

Fylkeskommunane har ansvar for arbeidet i eige fylke i dialog med kommunar med behov for bistand og rettleiing. Fylkeskommunane skal gi ekstra bistand og rettleiing over tid til distriktskommunar med særlege utfordringar med strategisk utviklingsarbeid. Både fag- og prosessbistand, prosjekt og målretta tiltak er aktuelt. Fylkeskommunen skal invitere aktørar som statsforvaltaren, Distriktssenteret, statlege etatar og verke-middelaktørar der det er føremålstenleg. Rettleiing og bistand kan mellom anna bli knytt til plan- og strategiprosessar i kommunane. Ordninga kan brukast saman med dei andre ordningane på posten.

Oppfølging og kontroll

Midlane blir forvalta av fylkeskommunane. Departementet fastsette regelverk for ordninga 12. desember 2023, oppdatert 20. november 2024.

Rapport

Bistand og rettleiing til distriktskommunar vart etablert som ei ny ordning i 2024 og fylkeskom-

munane brukte om lag 17 pst. av midlane på posten til ordninga. Bruken av midlane er tilpassa behova i kvar fylkeskommune. Tiltaka omfattar: utviklingsprosjekt i samarbeid med distriktskommunar, kursutvikling for kommunar eller fylkeskommunen sjølv, og arbeid med å bygge kunnskapsgrunnlag. Nokre fylke har brukt det første året til å førebu og starte opp tiltak. Fleire fylkeskommunar har som mål å utvikle kunnskap og modellar for distriktsutvikling som òg kan brukast i andre regionar. Utviklingsprosjekta handlar om planlegging, strategiutvikling, utviklingskapasitet, og bustadutvikling.

Tilskot til kommunar med langvarig nedgang i befolkning og sysselsetting av særleg omfattande grad

Mål for ordninga

Styrkje kommunane sin kapasitet til å handtere langvarig nedgang i befolkning og sysselsetting av særleg omfattande grad. Auka attraktivitet for busetnad og næringsliv.

Kriterium for måloppnåing

Auka utviklingsevne i kommunen og auka attraktivitet for busetting og næringsliv. Kriteria skal bli rapportert på, og i kva grad ein oppnår måla skal bli vurdert gjennom evaluering av det enkelte programmet etter omstillingsperioden.

Tildelingskriterium

Fordeling av midlane mellom fylkeskommunane tar utgangspunkt i folketalet i kommunane som skårar lågast på distriktsindeksen. Fylkeskommunane skal legge følgjande kriterium til grunn ved tildeling: kommunar med langvarig nedgang i befolkning og sysselsetting av særleg omfattande grad. Fylkeskommunen kan òg legge vekt på i kva grad kommunen har utfordringar med forsørgjarbyrde, og del av befolkninga som står utanfor arbeidslivet. Kommunen skal få ein forsterka innsats over tid for å snu ei negativ utvikling.

Oppfølging og kontroll

Fylkeskommunane har ansvar for arbeid i eige fylke, og behandlar søknader frå kommunane. Departementet har fastsett ei forskrift for ordninga: Forskrift om tilskuddsordningar til omstilling og utvikling i områder med særlege distriktsutfordringar.

Rapport

Kvæningen kommune fekk omstillingsprogram (2018–2024) som følgje av omfattande og langvarig fall i sysselsetting. Oxford Research AS har evaluert omstillingsprogrammet. Evalueringa viser at det er arbeida med eit breitt spekter av verksemder. Det er retta særleg merksemd mot reiselivet, som er i sterk vekst i fylket. Programmet har òg bidratt til ein betre entreprenørskaps- og endringskultur blant næringslivsaktørane i Kvæningen. Vidare viser evalueringa at programmet har bidratt til å skape og sikre om lag 60 arbeidsplassar. Oxford Research AS vurderer at omstillingsprogrammet har fungert teneleg. Samstundes peikar dei på at utskifting av styremedlemmer og programleiarar førte til at opparbeidd kompetanse og erfaring forsvann i siste fase av omstillingsarbeidet.

Tilskot til omstilling i kommunar eller regionar med vesentleg fall i sysselsetting over relativt kort tid

Mål for ordninga

Styrkje næringsgrunnlaget og bidra til etablering av nye arbeidsplassar i kommunar eller regionar som opplever vesentleg nedgang i sysselsettinga over relativt kort tid.

Kriterium for måloppnåing

Kriteria for å vurdere måloppnåing er styrkt utviklingsevne i området i løpet av omstillingsperioden, og talet på arbeidsplassar som blir etablerte eller sikra. I kva grad ein oppnår måla skal bli vurdert gjennom evaluering av det enkelte omstillingsprogrammet etter omstillingsperioden.

Tildelingskriterium

Regional omstilling: fylkeskommunane har ansvar for omstillingsarbeidet i eige fylke, og behandlar søknader frå kommunane. Departementet har i fylkesfordelinga av ramma lagt til grunn fylkeskommunane sine innspel om kommunar og regionar der det er stor reduksjon i talet på sysselsette i hjørnesteinsverksemder/-næringar.

Fylkeskommunane skal legge følgjande kriterium til grunn ved tildeling av omstillingsprogram: a) omfanget av reduksjonen i sysselsettinga i kommunen/regionen, b) i kva grad det er mogleg å pendle til andre arbeidsmarknader, c) den generelle arbeidsløysa i kommunen/regionen og d) eventuelle andre tilhøve som kan spele inn.

Ekstraordinær statleg omstilling: i heilt særskilde tilfelle kan staten løyve ekstraordinære statlege omstillingsmidlar direkte til ein kommune. Kriteria for dette er at reduksjonen i den direkte sysselsettinga i kommunen bør vere betydeleg over ein treårsperiode, og reduksjonen bør som hovudregel utgjere minst 15 pst. av den totale sysselsettinga. I absolutte tal bør nedlegginga som eit minimum ligge på 150 tilsette. Vidare blir det lagt vekt på reduksjonen i den indirekte sysselsettinga, i kva grad det er mogleg å pendle i den aktuelle bu- og arbeidsmarknadsregionen, og den generelle arbeidsløysa i kommunen/regionen.

Oppfølging og kontroll

Midlane blir forvalta av fylkeskommunane og Innovasjon Noreg. Departementet har fastsett ei forskrift for ordninga: Forskrift om tilskuddsordningar til omstilling og utvikling i områder med særlege distriktsutfordringer.

Rapport

2024 var første år med nye ordningar på posten. Fylkeskommunane rapporterer at:

- 62,8 mill. kroner er gitt i tilskot til kommunar eller regionar med vesentleg fall i sysselsetting over relativt kort tid eller langvarig nedgang i befolkning og sysselsetting av særleg omfattande grad. Omstillingsprogramma er langsiktig arbeid, normalt over seks år. Kommunane er gitt løfter om midlar med atterhald om Stortinget sine årlege løyvingar.
- 18,9 mill. kroner er gitt til bistand og rettleiing til distriktskommunar med særlege utfordringar med strategisk utviklingsarbeid.
- 26,8 mill. kroner er overført til 2025. Dette skuldast delvis omstillingsprogram som det har tatt noko tid å få i gang og delvis at ordningane er nye og at det har tatt tid å få opp ein heilskapleg innsats for bistand, samarbeid og støtte til distriktskommunar.

I 2024 følgde Innovasjon Noreg opp 20 omstillingsområde. Rapporteringa viste 404 nye arbeidsplassar, 393 sikra arbeidsplassar og 41 nye verksemder i 2024. I 2024 var det tre område som var ferdige med sine omstillingsperiodar: Sør-Varanger, Kvæningen og Gardermoreregionen. Oxford Research AS har sluttevaluert omstillingsprogramma i Dyrøy, Kvæningen, Eigersund, Kragerø og Sør-Varanger.

Sør-Varanger kommune fekk totalt 44,2 mill. kroner i ekstraordinære statlege omstillingsmid-

lar i 2016/2017 som følge av konkursen i Sydvaranger Gruve AS. Evalueringa av omstillingsprogrammet i Sør-Varanger kommune (2016–2024) viser at målet om 300 skapte og sikra arbeidsplassar er nådd (Oxford Research AS). Fleire verksemder er opptatt av omstilling, utvikling og innovasjon, og utviklingsevna og utviklingskapasiteten i Sør-Varanger er styrka. Evalueringa peika på at dette vil bidra til å skape eit betre fundament for nærings- og samfunnsutviklingsarbeidet framover.

Kommunen har etablert eit kommunalt eigd aksjeselskap, Sør-Varanger Utvikling AS, til å drive omstillingsarbeidet. Oxford Research AS vurderer at forankringa frå kommunen har vore svak, og det har vore lite dialog mellom næringslivet og kommunen. Vidare vurderte dei at omstillingsprogrammet var på rett veg, og at det etter omstillingsperioden ligg betre til rette for ei tettare kopling til kommunen. Det står igjen 1,8 mill. kroner av tilskotet frå departementet. Kommunestyret har vedtatt handlingsplan 2024–2025 for Sør-Varanger Utvikling AS, og at selskapet skal vidareførast og disponere restmidlar i samsvar med føremål og handlingsplan.

Pilot Statens hus

Mål for ordninga

I pilot Statens hus har statlege etatar, kommune, fylkeskommune og statsforvaltar samarbeida om å skape større statlege fagmiljø. Målet har vore å bidra til å styrkje samarbeidet i kompetanseklyngrer og eventuelt samlokalisere mindre einingar av statlege etatar i same bu- og arbeidsmarknadsregion. Føremålet har vore å styrkje det samla faglege, offentlege kompetansemiljøet i regionen, og gjere det lettare å halde på og rekruttere kompetanse i dei statlege etatane som finst på pilotstadene. Pilot Statens hus skal gi kunnskap som dannar grunnlag for vidare utvikling av lokaliseringspolitikk for mindre stader.

Rapport

Pilotprosjektet Statens hus har føregått i kommunane Lyngdal, Stad, Orkland og Narvik i perioden 2021–2025. I 2021 fekk kvar pilot tildelt fire mill. kroner som skulle dekke utgiftene for heile pilotperioden. Dei nasjonale måla for piloten var:

- Eit styrka og fagleg samla offentlig kompetansemiljø i regionane.
- Det skal bli enklare å behalde og rekruttere kompetanse i dei statlege etatane på mindre stader.

- Fleire statsetatar enn i dag kan rekruttere og tilsette folk desentralisert.
- Eit styrka samarbeid i kompetanseklyngrer.
- Ny kunnskap som skal gi grunnlag for vidare utvikling av lokaliseringspolitikk for mindre stader.

Dei fire pilotane har konkretisert måla sine gjennom ulike lokale delprosjekt. Pilotane har mellom anna hatt mål om samlokalisering, kontorfellesskap for desentralisert arbeid, tenesteinnovasjon, førebyggjande innsats retta mot unge, arbeid knytt til berekraftig landbruk, og samarbeid om analyse, kompetanseutvikling og rekruttering.

Evalueringa av pilotprosjektet viser at pilotkommunane i stor grad har oppnådd eit styrka og fagleg samla offentlig kompetansemiljø i regionane, der kontorfellesskapa er sentrale (Oxford Research AS). Vidare peikar evalueringa på at pilotkommunane har jobba mykje med tiltak som kan skape fellesskapskjensle på tvers av etatane. På same måte har eit meir samla offentlig kompetansemiljø bidratt til å gjere dei statlege arbeidsplassane meir attraktive. Større fagmiljø har òg bidratt til å synleggjere fleire karrierevegar lokalt.

Eit område som har fått mindre merksemd i pilotane, er rekruttering, men dette er òg eit område det er vanskeleg for pilotkommunane å påverke. Som grunnlag for å utvikle lokaliseringspolitikk for mindre stader, viser Oxford Research AS til at piloten har bidratt til å synleggjere kommunanes viktige rolle som vertskap for statlege arbeidsplassar. Samstundes har piloten vist at det er utfordrande å samordne lokaliseringspolitikken, både på nasjonalt og regionalt nivå, fordi det er ei oppgåve som går på tvers av sektorar og myndighetsnivå.

Pilot kystutviklingssenter

Pilotprosjektet «kystutviklingssenter» vart satt i gang av Finnmark fylkeskommune i 2023, og avslutta i 2024. Det er ikkje lagt opp til vidareføring av pilotprosjektet.

Leverandørutvikling knytt til Forsvaret i nord

Mål for ordninga

Ordninga skal medverke til næringsutvikling og totalberedskap i Nord-Noreg. Ordninga skal legge til rette for at lokale og regionale små og mellomstore verksemder i større grad kan delta i konkurransar om leveransar til Forsvaret i nord.

Kriterium for måloppnåing

Kriteria for å vurdere måloppnåing er at fleire lokale og regionale verksemder er med i konkurransar om leveransar til Forsvaret.

Tildelingskriterium

Ordninga er retta mot Nord-Noreg. Tiltaket inneber midlar til kvar av dei tre nordlegaste fylkeskommunane til å finansiere tiltak for kompetanseheving og kapasitetsbygging i små og mellomstore verksemder, og å bygge nettverk mellom verksemdene og forsvarssektoren. Kompetansehevande tiltak kan gjennomførast av Innovasjon Noreg og Siva på oppdrag frå fylkeskommunane, eller i regi av fylkeskommunen sjølv. Det kan òg vere aktuelt å utvikle dialogarenaer mellom Forsvaret sine innkjøpsfunksjonar og regionale verksemder.

Oppfølging og kontroll

Nordland, Troms og Finnmark fylkeskommunar skal forvalte ordninga. Ordninga er ny i 2026 og detaljane i ordninga vil bli utvikla i samarbeid med fylkeskommunane.

Stadutvikling i forsvarskommunar

Mål for ordninga

Ordninga skal styrkje samarbeidet mellom forsvarskommunar og Forsvaret om bustad- og stadutvikling i nord. Dette skal bidra til sterke og attraktive lokalsamfunn. Ordninga skal i tillegg spesifikt styrkje sentrumsutviklinga i Kirkenes.

Kriterium for måloppnåing

Kriteria for å vurdere måloppnåing er styrkt samarbeid og at ein klarer å kombinere Forsvaret og kommunane sin innsats, slik at ein oppnår auka busettingsattraktivitet både for forsvarstilsette og innbyggjarar elles. Ein skal òg styrkje sentrumsutvikling i Kirkenes.

Tildelingskriterium

Ordninga skal innrettast mot kommunane som deltar i ein nasjonal pilot om å styrkje samarbeid mellom Forsvaret og forsvarskommunane Sør-Varanger, Bardu og Målselv. Midlane kan brukast til å styrkje kapasiteten kommunen har til å drive og utvikle samarbeidet, og/eller til utvikling og gjennomføring av tiltak i piloten, samt til styrking av arbeidet med sentrumsutvikling i Kirkenes.

Oppfølging og kontroll

Troms og Finnmark fylkeskommunar skal forvalte ordninga. Ordninga er ny i 2026 og detaljane i ordninga vil bli utvikla i samarbeid med kommunane.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2026

For å medverke til næringsutvikling og totalberedskap i Nord-Noreg blir det foreslått eit nytt tilskot på 6 mill. kroner til Leverandørutvikling knytt til Forsvaret i nord.

Vidare blir det foreslått eit nytt tilskot på 6 mill. kroner til Stadutvikling i forsvarskommunar. Dei tre pilotkommunane Sør-Varanger, Bardu og Målselv får 1 mill. kroner kvar til å styrkje samarbeidet om bustads- og stadutvikling, og Sør-Varanger kommune får ytterlegare 3 mill. kroner til sentrumsutvikling.

For å få rom for dei nye tilskota blir det foreslått noko redusert løyving til dei andre tilskota på posten. Det vil bli satt av 117 mill. kroner til ordningane bistand og rettleiing til distriktskommunar, tilskot til kommunar med langvarig nedgang i befolkning og sysselsetting av særleg omfattande grad og tilskot til omstilling i kommunar/regionar med vesentleg fall i sysselsetting over relativt kort tid. Fylkeskommunane disponerer løyvinga fritt mellom desse ordningane. Det er lagt opp til at innsatsen over tilskotsordningane blir samfinansiert av stat, fylkeskommune og kommune.

Innovasjon Noreg følgjer opp omstillingsområda, vidareutviklar verktøy og medfinansierer mellom anna programma SMB Utvikling, Næringsvennleg kommune, Kompetanseprogram for handel og service og Vegen vidare etter omstillingsperioden. Innovasjon Noreg bestiller og finansierer sluttevalueringar av alle omstillingsprogram. Ein del av løyvinga går til Innovasjon Noreg til råd, verkemiddel, rettleiing og kvalitetssikring i omstillingsprosjekt.

Samla blir det foreslått å løyve 129 mill. kroner.

Departementet tildeler midlane til fylkeskommunane som tilskot utan krav om tilbakebetaling, jf. forslag til romartalsvedtak. Det inneber at fylkeskommunane kan disponere midlane uavhengig av året løyvinga vart gitt.

Post 66 Bygdevekstavtaler, kan overførast

Mål for ordninga

Det overordna målet for bygdevekstavtaler som distriktspolitisk verkemiddel er å bidra til busetting, tilgang på kompetent arbeidskraft og fram-

tidsretta næringsutvikling i dei minst sentrale delane av Distrikts-Noreg. Staten har våren 2025 inngått fem bygdevekstavgøter i Troms, Møre og Romsdal, Vestland, Innlandet og Telemark (pulje 2). Frå tidlegare er det avgøter mellom staten og fem bygdevekstpilotar i Finnmark og Trøndelag (pulje 1). Avgøteperioden for pulje 1 er 2024–2027, og for pulje 2 er avgøteperioden 2025–2028.

Det er vidare mål om at avgøtane skal:

- styrkje bruken og samordninga av offentlege tiltak og verkemiddel som allereie eksisterer,
- styrkje utviklingsarbeidet i og mellom pilotane og kommunane,
- utvikle nye samarbeidsmodellar mellom kommunar og mellom forvaltingsnivå, og
- teste ut nye og lokalt tilpassa løysingar som kan ha overføringsverdi til andre distriktskommunar.

Ordninga skal mellom anna støtte pilotane i arbeidet og gi rammer for relevante samarbeidspartar til å utforske behov og handlingsrom for nye løysingar. Det er i tillegg definert særskilte mål for den enkelte avgøte.

Kriterium for måloppnåing

Kriterium for måloppnåing blir utarbeidd i samarbeid med kvar enkelt pilot for den enkelte avgøten. Måloppnåinga blir vurdert basert på ei årleg eignevaluering og årsrapportar frå pilotane.

Tildelingskriterium

Målgruppa for ordninga er dei minst sentrale distriktskommunane, det vil seie kommunar i sentralitetsklasse 5 og 6. I tillegg kunne kommunar i sentralitetsklasse 4 søkje på ordninga i samarbeid med kommunar i sentralitetsklasse 5 og/eller 6.

Departementet har oppfordra til samarbeid mellom kommunar. Tilskotsordninga skal støtte ulike delar av prosessen før ein eventuell bygdevekstavgøte er inngått (fase 1). Når det vart inngått avgøte med staten, har deltakande kommunar kunne søkje om midlar til gjennomføring av bygdevekstavgøtene (fase 2).

Det er lagt opp til at staten og kommunane er hovudpartar i bygdevekstavgøtene. I arbeidet med utviklinga av bygdevekstavgøter har fylkeskommunen ei avgjerande rolle. Derfor har departementet invitert fylkeskommunane til å samarbeide med pilotane om utvikling og gjennomføring av avgøtene, samt å delta som hovudpart. Så langt har seks fylkeskommunar skrivne under som hovudpart til avgøten.

Kriteria søknadane vart vurdert etter var a) betydinga innsatsen kan ha for busetting, rekruttering av arbeidskraft og framtidsretta næringsutvikling, b) kor viktig innsatsen vil vere for den generelle samfunnsutviklinga lokalt, c) kor nærliggande resultata kan vere i tid, d) gjennomføringsevne i deltakarkommunane og e) i kva grad søknaden adresserer tverrsektorielle utfordringar.

Innsatsen er konkretisert gjennom handlingsplanar for den enkelte avgøten. Handlingsplanane må oppfylle følgjande kriterium for å kunne få statleg medfinansiering av tiltak:

- handlingsplanen er utarbeidd i samråd med samarbeidspartar som har skrivne under på innhaldet i planen,
- tiltaka bidreg til å utvikle og teste tiltak og nye løysingar,
- tiltaka er tilpassa lokale utfordringar,
- tiltaka har overføringsverdi til andre distriktskommunar,
- tiltaka bidreg til aktuelle delmål i den enkelte bygdevekstavgøte, og
- tiltaka kan gjennomførast innanfor anslått løysing.

Oppfølging og kontroll

Bygdevekstpilotane er gjennom bygdevekstavgøtene forplikta til å rapportere til departementet på tema og måla nedfelt i avgøtene og dei oppfølgjande handlingsplanane. Kommunane må levere årsrapportar og rekneskapsrapportar. Kommunal- og distriktsdepartementet vil årleg invitere hovudpartane til politisk dialog om framdrift og status i avgøtene. Her blir det lagt til rette for dialog med andre departement om saker til politisk vurdering. Ordninga skal evaluerast av SINTEF.

Rapport

I 2022 og 2023 vart det lyst ut til saman 25 mill. kroner til utprøving av bygdevekstavgøter som nytt distriktspolitisk verkemiddel.

Staten har no inngått ti bygdevekstavgøter med til saman 35 kommunar i sju fylke. Avgøtene gir rammer for samarbeid mellom partane, avklarar forventningar og skapar føreseielege vilkår for korleis samarbeidet skal skje.

Handlingsplanane for 2025 viser at pilotane er godt i gang med gjennomføringa av delmåla i den enkelte bygdevekstavgøten. I 2025 prioriterte pilotane mellom anna samarbeid om samfunnsutvikling og planlegging, tiltak relatert til auka bustadbygging og utvikling av nye bustadtilbod, samt

rekruttering av relevant arbeidskraft, med eit særskilt fokus på mobilisering av arbeidskraftreserven.

Resultata frå eigenevalueringa hausten 2024 syner at pilotane opplever at arbeidet mellom anna har ført til styrka samarbeid både mellom kommunar og med andre forvaltingsorgan, og at kommunane har styrkt rolla si som samfunnsutviklar. Pilotane har òg auka bruken av eksisterande tilskotsordningar. Konkrete resultat er venta nærare slutten av avtaleperioden, men fleire tiltak har lovande utsikter, til dømes forsøk med ny interkommunal fastlegeteneste i Indre Namdal og opprettinga av ei forsvarslinje med studiespesialisering på vidaregåande i Midt-Finnmark.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2026

Det blir foreslått å følgje opp ti bygdevekstavgifter i 2026. Løyvinga skal brukast til:

- å utvikle og teste tiltak og nye løysingar, nedfelt i handlingsplanar som er utvikla i samarbeid mellom aktuelle samarbeidspartnarar. Tiltaka skal vere lokalt tilpassa utfordringsbiletet i den enkelte pilot og ha mogleg overføringsverdi til andre distriktskommunar, og
- mindre tilleggsoppdrag til aktuelle aktørar for regional koordinering og oppfølging av avtalene, og bidra med kompetanse og rettleiing.

Statsforvaltar er ein ressurs for kommunane i handlingsplanarbeidet, samstundes som dei har eit koordineringsansvar i å følgje opp avtalene, i samarbeid med fylkeskommunane. Husbanken skal som samarbeidspart hjelpe kommunane med kapasitet og kompetanse i bustadspørsmål, og bidra konkret inn i handlingsplanarbeidet. Distriktssenteret har ei viktig rolle i prosessarbeid, som støttespelar for pilotane, og for å bidra til kunnskaps- og erfaringsoverføring.

Det blir foreslått å løyve 74 mill. kroner. Regjeringa legg opp til å vidareføre tilsvarende løyving ut avtaleperioden. Løyvinga vil delast mellom dei ti pilotane, samt til samarbeidsaktørar.

Post 67 Utviklingstiltak i Andøy kommune

Mål for ordninga

Målet med tilskotet er å bidra til fleire arbeidsplassar, utvikling og meir aktivitet i Andøysamfunnet, gjennom til dømes tilrettelegging av næringsutvikling, kapitalverkemiddel til næringslivet, kom-

petanseutvikling, og å bygge attraktive bu- og etableringsstadar for næringsliv og innbyggjarar.

Kriteria for måloppnåing er styrkt næringsutvikling, sysselsetting, bustadsattraktivitet og utviklingsevne.

Kommunen skal sende departementet ein årsrapport innan 15. april påfølgande år. Årsrapporten skal følgje den overordna planen for Andøyfondet.

Rapport

Det vart løyva 100 mill. kroner i tilskot til utviklingstiltak (Andøyfondet) til Andøy kommune i 2021. Ytterlegare 150 mill. kroner vart løyva i saldert budsjett for 2024, slik at det til saman er løyva 250 mill. kroner til Andøyfondet.

Ei arbeidsgruppe med Nordland fylkeskommune, Kommunal- og distriktsdepartementet, Nærings- og fiskeridepartementet, Siva og Innovasjon Noreg har samarbeida med Andøy kommune om innretting av Andøyfondet. Kommunen vedtok ein plan for fordeling av midlane i juni 2023, innanfor dei fastsette kriteria i tilskotsbrevet frå departementet. Kommunen planlegg ein revisjon av planen hausten 2025.

Andøy kommune har sendt ein årsrapport som viser fordeling og førebels bruk av midlar frå Andøyfondet i 2024. Det vart mellom anna tildelt midlar til Norwegian Space Cluster, bustadbygging, mobilitet, kultur og frivilligheit, friluftsliv og besøksforvaltning, rehabilitering av Andenes Idrettshall, finansiering av næringsstyret, eigenandel breibandutbygging, Masterplan Andøy Havn og The Whale.

I 2024 og 2025 vart det løyva høvesvis 20 mill. kroner og 30 mill. kroner til museums- og opplevingssenteret The Whale til Andøy kommune gjennom Andøyfondet.

Budsjettforslag for 2026

Det blir foreslått å løyve 25 mill. kroner. Dette er siste del av ei samla løyving på 75 mill. kroner til museums- og opplevingssenteret The Whale.

Post 69 Mobilisering til forskingsbasert innovasjon

Posten omfattar ordningane Forskingsbasert innovasjon i regionane (FORREGION) og FoU-program innan marin bioteknologi i Nord-Noreg (Mabit).

Forskningsbasert innovasjon i regionane (FORREGION)**Mål for ordninga**

FORREGION skal få fleire verksemder til å bruke forskning i innovasjonsarbeidet sitt. Programmet skal mobilisere næringslivet til å bruke andre verkemiddel for forskning, som Forskingsrådet sitt nasjonale program eller internasjonale ordningar.

Kriterium for måloppnåing

Innsatsen blir målt etter følgjande kriterium for måloppnåing:

- Talet på verksemder som samarbeider med forskingsmiljø gjennom FORREGION.
- Talet på verksemder som søker midlar frå regionale, nasjonale og internasjonale program.
- Talet på verksemder som blir tildelt midlar frå regionale, nasjonale og internasjonale program.

Tildelingskriterium

Midlane til FORREGION blir fordelte til fylkeskommunane med utgangspunkt i tilskotsprofilen i 2021, som var basert på folketal, befolkningstetleik, aktivitetsnivå og særskilde behov. Fylkeskommunane forvaltar tilskotet og tildeler midlar til verksemder etter følgjande kriterium: kvalitet, relevans for utlysinga, forventade verknader, effektar og gjennomføring av prosjektet.

Oppfølging og kontroll

Departementet følgjer opp ordninga gjennom årleg rapportering frå fylkeskommunane. Departementet har fastsett ei forskrift for ordninga: Forskrift om Kommunal- og distriktsdepartementets tilskudd til Forskningsbasert innovasjon i regionane FORREGION forvaltet av fylkeskommunane.

Rapport

I 2024 vart det løyvd 60,2 mill. kroner til ordninga. Som ein del av mobiliseringsdelen av programmet har i underkant av 1 800 verksemder fått kompetansemekling i 2024. Det har mellom anna resultert i om lag 400 søknader frå verksemder, med bidrag frå kompetansemekling, til regionale, nasjonale og internasjonale program for forskningsfinansiering. Vidare har det vore gjennom-

ført 146 forprosjekt, 40 mobilitetsprosjekt og arrangert 114 nettverksmøter, som i tillegg til annan mobiliseringsaktivitet, bidrar til å auke deltakinga til næringslivet i FoU-prosjekt, i nærast alle fylke.

FoU-program innan marin bioteknologi i Nord-Noreg (Mabit)**Mål for ordninga**

Mabit skal bidra til auka verdiskaping i fiskeri- og havbruksnæring og i bioteknologisk industri, bidra til å styrkje forskningsdriven næringsutvikling og industrielle aktivitetar og styrkje relevant fagkompetanse i desse næringane og fagmiljøa i Nord-Noreg.

Kriterium for måloppnåing

Innsatsen blir målt etter følgjande kriterium for måloppnåing:

- Talet på verksemder som samarbeider med forskingsmiljø gjennom Mabit.
- Talet på næringsaktørar som søker midlar frå regionale, nasjonale og internasjonale program gjennom Mabit.
- Talet på næringsaktørar som blir tildelt midlar frå regionale, nasjonale og internasjonale program gjennom Mabit.
- Talet på nyetableringar, lisensar og patent.

Tildelingskriterium

Følgjande kan søke om tilskot:

- nordnorske verksemder innanfor bioteknologi, fiskeri eller havbruk,
- næringsaktørar som har forskings- og utviklingsprosjekt i Nord-Noreg,
- næringsretta forskings- og utviklingsmiljø i Nord-Noreg, og
- næringsretta forskings- og utviklingsmiljø utanfor Nord-Noreg i samarbeid med nordnorske næringsaktørar.

Følgjande kriterium skal bli vektlagt ved tildeling av midlar:

- kvaliteten på prosjektet
- relevansen for prosjektet sett i forhold til utlysinga
- forventade verknader og effektar av prosjektet, under dette skal òg berekrafta for prosjektet bli vurdert
- gjennomføringsevne, og
- forskning og innovasjonshøgde.

Troms fylkeskommune har oppdragsgivaransvaret for Mabit-programmet. Fylkeskommunen skal forvalte midlane i nært samarbeid med Nordland og Finnmark fylkeskommunar.

Oppfølging og kontroll

Kriterium for måloppnåing blir følgt opp gjennom årleg rapportering frå Troms fylkeskommune.

Departementet har fastsett ei forskrift for ordninga: Forskrift om Kommunal- og distriktsdepartementet sitt tilskudd til FoU-program innan marin bioteknologi i Nord-Norge (Mabit). Norinno AS forvaltar ordninga, og Troms fylkeskommune oppnemner styret som skal gi faglege vurderingar og strategiske føringar for arbeidet med Mabit-programmet.

Rapport

I 2024 vart det løyvd 6,1 mill. kroner til ordninga. Troms fylkeskommune rapporterer at det var 11 verksemdar som samarbeida med forskingsmiljø gjennom Mabit-programmet, og det var i underkant av 20 næringsaktørar som søkte om midlar frå regionale, nasjonale og internasjonale program for forskingsfinansiering gjennom Mabit-programmet.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2026

For å frigjere midlar til andre føremål blir det ikkje foreslått midlar til FORREGION. Som følge av dette reduserast løyvinga med 60,2 mill. kroner.

Det blir foreslått å løyve 6,4 mill. kroner til Mabit. Dette inkluderer gjennomføringskostnader til Troms fylkeskommune.

Departementet tildeler midlane til Troms fylkeskommune som tilskot utan krav om tilbakebetaling, jf. forslag til romartalsvedtak. Det inneber at fylkeskommunen kan disponere midlane uavhengig av året løyvinga vart gitt.

Post 71 Investeringstilskot for store grønne investeringar

Posten omfattar ordninga grønt investeringstilskot, med mål om grøn omstilling, verdiskaping og sysselsetting, gjennom støtte til berekraftige industriprosjekt i distrikta.

Rapport

I 2024 gav Innovasjon Noreg tilsegn til fem prosjekt på til saman 107,6 mill. kroner. Eit av pro-

sjekta vart annullert, og netto innvilga beløp var 88,8 mill. kroner. For dei fire prosjekta som blir gjennomførte er samla investeringsbudsjett på 974 mill. kroner. Alle prosjekta er internasjonalt retta, og er vurdert å ha innovasjon på internasjonalt nivå.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2026

For å skape rom for andre prioriteringar, blir det ikkje foreslått midlar til investeringstilskot for store grønne investeringar. Innovasjon Noreg nyttar attståande midlar til finansiering av prosjekt i programmet. Når attståande midlar er brukte opp avsluttast ordninga. For attståande midlar brukast følgjande definisjon for «store» investeringar: Investeringar med totalbudsjett på minst 50 mill. kroner.

Post 74 Klyngjer og innovasjon

Posten omfattar tilskot til Norwegian Innovation Clusters (klyngjeprogrammet) hos Innovasjon Noreg. Klyngjeprogrammet skal bidra til auka verdiskaping og styrkt evne til innovasjon i deltakande verksemdar gjennom samarbeid i klyngjer. Programmet vart til og med 2024 samfinansiert mellom Kommunal- og distriktsdepartementet og Nærings- og fiskeridepartementet.

Rapport

Programmet gav tilskot til prosjekt for totalt 32,1 mill. kroner i 2024 med finansiering frå Kommunal- og distriktsdepartementet. I tillegg kjem finansiering frå Nærings- og fiskeridepartementet.

19 klyngjer har tatt imot tenester frå programmet i 2024, i form av finansiering, rettleiing, nettverk, profilering, kompetanse og verktøy. Nye nettverk og tidlegare klyngjer har òg tatt imot bistand. Klyngjeprogrammet involverer verksemdar over heile landet, innan mellom anna fiske og oppdrett, industri, bygg og anlegg, helse, maritim og energi.

Verksemdene får auka verdiskaping og auka sysselsetting gjennom deltaking i programmet. Målingar viser at klyngjeverksemdar har sterkare vekst i verdiskaping enn samanliknbare verksemdar dei første tre åra dei er med i klyngja, og forskjellen varar ved.

I 2025 vart det under klyngjeprogrammet utlyst midlar til samarbeidsprosjekt med midlar frå tidlegare kap. 552, post 72. Denne utlysinga kom i tillegg til den ordinære løyvinga og drifta av programmet.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2026

Tilskot til klyngeprogrammet på denne posten vart avvikla frå og med 2025. Attståande midlar hos Innovasjon Noreg skal brukast på klyngeprogrammet, og inkluderer administrasjonskostnader.

Post 76 Nordisk og europeisk samarbeid, kan overførast

Mål for ordninga

Posten omfattar tilskot til Noreg si deltaking i transnasjonale og interregionale Interreg-program som dekker større europeiske regionar, og anna internasjonalt samarbeid.

Grenseregionale Interreg-program blir omtalt under post 63 Interreg, Arktis 2030 og det norske Barentssekretariatet.

Kriterium for måloppnåing

Indikatorar for å vurdere måloppnåing blir fastsette i programdokumenta for kvart enkelt Interreg-program.

Tildelingskriterium

Tildelingskriterium blir fastsett i tråd med EU sitt regelverk og formulert i programdokumenta for kvart program. Dette er til dømes meirverdi av samarbeidet mellom landa, gjennomføringskapasitet, resultatorientering, og berekraftig utvikling som bidreg til måla til programma.

Oppfølging og kontroll

Forvaltinga av midlane i Noreg ligg til Kommunal- og distriktsdepartementet. I andre deltakande land er forvaltinga lagt til ulike styresmaktsorgan. Midlane blir disponerte av nasjonale og regionale representantar frå programlanda. Departementet deltar i forvaltinga av programma, og kontrollerer at midlane er brukt i samsvar med føresetnadene gjennom overvakingsskomiteen til programma.

Rapport

Det vart gitt tilsegn på om lag 17 mill. kroner frå posten i 2024. Det vart gitt tilsegn for om lag 1,2 mill. kroner til OECD sitt program Local Economic and Employment Development (LEED) og

Nordisk Atlantsamarbeid (NORA). Det vart gitt tilsegn til kontaktpunkta for Østersjø- og ESPON programma ved Østlandssamarbeidet og Innlandet fylkeskommune.

Interreg Nordleg Periferi og Arktis, Interreg Nordsjøen og Interreg Østersjøen har jobba inn- anfor områda økonomisk vekst, berekraftige lokalsamfunn, forskning, innovasjon og entreprenørskap, og konkurransekraft, klima, energi og miljø, berekraftig ressursforvalting og grøn/ smart transport og mobilitet.

Interreg Europe og URBACT har jobba med å styrkje høvesvis regionale og lokale myndigheiter sin kapasitet og kompetanse i arbeidet med å utvikle og gjennomføre strategiar og program for regional- og byutvikling. Interreg Europe-prosjekta retter seg mot innsatsområda eit grønar samt eit meir sosialt Europa. Gjennom læringsplattforma til Interreg Europe har ekspertar frå europeiske regionar deltatt i utviklingsprosessar i 2025 med Kristiansand kommune om integrering av ukrainarar og andre innvandrarar. I Møre og Romsdal fylkeskommune var innovasjon og samspel mellom FoU-aktørar, næringsliv og kommunar tema. Gjennom Interreg Interact bli forvaltinga av Interreg-programma styrka gjennom ulike tiltak, mellom anna tiltak for å synleggjere verknadane av programma.

I 2024 støtta NORA 25 prosjekt som bidreg til lokal samfunnsutvikling i den nordiske delen av Atlanteren.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2026

Det blir foreslått å løyve til saman 18,7 mill. kroner til ordningane på posten: om lag 16,9 mill. kroner til Interreg, 500 000 danske kroner til driftstilskot til Nordisk Atlantsamarbeid (NORA) og 33 000 euro til ein nasjonal kontingent for deltaking i OECD LEED.

Løyvinga til Interreg-programma inkluderer òg gjennomføringskostnader og midlar til Nordland, Innlandet og Agder fylkeskommunar og Østlandssamarbeidet, som er kontaktpunkt for dei ulike programma.

Kap. 554 Kompetansesenter for distriktsutvikling

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Driftsutgifter	34 375	38 045	39 297
73	Merkur, <i>kan overførast</i>	73 549	79 573	79 573
	Sum kap. 554	107 924	117 618	118 870

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga skal dekke løn og andre driftsutgifter for Kompetansesenter for distriktsutvikling (Distriktssenteret).

Distriktssenteret er eit nasjonalt kompetansesenter for lokal samfunnsutvikling i distriktskommunar. Distriktssenteret sitt samfunnsoppdrag handlar om å samle, utvikle og dele kunnskap om korleis distriktskommunar og -butikkar kan utvikle seg og sine lokalsamfunn. Distriktssenteret skal arbeide for at distriktskommunane blir gode samfunnsutviklarar. Senteret skal bidra til å styrkje utviklingskapasitet og utviklingsinnsats i kommunane, i samarbeid med nasjonale og regionale aktørar. Senteret skal òg gi faglege innspel til nasjonal politikkutvikling.

Distriktssenteret arbeider med kunnskapsutvikling og -deling. Dei samarbeider med fylkeskommunane og andre partar, og prioriterer kommunar i sentralitetsklasse 5 og 6.

Rapport

Distriktssenteret har ein bevisst strategi om å samarbeide og jobbe gjennom andre. Det å få fleire av dei nasjonale aktørane til å bli kjende med, og ta i bruk, deira kompetanse og tenester, gjer at Distriktssenteret når ut til fleire kommunar i målgruppa. Distriktssenteret si vurdering er at gjenbruk, samarbeid og erfaringsdeling gir meirverdi for alle.

Distriktssenteret opplever framleis høg etterspørsel og ønskje om samarbeid frå ulike aktørar på alle forvaltingsnivå. Distriktssenteret ser stor verdi i å vere tett på eit utval av kommunar. I 2024 anslår Distriktssenteret at dei har gitt tettare oppfølging til 115 distriktskommunar rundt omkring i landet.

I løpet av 2024 fornya Distriktssenteret samarbeidsavtalane med dei fleste fylkeskommunane. Dei hadde òg møter om samarbeid med fleire av

statsforvaltarane. Distriktssenteret har hatt som mål å forankre samarbeidet på høgt nivå.

Omfanget av aktiviteten i kvart fylke varierer etter innhaldet i samarbeidet, og overlappar gjerne med andre prosjekt, som til dømes bygdevekstavtaler. Distriktssenteret har hovudansvar for å fasilitere prosjektleiarnettverka for bygdevekstpilotane, som sikrar erfaringsdeling. Distriktssenteret har òg vore kompetansepartner for pilotane.

I fleire fylker blir det satsa ekstra på rettleiing, gjerne i samarbeid mellom fylkeskommunen, statsforvaltarane og Distriktssenteret. Møre og Romsdal har det største prosjektet av denne typen, men fleire andre er i gang med slike initiativ. Distriktssenteret og Møre og Romsdal har òg eit samarbeidsprosjekt om opplæring i plan for politikarar i regionen.

Distriktssenteret ser mellom anna at det er stor interesse for bustad som tema for samarbeid, og Husbanken sine regionkontor er naturlege samarbeidspartar i fleire fylke. Nordland er i startgropa på ei satsing med bustadutfordringane i kommunane som tema.

I tillegg har Distriktssenteret levert kunnskap som har gitt meirverdi for nasjonal politikkutvikling.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2026

I 2026 skal Distriktssenteret:

- Prioritere arbeidsmåtar og innsats som gjer at mange kommunar i område med særlege distriktsutfordringar drar nytte av arbeidet.
- Utvikle kunnskap og arbeidsformer som bidrar til at distriktskommunar tar i bruk gode løysingar for lokal samfunns- og tenesteutvikling.
- Bidra til å styrkje kapasitet og kompetanse i distriktskommunane på innovasjon, fornying og omstilling.
- Bidra til bustadutvikling i distriktskommunar, i samarbeid med Husbanken.

- Forvalte og utvikle Merkur-programmet, for å sikre eit best mogleg tenestetilbod i bygdene der butikkane ligg.
- Bidra som ein ressurs for partane i arbeidet med bygdevekstavtaler.

Det blir foreslått å løyve 39,3 mill. kroner.

Det blir foreslått at løyvinga kan overskridast mot tilsvarende meirinntekt under kap. 3554, post 01, jf. forslag til romartalsvedtak.

Post 73 Merkur, kan overførast

Mål for ordninga

Merkur-programmet er eit utviklings- og kompetanseprogram for utkantbutikkar. Merkur-programmet skal sikre innbyggjarane i distrikta tilgang til ein nærliggande daglegvarebutikk av god kvalitet, med tilleggstenester som aukar omsetning, sikrar vidare drift og gir innbyggjarane i lokalsamfunnet betre tenester.

Programmet skal bidra til at daglegvaretilbodet held fram i område med spreidd busetting og liten marknad, og til å auke samarbeidet mellom kommunar og butikkar, for å gi eit betre og samla tenestetilbod i desse områda. Programmet skal bidra til å betre den butikkfaglege kompetansen, auke talet på tilleggstenester i butikkane og styrkje grunnlaget for lønsam bokhandeldrift i distrikta.

Merkur-programmet består av fem ulike tilskotsordningar. I tillegg kjem eit eige kompetanseprogram som mellom anna inneheld tilskota til Merkur Utvikling, Oppfølgingsordninga og Nær innovasjonsprogram.

Merkur Utvikling

I Merkur Utvikling går midlane i hovudsak til kurs, nettverkssamlingar, oppfølging frå Merkur-konsulentar og kundeundersøkingar.

Butikkar som oppfyller eitt av følgjande punkt kan vere med i kompetansedelen av Merkur-programmet: a) har ein nærmarknad på under 200 husstandar, b) er lokalisert til stader utan fast vegforbindelse eller c) har lang avstand, normalt 10 kilometer, til næraste alternative innkjøpsstad. Distriktssenteret kan unntaksvis godkjenne andre butikkar.

Investeringsstilskot til daglegvarebutikkar

Målet er å bidra til at daglegvarebutikkar blir moderniserte, meir lønsame og gir innbyggjarane

i lokalsamfunnet betre tenester. Det blir gitt investeringsstøtte til fysiske investeringar i butikkane.

Kriteria for måloppnåing er omsetningsutvikling og overlevingsrate blant Merkur-butikkar. For mange butikkar er det viktig å finne tilleggstenester som kan gi inntekter.

Ordninga gjeld heilårsopne daglegvarebutikkar i område med få innbyggjarar som har eit varetilbod som dekkjer det alminnelege ernæringsbehovet og andre grunnleggjande behov for daglegvarer, og som oppfyller krav til omsetningstal, kundegrunnlag og avstand til alternative innkjøpsstader, jf. Forskrift om tilskot frå Merkur-programmet (Merkur-forskrifta) for utfyllande regelverk.

Servicetilskot til dei minste daglegvarebutikkane

Målet er å bidra til at dei minste daglegvarebutikkane tilbyr tilleggstenester til lokalsamfunnet og det lokale næringslivet. Det skal bidra til å oppretthalde drifta.

Det blir gitt tilskot til å dekke utviklings- og driftskostnader, og mindre investeringar som bidrar til å nå målet med ordninga.

Kriteria for måloppnåing og tildelingskriteria er dei same som for investeringsstøtta.

Investeringsstilskot til drivstoffanlegg/ladestasjon for elbil ved daglegvarebutikkar

Målet er å sikre drivstofftilgangen i distrikta.

Kriteria for måloppnåing er at talet på butikkar som har drivstoffanlegg/ladestasjon for elbil held seg/aukar, og at omsetningsutviklinga for butikken er positiv.

Ordninga gjeld i all hovudsak opprusting og etablering av drivstoffanlegg/ladestasjon for elbil ved Merkur-butikkar. Hovuddelen av støtte til ladestasjonar for elbil er frå Enova. Anlegget skal vere avgjerande for å sikre lokalbefolkninga tilgang på drivstoff. Salsvolumet skal ikkje overstige 500 000 liter drivstoff per år.

Utviklingsstilskot til bokhandlarar

Målet er å bidra til å styrkje grunnlaget for lønsam bokhandeldrift i distrikta.

Kriteriet for måloppnåing er at butikken har auka omsetning.

Ordninga gjeld Merkur-bokhandlarar. Det kan bli gitt tilskot til bokhandlarar som er den einaste bokhandelen på tettstaden, og som har ei omsetning på mindre enn 7 mill. kroner i året. Utviklingsstøtta skal bli brukt til tidsavgrensa tiltak, som skal utvikle bokhandelen som kultura-

rena og møteplass i lokalsamfunnet. Det blir gitt støtte til tiltak for å styrkje og utvikle drifta av butikken, mellom anna tilrettelegging for tilleggssfunksjonar.

Oppfølging og kontroll

Distriktssenteret forvaltar Merkur-programmet, og fører tilsyn med at krava i Forskrift om tilskot frå Merkur-programmet (Merkur-forskrifta) av 1. juni 2018 og tilskotsbrev til butikkane blir oppfylte.

Rapport

Dei ordinære støtteordningane i Merkur-programmet omfatta i 2024 dei fem ordningane investeringsstøtte, utviklingsstøtte, investeringsstøtte til drivstoffanlegg, servicestøtte og utviklingsstøtte til bokhandlar. Investeringsstøtta utgjer den største delen av dette. I 2024 vart det innvilga investeringsstøtte på 50,2 mill. kroner av totalt 55,9 mill. kroner til støtteordningane. I tillegg kjem kompetanseprogrammet Merkur Utvikling.

I 2024 vart det tildelt 23 mill. kroner til kompetanseprogrammet og 46,5 mill. kroner til støtteordningane. I tillegg kom disposisjonsmidlar på 1,4 mill. kroner. I oktober 2024 vart 5,4 mill. kroner omdisponert frå kompetanseprogrammet til støtteordningane. Distriktssenteret ventar at etterspørselen etter investeringsmidlar vil halde seg høg.

Den demografiske utviklinga er den mest openberre utfordringa for å oppretthalde distriktsbutikkane. Merkur-programmet sine verkemiddel med støtte og kompetanse er i mange tilfelle avgjerande for å sikre modernisering og drift av butikken i lokalsamfunnet, men kan ikkje bøte på den stadig aldrande befolkninga og nedgang i folketal. Merkur-butikkane treng støtte og rettleiing for å tilpasse seg ein kvardag med endring i kunstruktur og -preferansar.

I 2023 gjennomførte Oxford Research AS ei brukarundersøking blant daglegvarebutikkane i Merkur-programmet¹⁰. 93 pst. av respondentane svarte at deltaking i Merkur-programmet var viktig for butikken si overleving og lønsemd. Under søkinga synta at dei tre vanlegaste tilleggstenesene i ein Merkur-butikk var posttenester, tipping og drivstoff. I løpet av kort tid kjem desse tenes-

tene til å gå gjennom store endringar, slik at dei i liten grad vil gi butikken noko særleg inntening.

Det er avgjerande at Merkur-programmet legg til rette for at butikkane utviklar nye lønsame tenester i tillegg til å modernisere drifta av butikken. Distriktssenteret og Merkur-konsulentane har gjennom sin kontakt med butikkane fanga opp bekymring for at dyrtid har skapt ei aukande merksemd kring pris hos kundane, og kostnadsauke for butikkane. Fleire butikkar enn tidlegare rapporterer om aukande handelslekkasje.

Rundt 100 Merkur-butikkar har fått støtte til teknologi som gjer det mogleg med delvis sjølvbetening, fjernbetening og utvida opningstider. Effekten hos desse varierer, men tenestene gir stort sett auka omsetning og lønsemd, blant anna gjennom redusert handelslekkasje.

Talet på butikkar i Merkur-programmet har vore relativt stabilt, og ligg ved utgangen av 2024 på om lag 560 daglegvarebutikkar og 70 bokhandlar. Distriktssenteret får tilbakemeldingar om at fleire vurderer å legge ned enn tidlegare. Dette heng saman med den økonomiske utviklinga til butikken og utfordringar med å rekruttere nye butikkdrivarar. Utfordringa er størst hos dei minste butikkane, som har mindre enn 10 mill. kroner i årsomsetning.

I forkant av at Distriktssenteret gjennomfører kompetanseutviklingsprogrammet Merkur utvikling i ein region, kartlegg dei deltakarane sitt behov for kompetansepåfyll. Sju regionar har gjennomført Merkur utvikling for nærbutikk i 2024, med til saman 80 deltakarbutikkar. Det er òg gjennomført Merkur utvikling for bokhandel, med 11 deltakarar.

Det er gjennomført fleire aktivitetar for å utforske nye måtar å styrke fagkunnskapen til bokhandlarane, utvikle kulturarenaen i bokhandelen og styrke lønsemda i distriktsbokhandelen.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2026

Hovuddelen av midlane til Merkur skal brukast til kompetansetiltak overfor butikkane, utviklingsprosjekt som skal styrkje butikkane si lønsemd og til konkrete investeringar i butikkane som sikrar drift. Dei minste butikkane i dei mest perifere områda skal prioriterast.

Det har vore høg etterspørsel etter støtte, spesielt til investeringar, og Distriktssenteret forventar at etterspørselen vil halde seg høg. Midlane skal prioriterast til nødvendige fysiske investeringar i Merkur-butikkane.

Det blir foreslått å løyve 79,6 mill. kroner.

¹⁰ (Brastad, Løkken, & Opdal, 2023).

Programkategori 13.60 Samiske føremål

Utgifter under programkategori 13.60 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026	Endring i pst.
560	Samiske føremål	687 790	769 903	796 076	3,4
563	Internasjonalt reindriftssenter	13 104	10 062	10 394	3,3
	Sum kategori 13.60	700 894	779 965	806 470	3,4

Inntekter under programkategori 13.60 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026	Endring i pst.
3563	Internasjonalt reindriftssenter	4 842	3 260	3 377	3,6
	Sum kategori 13.60	4 842	3 260	3 377	3,6

Innleiing

Samane er anerkjente som urfolk i Noreg. Regjeringa er opptatt av å føre ein samepolitikk som sørgjer for at fleire får tilgang til samiske språk og samisk kultur, og som bidreg til forsoning, forståing og utvikling av samiske samfunn. I tråd med Grunnlova § 108 har regjeringa som mål å legge til rette for at det samiske folket, som urfolk, kan sikre og utvikle språket sitt, kulturen sin og samfunnslivet sitt. Noreg har òg folkerettslege forpliktingar som legg føringar for samepolitikken, mellom anna ILO-konvensjon nr. 169 om urfolk og stammefolk i sjølvstendige statar, og FN sin konvensjon om sivile og politiske rettar artikkel 27.

Sametinget er det folkevalde organet til samane og regjeringa sin viktigaste premisslevarandør og dialogpartner i samepolitiske spørsmål. Regjeringa bygger vidare på dei institusjonelle og rettslege rammene som allereie er lagde for samepolitikken.

Kommunal- og distriktsdepartementet har ansvaret for å samordne statleg politikk som gjeld

samane i Noreg, og skal arbeide for heilskap og samanheng i politikken, på tvers av sektorar og forvaltingsnivå. Kvart fagdepartement har ansvar for å følge opp statleg politikk overfor samane innanfor eigen sektor.

Det er staten sitt ansvar å sikre at omsynet til samane blir ivaretatt og at dei folkerettslege forpliktingane blir etterlevde. Samstundes legg staten til grunn at kommunar og fylkeskommunar på eige initiativ, og som del av lokaldemokratiet, òg følgjer opp forpliktingane sine overfor dei samiske innbyggjarane. Til dømes har kommunane eit ansvar for opplæring i samisk språk.

Kommunal- og distriktsdepartementet koordinerer regjeringa si oppfølging av Stortinget sine oppmodingsvedtak etter handsaminga av rapporten til Sannings- og forsoningskommisjonen om fornorsking og urett overfor samar, kvener/norskfinnar og skogfinnar. Regjeringa har eit stort og viktig ansvar for å føre ein politikk som bidreg til vidare forsoning, og vil ha kontakt og konsultasjonar med Sametinget i oppfølginga av oppmodingsvedtaka.

Mål for programkategorien

1. Samane kan sikre og utvikle språket sitt, kulturen sin og samfunnslivet sitt
2. Samane deltek i offentlege avgjerdsprosessar
3. Samane får gode og likeverdige tenester

Mål 1 Samane kan sikre og utvikle språket sitt, kulturen sin og samfunnslivet sitt

Å styrkje samiske språk og samiske institusjonar er viktig for å sikre og utvikle samisk kultur og samfunnsliv. Sametinget er den sentrale aktøren i dette arbeidet. Sametinget tar imot hovudløyvinga si over kap. 560, post 50, som dekkjer løyvingar til å styrkje og utvikle samisk språk, kultur og samfunnsliv.

Auka kunnskap i befolkninga om samar og samiske forhold kan motverke hatefulle ytringar, diskriminering og negative stereotypiar og haldningar. Kommunal- og distriktsdepartementet støttar derfor fleire tiltak som gir auka kunnskap om samiske forhold, mellom anna gjennom ordninga med samiske vegvisarar over kap. 560, post 55.

Mål 2 Samane deltek i offentlege avgjerdsprosessar

Det er eit sentralt politisk mål at samane skal ha reell påverknad i avgjerder som gjeld dei sjølve. Når det gjeld tiltak som er omfatta av kap. 560, post 50, som saker om bevaring og revitalisering av samiske språk og arbeid med å samle inn og sikre samisk tradisjonell kunnskap, er det naturleg at Sametinget tar avgjerdene. Samstundes er det naturleg at Stortinget forventar at Sametinget formidlar vidare til kommunar og fylkeskommunar løyvingsauker som blir gjort over Sametinget sitt budsjett, grunnlagt med at midlane skal brukast av kommunesektoren. I andre saker står statlege styresmakter for avveging av interesser og tar ei endeleg avgjerd. Då er det viktig å sørge for reell involvering i forkant.

Reglane i samelova om konsultasjonar med samiske interesser legg til rette for effektive og

gode konsultasjonar mellom offentlege styresmakter og Sametinget, eller andre samiske interesser. Lova forankrar konsultasjonsplikta for alle forvaltingsnivå, inkludert kommunar og fylkeskommunar.

Mål 3 Samane får gode og likeverdige tenester

Målet om at samane får gode og likeverdige tenester gjeld tenester frå staten, fylkeskommunane og kommunane. Det betyr at offentlege tenester må vere tilpassa behova til målgruppa for tenestene, mellom anna slik at samiske brukarar eller pasientar blir møtte av saksbehandlarar og personale med tilpassa språk- og kulturkompetanse. Det gjeld til dømes i møte med instansar som barnevern, psykisk helsevern, familievernkontor, politi eller sjukeheim.

Regjeringa arbeider langs fleire linjer for å auke kunnskapen om og kompetansen i samisk språk og kultur blant tilsette i det offentlege tenesteapparatet. Det overordna målet i Meld. St. 13 (2022–2023) *Samisk språk kultur og samfunnsliv – Kompetanse og rekruttering i barnehage, grunnopplæring og høgare utdanning*, er at fleire skal velje samiske barnehagetilbod og samisk i grunnopplæringa, og at fleire ønskjer å ta ei samisk profesjonsutdanning eller anna høgare utdanning. I Meld. St. 12 (2023–2024) *Samisk språk, kultur og samfunnsliv – Folkehelse og levekår i den samiske befolkningen* erkjenner regjeringa at folkehelse- og levekårspolitikken til no i lita grad har vektlagt samiske perspektiv, og at desse må integrerast betre i det ordinære arbeidet.

Kommunar og fylkeskommunar har ansvar for å føre ein politikk som tar vare på dei samiske innbyggjarane sin rett til likeverdige tenestetilbod og moglegheita til å utvikle og bevare eigen identitet, språk og kultur. Meld. St. 17 (2024–2025) *Samisk språk, kultur og samfunnsliv – Kommunale tenestetilbud til samiske innbyggjere* set søkelyset på helse- og omsorgstenester til eldre samar, barnevern, krisesentertilbod, sosial- og velferdstilbod i regi i NAV og tilbod som bidrar til å styrkje samisk språk og identitet blant barn og unge.

Kap. 560 Samiske føremål

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
50	Samisk språk, kultur og samfunnsliv	666 721	747 514	772 881
51	Divvun	12 919	13 410	13 893
55	Samisk høghskule	8 150	8 979	9 302
	Sum kap. 560	687 790	769 903	796 076

Post 50 Samisk språk, kultur og samfunnsliv

Sametinget er eit folkevald, politisk organ. Det er eit sentralt politisk mål at samane skal ha reell påverknad i avgjerder som gjeld dei sjølve. I sakar som gjeld samane, er det derfor naturleg at Sameetinget fattar avgjerdene. Regjeringa er ikkje ansvarleg for Sametinget si politiske verksemd eller vedtaka som Sametinget fattar som politisk organ.

Rapport

Regjeringa legg årleg fram ei framoverskodande melding om samisk språk, kultur og samfunnsliv. Meld. St. 17 (2024–2025) *Samisk språk, kultur og samfunnsliv – Kommunale tenestetilbud til samiske innbyggere* vart lagt fram for Stortinget 4. april 2025. Sametinget si årsmelding er særskild vedlegg til meldinga. Sametinget sin bruk av midlar som er løyva over statsbudsjettet kjem fram av årsmeldinga.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2026

Løyvinga blir forvalta i heilskap av Sametinget. Sametinget gjer sjølvstendige prioriteringar som folkevald, politisk organ. Vedtaka til Sametinget kan lesast på sametinget.no.

Løyvinga til Sametinget blir redusert med 4 mill. kroner sidan det ikkje skal gjennomførast sametingsval i 2026.

Løyvinga blir foreslått auka med 2,6 mill. kroner til å innlemme Saltdal kommune i forvaltingsområdet for samiske språk i kategorien språkstimuleringskommune. Midlane går til å dekke meirutgifter knytt til å vere språkstimuleringskommune, og sørge for eit samisk språk- og kulturtilbod til barn, unge og eldre. Tildelinga bygger på ei førebels utrekning frå Sameetinget av tospråklegheitsmidlar, i samsvar med

ny modell for berekning av tospråklegheitstilskot.

Samla blir det foreslått å løyve 772,9 mill. kroner.

For ei samla oversikt over løyvingar til Sameetinget og andre samiske føremål blir det vist til publikasjonen *Løyvingar til samiske føremål i statsbudsjettet 2026* på regjeringen.no.

Post 51 Divvun

Løyvinga skal brukast til drift av Divvun-gruppa, som er ei språkteknologisk eining ved UiT Noregs arktiske universitet. Divvun utviklar samisk språkteknologi og driftar mellom anna retteprogram for samiske språk til bruk på ulike dataplattformer.

Rapport

Divvun markerte sitt 20-årsjubileum i 2025, og språkverktøya deira blir brukte av stadig fleire, både til forskning og praktiske føremål. I 2024 lanserte Divvun lulesamisk og sørsamisk talesyntese, i tillegg til ei oppdatert nordsamisk talesyntese. Divvun-gruppa har eksperimentert med talegjenkjenning, med lovande resultat. Ein ny nettportal, Borealium.org, vart òg lansert i 2024. Portalen samlar informasjon om alle språkteknologiske verktøy for små språk i Norden, og skal gjere det enkelt å finne og ta i bruk verktøya. Divvun er dessutan med i ei standardiseringsgruppe i Standard Norge for å sikre at nasjonale og internasjonalt relevante standardar dekker samisk på ein god måte.

Divvun har hatt ein god del publikumsretta aktivitet i 2024, og har kontakt med brukarar både gjennom sosiale media og ved besøk på institusjonar. Divvun har òg utstrekt internasjonalt samarbeid, mellom anna gjennom arbeidet med det internasjonale urfolksspråktiåret.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2026

Divvun skal arbeide vidare med å oppdatere, halde ved like og forbetre språkverktøya, og å for- enkle installering av verktøya. Vidare skal Divvun oppdatere og vidareutvikle tekst-til-tale-systema med fleire stemmer, språk og dialektar. Arbeid med talegjenkjenning bør gå vidare, i lag med arbeid for å samle inn data for taleteknologi. Div- vun skal òg arbeide vidare med å informere aktu- elle brukarar om verktøya, og auke tilgjengeleg- heita si på sosiale medium. Samarbeid med rele- vante miljø skal vidareførast.

Det blir foreslått å løyve 13,9 mill. kroner.

Post 55 Samisk høgskule

Løyvinga skal dekke drift av Fagleg analyse- gruppe for samisk statistikk og drift av ordninga med samiske vegvisarar.

Rapport

Vegvisarordninga opplever stor pågang, og ord- ninga vart utvida frå fire til seks vegvisarar haus- ten 2024. Vegvisarordninga er med på å styrkje samisk kultur og identitet. Samisk høgskule har oppdatert nettsida samiskeveivisere.no med fag- leg innhald som synleggjer samisk historie, kultur

og samfunnsliv. Dei har òg jobba med synleggie- ring og publisering på sosiale medium.

Analysegruppa gir kvart år ut publikasjonen *Samiske tall forteller – Kommentert samisk statis- tikk*. I 2025 vart den syttande utgåva gitt ut.

Som medlem i analysegruppa for perioden 2022–2026 inngår Samisk høgskule, UiT Noregs arktiske universitet, Nord universitet, Statistisk sentralbyrå og OsloMet – storbyuniversitetet. Samisk høgskule har sekretariatsansvar for gruppa.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2026

Dei samiske vegvisarane skal halde fram arbeidet med å bidra til auka kunnskap om samar og samiske forhold blant unge i Noreg, under dette halde fram drifta og vidareutvikle nettsida samis- keveivisere.no som ein informasjonskanal. Infor- masjonsarbeidet til vegvisarane har som mål å motverke hets, hatefulle ytringar og fordommar mot den samiske befolkninga.

Analysegruppa skal innan 15. november kvart år legge fram rapport til Kommunal- og distriktsde- partementet og Sametinget. Rapporten skal gi ei situasjonsskildring og analyse av utvalde, sentrale utviklingstrekk i det samiske samfunnet i Noreg. Nye medlemmer skal oppnemnast hausten 2026.

Det blir foreslått å løyve 9,3 mill. kroner.

Kap. 563 Internasjonalt reindriftssenter

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Driftsutgifter	6 729	6 802	7 017
21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	6 375	3 260	3 377
	Sum kap. 563	13 104	10 062	10 394

Post 01 Driftsutgifter

Internasjonalt reindriftssenter i Kautokeino er ein fagleg sjølvstendig institusjon som vedtar egne mål og resultatkrav innanfor dei rammene som departementet fastsett. Styret for senteret gjer pri- oriteringane.

Senteret arbeider for berekraftig reindrift i nordområda, å styrkje samarbeidet mellom reindriftsfolk, å spreie kunnskap om verdas reindrift, ivaretaking av tradisjonell kunnskap og kunnskapsutvikling og å støtte Verdensforbundet

for reindriftsfolk og dei internasjonale aktivitetane deira.

Rapport

Urfolkssamarbeidet med institusjonar, organisa- sjonar og reindriftsfolk i Mongolia, Kina, Grøn- land, Nord-Amerika og Norden vart utvikla vidare i 2024. Gjennom folk-til-folk-samarbeid i nordom- råda har senteret saman med Verdensforbundet for reindriftsfolk initiert prosjekt for lokal kompe- tansebygging med eit særskild fokus på klimatil-

passing. Senteret rapporterer om store endringar i urfolkssamfunn i Arktis grunna klimaendringar, globalisering og industriell utbygging.

Senteret har vidareutvikla det internasjonale institusjonssamarbeidet sitt med universitet og forskingsinstitutt i Nord-Amerika og EU, mellom anna med Belfer Center ved Harvard-universitetet og Fletcher School of Law and Diplomacy ved Tufts-universitetet. Saman med desse miljøa har senteret eit utdanningsprogram i leiing, resiliens og klimatilpassing for arktisk urfolksungdom i nordområda. Senteret har gjennom Global Environment Facility (GEF) fått finansiert eit prosjekt for resiliens i reindrifta for urfolksungdom i utviklingsland.

Senteret har jobba vidare med konseptet «NOMAD Indigenous FoodLab», og har gjennomført fleire FoodLab-arrangement nasjonalt og internasjonalt. Senteret samarbeider òg om urfolk sine matsystem med FN sin organisasjon for ernæring og landbruk (FAO) og FoU-prosjektet «Peatlands/ Reindeer Herders and Resilience», saman med mellom anna FN sitt miljøprogram (UNEP), Mongolske styresmakter og University of the Arctic (UArctic).

Prioriteringar og budsjettforslag for 2026

Senteret har planar om å arbeide med nye kunnskapsstrategiar for urfolkssamarbeid i nordområda og å halde fram arbeidet med berekraftsmåla og engasjement av urfolksungdom, med særleg fokus på klimatilpassing og resiliens. Senteret skal halde fram arbeidet med urfolk sine matsystem, tradisjonell kunnskap og verdiskaping, og

intensivere arbeidet med pastoralisme internasjonalt, inkludert FN sitt år for utmark og pastoralistar (IYRP) i 2026.

Det blir foreslått å løyve 7 mill. kroner.

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast

Posten dekkjer utgifter knytt til eksternt finansierte prosjekt og har tilsvarende inntekter på kap. 3563, post 02.

Det har vore større ekstern prosjektaktivitet enn stipulert, blant anna på grunn av oppstart av GEF/ UNEP sitt FoU-prosjekt «Peatlands/ Reindeer Herders and Resilience».

Rapportering av gjennomførte aktivitetar omtalast samla under post 01.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2026

Det blir foreslått å løyve 3,4 mill. kroner.

Det blir foreslått at løyvinga på posten kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3563, post 02, jf. forslag til romartalsvedtak.

Det blir foreslått at Internasjonalt reindriftssenter samla kan setje i gang prosjekt på opp til 5 mill. kroner før ekstern finansiering i sin heilskap er innbetalt, så framt det er gitt bindande tilsegn om tilskot frå eksterne partar. Vidare blir det foreslått at Internasjonalt reindriftssenter i tilknytning til tilskotsfinansierte prosjekt, kan postere tilhøyrande utgifter og tilskotsinnbetalingar mot mellomverande med statskassa, jf. forslag til romartalsfullmakt.

Kap. 3563 Internasjonalt reindriftssenter

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
02	Diverse inntekter	4 842	3 260	3 377
	Sum kap. 3563	4 842	3 260	3 377

Post 02 Diverse inntekter

På posten blir det ført inntekter knytt til eksternt finansierte prosjekt i regi av Internasjonalt

reindriftssenter. Tilhøyrande utgifter blir førte på kap. 563, post 21.

Det blir foreslått å løyve 3,4 mill. kroner.

Programkategori 13.67 Nasjonale minoritetar

Utgifter under programkategori 13.67 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026	Endring i pst.
567	Nasjonale minoritetar	72 283	83 435	90 447	8,4
	Sum kategori 13.67	72 283	83 435	90 447	8,4

Innleiing

Etniske, religiøse og/eller språklege minoritetar med langvarig tilknytning til eit land blir rekna som nasjonale minoritetar. Jødar, kvener/norsksfinnar, romar, romanifolk/taterar og skogfinnar er anerkjende som nasjonale minoritetar i Noreg. Når det gjeld spørsmål om kven som høyrer til ein nasjonal minoritet, skal styresmaktene legge vekt på sjølvidentifiseringa til den enkelte.

Noreg sin politikk overfor nasjonale minoritetar bygger på prinsippet om likeverd og ikkje-diskriminering, og er forankra i internasjonale menneskerettskonvensjonar som FN-konvensjonen om sivile og politiske rettar, Europarådet sin rammekonvensjon om beskyttelse av nasjonale minoritetar og Den europeiske pakta om regions- eller minoritetsspråk.

Kommunal- og distriktsdepartementet har ansvar for å samordne statleg politikk som gjeld nasjonale minoritetar og skal arbeide for heilskap og samanheng i politikken, på tvers av sektorar og forvaltingsnivå. Kvart departement har ansvar for å følgje opp den statlege politikken innan sin sektor. Det er staten sitt ansvar å sikre at omsynet til nasjonale minoritetar blir ivaretatt. Staten legg til grunn at kommunar og fylkeskommunar følgjer opp aktuelle forpliktingar.

Kommunal- og distriktsdepartementet koordinerer regjeringa si oppfølging av Stortinget sine oppmodingsvedtak etter handsaminga av rapporten til Sannings- og forsoningskommisjonen om fornorsking og urett overfor samar, kvener/norsksfinnar og skogfinnar. Regjeringa har eit stort og viktig ansvar for å føre ein politikk som bidreg til vidare forsoning og vil ha kontakt

med kvener/norsksfinnar og skogfinnar i oppfølginga.

Mål for programkategorien

1. Dei nasjonale minoritetane deltek aktivt i samfunnet og kan uttrykke og vidareutvikle språka sine og kulturen sin
2. Dei nasjonale minoritetane deltek i offentlege avgjerdsprosessar
3. Dei nasjonale minoritetane får gode og likeverdige tenester

Mål 1 Dei nasjonale minoritetane deltek aktivt i samfunnet og kan uttrykke og vidareutvikle språka sine og kulturen sin

Det er eit mål at dei nasjonale minoritetane deltek aktivt i samfunnet og kan uttrykke og vidareutvikle språka og kulturen sin. Verkemiddel i språk-, kultur- og opplæringspolitikken er sentrale for å nå dette målet. Kunnskap om nasjonale minoritetar og kulturuttrykka deira kan motverke diskriminering og negative stereotypiar og haldningar. Kommunal- og distriktsdepartementet støttar derfor tiltak som kan gi større innsikt i situasjonen til dei nasjonale minoritetane.

Mål 2 Dei nasjonale minoritetane deltek i offentlege avgjerdsprosessar

Målet er avleidd av Europarådets rammekonvensjon om beskyttelse av nasjonale minoritetar artikkel 15, der det står at «partane skal skape dei føresetnadane som er nødvendige for at personar som høyrer til nasjonale minoritetar, er sikra effektiv

deltaking i det kulturelle, sosiale og økonomiske livet og i offentlege saker, særleg dei som gjeld dei sjølv». Det skjer mellom anna gjennom tilskot til organisasjonane til dei nasjonale minoritetane, og gjennom å etablere arenaer for dialog mellom sentrale styresmakter og desse organisasjonane.

Mål 3 Dei nasjonale minoritetane får gode og likeverdige tenester

Nasjonale minoritetsgrupper har historisk erfaring med statleg diskriminering. Dette kan prege

forholdet gruppene har til offentlege styresmakter i dag og påverke om, og korleis, dei oppsøker offentlege tenester. Kommunane har ansvar for å sikre innbyggjarane gode og likeverdige tenester innanfor til dømes barnehage, grunnopplæring og ulike helse- og velferdstenester. Det er derfor viktig at kommunane har kjennskap til nasjonale minoritetar.

Kap. 567 Nasjonale minoritetar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
60	Romar, <i>kan overførast</i>	7 960	7 208	7 475
70	Nasjonale minoritetar, <i>kan overførast</i>	9 558	12 001	12 433
72	Dei jødiske samfunna i Noreg	14 806	16 369	17 958
73	Kvensk språk og kvensk/norskfinsk kultur, <i>kan overførast</i>	15 664	21 351	25 120
74	Kultur- og ressurscenter for norske romar	18 266	20 460	21 197
75	Romanifolket/taterane, <i>kan overførast</i>	6 029	6 046	6 264
Sum kap. 567		72 283	83 435	90 447

Post 60 Romar, *kan overførast*

Målet for ordninga er å betre levekåra til norske romar, særleg gjennom tiltak i skulen. Kriteria for måloppnåing er at romar får moglegheit til å bidra i utforminga av tiltak og deltek i dei.

Midlane på posten skal dekke tiltak under skulelosordninga i Oslo kommune og tiltak retta mot romar i Lørenskog kommune. Dei fleste romar i Noreg bur i dag i desse kommunane. Skulelosordninga følger òg opp romske elevar i nærliggande kommunar.

Departementet følgjer opp rapporteringa for bruken av tilskotsmidlane etter dei krava og vilkåra som er sette i regelverk og i tilskotsbrev.

Rapport

Skulelosane har arbeidd med å styrkje læringsutbyttet til elevar med rombakgrunn, redusere fråvær og auke talet på elevar som fullfører grunnopplæringa.

Skulelostenesta har i 2024 hatt ulike utviklingsprosjekt i samarbeid med Romano Kher og romar. Prosjekta er tiltak for å standardisere romanes (grammatikkbok), utvikle ressursar for undervisninga (bilde tema – ei fleirspråkleg bildeordbok på romanes) og lage ein informasjonsfilm om romar.

I 2024 har Lørenskog kommune arbeidd for å inkludere barn og unge, auka innsatsen for elevar med romsk bakgrunn og mellom anna gått i gang med utvikling av digitale ressursar på romanes.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2026

Skulelosordninga, som blir drifta av Oslo kommune, skal halde fram med å hjelpe romske elevar, familieane deira og skular for å bidra til at fleire elevar fullfører skulen.

Samarbeidet mellom Oslo og Lørenskog kommunar held fram med føremål om at tiltaka i skulen kjem minoriteten mest mogleg til gode. Skule-

losordninga og Lørenskog kommune vidarefører òg samarbeidet med Romano Kher.

Det blir foreslått å løyve 7,5 mill. kroner.

Post 70 Nasjonale minoritetar, kan overførast

Målet for ordninga er å styrkje nasjonale minoritetar sin kultur, deira språk og eigenorganisering. Det er eit særleg mål at organisasjonane til dei nasjonale minoritetane sjølve kan fremje interesse sine overfor ulike styresmakter.

Kriterium for måloppnåing for driftstilskotet er grada av eigenorganisering hos dei nasjonale minoritetane, om språk og/eller kultur blir styrkt, og grada av deltaking i offentlege avgjerdsprosessar.

Kriterium for måloppnåing for prosjektilskotet er talet på arrangerte prosjekt, kurs og aktivitetar som fremjar føremålet, talet på personar som deltek eller blir nådde gjennom prosjekta, grad av kontakt mellom organisasjonane, og talet på barn og unge som blir nådde.

Tilskot over ordninga kan bli gitt både som driftstilskot til organisasjonane som representerer dei nasjonale minoritetane, og som prosjektilskot.

For å få driftstilskot er det eit krav at organisasjonen har som føremål å fremje interessene og ivareta rettane til nasjonale minoritetar i Noreg. Tilskot blir gitt ut frå ei samla skjønsmessig vurdering, mellom anna basert på talet på medlemmar, talet på lokallag og aktivitetar i organisasjonen.

Prosjektilskot skal bidra til å styrkje språket, kulturen og identiteten til dei nasjonale minoritetane, særleg for barn og unge. Tilskot blir gitt til frivillige organisasjonar, privatpersonar, kommunar, institusjonar og føretak som har verksemd knytt til nasjonale minoritetar.

Kulturdirektoratet gir tilskot etter søknad og følgjer opp rapporteringa for bruken av tilskotsmidlane etter dei krava og vilkåra som er sette i forskrift om tilskot til nasjonale minoritetar, og eventuelle retningslinjer fastsette av Kulturdirektoratet i tilskotsbrev. Kommunal- og distriktsdepartementet er klageinstans. Kulturdirektoratet har ansvar for å evaluere ordninga.

Rapport

I 2024 fordelte Kulturdirektoratet om lag 6,1 mill. kroner i driftsstøtte til 8 organisasjonar og 4,4 mill. kroner til 28 ulike prosjekt. Driftsmidlane bidrog til at organisasjonane kunne gjennomføre

faste møter og arrangement, og delta i offentlege avgjerdsprosessar. Prosjektilskota bidrog til å styrkje språket og kulturen til minoritetane, og til auka barne- og ungdomsarbeid blant minoritetane.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2026

Det vil bli gitt tilskot til drift av organisasjonar og til prosjekt som bidreg til å styrkje språka, kulturen og identiteten til dei nasjonale minoritetane.

Det blir foreslått å løyve 12,4 mill. kroner.

Post 72 Dei jødiske samfunna i Noreg

Målet for tilskotet er å bidra til å motverke antisemittisme, støtte opp om synleg jødisk kultur, identitet og samfunnsliv i Noreg, og styrkje den jødiske minoriteten sine egne organisasjonar.

Eit kriterium for måloppnåing er at personar som får informasjon gjennom tiltaka, opplever å ha fått auka medvit og kunnskap om jødar i Noreg, jødedom og antisemittisme.

Vidare er det eit kriterium for måloppnåing at aktivitetar som fremjar jødisk kultur, identitet og samfunnsliv blir haldne oppe og gjort synlege i det norske samfunnet.

Tilskotet blir tildelt til Det Mosaiske Trossamfund i Oslo (DMT) og Det jødiske samfunn i Trondheim (DJST).

Kommunal- og distriktsdepartementet følgjer opp rapporteringa for bruken av tilskotsmidlane etter dei krava og vilkåra som er sette i regelverk og i tilskotsbrev.

Rapport

I 2024 vart DMT tildelt 13,1 mill. kroner mellom anna til oppfølging av informasjonstiltak i handlingsplanen mot antisemittisme, og andre tiltak og aktivitetar i deira regi. Midlane har mellom anna finansiert ordninga med jødiske vegvisarar. DJST vart tildelt 1,7 mill. kroner i 2024.

I november 2024 la regjeringa fram ein ny handlingsplan mot antisemittisme, *Handlingsplan mot antisemittisme 2025–2030*. Planen inneheld 22 målretta tiltak for å motverke antisemittisme. Senter for studiar av Holocaust og livssynsminoritetar (HL-senteret) publiserte i mai 2024 ei kartlegging av den norske befolkningas haldningar til jødar, som viser at negative haldningar til jødar har auka sidan 2022. I kjølvatnet av krigen i Midtausten er det sett inn auka tryggingstiltak rundt jødiske institusjonar i Noreg.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2026

Kommunal- og distriktsdepartementet vil gi tilskot til DMT og DJST til tiltak for å motverke anti-semittisme og til aktivitetar som gjer den jødiske minoriteten si historie, kultur, identitet og samfunnsliv meir synleg. I ei tid med auka anti-semittisme i samfunnet er det òg viktig å styrkje jødane sine eigne organisasjonar slik at dei har ressursar til å mellom anna skape møteplassar, spesielt for jødisk ungdom.

Det blir foreslått å auke løyvinga på posten med 1 mill. kroner til styrka innsats mot anti-semittisme.

Det blir foreslått å løyve 18 mill. kroner. Av dette skal 14,7 mill. kroner gå til DMT og 3,3 mill. kroner til DJST. Midlane kjem i tillegg til tilskot på 750 000 kroner til Jødisk museum i Trondheim, som blir foreslått på kap. 500, post 70.

Post 73 Kvensk språk og kvensk/norskfinsk kultur, kan overførast

Målet for ordninga er å bidra til å revitalisere kvensk språk og fremje kvensk/norskfinsk kultur. Ordninga skal spesielt fremje kvensk språk og kvensk/norskfinsk identitet hos barn og unge. Kriterium for måloppnåing er talet på arrangerte prosjekt, kurs og aktivitetar som fremjar føremålet, og talet på deltakarar på dei ulike aktivitetane.

Frivillige organisasjonar, privatpersonar, kommunar og institusjonar kan søkje om prosjektstøtte til kulturføremål og tiltak som bidreg til å styrkje kvensk språk og kvensk/norskfinsk identitet. Nærare tildelingskriterium er fastsette i forskrift.

Over tilskotsordninga kan det òg søkjast om midlar til etablering og drift av kvenske språk- og kultursenter og til drift av kvensk avis og Norske kveners forbund.

Tilskotsordninga blir forvalta av Kulturdirektoratet. Kulturdirektoratet gir tilskot etter søknad og følgjer opp rapporteringa for bruken av tilskotsmidlane. Dette skjer etter dei krava og vilkåra som er sett i forskrift om tilskot til kvensk språk og kvensk/norskfinsk kultur, og eventuelle retningslinjer fastsett av Kulturdirektoratet i tilskotsbrev. Kommunal- og distriktsdepartementet er klageinstans.

Rapport

I 2024 tildelte Kulturdirektoratet totalt 8,6 mill. kroner til drift av seks kvenske språksenter og eit kvensk kultursenter, og 1,1 mill. kroner i drifts-

støtte til avisa Ruijan Kaiku. I tillegg fekk Norske kveners forbund eit øymerkt tilskot på 2 mill. kroner. Det vart òg tildelt totalt om lag 6,6 mill. kroner til 29 ulike språk- og kulturprosjekt. Tilskota til drift av språksenter har bidrege til at det er gjennomført ei rekke språk- og kulturaktivitetar for kvenske barn og unge.

Regjeringa har sett i gang arbeidet med ein ny handlingsplan for kvensk språk. Handlingsplanen er ein del av oppfølginga etter at Stortinget behandla rapporten frå Sannings- og forsoningskommisjonen. I oppmodingsvedtaka ber Stortinget regjeringa om å utforme forpliktande handlingsplanar for å styrkje språka som vart utsette for fornorsking, og vurdere tiltak for å sikre språk- og kulturarenaer stabil drift over tid.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2026

Det vil bli tildelt driftsmidlar til kvenske språk- og kultursenter og til kvensk avis. Det vil bli gitt prosjekttilskot etter søknad til tiltak som bidrar til å oppfylle føremålet med tilskotsordninga. Det vil bli gitt eit særskilt tilskot på 2,1 mill. kroner til Norske kveners forbund.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 3 mill. kroner til tiltak i ny handlingsplan for kvensk språk.

Det blir foreslått å løyve 25,1 mill. kroner.

Post 74 Kultur- og ressurscenter for norske romar

Føremålet med tilskotet er å vidareutvikle og drifte Romano Kher. Romano Kher er både eit kultursenter og eit ressurscenter for romar. På kultursenteret blir det mellom anna lagt til rette for å formidle, bevare, styrkje og utvikle romsk språk og kultur i Noreg. Kultursenteret skal òg vere ein stad der romar og majoritetsbefolkninga kan møtast. Ressurscenteret skal arbeide for at romar får likeverdige offentlege tenester og bidra til å auke romanes deltaking og påverknad i samfunnet.

Måloppnåinga blir vurdert gjennom deltaking og tilgang til offentlege tenester. Norske romar skal delta i avgjerdsprosessar som gjeld innhald og drift av kultursenteret. Ressurscenteret skal bidra til å betre livssituasjonen for fleire norske romar.

Tilskotsmottakar er Kirkens Bymisjon. Kirkens Bymisjon har etablert og driv Romano Kher i samarbeid med norske romar. Løyvinga på posten dekkjer tilskot til drift og aktivitetar knytte til Romano Kher. Kultursenteret er eit resultat av den kollektive oppreisninga frå staten til norske

romar. Ressurssenteret er ei styrking av brubyggartenesta som vart flytta frå Oslo kommune då Romano Kher vart oppretta. Bymisjonen har opparbeidd seg relevant erfaring som er nødvendig for at tiltaka skal lukkast. Bymisjonen har derfor blitt vurdert som einaste aktuelle mottakar av tilskotet.

Departementet følgjer opp rapporteringa for bruken av tilskotsmidlane etter dei krava og vilkåra som er sette i regelverk og i tilskotsbrev.

Rapport

Romano Kher har i 2024 arbeidd med oppdelinga av kultursenteret og ressurscenteret, med ulike kulturelle aktivitetar og med rettleiings- og rettsarbeid. Det har mellom anna vore ulike tilbod og aktivitetar for born og unge.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2026

Drifta til Romano Kher som kultursenter blir vidareutvikla etappevis med mellom anna kulturarbeid, tiltak retta mot barn og ungdom, arbeid for å motverke diskriminering og antisiganisme og enkelte arbeidsretta tiltak.

Ressurssenteret skal gi individuell rettleiing og arbeide med rettar, mellom anna bistand til romane i kontakt med det offentlege. Senteret skal òg arbeide for å motverke diskriminering og antisiganisme, og for å sikre likeverdige tenester til gruppa.

Det blir foreslått å løyve 21,2 mill. kroner.

Det blir foreslått ei tilsegnfullmakt på 4,5 mill. kroner, jf. forslag til romartalsvedtak.

Post 75 Romanifolket/taterane, kan overførast

Føremålet med tilskotsordninga er å bidra til å utvikle og synleggjere kulturen, språket og historia til romanifolket/taterane.

Gjennom prosjektrapportering blir det vurdert i kva grad eit prosjekt har oppnådd dei måla som er sette i søknaden, om prosjektet har nådd målgruppa og kva resultat prosjektet har ført til i form av aktivitetar eller tiltak.

Privatpersonar, private og offentlege institusjonar, organisasjonar og andre verksemder kan søkje om tilskot. Prosjekt som får tilskot skal bidra til å synleggjere, styrkje og føre vidare kulturen og historia til romanifolket/taterane, til å styrkje språket romani, til dokumentasjon, formidling

av kunnskap om romanifolket/taterane sin situasjon, eller til haldningsskapande arbeid.

Den kollektive oppreisinga til romanifolket/taterane blir forvalta av Kulturdirektoratet som ei tilskotsordning, i samsvar med eiga forskrift. Kommunal- og distriktsdepartementet er klageinstans. Kulturdirektoratet har ansvar for å evaluere ordninga.

Rapport

Kulturdirektoratet tildelte i 2024 tilskot på om lag 5,8 mill. kroner til 40 prosjekt over tilskotsordninga til romanifolket/taterane. I tillegg er det utbetalt midlar til fleirårige prosjekt. I 2024 var det stor auke i talet på søknader, frå 44 i 2023 til 84 i 2024, ein auke på nær 100 pst.

Prosjekt av ulike omfang, med ulike føremål og med ulike målgrupper fekk støtte, mellom anna musikk- og teaterframsyningar, filmprosjekt, bøker, samlingsstader, informasjons- og sjølvhjelpsprosjekt og ulike arrangement.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2026

Romanispråk skal framleis styrkast, og det vil bli etablert kulturarenaer og møteplassar i tråd med ein femårsplan. Kulturdirektoratet utarbeidde i 2021, i samarbeid med ei faggruppe som besto av medlemmar som interesseorganisasjonane har utnemnd, og av fagpersonar på feltet. Kulturdirektoratet har fått i oppdrag å utarbeide ein ny plan for 2026 og utover.

Det vil bli prioritert å bevare, dokumentere, formidle og vidareføre romanifolket/taterane sin materielle og immaterielle kulturarv, som tradisjonar, fortellingar, handverk og musikk, i tråd med femårsplanen.

Enkeltaktørar vil få tilskot etter søknad til tiltak som bidrar til å oppfylle målet for ordninga.

Frå 2025 har Kulturdirektoratet endra faggruppa som vart oppretta for å gi råd til direktoratet om forvaltinga av tilskotsordninga, til eit medverknadsutval. Utvalet skal lese og vurdere søknadar, og gi sine tilrådingar før Kulturdirektoratet tar avgjersler.

Det blir foreslått å løyve 6,3 mill. kroner.

For at ubrukte løyvingar frå tidlegare år skal gå til det tiltenkte føremålet, blir det foreslått at departementet får fullmakt til å overføre udisponert beløp på posten frå 2026 til 2027, jf. forslag til romartalsvedtak.

Programkategori 13.70 Kommunesektoren mv.

Utgifter under programkategori 13.70 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026	Endring i pst.
571	Rammetilskot til kommunar	181 391 472	192 232 534	203 487 714	5,9
572	Rammetilskot til fylkeskommunar	49 514 482	53 157 770	55 553 773	4,5
573	Kommunestruktur	213 700			0,0
575	Ressurskrevjande tenester	13 592 920	14 616 141	14 345 844	-1,8
577	Tilskot til dei politiske parti	533 990	575 605	596 262	3,6
578	Valdirektoratet	69 541	126 860	78 046	-38,5
579	Valutgifter		8 600	8 832	2,7
	Sum kategori 13.70	245 316 105	260 717 510	274 070 471	5,1

Inntekter under programkategori 13.70 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026	Endring i pst.
3571	Tilbakeføring av forskot	140 575			0,0
5616	Kommunalbanken AS	700 000	700 000	700 000	0,0
	Sum kategori 13.70	840 575	700 000	700 000	0,0

Innleiing

Kommunar og fylkeskommunar er sjølvstendige, folkevalde forvaltingsnivå som har ansvar for oppgåver som tenesteytarar, samfunnsutviklarar, myndigheitsutøvarar og demokratiske arenaer for innbyggjarane. Kommunane har mellom anna ansvar for barnehage, grunnskule, barnevern, helse-, omsorgs- og sosialtenester, tekniske tenester og kulturoppgåver. Fylkeskommunane har mellom anna ansvar for vidaregåande opplæring, lokal kollektivtransport, fylkesvegar, tannhelse, regional utvikling og kulturoppgåver.

Departementa har sektoransvar for respektive område av kommunesektoren sitt tenestetil-

bod, mellom anna forvalting og utvikling av lov og regelverk og finansiering av reformer og nye tiltak.

Kommunal- og distriktsdepartementet skal bidra til at staten si styring av kommunesektoren er samordna, heilskapleg og konsistent. Departementet har eit særleg ansvar for at kommunesektoren har eit godt og framtidsretta lov- og regelverk, i første rekke gjennom utvikling og forvalting av kommunelova. Departementet forvaltar inndelingslova, som har reglar for korleis endringar i kommune- og fylkesstrukturen skal gjennomførast, og har med det òg eit overordna ansvar for kommune- og fylkesstrukturen.

Kommunal- og distriktsdepartementet har i samarbeid med Finansdepartementet ansvaret for kommunesektoren sine inntektsrammer. Vidare har departementet ansvar for inntektsfordelinga mellom kommunar og mellom fylkeskommunar, gjennom utvikling og drift av inntektssystemet for kommunesektoren. Departementet har òg ansvaret for Kommune-Stat-Rapportering (KOSTRA) og for forvaltninga av statleg eigarskap i Kommunalbanken AS.

Kommunal- og distriktsdepartementet har det overordna ansvaret for valordninga og valregelverket. Valdirektoratet har det operative ansvaret på statleg nivå for gjennomføring av stortings- og lokalval. Kommunane og fylkeskommunane har ansvaret for den praktiske valgjennomføringa. Departementet er òg ansvarleg for tilskot til dei politiske partia.

Mål for programkategorien

1. Eit velfungerande demokrati
2. Eit velfungerande lokalt sjølvstyre
3. Berekraftige, nyskapande og omstillingsdyktige kommunar

Mål 1 Eit velfungerande demokrati

Frie og hemmelege val er grunnleggande i demokratiet vårt. Tilliten til val og demokratiet som styreform er høg, og det er viktig at den blir oppretthalden. Dette føreset at veljarane forstår korleis val blir gjennomført, og at teknologien som blir brukt ved val er sikker. I tillegg må det demokratiske representative systemet og sjølv valordninga ha legitimitet, og regelverket må vere i tråd med internasjonale forpliktingar.

Høg valdeltaking, representative folkevalde organ og gode kanalar for innbyggjarmedverknad òg mellom val, er viktige føresetnader for eit velfungerande demokrati.

Det er mange ulike aktørar som har viktige roller og oppgåver for å kunne oppretthalde eit velfungerande demokrati. Dei politiske partia må ha rammevilkår for å gjere oppgåva si, kommunar og fylkeskommunar må ha handlefridom til å fylle rolla, og borgarane må få informasjon og vere trygge på å utøve dei demokratiske rettane sine. Det sivile samfunnet har òg ei viktig rolle for å legge til rette for dette.

Stortinget vedtok i juni 2023 ei ny vallov, som fekk verknad første gong ved stortingsvalet i 2025. Departementet vedtok i november 2024 ei

ny valforskrift med nærare krav til gjennomføringa av val.

I juni 2025 vedtok Stortinget endringar i partilova som skal bidra til større openheit om kven som finansierar dei politiske partia. Endringa inneber at dei politiske partia må rapportere bidrag frå givarar som blir gitt via organisasjonar som har som føremål eller som har ein vesentleg del av verksemda si å støtte dei politiske partia økonomisk. Partia må òg rapportere bidrag frå privatpersonar som har fått bidrag frå andre for å gi desse til politiske parti eller partiledd. Bidraga skal publiserast på nettstaden partifinansiering.no.

Regjeringa vil beskytte valgjennomføringa mot uønskt påverknad. I forkant av kvart val sidan 2019 har ei tverrdepartemental arbeidsgruppe førebudd ein tiltaksplan om å auke motstandsdyktigheita mot uønskt valpåverknad. I sommar la regjeringa fram 18 tiltak som skulle bidra til å trygge stortings- og sametingsvalet i 2025.

Budsjettkapitla 577 Tilskot til dei politiske parti, 578 Valdirektoratet og 579 Valutgifter støttar opp under mål 1.

Mål 2 Eit velfungerande lokalt sjølvstyre

Kommunesektoren forvaltar ein stor del av fellesskapet sine ressursar og har omfattande offentleg mynde. Kommunelova legg juridiske rammer for all kommunal verksemd og det kommunale sjølvstyret. Prinsippa for statleg styring av kommunesektoren, der fleire følgjer av kommunelova, legg til grunn økonomisk og juridisk rammestyring og dialog mellom forvaltingsnivåa. Staten si styring må balanserast mellom nasjonale omsyn som til dømes eit likeverdig tenestetilbod og rettstryggleik, og omsynet til lokal handlefridom. Det er den enkelte kommune som er best i stand til å vurdere kva løysingar som skal til for å møte utfordringane i eiga kommune, og eit velfungerande lokalt sjølvstyre skal gi rom for lokale løysingar, innovasjon og utvikling.

Ein føresetnad for at det kommunale sjølvstyret skal vere reelt, er at kommunesektoren i hovudsak er finansiert gjennom frie inntekter, som består av skatteinntekter og rammetilskot. Dei frie inntektene er anslått å utgjere om lag 73 pst. av kommunesektoren sine samla inntekter i 2026.

Budsjettkapitla 571 Rammetilskot til kommunar og 572 Rammetilskot til fylkeskommunar støttar opp under mål 2.

Mål 3 Berekraftige, nyskapande og omstillingsdyktige kommunar

Rammefinansiering av kommunesektoren gjennom skatteinntekter og rammetilskot gir rom for lokale prioriteringar og legg til rette for effektiv bruk av offentlege ressursar. Inntektsrammer som står i forhold til oppgåvene kommunesektoren er sett til å løyse, og ei rettferdig inntektsfordeling mellom kommunar, er føresetnader for eit likeverdig tenestetilbod i heile landet. I del I, kapittel 2 er det gjort greie for regjeringa sitt forslag til inntektsrammer for kommunesektoren i 2026.

Regjeringa la i Prop. 102 S (2023–2024) *Kommuneproposisjonen 2025* fram forslag om eit nytt inntektssystem for kommunane, jf. Innst. 440 S (2023–2024). Stortinget slutta seg til forslaget til regjeringa, og det nye inntektssystemet tredde i kraft frå og med 2025. Eit av hovudmåla med endringane i inntektssystemet er å sikre ei jamnare fordeling av skatteinntektene mellom kommunane, både gjennom endringar i skattegrunnlaga til kommunane og ved å auke utjamningsgraden i inntektsutjamninga. Endringane i skatteelementa i inntektssystemet blir fasa vidare inn og vil vere fullt implementerte i 2026.

Generalistkommuneutvalet la fram si utgreiing, NOU 2023: 9 *Generalistkommunesystemet – likt ansvar – ulike forutsetninger*, i mars 2023. Utvalet meiner at generalistkommunesystemet er under aukande press, mellom anna fordi skilnadene mellom føresetnadene i ulike kommunar til å vareta ansvaret sitt truleg vil bli større framover. Samstundes er utvalet tydeleg på at generalistkommuneprinsippet bør bli vidareført. I Prop. 142 S (2024–2025) *Kommuneproposisjonen 2026* er det presentert ulike verkemiddel for eit berekraftig kommunesystem. Dette er òg omtalt under kapittel 1.1 Eit sterkt og velfungerande kommunesystem.

Regjeringa har sett ned ein kommisjon som skal foreslå endringar i den statlege styringa av kommunesektoren som legg til rette for god ressursbruk, fleksibel bruk av personell og effektiv oppgåveløysing i kommunesektoren. Kommisjonen skal òg vurdere og foreslå tiltak dersom det er andre forhold som unødig bind kompetanse, bidrar til unødvendig høge kostnader eller lite effektiv oppgåveløysing i kommunar og fylkeskommunar.

Budsjettkapitla 571 Rammetilskot til kommunar, 572 Rammetilskot til fylkeskommunar og 575 Ressurskrevjande tenester støttar opp under mål 3.

Kap. 571 Rammetilskot til kommunar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	22 617	23 165	23 999
60	Innbyggartilskot	175 083 156	187 002 264	198 136 710
61	Distriktstilskot Sør-Noreg	874 619	833 224	812 005
62	Distriktstilskot Nord-Noreg	2 429 852	2 576 545	2 670 719
64	Skjønstilskot	1 805 945	1 000 000	1 030 000
65	Regionsentertilskot	221 555		
66	Veksttilskot	282 395	137 115	125 923
67	Storbytilskot	671 333	660 221	688 358
	Sum kap. 571	181 391 472	192 232 534	203 487 714

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast

Løyvinga går til forsking og utgreiing om kommunøkonomi, kommunelova og anna juridisk ram-

meverk for kommunesektoren, lokaldemokrati og statlege tiltak retta mot kommunesektoren. Løyvinga omfattar òg drift og utvikling av inntektssystemet og driftsmidlar til Teknisk berekningsutval for kommunal og fylkeskommunal økonomi

(TBU). Løyvinga kan vidare finansiere større utviklingsprosjekt, inkludert utgreiingsstillingar i departementet knytt til tidsavgrensa prosjekt.

I 2024 vart løyvinga brukt til utgreiingar og forskning, innan mellom anna kommuneøkonomi og demokrati. Løyvinga har mellom anna dekt utgifter til TBU og ein tilstandsanalyse av det norske demokratiet. Løyvinga har òg finansiert prosjekt for digitalisering av planprosessen, Kartverket sitt arbeid med etablering av ny teknisk løysing for deling av kommunar og fylkeskommunar i matrikkelen (Ny Marty) og drift av database for kommunale organisasjonsdata.

Det blir foreslått å løyve 24 mill. kroner.

Post 60 Innbyggartilskot

Hovuddelen av rammetilskotet til kommunane blir fordelt gjennom innbyggartilskotet. Innbyggartilskotet blir i utgangspunktet fordelt med eit likt beløp per innbyggjar, før det blir omfordelt gjennom utgiftsutjamninga, overgangsordninga og omfordeling for elevar i statlege og private skular. Sjå Berekningsteknisk dokumentasjon til Prop. 1 S (2025–2026) Grønt hefte (H-2570 N) for nærare omtale av innbyggartilskotet, utgiftsutjamninga og kostnadsnøkkelen for kommunane.

Det blir foreslått å løyve 198 136,7 mill. kroner. Dette er ein auke på 11 134,4 mill. kroner frå saldert budsjett for 2025. Auken må sjåast i samanheng med det samla økonomiske opplegget for kommunesektoren, jf. nærare omtale i del I, kapittel 2.

Post 61 Distriktstilskot Sør-Noreg

Tildeling av tilskotet tar utgangspunkt i distriktsindeksen, som er eit uttrykk for graden av dis-

triktsutfordringar i ein kommune. Ved tildeling av distriktstilskot Sør-Noreg i 2026 blir Kommunal- og distriktsdepartementet sin distriktsindeks frå 2024 brukt.

Distriktstilskot Sør-Noreg blir tildelt kommunar i Sør-Noreg (utanom kommunar i Namdalen, som blir tildelt Distriktstilskot Nord-Noreg) som oppfyller følgjande kriterium:

- har under 3 200 innbyggjarar eller ein distriktsindeks på 58 eller lågare
- har samla inntekter frå skatt og naturressursar per innbyggjar dei fire siste åra som er under 140 pst. av gjennomsnittet i landet.

Kommunar med færre enn 3 200 innbyggjarar får eitt tilskot per kommune. Satsane er differensiert etter kommunen sin verdi på distriktsindeksen. Høgaste sats blir gitt til kommunar med distriktsindeks på 45 eller lågare. Kommunar med ein høgare verdi på distriktsindeksen får tilskot etter lågare sats, slik at kommunar med distriktsindeks over 58 får halvparten av høgaste sats. Utsira kommune får distriktstilskot uavhengig av inntektsnivået til kommunen, jf. merknad frå kommunal- og forvaltningskomiteen i Innst. 440 S (2023–2024).

Kommunar med 3 200 innbyggjarar eller fleire får tilskot både per innbyggjar og per kommune. Kommunar med distriktsindeks på 45 eller lågare får tilskot per innbyggjar og per kommune med høgaste sats. Kommunar med høgare verdi på indeksen får tilskot med høvesvis 80, 60, 40 og 20 pst. av høgaste sats. Kommunar med distriktsindeks over 58 får ikkje tilskot. Satsane for distriktstilskot Sør-Noreg i 2026 er prisjustert og vist i tabell 5.1.

Det blir foreslått å løyve 812 mill. kroner.

Tabell 5.1 Satsar for distriktstilskot Sør-Noreg 2026

Distriktsindeks	Kommunar med 3 200 innbyggjarar eller fleire		Kommunar med under 3 200 innbyggjarar
	Sats per kommune (1 000 kr)	Sats per innbyggjar (kroner)	Sats per kommune (1 000 kr)
Indeks 0-45	1 522	1 379	7 032
Indeks 46-48	1 220	1 103	6 330
Indeks 49-51	915	827	5 625
Indeks 52-54	608	552	4 922
Indeks 55-58	306	277	4 219
Indeks over 58	0	0	3 517

Post 62 Distriktstilskot Nord-Noreg

Distriktstilskot Nord-Noreg blir fordelt med eit kronebeløp per innbyggjar til alle kommunar i Nord-Noreg og Namdalen. Kommunar med færre enn 3 200 innbyggjarar får i tillegg eit småkommunetillegg etter dei same kriteria og satsane som distriktstilskot Sør-Noreg. Kommunar i Finnmark og innsatssona i Nord-Troms som får småkommunetillegg, får tilskot etter ein høgare sats. Øykom-

munane Værøy, Røst og Træna har same, høgare sats på småkommunetillegget som kommunane i innsatssona i Nord-Troms og Finnmark.

Ved tildeling av småkommunetillegget i distriktstilskot Nord-Noreg i 2026 blir Kommunal- og distriktsdepartementet sin distriktsindeks frå 2024 brukt. Satsane for distriktstilskot Nord-Noreg i 2026 er prisjustert og vist i tabell 5.2.

Det blir foreslått å løyve 2 670,7 mill. kroner.

Tabell 5.2 Satsar for distriktstilskot Nord-Noreg 2026

Kommunar i:	Sats per innbyggjar (kroner)	
Nordland og Namdalen		2 169
Troms utanfor innsatssona		4 160
Innsatssona i Troms		4 903
Finnmark		10 157
<i>Småkommunetillegg til kommunar med under 3 200 innbyggjarar</i>		
Distriktsindeks	Småkommunetillegg per kommune, kommunar utanfor innsatssona (1 000 kr)	Småkommunetillegg per kommune, kommunar i innsatssona og kommunane Værøy, Røst og Træna (1 000 kr)
Indeks 0-45	7 032	15 230
Indeks 46-48	6 330	13 703
Indeks 49-51	5 625	12 184
Indeks 52-54	4 922	10 659
Indeks 55-58	4 219	9 138
Indeks over 58	3 517	7 614

Post 64 Skjønstilskot

Kommunal- og distriktsdepartementet fordeler kvart år ein del av rammetilskotet til kommunar og fylkeskommunar etter skjøn. Føremålet med skjønstilskotet er å kompensere kommunar og fylkeskommunar for lokale tilhøve som ikkje blir fanga opp i inntektssystemet eller andre faste tilskotsordningar. Skjønstilskotet skal kompensere kommunesektoren for kostnader ved uventa og ekstraordinære hendingar, og bidra til utvikling og innovasjon. Når det gjeld skjønstildeling til kommunane, fastset departementet tilskotsrammer til kvart enkelt statsforvaltarembete. Statsforvaltaren fordeler tilskotet til kommunane etter retninglinjer gitt av departementet. Det blir halde igjen ein felles reservepott for uventa hendingar

som kan gå til både kommunar og fylkeskommunar.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2026

Det blir foreslått å løyve 1 030 mill. kroner. Det er i tråd med Stortinget si handsaming av Prop. 142 S (2024–2025) *Kommuneproposisjonen 2026*.

Det blir foreslått å setje basisramma for kommunane til 830 mill. kroner, noko som er ein auke på 30 mill. kroner samanlikna med 2025. Det er forskjellar i storleiken på skjønstilskotet mellom statsforvaltarembeta, utan at dette er grunnlagt i reelle behov. Fordelinga av basisramma er frå og med 2026 justert, slik at forskjellane mellom statsforvaltarembeta blir noko mindre. Statsforvaltarembeta har fordelt delar av basisramma til kom-

munane, og fordelinga er vist i Grønt hefte 2026 (H-2570 N).

Basert på erfaringane frå tidlegare år blir det halde tilbake 180 mill. kroner av skjønstilskot til uventa hendingar (reservepotten). Midlane skal hovudsakleg brukast til å kompensere kommunar og fylkeskommunar som har meirutgifter som følgje av naturskade eller andre kritiske, uventa hendingar. Både kommunar og fylkeskommunar kan søkje om kompensasjon frå reservepotten.

Vidare blir det foreslått 20 mill. kroner til innovasjons- og utviklingsprosjekt (prosjektskjøn). Prosjektskjønet dekker mellom anna driftsutgifter og medlemskontingent i Foreningen for god kommunal regnskapsskikk (GKRS) med til saman 450 000 kroner. GKRS er ei ideell foreining og eit uavhengig organ som skal fremje og utvikle god kommunal rekneskapsskikk. Medlemmer er Kommunal- og distriktsdepartementet, Barne- og familiedepartementet, KS, NKRF – kontroll og revisjon i kommunene og Norges kemner- og kommunøkonomers forbund. Ein nærare omtale av kriterium for løyving av prosjektskjønsmidlar i 2026 er gitt i kommuneproposisjonen for 2026.

Nærare omtale av skjønssramma for 2026 og rapportering om bruk av skjønstilskot i 2024 er gitt i kommuneproposisjonen for 2026.

Post 65 Regionsentertilskot

Regionsentertilskot har gått til kommunar som slo seg saman i samband med kommunereforma, og som etter samanslåinga fekk over om lag 8 000 innbyggjarar. Som ein del av omlegginga av inntektssystemet vart regionsentertilskotet avvikla frå og med 2025, og tilskotsmidlane vart overført til post 60 Innbyggartilskot.

Post 66 Veksttilskot

Veksttilskotet blir gitt til kommunar med særleg høg auke i folketal. Tilskotet går til kommunar som gjennom siste treårsperiode har hatt ein gjennomsnittleg årleg vekst i folketalet som er høgare enn 1,4 pst. og skatteinntekter under 140 pst. av landsgjennomsnittet. Tilskotet blir tildelt med ein sats per innbyggjar over vekstgrensa.

Satsen for veksttilskotet blir prisjustert, og i 2026 er satsen 24 182 kroner per innbyggjar utover vekstgrensa.

Det blir foreslått å løyve 125,9 mill. kroner.

Post 67 Storbytilskot

Storbytilskotet blir tildelt kommunane Oslo, Bergen, Trondheim, Stavanger, Kristiansand og Drammen. Tilskotet blir gitt med eit likt beløp per innbyggjar i desse kommunane. Satsen for tilskotet er prisjustert, og er 428 kroner per innbyggjar i 2026.

Det blir foreslått å løyve 688,4 mill. kroner.

Post 90 Forskot på rammetilskot

Inntektsutjamninga i inntektssystemet omfordeler skatteinntekter mellom kommunane, og blir berekna fortløpande gjennom året basert på dei siste opplysningane om skatteinngangen. Omfordelinga skjer gjennom rammetilskotet. Sidan endeleg skatteinngang for 2026 ikkje er kjent før i februar 2027, kan departementet i den løpande inntektsutjamninga ha behov for å utbetale forskot på rammetilskotet for 2027 i 2026. Det blir derfor foreslått at det kan utbetalast opp til 500 mill. kroner i 2026 som forskot på rammetilskot til kommunane for 2027, jf. forslag til romartalsvedtak.

Kap. 3571 Tilbakeføring av forskot

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap	Saldert	Forslag
		2024	budsjett 2025	2026
90	Tilbakeføring av forskot	140 575		
	Sum kap. 3571	140 575		

Post 90 Tilbakeføring av forskot

Ved behandlinga av Prop. 1 S (2024–2025) fekk Kommunal- og distriktsdepartementet fullmakt til

å utbetale opp til 500 mill. kroner i forskot i 2025 på rammetilskot for 2026 til kommunar, jf. Innst. 5 S (2024–2025). Det er framleis uvisse om skatteinngang og inntektsutjamning for siste utbeta-

lingstermin i 2025. Ein kan derfor ikkje angi storleiken på utbetalt forskot på rammetilskot i 2025 og tilsvarende tilbakeføring av forskot i 2026 enno.

Kap. 572 Rammetilskot til fylkeskommunar

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
60	Innbyggartilskot	48 741 308	52 345 676	54 711 049
62	Nord-Noreg-tilskot	773 174	812 094	842 724
	Sum kap. 572	49 514 482	53 157 770	55 553 773

Post 60 Innbyggartilskot

Hovuddelen av rammetilskotet til fylkeskommunane blir fordelt gjennom innbyggartilskotet. Innbyggartilskotet blir i utgangspunktet fordelt med eit likt beløp per innbyggjar, før det blir omfordelt gjennom utgiftsutjamninga, overgangsordninga og omfordeling for elevar i statlege og private skular. Sjå Berekningsteknisk dokumentasjon til Prop. 1 S (2025–2026) Grønt hefte (H-2570 N) for ei nærare omtale av innbyggartilskotet, utgiftsutjamninga og kostnadsnøkkelen for fylkeskommunane.

Det blir foreslått å løyve 54 711 mill. kroner. Dette er ein auke på 2 365,4 mill. kroner frå saldert budsjett for 2025. Auken må sjåast i samanheng med det samla økonomiske opplegget for kommunesektoren, jf. nærare omtale i del I, kapittel 2.

Post 62 Nord-Noreg-tilskot

Tilskotet blir utbetalt med eit likt beløp per innbyggjar til fylkeskommunane i Nord-Noreg. I 2026 er satsen prisjustert og utgjer 1 723 kroner per innbyggjar.

Det blir foreslått å løyve 842,7 mill. kroner.

Post 90 Forskot på rammetilskot

Inntektsutjamninga i inntektssystemet omfordeler skatteinntekter mellom fylkeskommunane, og blir berekna fortløpande gjennom året basert på dei siste opplysningane om skatteinngangen. Omfordelinga skjer gjennom rammetilskotet. Sidan endeleg skatteinngang for 2026 ikkje er kjent før i

februar 2027, kan departementet i den løpande inntektsutjamninga ha behov for å utbetale forskot på rammetilskotet for 2027 i 2026. Det blir derfor foreslått at det kan utbetalast opp til 200 mill. kroner i 2026 som forskot på rammetilskot til fylkeskommunane for 2027, jf. forslag til romartalsvedtak.

Kap. 3572 Tilbakeføring av forskot

Post 90 Tilbakeføring av forskot

Ved behandlinga av Prop. 1 S (2024–2025) fekk Kommunal- og distriktsdepartementet fullmakt til å utbetale opp til 200 mill. kroner i forskot i 2025 på rammetilskot for 2026 til fylkeskommunar, jf. Innst. 5 S (2024–2025). Det er framleis uvisse om skatteinngang og inntektsutjamning for siste utbetalingstermin i 2025. Ein kan derfor ikkje angi storleiken på utbetalt forskot på rammetilskot i 2025 no og tilsvarende tilbakeføring av forskot i 2026.

Tilskot gjennom inntektssystemet i 2025 og 2026

Tabell 5.3 viser rammetilskot på kapittel og post til kommunar og fylkeskommunar i 2025 og 2026. Anslag på rekneskap 2025 er lik vedtatt løyving ved framlegging av denne proposisjonen. I korrigert anslag på rekneskap 2025 er det tatt omsyn til endringar frå 2025 til 2026 i oppgåvefordelinga mellom forvaltingsnivåa, regelendringar, innlemming av øyremerkte tilskot mv. Det gjer tala for 2025 og 2026 samanliknbare. Sjå tabell 5.4 med tilhøyrande omtale av korreksjonane.

Tabell 5.3 Tilskot gjennom inntektssystemet i 2025 og 2026

			(nominelle prisar i 1 000 kr)				
Kap. Post			Anslag på rekneskap 2025	Korrigert anslag på rekneskap 2025	Forslag 2026	Faktisk vekst 2025–2026 (pst.)	Korrigert vekst 2025–2026 (pst.)
571	60	Innbyggartilskot	193 188 464	194 962 353	198 136 710	2,6	1,6
571	61	Distriktstilskot Sør-Noreg	833 224	833 224	812 005	-2,5	-2,5
571	62	Distriktstilskot Nord-Noreg	2 576 545	2 576 545	2 670 719	3,7	3,7
571	64	Skjønstilskot	1 000 000	1 000 000	1 030 000	3,0	3,0
571	66	Veksttilskot	137 115	137 115	125 923	-8,2	-8,2
571	67	Storbytilskot	660 221	660 221	688 358	4,3	4,3
		<i>Sum kommunar</i>	<i>198 395 569</i>	<i>200 169 458</i>	<i>203 463 715</i>	<i>2,6</i>	<i>1,6</i>
572	60	Innbyggartilskot	53 292 676	53 208 532	54 711 049	2,7	2,8
572	62	Nord-Noreg-tilskot	812 094	812 094	842 724	3,8	3,8
		<i>Sum fylkeskommunar</i>	<i>54 104 770</i>	<i>54 020 626</i>	<i>55 553 773</i>	<i>2,7</i>	<i>2,8</i>
		<i>Sum kommunesektor</i>	<i>252 500 339</i>	<i>254 190 085</i>	<i>259 017 488</i>	<i>2,6</i>	<i>1,9</i>

Endringar i oppgåver mv.

Regjeringa foreslår ein realvekst i kommunesektoren sine frie inntekter på 4,2 mrd. kroner i 2026, jf. nærare omtale i del I, kapittel 2. Veksten er korrigert for endringar i oppgåvefordelinga mellom forvaltingsnivåa, regelendringar, innlemming av

øyremerkte tilskot, eingongsløyvingar mv. Tabell 5.4 viser endringane som veksten er korrigert for, med påfølgjande omtale. Korreksjonane blir gjort i rammetilskotet til kommunar og fylkeskommunar. Sjå òg Berekningsteknisk dokumentasjon til Prop. 1 S (2025–2026) Grønt hefte (H-2570 N).

Tabell 5.4 Endringar i rammetilskotet som følgje av endringar i oppgåver mv.

	(i 1 000 2026-kroner)	
	Kommunar	Fylkeskommunar
Statlege og private skular – endringar i elevtal	-97 935	-91 114
Endringar i barnevernlova (kvalitetsløftet i barnevernet)	89 123	400
Gevinstar ved nytt prøvegjennomføringssystem i skulen	-1 397	
Reduksjon i maksimal foreldrebetaling i barnehagen – heilårseffekt av endringar i 2025	1 291 742	
Nominell vidareføring av maksimal foreldrebetaling i barnehagen i 2026	100 350	
System for kompetanse- og karriereutvikling i barnehage og skule	50 000	
Særordning for private barnehagar med pensjonsavtalar basert på kommunal tenestepensjon – kompensasjon til kommunane	10 000	
Avslutning av overgangsordninga for spesialiserte fosterheimar	151 628	
Auka behov for sosialhjelp ved utfasing av stønadar til einsleg mor eller far	9 000	

Tabell 5.4 Endringar i rammetilskotet som følgje av endringar i oppgåver mv.

	(i 1 000 2026-kroner)	
	Kommunar	Fylkeskommunar
Auka basistilskot for fastlegar – heilårseffekt	244 985	
Finansiering av praksis for studentar ved Brann- og redningsskulen	-11 444	
Innlemming av tilskot til å finansiere fullføringsretten i vidaregåande opplæring		320 000
Lærlingtilskot – nominell vidareføring		-153 240
Lærlingtilskot – auka tilskot til verneverdige tradisjonshandverksfag		2 000
Avvikling av tilskot til Nordøyvegen		-86 195
Krav til nullutslepp i offentlege anbod for ferjer og ferjetenester		80 730
Avvikling av ordninga med gratis ferje		-255 000
Tilsyn med drosjesentralar		10 000
Kompensasjon til Oslo kommune for pensjon til beredskapsheimar og spesialiserte fosterheimar		1 930
Auka CO ₂ -avgift – kompensasjon til fylkeskommunane		83 400
<i>Sum</i>	<i>1 836 052¹</i>	<i>-87 089</i>

¹ Talet kjem fram som differansen mellom korrigert anslag og faktisk anslag på rekneskap 2025 (prisjustert til 2026-prisar) i tabell 5.3, kap. 571, post 60. Årsaka til eit mindre avvik mellom tala er avrunding av beløp.

Kommunane og fylkeskommunane

Statlege og private skular – endringar i elevtal

Som følgje av auken i tal på elevar i statlege og private skular blir rammetilskotet til kommunane og fylkeskommunane redusert med høvesvis 97,9 mill. kroner og 91,1 mill. kroner. Sjå Grønt hefte (H-2570 N) for nærare omtale av omfordeling for elevar i statlege og private skular.

Endringar i barnevernslova (kvalitetsløftet i barnevernet)

Stortinget vedtok i juni 2025 endringar i barnevernslova, jf. Prop. 83 L (2024–2025) og Innst. 524 L (2024–2025). Kommunane får ei plikt til å godtgjere fosterforeldre som er frikjøpt frå ordinært arbeid, som kompensasjon for manglande opptening av tenestepensjon. For å legge til rette for at kommunane skal kunne tilpasse seg lovendringa før ho trer i kraft 1. januar 2026, vart kommunane kompenserte for delar av kostnaden gjennom ein auke i rammetilskotet på 63,5 mill. kroner i 2025 (halvårseffekt). Endringa får heilårseffekt i 2026, og rammetilskotet aukar med ytterlegare 65,7 mill. kroner. I tillegg aukar rammetilskotet til kommunane med 23,4 mill. kroner for å kompen-

sere for andre endringar i barnevernslova, slik at den totale auken blir 89,1 mill. kroner. Midlane blir fordelte etter delkostnadsnøkkelen for barnevern.

Lovendringane inneber i tillegg meirkostnader for institusjonar i Oslo kommune på om lag 0,4 mill. kroner, og rammetilskotet til fylkeskommunane blir derfor auka tilsvarende. Oslo kommune blir kompensert gjennom ei særskilt fordeling innanfor rammetilskotet til fylkeskommunane (tabell C).

Sjå nærare omtale i Prop. 1 S (2025–2026) for Barne- og familiedepartementet.

Kommunane

Gevinstar ved nytt prøvegjennomføringssystem i skulen

Nytt prøvegjennomføringssystem aukar graden av digitalisering og gir òg gevinstar for kommunesektoren. Gevinstane heng i stor grad saman med digitalisering av kartleggingsprøvar i kommunane. Denne gevinsten er anslått til 1,4 mill. kroner i 2026, og rammetilskotet blir redusert tilsvarende. Sjå nærare omtale i Prop. 1 S (2025–2026) for Kunnskapsdepartementet.

Reduksjon i maksimal foreldrebetaling i barnehagen – heilårseffekt av endringar i 2025

Frå 1. august 2025 vart maksimalprisen i barnehagen redusert frå 2 000 kroner til 1 200 kroner per månad. I kommunar i sentralitetsklasse 5 og 6 vart maksimalprisen redusert frå 1 500 kroner til 700 kroner per månad. Som kompensasjon vart rammetilskotet auka med 999,5 mill. kroner i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2025. Tiltaket får heilårsverknad i 2026, og rammetilskotet aukar derfor med ytterlegare 1 272,6 mill. kroner. I tillegg aukar rammetilskotet med 19,1 mill. kroner som heilårseffekt av at maksimal foreldrebetaling vart vidareført nominelt frå 1. januar 2025. Det er lagt til grunn at effektane av dette på etterspørselen etter barnehageplassar får verknad frå hausten 2025, og dermed heilårseffekt i 2026. Midlane blir fordelte etter delkostnadsnøkkelen for barnehage og med særskilte fordelingar (tabell C) til kommunane i innsatssona i Finnmark og Nord-Troms der barnehage er gratis, og til kommunar i sentralitetsklasse 5 og 6 der maksimalsatsen er lågare. Sjå nærare omtale i Prop. 1 S (2025–2026) for Kunnskapsdepartementet.

Nominell vidareføring av maksimal foreldrebetaling i barnehagen i 2026

Maksimal foreldrebetaling i 2026 blir vidareført på same nominelle nivå som hausten 2025. Som kompensasjon blir rammetilskotet auka med 100,4 mill. kroner. Midlane blir fordelte etter delkostnadsnøkkelen for barnehage og med særskilte fordelingar (tabell C) til kommunane i innsatssona i Finnmark og Nord-Troms der barnehage er gratis og til kommunar i sentralitetsklasse 5 og 6 der maksimalsatsen er lågare. Sjå nærare omtale i Prop. 1 S (2025–2026) for Kunnskapsdepartementet.

System for kompetanse- og karriereutvikling for tilsette i barnehage og skule

Regjeringa innfører eit nytt system for kompetanse- og karriereutvikling for tilsette i barnehage og skule. Systemet er anslått å gi ein auke i kostnader til administrasjon for kommunane, særleg til nye oppgåver som barnehagemyndigheit. Som kompensasjon blir rammetilskotet til kommunane auka med 50 mill. kroner. Midlane blir fordelte etter delkostnadsnøkkelen for barnehage. Sjå nærare omtale i Prop. 1 S (2025–2026) for Kunnskapsdepartementet.

Særordning for private barnehagar med pensjonsavtalar basert på kommunal tenestepensjon – kompensasjon til kommunane

Stortinget vedtok i juni 2025 endringar i reglane for styring og finansiering av barnehagesektoren, jf. Prop. 138 L (2024–2025) og Innst. 510 L (2024–2025). Lovendringane inneber ein ny modell for å rekne ut pensjonstilskot til private barnehagar. Det blir innført ein særregel for private barnehagar med historiske forpliktingar basert på avtalar om offentleg tenestepensjon. Kommunane blir kompenserte for meirkostnader som følgje av særregelen. Rammetilskotet blir derfor auka med 10 mill. kroner. Midlane blir fordelte etter delkostnadsnøkkelen for barnehage. Sjå nærare omtale i Prop. 1 S (2025–2026) for Kunnskapsdepartementet.

Avslutning av overgangsordninga for spesialiserte fosterheimar

Barnevernsreforma trådde i kraft 1. januar 2022, og kommunane er kompenserte for reforma gjennom rammetilskotet. For spesialiserte fosterheimar og beredskapsheimar er det ei overgangsordning, som inneber at kommunane betaler lågare eigenandel for plassane som starta før barnevernsreforma tok til å gjelde. Overgangsordninga blir avslutta frå og med 1. januar 2026, slik at kommunane skal betale full eigenandel for desse plassane frå og med 2026. For å kompensere kommunane for meirutgiftene som følgjer av dette blir rammetilskotet auka med 151,6 mill. kroner. Midlane blir fordelte etter delkostnadsnøkkelen for barnevern. Sjå nærare omtale i Prop. 1 S (2025–2026) for Barne- og familiedepartementet.

Auka behov for sosialhjelp ved utfasing av stønader til einsleg mor eller far

Regjeringa foreslår å fase ut stønader til einsleg mor eller far for hovudgruppa av mottakarar frå 1. juli 2026. Endringa gjeld for nye tilfelle. Einslege med barn under 14 månader eller einslege med særleg tilsynskrevjande barn skal framleis kunne få innvilga stønadane. Som følgje av utfasinga er det lagt til grunn at utgiftene til økonomisk sosialhjelp vil auke. Rammetilskotet til kommunane blir auka med 9 mill. kroner som kompensasjon for dette. Midlane blir fordelte etter delkostnadsnøkkelen for sosiale tenester. Sjå nærare omtale i Prop. 1 S (2025–2026) for Arbeids- og inkluderingsdepartementet.

Auka basistilskot for fastlegar – heilårseffekt

Delen som basistilskotet utgjer av finansieringa av fastlegane vart auka frå 1. juli 2025, jf. Prop. 151 S (2024–2025) og Innst. 546 S (2024–2025). For å kompensere kommunane for auken vart rammetilskotet auka med 236,7 mill. kroner i 2025. Endringa får heilårseffekt i 2026. Rammetilskotet blir derfor auka med ytterlegare 245 mill. kroner. Midlane blir fordelte etter delkostnadsnøkkelen for kommunehelse.

Finansiering av praksis for studentar ved Brann- og redningsskulen

Med etableringa av fagskuleutdanning ved Brann- og redningsskulen får staten ved Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap eit større økonomisk ansvar for opplæring av brann- og redningspersonell enn tidlegare, inkludert gjennomføring av praksisperiode i brann- og redningsvesenet i kommunane. Kommunane får innsparingar som følgje av omlegginga, som er anslått til 22,9 mill. kroner årleg når endringa er fullt innfasa i 2028. I ein overgangsperiode vil både staten og kommunane ha utgifter til gjennomføring av praksis. For 2026 er det anslått at kommunane får reduserte utgifter på 11,4 mill. kroner, og rammetilskotet blir derfor redusert tilsvarende. Sjå nærare omtale i Prop. 1 S (2025–2026) for Justis- og beredskapsdepartementet.

*Fylkeskommunane**Innlemming av tilskot til å finansiere fullføringsretten i vidaregåande opplæring*

Med ny opplæringslov, som trådde i kraft 1. august 2024, er det innført ein rett til opplæring fram til ein har fullført vidaregåande opplæring (fullføringsretten). Fylkeskommunane er kompenserte for retten med eit øyremerkte tilskot på Kunnskapsdepartementet sitt budsjett, som utgjer 320 mill. kroner i 2025. Som varsla i kommuneproposisjonen for 2026 foreslår regjeringa å innlemme desse midlane i rammetilskotet i statsbudsjettet for 2026. Rammetilskotet til fylkeskommunane blir derfor auka med 320 mill. kroner, som blir fordelt etter delkostnadsnøkkelen for vidaregåande opplæring. Sjå nærare omtale i Prop. 1 S (2025–2026) for Kunnskapsdepartementet.

Lærlingtilskot – nominell vidareføring

Lærlingtilskotet er foreslått vidareført i 2026 på same nominelle nivå som i 2025. Som følgje av

dette blir rammetilskotet redusert med 153,2 mill. kroner.

Lærlingtilskot – auka tilskot for verneverdige tradisjonshandverksfag

Regjeringa foreslår å auke lærlingtilskotet for verneverdige tradisjonshandverksfag. Rammetilskotet aukar med 2 mill. kroner for å kompensere fylkeskommunane for auken. Midlane blir fordelte etter delkostnadsnøkkelen for vidaregåande opplæring. Sjå nærare omtale i Prop. 1 S (2025–2026) for Kunnskapsdepartementet.

Avvikling av tilskot til Nordøyvegen

I statsbudsjetta for 2024 og 2025 har det blitt løyvd midlar til ferjeavløysingsprosjektet Nordøyvegen i Møre og Romsdal. Det er gitt eit tilskot til dekking av kapitalkostnader for dei første fem åra etter ferdigstilling av prosjektet, men midlane vart utbetalt over to år. Tilskotet skal ikkje vidareførast i 2026, og rammetilskotet blir derfor redusert med 86,2 mill. kroner.

Krav til nullutslepp i offentlege anbod for ferjer og ferjetenester

Frå 1. januar 2025 er det innført krav til nullutslepp i offentlege anbod for ferjer og ferjetenester. Kompensasjonen til fylkeskommunane vil bli justert årleg for å reflektere meirkostnadene ved innføring av kravet. Fylkeskommunane vart kompenserte med 50 mill. kroner i statsbudsjettet for 2025. I statsbudsjettet for 2026 aukar kompensasjon med ytterlegare 80,7 mill. kroner. Midlane blir fordelte særskilt (tabell C) etter ferjekriteriet i kostnadsnøkkelen for 2026. Sjå nærare omtale i Prop. 1 S (2025–2026) for Samferdselsdepartementet.

Avvikling av ordninga med gratis ferje

Regjeringa foreslår å avvikle ordninga med gratis ferje. Ordninga med reduserte ferjetakstar på riks- og fylkesvegferjesamband blir vidareført, og samband som har vore omfatta av ordninga med gratis ferje vil framleis vere ein del av ordninga med reduserte ferjetakstar. Fylkeskommunane har blitt kompenserte for ordninga med gratis ferje gjennom rammetilskotet. Som følgje av at ordninga blir avvikla, blir rammetilskotet redusert med 255 mill. kroner. Sjå nærare omtale i Prop. 1 S (2025–2026) for Samferdselsdepartementet.

Tilsyn med drosjesentralar

Regjeringa vil innføre eit krav om at alle drosjesentralar og drosjeløyvehavarar skal ha eit internkontrollsystem. Fylkeskommunane skal vere tilsynsmyndigheit, jf. Prop. 139 L (2024–2025) og Innst. 517 (2024–2025). Det er lagt til grunn meir kostnader for fylkeskommunane på 20 mill. kroner årleg som følgje av dette og andre administrative oppgåver i det endra drosjeregulverket. Reglane vil tidlegast tre i kraft frå 1. juli 2026. Rammetilskotet blir derfor auka med 10 mill. kroner i 2026 (halvårseffekt). Sjå nærare omtale i Prop. 1 S (2025–2026) for Samferdselsdepartementet.

Kompensasjon til Oslo kommune for pensjon til beredskapsheimar og spesialiserte fosterheimar

Stortinget har endra lov om pensjonsordning for oppdragstakar i beredskapsheimar eller spesialiserte fosterheimar, jf. Prop. 5 L (2024–2025) og Innst. 89 L (2024–2025). Endringa trådde i kraft 1. juli 2025 og gir òg beredskapsheimar i Oslo kom-

mune rett til medlemskap i Statens pensjonskasse, tilsvarende statlege beredskapsheimar. Kostnaden for lovendringa er rekna til om lag 4 mill. kroner. I samband med revidert nasjonalbudsjett for 2025 vart Oslo kommune kompensert med 2 mill. kroner. Endringa får heilårseffekt i 2026, og rammetilskotet blir derfor auka med ytterlegare 1,9 mill. kroner. Oslo kommune blir kompensert gjennom ei særskilt fordeling (tabell C).

Auka CO₂-avgift – kompensasjon til fylkeskommunane

Regjeringa foreslår å auke CO₂-avgifta med 14 pst. ut over prisjustering i 2026. Meirutgiftene for fylkeskommunale hurtigbåtar, ferjer og bussar i 2026 er anslått til i alt 83,4 mill. kroner. Det er korrigert for kontraktar som har gått ut og som har blitt kompenserte i tidlegare år, noko som fører til ein auke med høvesvis 28, 14,7 og 40,7 mill. kroner i rammetilskotet knytt til ferjer, hurtigbåtar og bussar. Rammetilskotet til fylkeskommunane blir derfor auka med 83,4 mill. kroner. Sjå nærare omtale i Prop. 1 LS (2025–2026) *Skatter og avgifter 2026*.

Kap. 573 Kommunestruktur

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
62	Delingskostnader	213 700		
	Sum kap. 573	213 700		

Post 62 Delingskostnader

Stortinget vedtok ved handlinga av Prop. 113 LS (2021–2022) og Prop. 127 S (2021–2022) å dele Ålesund kommune og fylkeskommunane Vestfold og Telemark, Troms og Finnmark og Viken med verknad frå 1. januar 2024. Direkte og nødvendige delingskostnader er kompenserte

gjennom ei søknadsordning basert på ei nøktern tilnærming. Det vart løyvd totalt 581,5 mill. kroner til dette i 2023 og ytterlegare 213,7 mill. kroner i 2024. Tilskotet til Ålesund og delar av tilskotet til fylkeskommunane vart utbetalte i 2023. Den resterande delen av tilskota til fylkeskommunane vart utbetalt i 2024.

Kap. 575 Ressurskrevjande tenester

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
60	Toppfinansieringsordning, <i>overslagsløyving</i>	13 504 511	14 523 930	14 249 945
61	Tilleggskompensasjon	88 409	92 211	95 899
	Sum kap. 575	13 592 920	14 616 141	14 345 844

Post 60 Toppfinansieringsordning, overslagsløyving

Mål for ordninga

Ordninga skal legge til rette for at kommunane kan gi eit godt tenestetilbod til mottakarar som har krav på omfattande helse- og omsorgstenester. Kommunane har ansvar for å gi helse- og omsorgstenester til dei som har krav på dette i samsvarende med helse- og omsorgstenestelova. Tenestene blir finansiert i hovudsak gjennom dei frie inntektene til kommunane (skatteinntekter og rammetilskot). Behovet for ressurskrevjande tenester varierer mykje mellom kommunar. Det finst ikkje objektive kriterium i inntektssystemet som kan fange opp denne variasjonen i kostnader.

Tildelingskriterium

Kommunane får refundert delar av utgiftene til tenester til menneske som får omfattande helse- og omsorgstenester. Dette kan mellom anna gjelde personar med psykisk utviklingshemming, nedsett funksjonsevne, personar med rusmiddelproblem og menneske med psykiske lidningar. For 2026 blir det foreslått at kommunane på landsbasis får kompensert 80 pst. av eigne netto lønsutgifter i 2025 til helse- og omsorgstenester ut over eit innslagspunkt på 1 921 000 kroner.

Netto lønskostnader er løn til tilsette og tilhøyrande sosiale kostnader, minus øyremerkte tilskot og tilskot gjennom inntektssystemet. Tilskotsordninga gjeld for tenestemottakarar til og med det året dei fyller 67 år. For tenestemottakarar over 67 år blir delar av utgiftene fanga opp gjennom dei ordinære kriteria i kostnadsnøkkelen som ligg til grunn for fordelinga av rammetilskot til kommunane.

Stortinget vedtok i samband med behandlinga av Prop. 1 S for 2025 å endre modellen for berekning av eigenandelar over innslagspunktet. Først

blir det rekna ut ein eigenandel utover innslagspunktet med eit likt beløp per innbyggjar. Eigendelen er ein variabel og blir endeleg berekna etter at dei samla krava er sendt inn frå kommunane våren 2026. Deretter blir det berekna ein eigenandel på 10 pst. av kommunen sine samla utgifter over innslagspunktet etter at eigenandelen per innbyggjar er trekt frå. Denne eigenandelen ligg fast.

Inntektssystemet – kriteriet for personar med utviklingshemming

I kommuneproposisjonen for 2025 og Prop. 1 S (2024–2025) vart det vist til konsekvensane for toppfinansieringsordninga når inntektssystemet vart endra frå 2025 og kriteriet for «personar med utviklingshemming 16 år og over» vart vektta ned.

Verdien av kriteriet blir trekt frå når kommunane skal berekne netto lønsutgifter i tilskotsordninga. Ved lågare vekt blir det trekt frå mindre i toppfinansieringsordninga, og difor blir tilskotet isolert sett høgare. Endringane i inntektssystemet gir auka netto lønsutgifter i toppfinansieringsordninga med nærare 1 mrd. kroner. For å oppretthalde nivået på tilskotet må innslagspunktet auke med om lag 155 000 kroner for at den samla budsjetteffekten skal bli nøytral.

Oppfølging og kontroll

Kommunen skal sende rapporteringsskjema med dokumentasjon til kommunerevisor, som gir ei revisjonsfråsegn til kravet frå kommunen. Kommunen skal deretter sende endeleg rapporteringsskjema og revisjonsfråsegna til Helsedirektoratet gjennom Altinn. Kommunal- og distriktsdepartementet, Helsedirektoratet og Riksrevisjonen kan føre kontroll med innrapporteringa til kommunane.

Rapport

Tilskotet for 2025 er ein refusjon for utgiftene kommunane hadde i 2024. Tilskotet til dei kommunane som tilfredsstilte kriteria for tilskot, vart fordelt av Helsedirektoratet i mai 2025. Det vart kravd til saman 13 356 mill. kroner i refusjon. Etter at det vart trekt i overkant av 18 mill. kroner i for mykje utbetalt tilskot tidlegare år, vart det utbetalt 13 337 mill. kroner. Dette er 1 187 mill. kroner eller vel 8 pst. lågare enn saldert budsjett for 2025. Utbetalingane i 2025 vart redusert med 167 mill. kroner eller vel 1 pst. nominelt samanlikna med utbetalingane i 2024. Tala frå Helsedirektoratet for 2025 viser at 8 433 ressurskrevjande mottakarar var omfatta av ordninga. Dette er ein reduksjon på 2,7 pst. samanlikna med 2024. Eigenandelen per innbyggjar vart berekna til 335 kroner ved utbetalingane i 2025.

Det har vore store svingingar i pensjonspremiar som kommunane betaler til pensjonskassene dei siste åra. Dette førte til eit meirforbruk i tilskotsordninga i 2024. Årsaka til reduksjonen i utbetalingane i 2025 samanlikna med saldert budsjett for 2025 kan nærast i sin heilskap knytast til ein betydeleg reduksjon i pensjonspremiar i kommunane i 2024.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2026

Forslaget til løyving for 2026 tar utgangspunkt i faktiske krav for 2025 på 13 355,6 mill. kroner. Krava i 2025 er framskrivne til 2026 på grunnlag av gjennomsnittleg underliggende vekst i ordninga frå 2021 til 2024 som var på om lag 2,2 pst. Det gir isolert sett ein auke på 293,8 mill. kroner. Det blir korrigert for lønsauken i kommunane i 2025 på 4,4 pst., noko som utgjer om lag 600,6 mill. kroner.

Innslagspunktet for 2026 er berekna til 1 921 000 kroner. Utgangspunktet for innslagspunktet i 2026 er innslagspunktet for 2025 på 1 692 000 kroner. Den berekna lønsauken for 2025 er på 4,4 pst., noko som isolert sett betyr ein auke i innslagspunktet på 74 000 kroner. Til slutt må ein ta omsyn til konsekvensane av nedvektinga av kriteriet for «personar med utviklingshemming 16 år og over», som isolert sett gir ein auke i innslagspunktet på 155 000 kroner. Dette gir eit nytt innslagspunkt på 1 921 000 kroner. Eigenandelen per innbyggjar er berekna til 355 kroner.

Det blir foreslått å løyve 14 249,9 mill. kroner.

Post 61 Tilleggskompensasjon

Mål for ordninga

Tilleggskompensasjonen skal legge til rette for at mindre kommunar som har spesielt høge utgifter til ressurskrevjande tenester, kan gi eit godt tenestetilbod til mottakarar som har krav på omfattande helse- og omsorgstenester.

Tildelingskriterium

Følgjande kriterium gjeld for at kommunar skal kvalifisere for tilskotet:

- kommunen har høge utgifter til ressurskrevjande tenester per innbyggjar
- kommunen har færre enn 3 200 innbyggjarar
- kommunen har gjennomsnittlege skatteinntekter dei siste tre åra som er lågare enn 120 pst. av landsgjennomsnittet.

Med utgifter til ressurskrevjande tenester meiner ein her den delen av rapporterte nettoutgifter i toppfinansieringsordninga som ikkje blir dekt av toppfinansieringstilskotet, det vil seie «eigenandelar»/utgifter opp til innslagspunktet, og dessutan dei to eigenandelane over innslagspunktet. Dei kommunane som oppfyller kriteria i dei to siste strekpunkta over, får kompensert 80 pst. av utgiftene over ein terskelverdi per innbyggjar. Terskelverdien er berekna til 5 150 kroner per innbyggjar for 2026. Den faktiske terskelverdien vil bli berekna i samband med Helsedirektoratet si tildeling av tilskotet våren 2026, og kan avvike frå denne berekninga.

Oppfølging og kontroll

Kommunal- og distriktsdepartementet, Helsedirektoratet og Riksrevisjonen kan føre kontroll med innrapporteringa til kommunane.

Rapport

I 2025 vart det utbetalt 92,2 mill. kroner til 31 kommunar. Terskelverdien vart berekna til 5 166 kroner per innbyggjar.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2026

Det blir foreslått å løyve 95,9 mill. kroner.

Kap. 577 Tilskot til dei politiske parti

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Driftsutgifter	5 489	8 106	8 333
70	Sentrale organisasjonar	363 505	389 852	403 887
71	Kommunale organisasjonar	38 788	40 691	42 156
73	Fylkesorganisasjonar	85 321	88 923	92 124
75	Fylkesungdomsorganisasjonar	28 702	32 215	33 375
76	Sentrale ungdomsorganisasjonar	12 185	15 818	16 387
Sum kap. 577		533 990	575 605	596 262

Mål for ordninga

Tilskot til politiske parti skal bidra til at dei registrerte politiske partia har økonomiske midlar til å løyse sine kjerneoppgåver. Ordninga støttar opp om mål 1 Eit velfungerande demokrati.

Tildelingskriterium

Følgjande politiske parti får tilskot:

- Alle registrerte politiske parti som har søkt og fyller krava i partiloven, får i utgangspunktet økonomisk stønad.
- Statleg partistønad blir gitt til registrerte politiske parti på nasjonalt, fylkeskommunalt og kommunalt nivå som fekk stemmer ved førre val.
- På grunnlag av morpartiet sin del av stemmene, blir det òg gitt stønad til dei politiske partia sine ungdomsorganisasjonar på nasjonalt og fylkeskommunalt nivå.

Oppfølging og kontroll

Etter partiloven § 10 skal ikkje styresmaktene føre kontroll med korleis partia disponerer stønaden. Det skal heller ikkje setjast vilkår til offentlig partistønad som kan kome i konflikt med sjølvstendet og uavhengigheita til dei politiske partia.

Kapittel 5 i partiloven gir Partilovnemnda myndigheit til å kontrollere at partia overheld føresegnene om finansiering i lova. Ved brot på føresegnene i kapittel 4, kan nemnda avkorte stønaden heilt eller delvis for eitt år av gongen. Nemnda kan bruke sitt særskilde ekspertorgan, Partirevisjonsutvalet, i kontrollen av partia. Dei administrative

oppgåvene i forbindelse med partiloven blir forvalta av Kommunal- og distriktsdepartementet og Statsforvaltaren i Vestland (SFVL). Statistisk sentralbyrå (SSB) samlar inn, behandlar og offentliggjør informasjon om partia sine finansielle forhold. Partilovnemnda har det overordna myndighetsansvaret for enkeltsaker etter lova.

Rapport

Partilovnemnda held i 2024 fram med ei streng handheving av partia si plikt til å rapportere økonomisk informasjon innan 1. juni året etter. Heile 102 partiledde som ikkje leverte rapport, mista partistøtta i 2024, medan 28 partiledde fekk formell åtvaring for å ha brote fristen. Våren 2024 fatta nemnda fem vedtak om formell åtvaring og fem vedtak om avkorting i partistøtta for brot på den særskilde rapporteringsplikta i valår (2023). I tillegg behandla nemnda fem klagesaker. På oppdrag frå nemnda kontrollerte Partirevisjonsutvalet rekneskapane til 35 tilfeldig utvalde parti og partiledde i 2024. Funna vart dokumenterte i ein kontrollrapport i januar 2025. På bakgrunn av dette fatta nemnda våren 2025 to vedtak om formell åtvaring og vedtok å avkorte partistøtta til åtte partiledde. Ved frist 1. juni 2025 hadde 3 086 av i alt 3 237 rapporteringspliktige parti og partiledde rapportert om sin økonomi for 2024 til SSB. Dette svarer til 95,3 pst. av alle einingar som er omfatta av partiloven, noko som er på same nivå som året før (95,2 pst. i 2024).

I samband med rapporteringa om økonomi gjennomførte SSB og Statsforvaltaren i Vestland totalt fire digitale møter om rapporteringsløysinga. Møta blei helde både på dagtid og på

kveldstid, som eit tilbod for dei som hadde spørsmål til rapporteringa. Totalt deltok om lag 250 personar på møta.

Kommunal- og distriktsdepartementet lanserte IKT-prosjektet «Partiregnskap» i 2022. Systemet skal gjere det enklare og meir effektivt for parti og partiledde å oppfylle pliktane etter partiloven. «Partiregnskap» er utvikla vidare slik at det frå og med 1. januar 2023 er i bruk for registrering og innrapportering av bidrag i valår. Frå 2024 er systemet òg brukt til å levere den årlege økonomi-rapporten til SSB.

Departementet, Partilovnemnda, SSB og Statsforvaltaren i Vestland gjennomførte i 2024 ei regional møterunde der tema mellom anna var rettar og plikter etter partiloven. Alle parti og partiledde var invitert til å delta. Det vart halde møte i Tromsø, Trondheim, Bergen og Oslo.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2026

Post 01 Driftsutgifter

Posten dekkjer mellom anna utgifter til drift av Partilovnemnda, Partirevisjonsutvalet, Partiportalen, Statsforvaltaren i Vestland, Statsforvaltarens fellestenester og Partiregisteret som Brønnøysundregistra forvaltar.

Det blir foreslått å løyve 8,3 mill. kroner.

Post 70 Sentrale organisasjonar

Løyvinga er øyremerkt registrerte politiske parti på nasjonalt nivå og blir fordelt slik at 90 pst. går til stemmestønad og 10 pst. til grunnstønad. Departementet betaler ut tilskotet på grunnlag av søknad for kvar stortingsvalperiode. Stemmestønad blir utbetalt som ein fast sats per stemme rekna ut på grunnlag av den årlege løyvinga og resultatet frå føregåande stortingsval. Grunnstønad blir utbetalt til partiet sin hovudorganisasjon dersom partiet fekk minst 2,5 pst. oppslutning på landsbasis eller vann minst eit mandat ved føregåande stortingsval. Grunnstønaden blir delt likt mellom desse partia.

Det blir foreslått å løyve 403,9 mill. kroner.

Post 71 Kommunale organisasjonar

Løyvinga er øyremerkt kommuneorganisasjonar under registrerte politiske parti og blir fordelt slik at 90 pst. går til stemmestønad og 10 pst. til grunnstønad. Det er eit krav at partiet må ha ein

organisasjon i den respektive kommunen for å få stønad. Statsforvaltaren i Vestland betaler ut tilskotet på grunnlag av søknad for kvar kommune-styrevalperiode. Stemmestønad blir betalt ut frå første stemme utan sperregrense. Satsen er berekna på grunnlag av den årlege løyvinga og resultatet frå føregåande kommunestyreval. Grunnstønad blir løyvd til partia sine kommuneorganisasjonar dersom partiet fekk minst 4 pst. oppslutning i kommunen eller vann minst eitt mandat ved føregåande kommunestyreval. Grunnstønaden blir delt likt mellom desse partia.

Det blir foreslått å løyve 42,2 mill. kroner.

Post 73 Fylkesorganisasjonar

Løyvinga er øyremerkt fylkesorganisasjonar under registrerte politiske parti og blir fordelt slik at 90 pst. går til stemmestønad og 10 pst. til grunnstønad. Det er eit krav at partiet må ha ein organisasjon i det respektive fylket for å få stønad. Statsforvaltaren i Vestland betaler ut tilskotet på grunnlag av søknad for kvar fylkestingsvalperiode. Stemmestønad blir betalt ut frå første stemme utan sperregrense. Satsen er berekna på grunnlag av den årlege løyvinga og resultatet frå føregåande fylkestingsval. Grunnstønad blir løyvd til partia sine fylkesorganisasjonar dersom partiet fekk minst 4 pst. oppslutning i fylket eller vann minst eitt mandat ved førre fylkestingsval. Grunnstønaden blir delt likt mellom desse partia.

Det blir foreslått å løyve 92,1 mill. kroner.

Post 75 Fylkesungdomsorganisasjonar

Løyvinga går til parti med fylkesungdomsorganisasjonar og blir betalt ut i samsvar med talet på stemmer som morpartiet fekk ved føregåande fylkestingsval. Statsforvaltaren i Vestland betaler ut tilskotet på grunnlag av søknad for kvar fylkestingsvalperiode.

Det blir foreslått å løyve 33,4 mill. kroner.

Post 76 Sentrale ungdomsorganisasjonar

Løyvinga går til parti med ein sentral ungdomsorganisasjon og blir betalt ut i samsvar med talet på stemmer som morpartiet fekk ved føregåande stortingsval. Departementet betaler ut tilskotet på grunnlag av søknad for kvar stortingsvalperiode.

Det blir foreslått å løyve 16,4 mill. kroner.

Kap. 578 Valdirektoratet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Driftsutgifter	69 541	120 742	78 046
70	Informasjonstiltak		6 118	
	Sum kap. 578	69 541	126 860	78 046

Post 01 Driftsutgifter

Posten dekker løn til dei tilsette, husleige og andre faste driftsutgifter for Valdirektoratet. Direktoratet har det operative ansvaret for valg gjennomføring på statleg nivå. Direktoratet er lokalisert i Tønsberg og hadde 32 avtalte årsverk i 2024.

Rapport

Aktivitetane i 2024 var i stor grad retta mot tilrettelegging for gjennomføring av stortings- og sameTINGSVALET i 2025.

Valdirektoratet har arbeidd for sikkerheit og beredskap i alle fasar av valg gjennomføringa. Val-konferansen vart gjennomført fysisk på fem stader i landet, og den eine blei sendt digitalt. Direktoratet har utvikla ei ny løysing for å utarbeide manntalet til valet, og ei ny løysing for protokollering ved val er under utvikling. Portefølje for systemstøtte til val er i prosess for modernisering, og løysinga for maskinell oppteljing av stemmesetlar er vidareutvikla. I tillegg er valmateriell og valutstyr som direktoratet tilbyr omarbeidd.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2026

Direktoratet sine hovudaktivitetar i 2026 vil vere å legge til rette for ei korrekt, sikker, open og til-

litvekkande gjennomføring av kommunestyre- og fylkestingsvalet i 2027 og forvaltning, vidareutvikling og modernisering av det elektroniske valadministrative systemet EVA. Direktoratet må ta høgde for endringane i valg gjennomføringa som følgjer av ny vallov.

Det blir foreslått å løyve 78 mill. kroner. Reduksjonen frå 2025 skuldast at det ikkje skal gjennomførast val i 2026.

Post 70 Informasjonstiltak

Rapport

Tilskotsordninga skal bidra til å auke dei stemmeføre sin kunnskap om valet og/eller auke valdelta-kinga. Ved stortings- og sametingsvalet i 2025 fordelte Valdirektoratet tilskot på til saman 6,1 mill. kroner. Totalt 15 organisasjonar og andre aktørar fekk tilskot. Tiltaka som har fått støtte er blant anna valinformasjon til veljarar med funksjonsnedsettingar, informasjonsfilmar og anna informasjonsmateriell til innvandrarakar, kampanjar retta mot ungdom på sosiale medium og i podcastar, og informasjonstiltak retta mot kvinner og unge jenter med minoritetsbakgrunn.

Sidan det ikkje er val i 2026 blir det ikkje fremja budsjettforslag.

Kap. 579 Valutgifter

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Driftsutgifter		8 600	8 832
	Sum kap. 579		8 600	8 832

Post 01 Driftsutgifter

Posten dekker departementet sine utgifter knytt til val, mellom anna til løn, utgreiing og analyse, evaluering og regelverksforvalting på valområdet og etatsstyring av Valdirektoratet. I tillegg dekker

posten mellom anna utgifter til register for statssekretærars og politiske rådgivarars verv og økonomiske interesser. Løyvinga blei flytta frå kap. 500, post 21 i 2025.

Det blir foreslått å løyve 8,8 mill. kroner.

Kap. 5616 Kommunalbanken AS

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
85	Aksjeutbytte	700 000	700 000	700 000
	Sum kap. 5616	700 000	700 000	700 000

Post 85 Aksjeutbytte

Kommunalbanken er eit heileigd statleg aksjeselskap. Mål og grunngiving for staten sin eigarskap er uttrykt i Meld. St. 6 (2022–2023) *Et grønnere og mer aktivt statlig eierskap*.

Staten eig Kommunalbanken for å tilby stabil, langsiktig og effektiv finansiering til kommunesektoren. Staten sitt mål som eigar er høgast mogleg avkastning over tid innanfor berekraftige rammer.

For nærare informasjon om verksemda i Kommunalbanken, sjå årsrapporten til selskapet og Statens eigarrapport for 2024.

Budsjettforslag for 2026

Frå 2023 har staten ei langsiktig utbytteforventning for Kommunalbanken på om lag 55 pst. av

kjernerresultatet etter skatt, gitt tilfredsstillande kapitaldekning. Langsiktig utbytteforventning gjeld for ein periode på 4–5 år. Årleg utbytteforventning er basert på ei vurdering av den aktuelle situasjonen for selskapet, mellom anna resultatutvikling, finansiell situasjon og kapitalsituasjonen, og vil kunne avvike frå langsiktig forventning.

Aksjeutbytte for rekneskapsåret 2025 blir løyvd over statsbudsjettet for 2026. Utbytte er anslått til 700 mill. kroner. Årsrekneskap for 2025 og annan vesentleg informasjon om den aktuelle situasjonen for selskapet vil inngå i styret og eigar si vurdering av storleiken på utbytte. Denne informasjonen er ikkje kjent på noverande tidspunkt. Det er derfor stor usikkerheit knytt til utbytteanslaget. Oppdatert anslag blir eventuelt lagt fram i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2026.

Programkategori 13.80 Bustad, bumiljø og bygg

Utgifter under programkategori 13.80 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026	Endring i pst.
581	Bustad- og bumiljøtiltak	4 547 406	4 175 496	4 356 906	4,3
585	Husleigetvistutvalet	39 658	43 080		-100,0
587	Direktoratet for byggkvalitet	162 421	184 804	219 724	18,9
2412	Husbanken	23 595 535	29 034 189	31 925 510	10,0
	Sum kategori 13.80	28 345 020	33 437 569	36 502 140	9,2

Inntekter under programkategori 13.80 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026	Endring i pst.
3585	Husleigetvistutvalet	3 836	3 366		-100,0
3587	Direktoratet for byggkvalitet	41 926	40 990	41 203	0,5
5312	Husbanken	11 939 680	15 210 444	14 234 895	-6,4
5615	Husbanken	7 317 571	7 661 000	8 480 000	10,7
	Sum kategori 13.80	19 303 013	22 915 800	22 756 098	-0,7

Innleiing

Kommunal- og distriktsdepartementet skal bidra til eigna bustader og trygge buforhold i heile landet, og at vanskelegstilte på bustadmarknaden kan skaffe seg ein eigna bustad og behalde han. Departementet har ansvar for regelverk og andre verkemiddel som skal fremje god byggkvalitet og effektive prosessar i byggesaker. Departementet har òg ansvar for plan- og bygningslova. Plandelen av lova er omtalt under programkategori 13.90. I tillegg har departementet ansvar for å sikre ei balansert regulering av rettar og plikter ved leige av bustad og blant bustadeigarar. Det inkluderer bustadbyggelagslova, burettslagslova, eigarseksjonslova og husleigelova.

Det er kommunane som set i verk bustad- og bygningspolitikken lokalt, medan det i hovudsak er private som bygger, utbetrar og finansierer bustad- og bygningsmassen. Staten sørgjer for gode rammer for bustad- og bygningssektoren gjennom å utvikle og forvalte regelverk, økonomiske ordningar og kunnskap.

Kommunal- og distriktsdepartementet samarbeider med andre departement for å sikre ein heilskapleg bustad- og bygningspolitikk. Innanfor bustad-, bumiljø- og byggområdet har departementet tre underliggende verksemdar som er faginstansar på sine område: Direktoratet for byggkvalitet, Husbanken og Husleigetvistutvalet. Frå 2026 vil Husleigetvistutvalet vere ein del av Husbanken si verksemd.

Direktoratet for byggkvalitet (DiBK) skal bidra til at det blir bygd sikre, miljøvenlege og tilgjengelege bustader og bygg på ein effektiv måte, og at krava til byggverk blir følgt. DiBK er tilsynsmyndigheit for byggevarer og har ansvar for Sentral godkjenning for ansvarsrett, som er ei frivillig ordning der byggefirma kan få førehandsvurdert kvalifikasjonane sine.

I Meld. St. 13 (2023–2024) *Bustadmeldinga – ein heilskapleg og aktiv bustadpolitikk for heile landet* fekk Husbanken eit fornya samfunnsoppdrag: «Husbanken skal førebygge at folk blir vanskelegstilte på bustadmarknaden, bidra til at fleire kan skaffe seg og behalde ein eigna bustad og støtte kommunane i deira bustadpolitiske arbeid». Vanskelegstilte på bustadmarknaden skal framleis ha førsteprioritet. Det nye samfunnsoppdraget inneber at Husbanken i større grad skal støtte opp om kommunane sitt heilskaplege bustadpolitiske arbeid. I bustadmeldinga fekk Husbanken òg eit nasjonalt fagansvar for leigemarknaden. Husbanken forvaltar økonomiske verkemiddel som bustøtte, tilskot og lån. Gjennom låneordningane skal Husbanken òg stimulere til tilgjengelege og miljøvenlege bustader og bumiljø. I tillegg forvaltar Husbanken ordningar for andre departement.

Husleigetvistutvalet (HTU) skal bidra til ein velfungerande leigemarknad ved å styrkje rettstryggleiken til leigetakarane og utleigarane. HTU er eit tvisteløysingsorgan som kan handsame alle typar tvistar om leige av bustad etter husleigelova.

Eit av grepa regjeringa gjer for å styrkje innsatsen på leigemarknaden er å slå saman Husbanken og HTU frå 1. januar 2026. Samanslåinga skal både bidra til at sakshandsaminga av husleigetvistar blir meir robust, men òg til meir kunnskap om kva som må til for å førebygge tvistar. Handsaminga av husleigetvistar vil framleis vere fagleg uavhengig. HTU er regulert i husleigelova § 12-5. Regjeringa har lagt fram ein lovproposisjon med forslag til endring ordlyden i denne lovføresegna. Forslaget legg til rette for at HTU kan bli ein del av Husbanken si verksemd, samstundes som det blir presisert at HTU si sakshandsaming framleis skal vere fagleg uavhengig, jf. Prop. 169 L (2024–2025) *Endringer i husleieloven (omorganisering av Husleietvistutvalget)*. Sjå òg omtale under kap. 2412, post 01 Driftsutgifter og kap. 5312, post 02 Gebyr husleigetvistar.

Mål for programkategorien

1. Tilgang på eigna bustader og trygge buforhold i heile landet

2. Berekraftig byggeverksemd med digitale og effektive byggeprosessar

Mål 1 Tilgang på eigna bustader og trygge buforhold i heile landet

Bustadpolitikken skal bidra til å jamne ut sosiale og geografiske forskjellar. Alle skal bu godt og trygt, og dei som ikkje sjølv kan skaffe seg og behalde ein eigna bustad skal få den hjelpa dei treng. Regjeringa sin bustadpolitikk er forankra i Meld. St. 13 (2023–2024).

Fleire skal få høve til å eige eigen bustad, og startlånet er det viktigaste verkemiddelet for å hjelpe fleire inn på bustadmarknaden. Kommunane kan gi startlån til personar som over lengre tid ikkje har høve til å spare opp tilstrekkeleg eigenkapital sjølv. Regjeringa har sett i gang forsøk der kommunane kan gi startlån til førstegongsetablerarar som er noko betre økonomisk stilte enn dei som får startlån per i dag.

Regjeringa vil òg legge til rette for ulike bustadkjøpsmodellar og fremja forslag til endringar i burettslagslova og eigarseksjonslova for Stortinget i juni 2025. Lovforslaget skal legge betre til rette for bustadkjøpsmodellane deleige og leige til eige, og styrkje omsynet til forbrukarane.

Ein velfungerande leigemarknad er viktig for å sikre trygge og gode leigeforhold, ein fleksibel arbeidsmarknad og for den økonomiske stabiliteten i landet.

Regjeringa vil styrkje innsatsen på leigemarknaden og tar fem grep:

- Styrkjer butryggleiken og bidrar til at folk har råd til å betale husleiga. Bustøtta er eit viktig verkemiddel som støtter opp om dette.
- Styrkjer tilbodet på marknaden og sikrar fleksibilitet for utleigarar. Ei høg låneramme hos Husbanken og auka tilskot til studentbustader er døme på dette.
- Styrkjer handhevinga av husleigelova og dempar konflikhtar. Eit effektivt husleigetvistutval er eit viktig verkemiddel for å oppnå dette, og regjeringa foreslår å styrkje dette arbeidet i statsbudsjettet for 2026.
- Styrkjer arbeidet mot bustadløyse. Husbanken si finansiering av bustadsosiale prosjekt er eit viktig verkemiddel, og regjeringa foreslår i dette budsjettet å prioritere fleire slike prosjekt under kap. 581, post 78. I tillegg jobbar Husbanken for at fleire kommunar tar i bruk den digitale løysinga Kobo, det bustadsosiale systemet som gjer det enklare for kommunane å finne ein eigna bustad for kvar enkelt søker.

- Samlar innsatsen. Husbanken har mellom anna fått eit fornya samfunnsoppdrag der dei skal støtte opp om heile det bustadpolitiske arbeidet i kommunane, og departementet har etablert eit forum for aktørar med brukarperspektiv i det bustadsosiale arbeidet.

I tillegg utarbeider regjeringa ei ny bustadleigelow som skal styrkje leigarar sine rettar og ivareta utleigarar sitt behov for fleksibilitet.

Bygging av nye bustader skal supplere det eksisterande bustadtilbodet slik at vi samla har dei bustadene vi treng. Sjå omtale av regjeringa sine grep for bustadbygging under mål 2.

Sjå òg nærare omtale av løyvingar som støttar opp under mål 1 under kap. 581 Bustad- og bumiljøtiltak, kap. 2412 Husbanken, og kap. 590 Planlegging og byutvikling.

Oppfølging av oppmodingsvedtak er omtalt i del 1, kapittel 3. For vedtak om ikkje-kommersielle bustader er det behov for ein meir utdjupande omtale. Denne følgjer under.

Oppfølging av oppmodingsvedtak om ikkje-kommersielle bustader

I samband med nasjonalbudsjettet for 2024, jf. Meld. St. 1 og Innst. 2 S (2023–2024), fatta Stortinget oppmodingsvedtak 93:

«Stortinget ber regjeringa om å utrede hvordan ikkje-kommersielle boliger, med pris- og omsetningskontroll, kan defineres, og komme tilbake på egnet måte innen 1. juli 2024.»

Det finst ikkje ein eintydig definisjon på kva ein ikkje-kommersiell bustad er i lovverket, men det finst praktiske og juridiske avgrensingar som blir brukt i ulike samanhengar, og som det er naturleg å bygge på i utforminga av nye verkemiddel. I norsk samanheng er omgrepet ikkje-kommersiell bustad som regel knytt til måten bustaden blir tildelt på, som skjer utanom vanlege tilbod- og etterspurnadsmekanismar i marknaden. Dette vilkåret kjem til uttrykk gjennom krava som stillast for dei økonomiske verkemidla til Husbanken.

Om ikkje-kommersielle leigebustader generelt

Som hovudregel blir det stilt krav om at tildelinga av leigebustader med finansiering frå Husbanken skal skje i tråd med bustadsosiale prioriteringar i regi av enten stat, fylke, kommune eller ein studentsamskipnad. Desse aktørane er alle rettssubjekt med føremål som ligg utanfor næringsverk-

semd, og alle kan seiast å ha eit ikkje-økonomisk motiv for utleige. Til saman utgjer offentlege aktørar, stiftingar og studentsamskipnader om lag 16 pst. av leigemarknaden, ifølge Statistisk sentralbyrå si levekårsundersøking frå 2023.

Nærare om studentbustader

I husleigelova er det særreglar for utleige av elev- og studentbustader. For at reglane skal gjelde, må det føreligge eit vedtak av organ for stat, fylkeskommune eller kommune som fastset at bustaden skal brukast av elevar og studentar. Det inneber ikkje at bustadene må vere offentleg eigd; private stiftingar kan leige ut bustader med desse særreglane dersom det finst eit slikt vedtak.

I høyringsnotat om forslag til endringar i plan- og bygningslova og kart- og planforskrifta har departementet definert studentbustader slik: Bustadene «må eigast av studentsamskipnader, studentbustadstiftingar som har motteke tilskot til studentbustader etter forskrift 28. januar 2004 nr. 424 om tilskot til studentbustader, eller andre aktørar så langt det blir tinglyst ei hefting på eige- domen om at bustaden skal nyttast til utleige for studentar i minst 20 år frå ferdigattest eller førebels bruksløyve.» Høyringsnotatet definerer òg kven som skal reknast som studentar, og lister opp enkelte unntak frå krava.

Høyringsnotatet er følgd opp med vedtak av ny kart- og planforskrift som trådte i kraft 1. juli 2025, der studentbustad er eit mogeleg arealføremål på kommuneplan- og reguleringsplannivå. Definisjonen av kva dette arealføremålet inneber, kjem fram av departementet sin rettleiar til forskrifta.

Definisjonen i husleigelova og i rettleiaren til kart- og planforskrifta vil òg vere relevant for eventuelt nye juridiske verkemiddel som omfattar studentbustader. Studentbustader er ikkje underlagde prisregulering, men leigepriane er ofte lågare enn elles i marknaden. Dersom Stortinget i framtida ønskjer å innføre krav om prisregulering av studentbustader, vil forskrift om lån frå Husbanken og forskrift om tilskot til studentbustader med tilhøyrande retningslinjer kunne vere ein naturleg stad.

Kommunalt disponerte bustader for vanskelegstilte

Kommunalt disponerte bustader omfattar både bustader kommunane eig sjølve, innleigde bustader og privat eigde bustader med tilvisings- og tildelingsrett. Det finst fleire måtar å avgrense kommunalt disponerte bustader på, i husleigelova og

gjennom Husbanken sine økonomiske verkemiddel. Avgrensingane er til dels overlappende. I husleigelova finst det særreglar for utleige av offentleg disponerte bustader som skal brukast av vanskelegstilte på bustadmarknaden. Reglane omfattar bustader eigd av stat, fylkeskommune eller kommune, men òg bustader som det offentlege disponerer. Dette vil typisk vere bustader som det offentlege leiger og skal framleige vidare til vanskelegstilte på bustadmarknaden. Reglane gjeld òg utleige av bustad som ikkje er eigd av det offentlege, dersom bustaden er klausulert til vanskelegstilte på bustadmarknaden etter vedtak frå stat, fylkeskommune eller kommune. Det finst ulike definisjonar av omgrepet vanskelegstilte på bustadmarknaden i ulike lover, men hovudtrekka er i stor grad dei same. I husleigelova er vanskelegstilte på bustadmarknaden definert som «personer som trenger hjelp til å skaffe seg bolig på grunn av dårlig økonomi, nedsatt funksjonsevne, helsemessige eller sosiale problemer, dårlige kunnskaper om det norske boligmarkedet eller liknende forhold.»

Føresetnaden for å få lån til utleigebustader frå Husbanken er, ifølgje rettleiaren for lån i Husbanken, at bustadene blir tildelt til vanskelegstilte i ein periode på 20–30 år. Vanskelegstilte på bustadmarknaden er i lova om kommunane sitt ansvar på det bustadsosiale feltet definert som «personer som ikke kan ivareta sine interesser på boligmarkedet, og derfor trenger bistand til å skaffe eller beholde en egnet bolig». For kommunar er vilkåret at bustadene blir tildelte vanskelegstilte i minst 30 år. Selskap og andre som har som føremål å leige ut bustader til vanskelegstilte, må inngå ein tildelingsavtale med kommunen om at kommunen skal ha eksklusiv rett til å tildele alle bustadene i eit bustadprosjekt til vanskelegstilte på bustadmarknaden i minst 30 år dersom prosjektet òg har fått utleigebustadtilskot frå Husbanken eller ein tilvisingsavtale med kommunen om at kommunen skal ha eksklusiv rett til å tilvise 40 pst. av bustadene i eit bustadprosjekt til økonomisk vanskelegstilte på bustadmarknaden i minst 20 år. Kommunen sin tildelings- eller tilvisingsrett blir tinglyst som ei hefting på eigedomen. Dersom bustaden blir selt, og lånet blir tilbakebetalt til Husbanken, fell klausulen bort.

Prisane på bustader blir i hovudsak fastsett i marknaden. Graden av prisregulering må stå i forhold til storleiken på den offentlege subsidien for å vere i tråd med EU sitt konkurranseregelverk.

Gjennomgangen viser at det finst ulike avgrensingar av ikkje-kommersielle bustader, som nyt-

tast i dagens bustadpolitikk. Departementet meiner med dette at oppmodingsvedtaket er følgt opp.

Mål 2 Berekraftig byggeverksemd med digitale og effektive byggeprosessar

I mange delar av landet er det behov for å bygge fleire bustader for å møte veksten i talet på hushald. Regjeringa har som mål at det blir tillate igangsetting av 130 000 bustader innan 2030. Regjeringa gjer følgjande for å auke bustadbygginga: 1) Tar ned tida på plan- og byggesaksprosessar; 2) Gjer det meir føreseieleg å realisere gode bustadprosjekt; 3) Bidrar til å halde hjula i gang når bustadbygginga er låg; 4) Bygger med eit hundreårsperspektiv; og 5) Gjer kommunane betre rusta til å ta sitt bustadpolitiske ansvar.

Direktoratet for byggkvalitet (DiBK) har eit høgt prioritert arbeid med å gjere plan- og byggesaksprosessane meir digitale, og byggereglane enklare å bruke. Rammene til DiBK vart styrkt både i statsbudsjettet for 2025 og i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2025, slik at dei kan intensivere dette arbeidet. Regjeringa foreslår å styrkje arbeidet ytterlegare i 2026. Sjå nærare omtale under kap. 587, post 01 og post 22.

Samstundes som ein er i gang med eit omfattande forenklings- og digitaliseringsarbeid, tar regjeringa initiativ til eit arbeid for å fremje produktivitet i byggenæringa. Auka produktivitet vil vere til gunst både for næringa og for å få til ei effektiv bygging. Sjå nærare omtale under kap. 500, post 21, og kap. 285, post 21 under Kunnskapsdepartementet.

Ei meir brukarvenleg byggteknisk forskrift (TEK17) vil bidra til meir effektive og føreseielege byggeprosessar. DiBK har i 2025 hatt på høyring forslag til strukturelle endringar og presiseringar i utvalde delar av kapittel 12 Planløyising og bygningsdelar i byggverk. Forslaget er eit første steg i eit større arbeid med tilrettelegging av forskrifta for digital bruk.

Mangelfulle byggesøknader skaper unødvendig tidsbruk i byggesaksprosessane, og kan forsinke byggeprosjekt og auke kostnadane. Kompliserte reglar er éi årsak til slike manglar. I 2025 sende DiBK forslag til nye føreseigner som stiller klarare krav til kva dokumentasjon som må vere med i ein byggesøknad på høyring.

Byggenæringa har eit stort potensial for å kutte utslepp, mellom anna ved å bruke klimavenlege materialar og ombruk av byggevarer. Forslag til krav i byggteknisk forskrift som kan redusere klimafotavtrykket frå bygging og legge til rette for

auka energieffektivitet, energifleksibilitet og lokal energiproduksjon, vil bli sendt på høyring. Regjeringa har òg inngått klimapartnerskapsavtale med byggenæringa. I samband med klimapartnerskapet bidrar regjeringa med finansiering til næringa si kunnskaps- og kompetanseutvikling om redusert klimafotavtrykk frå bygging, jf. omtale under kap. 500, post 70.

Regjeringa vurderer behovet for endringar i krava til sikkerheit mot naturfarar. Forslag om å

opne for at organisatoriske sikringstiltak kan brukast for å oppfylle krava til sikkerheit mot naturpåkjenningar i byggteknisk forskrift er på høyring.

Sjå nærare omtale av løyvingar og verkemiddel som støttar opp under mål 2 under kap. 587 Direktoratet for byggkvalitet, kap. 2412 Husbanken og kap. 500 Kommunal- og distriktsdepartementet.

Kap. 581 Bustad- og bumiljøtiltak

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
70	Bustøtte, <i>overslagsløyving</i>	4 349 956	4 062 415	4 280 000
72	Etablering og tilpassing i distriktskommunar, <i>kan overførast</i>		17 000	11 000
76	Utleigebustader, <i>kan overførast</i>	180 708	58 137	26 664
78	Bustadtiltak, <i>kan overførast</i>	14 135	37 944	39 242
79	Heis og tilstandsvurdering, <i>kan overførast</i>	2 607		
Sum kap. 581		4 547 406	4 175 496	4 356 906

Post 70 Bustøtte, overslagsløyving

Mål for ordninga

Bustøtta skal sikre personar med låge inntekter og høge buutgifter ein høveleg bustad.

Kriterium for måloppnåing

Departementet vurderer måloppnåinga for ordninga med utgangspunkt i buutgiftsbelastinga, det vil seie forholdet mellom buutgifter og inntekter for mottakarane, og korleis bustøtta endrar dette. Tala blir samanlikna med tal for heile Noreg.

Tildelingskriterium

Bustøtte er ein behovsprøvd rett for alle personar over 18 år, med unntak av dei fleste studentar og militære tenestepliktige. Tildelingskriterium og reglar for berekninga er presisert i lov og forskrift. Bustaden må ha eigen inngang, høve til kvile og matlaging, og eige bad og toalett. Kommunen kan gjere visse unntak frå dette av helse- eller omsorgsfaglege grunnar. Husbanken berek-

nar støtta ut frå buutgiftene til husstanden opp til ei øvre grense, og ein eigendel som avheng av dei samla skattepliktige inntektene til alle medlemmane i husstanden som er over 20 år.

Oppfølging og kontroll

Husbanken forvaltar ordninga i samarbeid med kommunane. Støtta blir behovsprøvd mot månadleg brutto inntekt, mellom anna inntekter som er registrerte i a-ordninga, der arbeidsgivar rapporterer om inntekt og tilsette. I etterkant blir inntekta kontrollert mot skatteoppgjeret. Er det vesentlege feil i utbetalingane, blir forskjellen enten etterbetalt eller kravd tilbake.

Rapport

I 2024 vart det utbetalt 4 350 mill. kroner i bustøtte. Av dette var 3 756 mill. kroner ordinære vedtak, 25 mill. kroner var resultat av klager, etterbehandlingar og etterkontroll, og 569 mill. kroner var ekstra straumstøtte. Tabellen under viser nøkkeltal for 2023 og 2024.

	2023	2024
Utbetalt bustøtte (mill. kroner)	4 773	4 350
Tal på mottakarar (husstandar) i løpet av året	152 700	155 800
Av desse barnefamiliar	50 300	51 300
Gjennomsnittleg tal på mottakarar (husstandar) per måned	106 000	99 400
Gjennomsnittleg månedleg utbetalt bustøtte per husstand (kroner)	2 805	3 142
Dette utgjer for eit heilt år	33 660	37 704

Ei årsak til endringar frå 2023 til 2024 er at førebelse regelverkssatsar ga høgare inntektsgrenser frå desember 2021 til og med mars 2024, som eitt av tiltaka mot høge straumprisar. Det førte til eit førebels høgare tal på mottakarar, og mange av dei fekk avslag når ein gjekk tilbake til ordinært regelverk i april 2024. Mange av dei som falt ut hadde relativt høg inntekt og derfor låg utbetaling, så snittutbetalinga gjekk opp i 2024. I revidert nasjonalbudsjett for 2024 vart det vedtatt ei rekke endringar som gjorde at talet på mottakarar auka utover året. I tillegg vart mange flyktningar busette i 2024.

Buutgiftsbelastning

Ifølge Statistisk sentralbyrå hadde 21,6 pst. av hushalda høg buutgiftsbelastning i 2024. Det vil seie at buutgiftene utgjorde 40 pst. eller meir av inntektene etter skatt. I 2023 var det tilsvarende talet 21,1 pst.

Tabellen under viser forskjell i buutgiftsbelastning før og etter bustøtte i 2023 og 2024.

I 2024 hadde bustøttemottakarane buutgifter som utgjorde i gjennomsnitt 63 pst. av inntektene før skatt. Det er 8 prosentpoeng høgare enn i 2023. Med bustøtta i tillegg til andre inntekter, utgjorde buutgiftene 47 pst. av dei samla inntektene før skatt i 2023 og 53 pst. i 2024. I gjennomsnitt var effekten av bustøtta sterkare på buutgiftsbelastninga i 2024 samanlikna med 2023.

	Gjennomsnittlege månedlege buutgifter (kroner)	Gjennomsnittleg månedleg bruttoinntekt (kroner)	Buutgiftsbelastning utan bustøtte (pst.)	Buutgiftsbelastning med bustøtte (pst.)
2023	9 638	17 489	55	47
2024	10 291	16 440	63	53

Skjermingsordning for mottakarar av arbeidsavklaringspengar og dagpengar

Mottakarar av bustøtte som har inntekt frå arbeidsavklaringspengar (AAP) og dagpengar risikerer to gonger i året å få lågare eller inga bustøtte fordi dei får oppgjær for tre fjortendagars meldekortperiode i same måned. Løyvinga vart auka med 80 mill. kroner i 2025 for å innføre ei skjermingsordning for desse mottakarane. Husbanken ser no bort frå delar av inntekta for desse sakene i dei månadene det gjeld. Heilårseffekten frå 2026 er 100 mill. kroner.

Varige endringar frå 2024

Endringane i bustøtteordninga som vart vedtatt av Stortinget i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2024, vart gjort varige frå 2025. I 2025 vart det løyvd 50 mill. kroner til å skjerme inntektene til 18- og 19-åringar, 35 mill. kroner vart løyvd til forenkla berekning av eigendelen, 200 mill. kroner vart løyvd til auka buutgiftstak og 88 mill. kroner vart løyvd til oppvarmingstillegg til ei større gruppe. Samla sett vart løyvinga auka med 373 mill. kroner. Sidan 2021 har årleg utbetalt *ordinær* bustøtte auka med om lag 850 mill. kroner. Då er ekstra utbetalningar og førebels regelverk i høve høge straumprisar, samt klager og etterbetalningar, ikkje rekna med.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2026

Samla er det venta at i gjennomsnitt 97 000 husstandar vil få bustøtte kvar månad i 2026, på eit nivå som svarar til 44 100 kroner per husstand per år. Det er noko høgare enn i 2025.

Det blir foreslått å løyve 4 280 mill. kroner.

Post 72 Etablering og tilpassing i distriktskommunar, kan overførast

Mål for ordninga

Tilskotet skal bidra til å stimulere til auka bustadetablering i lite fungerande bustadmarknader i distriktsområde som er prega av ein einseitig og eldre bustadmasse, låg omsetning og lite nybygging.

Kriterium for måloppnåing

Talet på prosjekt der personar har etablert seg i eigen eigd bustad i område der bustadmarknaden hindrar høvet til å oppretthalde eit arbeidsforhold eller hindrar utvikling i det lokale næringslivet.

Tildelingskriterium

Tilskotet skal gå til kommunar i Finnmark som har inngått bygdevekstavtalar med staten.

Privatpersonar kan søkje kommunen om tilskot til kjøp, utbetring, tilpassing og oppføring av bustad. Kommunen skal prioritere prosjekt som aukar tilbodet av eigna bustader. Kommunen skal berre gi tilskot når bustadmarknaden hindrar moglegheita til å oppretthalde eit arbeidsforhold, tiltrekke seg arbeidskraft, eller utvikling av det lokale næringslivet. Kommunane avgjer søknader og utmåler tilskotet etter nærare vilkår, som er fastsette i forskrift.

Oppfølging og kontroll

Husbanken fordeler tilskotsramma med eit likt kronebeløp på dei kommunane i Finnmark som har inngått bygdevekstavtale med staten. Ramma blir tildelt samla per pilot. Kommunane skal tildele midlar til privatpersonar etter søknad og følge opp tilskotsmottakaren. Kommunane skal rapportere til Husbanken om kva tilskotet har gått til og kva som er oppnådd. Husbanken og kommunane kan kontrollere at vilkåra for vedtaket er oppfylte gjennom dokumentasjon og eventuell synfaring av tiltaket. Midlar som ikkje er brukte i samsvar med forskrift eller kommunen sine vilkår, må betalast tilbake.

Rapport

Stortinget vedtok å innføre tilskotet i statsbudsjettet for 2025. Per 1. juli 2025 har Husbanken gitt tilsegn om tilskot på 17 mill. kroner til dei tre bygdevekstpilotane.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2026

Nordområda er Noreg sitt viktigaste strategiske interesseområde. Tilskotet skal gå til kommunar i Finnmark som har inngått bygdevekstavtalar med staten. Dette er kommunar i sentralitetsklasse 4, 5 og 6. Desse kommunane har utfordringar med lite fungerande bustadmarknader og slit med å tiltrekke seg eller behalde nødvendig arbeidskraft. Tilskotet skal bygge opp under pågåande samarbeid mellom desse kommunane.

For å frigjere midlar til andre prioriteringar, blir det foreslått å redusere løyvinga med 6 mill. kroner.

Det blir foreslått å løyve 11 mill. kroner.

Post 76 Utleigebustader og forsøk med nye bustadmodellar, kan overførast

Løyvinga dekker utbetaling av allereie gitte tilsegn om tilskot til utleigebustader og forsøk med nye bustadmodellar. Ordninga vart avvikla i statsbudsjettet for 2023, men mellombels gjeninnført i samband med revidert nasjonalbudsjett same år, og utbetalingar i 2024 og 2025 gjeld tilsegn som vart gitt i 2023.

I 2024 utbetalte Husbanken tilskot til utleigebustader for 183,4 mill. kroner til 385 utleigebustader.

Det blir foreslått å løyve 26,7 mill. kroner. Heile løyvinga er knytt til utbetaling av tidlegare gitte tilsegn.

Post 78 Bustadtiltak, kan overførast

På posten blir det gitt tilskot til bustadtiltak og tilskot til leigebuarorganisasjonar.

Mål for ordningane

Løyvinga skal bidra til at folk skal kunne bu i ein eigna bustad gjennom utvikling og utprøving av bustadløysingar, ved å stimulere til kunnskapsutvikling og nytenking. I tillegg skal løyvinga støtte opp under arbeid som ivaretar leigetakarar på bustadmarknaden, mellom anna bidra til å betre busituasjonen for den nasjonale minoriteten romar.

Kriterium for måloppnåing

Bustadtiltak: at det er utvikla og testa ut nye arbeidsmetodar, bustadkonsept, løysingar og kunnskap som møter lokale bustadpolitiske utfordringar i byar og distrikt.

Leigetakarar sine interesser: talet på medlemmar i leigebuarorganisasjonar som ivaretar leigetakarane sine interesser, og betre busituasjon for den nasjonale minoriteten romar.

Tildelingskriterium

For bustadtiltak kan frivillige og private aktørar, interesseorganisasjonar, forskings- og utdanningsinstitusjonar og kommunar i heile landet søkje om tilskot. Tilskotet skal bidra til auka forståing av bustadmarknadene i byar og distriktskommunar, betre kunnskap om bustadsosiale behov, meir målretta innsats for utsette grupper og styrkt bustadpolitisk forvaltning. Ordninga kan støtte både førebyggjande og reparerande tiltak. Prosjekt som skjer i samarbeid mellom fleire aktørar, og prosjekt som bidrar til vesentleg nytenking og har stor overføringsverdi til andre prosjekt, vil bli prioritert.

For tilskot til leigebuarorganisasjonar kan slike organisasjonar søkje om tilskot til drift, og til prosjekt for å betre bustadsituasjonen for den nasjonale minoriteten romar. Prosjekt som gir juridisk rettleiing og bidrar til bustadsosial innsats vil bli prioritert. Det er ein føresetnad med dialog og samarbeid med relevante aktørar.

Husbanken avgjer søknader etter vilkår som er fastsette i forskrift.

Oppfølging og kontroll

Husbanken forvaltar tilskota. Tilskotsmottakarane skal utarbeide rapportar om resultat, prosess og metode. Rapportane blir publiserte på nettsidene til Husbanken.

Rapport

Det vart gitt tilsegn om tilskot til bustadtiltak for totalt 37,5 mill. kroner i 2024. Av dette gjekk 21 mill. kroner til 25 ulike bustadtiltak i distrikt. Blant dei som fekk støtte, var bygdevekstpilotane i Finnmark, til å undersøke om det er mogleg å etablere eit felles startlånkontor. Kommunane Skjåk og Tokke fekk støtte til å utvikle ulike prøvebustadkonsept. Der vart òg gitt støtte til prosjektet Mikrobustad i Dovre, der kommunen ville undersøke høvet til å bygge om gamle Dovre skule til eit

mikrobustad med leilegheiter med fellesareal og dyrkingsjord, med sikte på at unge eldre og tidlegare gardbrukarar kan flytte til meir aldersvennlege bustader.

Det vart gitt 31 tilsegn om tilskot til bustadsosiale tiltak for totalt 14,7 mill. kroner. Helse Inn fekk støtte til å utvikle ein mobil visningsheim som inneheld velferdsteknologi, for målgruppa eldre og personar med funksjonsnedsettingar. Indre Østfold kommune fekk støtte til å forbetre arbeidet med overgangen til varig bustad og gode buforhold for ungdommar som kjem frå barnevernet. Valdres næringshage fekk støtte til eit pilotprosjekt der målet er å forbetre energistandarden i bustader til husstandar med vedvarande låg inntekt. Dei samarbeider mellom anna med Vestre Slidre kommune og Fridtjof Nansen Institutt.

Leieboerforeningen fekk 1,5 mill. kroner i driftstilskot i 2024. Organisasjonen har om lag 6 000 medlemmar. Det vart òg gitt ti masterstipend på 30 000 kroner kvar.

I første halvår 2025 har Husbanken gitt 21 mill. kroner som tilskot til bustadtiltak i distrikta. Tilskotet går til 26 prosjekt i ulike distriktskommunar. Det er òg gitt 15,1 mill. kroner som tilskot til 24 bustadsosiale tiltak. Leieboerforeningen har fått 2 mill. kroner i driftstilskot. Det vart òg gitt ti masterstipend på 30 000 kroner kvar.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2026

Løyvinga dekker allereie gitte tilsegn til tidlegare tilskotsordning til bustadtiltak i distrikta og tilskot til bustadsosiale tiltak, i tillegg til tilskot til leigebuarorganisasjonar. Frå 2026 foreslår regjeringa å legge om til følgjande to tilskot: tilskot til bustadtiltak og tilskot til leigebuarorganisasjonar. Tilskot til bustadtiltak skal framleis gå til utvikling av nye arbeidsmetodar, bustadkonsept, løysingar og kunnskap som møter lokale bustadpolitiske utfordringar i byar og distrikt, men øyremerkinga av tilskot til distrikt går ut. Tilskot til bustadtiltak skal òg omfatte bustadsosiale tiltak. Bakgrunnen for endringa er at ordninga betre skal støtte opp under dei bustadpolitiske samfunnstrendane og utfordringar som urbanisering, større økonomiske og sosiale forskjellar i befolkninga, fleire eldre og klima- og miljøproblem.

Tilsegn om tilskot til leigebuarorganisasjonar skal ikkje overstige 4 mill. kroner i 2026. Det inneber ei auke på 2 mill. kroner frå 2025. Det blir foreslått at inntil 1 mill. kroner kan gå til prosjekt i regi av leigebuarorganisasjonar for å betre busituasjonen til den nasjonale minoriteten romar. Mange romar opplever store utfordringar med marginali-

sering, levekår og diskriminering, mellom anna på bustadmarknaden. Vanskelege busituasjonar og hyppig flytting går utover skulegangen for barna. Det skal derfor vere prioritert å arbeide med kort-siktige og langsiktige tiltak.

Departementet tar sikte på å sende forslag til endringar i forskrift for ordningane på høyring hausten 2025.

Tilskota har ein toårig utbetalingsprofil og blir budsjetttert med løyving, tilsegnsramme og til-segnsfullmakt.

Det blir foreslått å løyve 39,2 mill. kroner og ei tilsegnsfullmakt på 28 mill. kroner, jf. forslag til romartalsvedtak. Løyvinga og tilsegnsfullmakta gir ei tilsegnsramme på 39,9 mill. kroner.

Post 79 Heis og tilstandsvurdering, kan overførast

Løyvinga har gått til prosjektering og installering av heis. Ordninga vart avvikla i statsbudsjettet for 2023, og utbetalingar i 2024 og 2025 gjeld tilsegn som vart gitt i 2022.

Kap. 585 Husleigetvistutvalet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Driftsutgifter	39 658	43 080	
	Sum kap. 585	39 658	43 080	

Post 01 Driftsutgifter

For å samle og styrkje verkemidla på leigemarknaden, har regjeringa bestemt å slå saman Huslei-

getvistutvalet og Husbanken frå 1. januar 2026. Sjå omtale, rapport og samla løyvingsforslag under Husbanken, kap. 2412, post 01 Driftsutgifter.

Kap. 3585 Husleigetvistutvalet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Gebyr	3 836	3 366	
	Sum kap. 3585	3 836	3 366	

Post 01 Gebyr

Sjå omtale, rapport og samla løyvingsforslag under Husbanken, kap. 5312, post 02 Gebyr husleigetvistar.

Kap. 587 Direktoratet for byggkvalitet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Driftsutgifter	124 118	143 434	173 865
22	Kunnskapsutvikling og informasjonsformidling, <i>kan overføres</i>	38 303	41 370	45 859
	Sum kap. 587	162 421	184 804	219 724

Post 01 Driftsutgifter

Posten dekker løn, husleie og andre faste utgifter for Direktoratet for byggkvalitet (DiBK). Direktoratet har kontor i Oslo og Gjøvik. Posten dekker øg drift av den sentrale godkjenningsordninga for føretak med ansvarsrett. Ordninga er sjølvfinansierende, jf. kap. 3587, post 04 Gebyr.

Rapport

For å bidra til å gjere det enklare og raskare å realisere gode bustadprosjekt, vart løyvinga til DiBK auka med til saman 20 mill. kroner i statsbudsjettet for 2025, fordelt med 15 mill. kroner på post 01 og 5 mill. kroner på post 22. Satsinga gjekk i 2025 i hovudsak til auka leveransekapasitet og til driftskostnader på Fellestenester Plan og Bygg.

I tillegg vedtok Stortinget i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2025 å auke løyvingane med til saman 10 mill. kroner, fordelt med 5 mill. kroner på post 01 og 5 mill. kroner på post 22. Desse midlane går til å automatisere byggesaksprosessane, mellom anna avgjerdene i kommunane om igangsetting, bruksløyve og ferdigattest.

Ny byggevarerforordning trådte i kraft i EU 7. januar 2025. Målet med forordninga er å fremje ein velfungerande indre marknad for byggevarer og bidra til å nå måla for det grøne og digitale skiftet. Den nye forordninga innfører mellom anna eit system for digitale produktpass for byggevarer, som skal sikre oppdatert, korrekt og tilgjengeleg informasjon om byggevarer i elektronisk format. Gjennomføringa av forordninga i Noreg vil krevje endringar både i plan- og bygningslova og i forskrifter. DiBK vurderer kva for endringar i lovverket innføringa av den nye forskrifta vil krevje.

For å redusere bruken av konsulentar og styrkje den interne kompetansen i DiBK, vart det i statsbudsjettet for 2023 og 2024 flytta til saman 10 mill. kroner frå post 22 til post 01. Midlane har

gått til å styrkje DiBK sin interne kompetanse på prosess- og prosjektleiing, utgreiingsoppdrag og regelverksutvikling.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2026

DiBK skal vere ein pådrivar for digitalisering av regelverket og plan- og byggesaksprosessar, og foreslå forenklingar og utvikling av byggereglane. Arbeidet med digital tilrettelegging og forenkling av regelverket vil bli styrkt i 2026.

DiBK har over tid jobba med forenklingar som bidrar til meir effektiv ressursbruk i kommunar og hos utbyggarar. Det er framleis behov for forenklingstiltak i alle ledd av plan- og byggesaksprosessane. Effektive plan- og byggesaksprosessar er sentrale for å halde kostnader og tidsbruk nede. Det er òg viktig for å dempe dei negative effektane som svingingar i etterspurnaden har på byggeverksemda. Forenkling gjennom digitalisering av plan- og byggesaksprosessen er anslått å gi store gevinstar for både kommunar og næringsliv. Regjeringa ønskjer derfor å styrkje satsinga på forenklingstiltak som skal gjere at fleire gode bustadprosjekt blir enklare og billigare å realisere. Det blir foreslått å auke løyvingane til DiBK med til saman 30 mill. kroner, med 17 mill. kroner på post 01 og 13 mill. kroner på post 22. Midlane skal gå til DiBK sitt arbeid med digitalisering av plan- og byggesaksprosessane, forenkling og digital tilrettelegging av regelverket, i tillegg til nye digitale løysingar. Sjå òg omtale under post 22.

Som eit ledd i arbeidet med å utvikle interne ressursar, rekruttere riktig kompetanse, og å sikre drift og vidareutvikling av digitale løysingar hos DiBK, blir det foreslått å flytte 10 mill. kroner frå post 22 til post 01.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 0,8 mill. kroner, tilsvarande reduksjonen i gebyrinntektene på kap. 3587, post 04.

Samla blir det foreslått å løyve 173,9 mill. kroner.

Det blir foreslått at løyvinga kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3587, post 04, jf. forslag til romartalsvedtak.

Post 22 Kunnskapsutvikling og informasjonsformidling, kan overførast

Posten skal finansiere utgreiingar og samhandlings- og kommunikasjonsaktivitetar som bidrar til kunnskapsutvikling og formidling av informasjon om bygningspolitiske tema.

Rapport

I 2024 og 2025 heldt DiBK fram med å vidareutvikle tenesteplattforma Fellestenester Bygg, som kontrollerer og sender inn byggesøknader til rett kommune. Om lag 65 pst. av alle profesjonelle søknader vart sendt gjennom systemet i 2024. Om lag 76 pst. av kommunane har skaffa e-byggesak til sakshandsaminga si. Når stadig fleire brukar dei digitale søknadsverktøya, oppnår ein forenkling og effektivisering for bransjen, betre kvalitet i bygginga og meir likebehandling landet rundt. Direktoratet utviklar òg nye tenester for mellom anna rehabilitering av pipe/skorstein og enklare rapportering.

I 2024 og 2025 har DiBK vidareført innsatsen for å digitalisere planprosessen. Det er mellom anna blitt etablert ei teneste som varslar oppstart av reguleringsarbeidet, utvikla valideringsteneste for innsending av forslag til planforslag og utarbeida ei oversikt over brukte planføresegner. Arbeidet med å digitalisere planprosessen gjennomførast etter same modell som utviklinga av regelverksplattforma Fellestenester Bygg.

I 2025 arbeider DiBK med å migrere eksisterande tenester i Fellestenester Bygg over til

Altinn 3.0-plattforma. Arbeidet inneber òg å styrkje arbeidet med personvern og sikkerheit i DiBK, og å gjere tenesteplattforma meir robust og skalerbar. Flytting av tenester inneber kostnader, mellom anna knytt til lønn.

DiBK har i 2024 og 2025 halde fram arbeidet med å vurdere korleis klimafotavtrykket frå bygging kan reduserast. Direktoratet har òg gjennomført utgreiingar om energikrava i byggtেকnisk forskrift. Direktoratet er frå 2025 sekretariat for klimapartnerskapet med byggenæringa.

Om lag 10 mill. kroner av dei løpande driftskostnadane på regelverksplattformene Fellestenester Plan og Bygg er finansierte over denne posten. Det gjeld mellom anna kostnader til Altinn (transaksjonar), Digitaliseringsdirektoratet (eSignering og ID-porten), KS Fellestjenester (bruk av FIKS, svarUt), lisensar og andre driftsutgifter, oppgraderingar og teknisk gjeld.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2026

DiBK skal bidra til at plan- og byggesaksprosessen blir heildigital, utvikle kunnskap og formidle informasjon. Det inneber mellom anna å greie ut konsekvensar av nytt og endra regelverk, og å rettleie næringa og publikum. Dette skal gi enklare byggereglar, auka kunnskap om bygningsmassen og auka etterleving av regelverket.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 13 mill. kroner til arbeidet med forenklingstiltak som skal gjere at fleire gode bustadprosjekt blir enklare og billigare å realisere. Sjå nærare omtale under post 01.

Det blir foreslått å flytte 10 mill. kroner til post 01. Sjå nærare omtale under post 01.

Samla blir det foreslått å løyve 45,9 mill. kroner.

Kap. 3587 Direktoratet for byggkvalitet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
04	Gebyr	41 881	40 875	41 088
85	Diverse inntekter	45	115	115
	Sum kap. 3587	41 926	40 990	41 203

Post 04 Gebyr

Posten omfattar gebyrinntekter frå den sentrale godkjenningsordninga for føretak med ansvarsrett. Ordninga er sjølvfinansierande, jf. kap. 587, post 01 Driftsutgifter.

For sentral godkjenning for ansvarsrett skal det betalast eit gebyr som skal dekke kostnadane knytt til den sentrale godkjenningsordninga. Gebyret er fastsett i forskrift av 29. juni 2009 nr. 989 Gebyrregulativ for sentral godkjenning av føretak for ansvarsrett etter forskrift om byggesak § 13-8, jf. plan- og bygningsloven § 22-5 første ledd (Gebyrregulativ for ansvarsgodkjenning) § 1. Frå 2025 blir gebyret prisjustert årleg. Frå 1. januar 2026 aukar årsgebyret for sentral godkjenning med 90 kroner, frå 3 750 kroner til 3 840 kroner.

Det er venta at om lag 10 700 betalande føretak er registrert i ordninga i 2026. Dette er ein nedgang på 200 føretak frå 2025 og reduserer utgifter og inntekter med 0,8 mill. kroner, jf. tilsvarende reduksjon i utgifter under kap. 587, post 01.

Det blir foreslått å løyve 41,1 mill. kroner.

Post 85 Diverse inntekter

Posten omfattar inntekter frå tvangsmulkt og lovbrotsgebyr som DiBK gir dersom produkt blir omset eller brukt til byggverk som ikkje er i tråd med krava i plan- og bygningslovgivinga. Posten omfattar òg inntekter frå lovbrotsgebyr for misbruk av godkjenningsmerke og innsending av uriktig informasjon i samband med sentral godkjenning.

Det blir foreslått å løyve 115 000 kroner.

Kap. 2412 Husbanken

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Driftsutgifter	390 411	417 052	523 352
21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	10 037	12 431	12 879
45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	72 778	73 506	47 079
71	Tap på lån	33 147	26 000	25 000
72	Rentestøtte	419	200	200
90	Nye lån, <i>overslagsløyving</i>	23 088 743	28 505 000	31 317 000
	Sum kap. 2412	23 595 535	29 034 189	31 925 510

Post 01 Driftsutgifter

Posten dekker løn, husleige og andre faste utgifter til drift for Husbanken. Husbanken har kontor i Drammen, Hammerfest, Bodø, Trondheim, Bergen, Arendal og Oslo.

Posten vil frå 2026 òg dekke løn til tilsette, godtgjersle til utvalsmedlemar, husleige og andre faste driftsutgifter for Husleigetvistutvalet (HTU). HTU har kontor i Bergen, Trondheim og Oslo.

Rapport

Digitalisering er eit viktig satsingsområde for Husbanken. Kostnadane til drift og vedlikehald av digitale løysingar har auka dei siste åra, og er forventet å auke òg i tida framover. Husbanken har i

2024 hatt fokus på å tilsette personar med digital kompetanse framfor å kjøpe konsulenttenester. Det har i 2024 vore avgjerande med ei stram budsjettstyring, mellom anna for å frigjere midlar frå drift til nødvendige utviklingstiltak. Det vart overført 19,6 mill. kroner på posten til 2025.

Sakshandsamingstida for lån i Husbanken var i gjennomsnitt på 76 dagar i 2024. Dette er ein auke på 21 dagar i forhold til 2023. Aukninga i saksmengda kjem mellom anna av at Husbanken fekk styrkt låneramma si betydeleg i 2024 og at interessa for Husbankens låneordningar har auka betrakteleg.

Husbanken har arbeidd med fleire tiltak på energiområdet i 2024. Det var fleire ekstraordinære utbetalningar av bustøtte på grunn av høge straumprisar, sjå omtale under kap. 581, post 70.

Husbanken har òg fått på plass det nye tilskotet til etablering og tilpassing i distriktskommunar, sjå omtale under kap. 581, post 72, og har starta opp forsøk med startlån, sjå kap. 2412, post 90.

Busetting av flyktningar har prega bustadarbeidet i kommunane i 2024 og så langt i 2025. Husbanken har i denne perioden støtta kommunar med økonomiske verkemiddel, råd og rettleiing om korleis dei kan skaffe fleire bustader til flyktningar. Dyrtid og press i leigemarknaden har auka presset på dei bustadsosiale tenestene i kommunane og Husbanken si verksemd. Husbanken følgjer situasjonen tett, som del av si nye kunnskapsrolle i leigemarknaden.

Husbanken har styrkt samarbeidet med kommunane gjennom dialog, rettleiing og arrangement, mellom anna fekk bygdevekstpilotane tettare oppfølging for å auke kapasiteten og kompetansen på bustadområdet.

Talet på innkomne tvistesaker til Husleigetvistutvalet har auka markant. Ein årsak er at verkeområdet til HTU vart utvida i september 2021, til å handsame saker frå heile landet. Vidare har auka press i leigemarknaden ført til fleire innkomne saker. I 2024 fekk HTU inn 4 303 saker, ein auke på 8,7 pst. frå 2023 og ei dobling frå 2021. HTU gjennomførte 194 meklingar i 2024, og det vart inngått 152 forlik. Gjennomsnittleg sakshandsamingstid var på 106 dagar i 2024, ein auke på 26,2 pst. frå 2023. Auken i sakshandsamingstida er ein konsekvens av den kraftige auken i saksinngangen, som gjer at saka ligg i ro frå den blir tatt imot til det er kapasitet til å fordele saka på ein saksleiar. Ved utgangen av 2024 var ventetida frå ei sak vart tatt imot av HTU til saksførebuinga starta omtrent tre månader. Per 31. mai 2025 hadde dette auka til fire månader. For å handsame sakene meir effektivt, handsamar HTU frå 2024 fleire saker sjølv, så færre saker blir handsama i fullt utval. Dette har ført til at den interne sakshandsamingstida for saker som blir realitetshandsama, er redusert med tre dagar, frå 27 dagar i 2023 til 24 dagar i 2024.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2026

Regjeringa tar fleire grep for leigemarknaden, sjå målomtalen for programkategorien. For å samle og styrkje verkemidla på leigemarknaden, har regjeringa avgjort å slå saman Husleigetvistutvalet og Husbanken frå 1. januar 2026. På bakgrunn av dette, blir det foreslått å auke løyvinga med 43,9 mill. kroner, mot ein tilsvarende reduksjon av kap. 585, post 01.

Husbanken har fått eit nasjonalt fagansvar for leigemarknaden, og er godt i gang med å fylle rolla. Samstundes har talet på innkomne tvistesaker i HTU auka dei seinaste åra, frå rundt 1 800 saker i 2020 til 4 300 saker i 2024. Resultatet er at både talet på saker i restanse og sakshandsamingstida har auka kraftig. Lang sakshandsamingstid er uheldig for både leigetakar og utleigar, og for organisasjonen. For ein liten etat som HTU er òg dei høge administrative krava ei utfordring. Husbanken vil ta hand om dei administrative oppgåvene, og bidra til auka digitalisering av sakshandsaminga av husleigetvistar. Dette vil gjere sakshandsaminga av husleigetvistar meir robust, og innsatsen kan i større grad bli vridd frå tvisteløysning til førebygging. Kunnskap om husleigetvistar vil òg bli verdifull for Husbanken si kunnskapsrolle på leigemarknaden, og for å auke kunnskapen om kvifor talet på tvistar aukar og kva som skal til for å førebygge konflikhtar. Handsaminga av husleigetvistar vil framleis vere fagleg uavhengig. HTU skal ha ei tvisteløysing med kort sakshandsamingstid, låge sakshandsamingskostnader og god kompetanse innanfor saksområdet. Det å bygge ned restansar vil vere ei viktig prioritering òg i 2026, og samanslåinga vil bidra til det.

For å styrkje arbeidet til HTU, blir det òg foreslått å auke løyvinga med 2,1 mill. kroner. Det blir vidare foreslått å auke sakshandsamingsgebyret for utleigar som skal få saka si handsama i HTU. Endringa inneber at driftsutgiftene og gebyrinnitektene aukar med 1,9 mill. kroner, jf. omtale under kap. 5312, post 02.

Husbanken skal følgje situasjonen for utsette på bustadmarknaden og bustadlause, og bidra til å støtte kommunane sitt arbeid og til at den bustadsosiale lova blir tatt i bruk på ein god måte.

Omfanget av korttidsutleige av bustad aukar, noko som kan påverke tilbodet i resten av leigemarknaden. Husbanken skal vidareføre samarbeidet med kommunar for å få betre innsikt i utviklinga, og avdekke behov for rettleiing og tiltak.

Kommunane treng verktøy og kompetanse som gjer at dei kan legge rammer for ei bustadutvikling i tråd med samfunnets behov. Husbanken skal bidra til å styrkje kunnskapsgrunnlaget om bustadplanlegging og bustadbehov. Det blir foreslått at Husbanken i endå større grad skal bidra til lokal bustadutvikling i nord gjennom tettare oppfølging og auka nærvær overfor kommunane i nord, og gjennom å teste ut nye arbeidsformer for kommunedialogen og legge betre til rette for samhandling mellom kommunesektoren, statlege aktørar og næringsliv på bustadområdet. Husbanken sin bistand skal hjelpe kommunane til å ta det

bustadpolitiske ansvaret sitt på ein god måte. Det blir foreslått å auke løyvinga med 9 mill. kroner til bistand retta mot kommunane i nord.

Husbanken har over tid jobba med digitalisering av verkemidla sine, mellom anna på IKT-området. Etter kvart som fleire digitale løysingar no er på plass, går meir av digitaliseringsarbeidet over i ein forvaltings-, drifts- og vedlikehaldsfase. Det blir foreslått å flytte 35 mill. kroner frå post 45, der utviklings- og investeringskostnadar blir finansiert, til post 01.

Samla blir det foreslått å løyve 523,4 mill. kroner.

Det blir foreslått at løyvinga kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kap. 5312, post 02, jf. forslag til romartalsvedtak.

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast

Husbanken skal bruke løyvinga til forskning, utvikling og formidling av kunnskap.

Rapport

I 2024 finansierte Husbanken ni eksterne analysar, utgreiingar og evalueringar. I tillegg kom utviklingsprosjekt, datakjøp og mindre oppdrag. Oppdraga har vore retta inn mot dei prioriterte måla i nasjonal strategi for den sosiale bustadpolitikken, *Alle trenger et trygt hjem*.

Kunnskapsproduksjonen i Husbanken har i 2024 særleg vore retta mot kunnskap som kan bidra til å underbygge Husbanken si nye kunnskapsrolle på leigemarknaden og korleis den økonomiske utviklinga har påverka Husbanken sine målgrupper, økonomiske verkemiddel og kompensierende tiltak. Dette gjeld til dømes oppdrag knytt til betalingsproblem og mislighald blant startlåntakarane, kven som står i fare for å bli vanskelegstilte og korleis ein kostnadseffektivt kan bygge gode omsorgsbustader i ei tid med høge byggekostnadar. Husbanken har òg evaluert ordninga med lån til bustadkvalitet og betydinga av studentar for leigemarknaden. For å følgje opp eldrebustadprogrammet, laga Husbanken i 2024 ein gjennomføringsplan for perioden 2024–2028, og styrkte kunnskapsgrunnlaget kring eigna bustader for eldre.

Så langt i 2025 har Husbanken mellom anna igangsett arbeid med å vurdere konsekvensar av moglege endringar i fleire av Husbanken sine økonomiske verkemiddel. Husbanken har òg lyst ut eit oppdrag om stabilitet for bustøttemottakrar og situasjonen for mottakrarar av både

bustøtte og sosialhjelp. I tillegg har dei lyst ut oppdrag om kriterier for tildeling og vilkår for kommunale bustader, fortrenking i leigemarknaden og tiltak for velfungerande leigemarknader i distriktskommunar.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2026

Husbanken skal støtte kommunane med analysar av bustadmarknaden og rettleie om dei samla utfordringane kommunane står overfor i bustadpolitikken, korleis kommunane mest effektivt kan møte utfordringane, og korleis staten eventuelt kan bidra.

I 2025 fekk Husbanken ei utvida nasjonal kunnskapsrolle med mål om å styrkje kunnskapsgrunnlaget for vidare utvikling av bustadpolitikken, både lokalt og nasjonalt. I åra som kjem, skal Husbanken særleg prioritere kunnskapen om lokale bustadmarknader, og særleg innanfor leigemarknaden, bustadbehov og bustadbygging. Husbanken skal òg bidra til å vidareutvikle og forbetre bustøtta i samarbeid med departementet.

Det blir foreslått å løyve 12,9 mill. kroner.

Post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald, kan overførast

Husbanken brukar løyvinga på posten til større anskaffingar av utstyr og vedlikehald, mellom anna på IKT-området. Posten kan òg dekke løn til tilsette når Husbanken utfører vedlikehald og ombyggingar i eigen regi.

Rapport

Husbanken har i 2024 hatt to store digitaliseringsprosjekt: Nytt låneforvaltningssystem innanfor moderniseringsprogrammet til Husbanken og Digitale løysingar for kommunalt disponerte utleigebustader (Kobo). Dette er store utviklingsprosjekt som går over fleire år, med årlege løyvingar.

Utviklinga av nytt låneforvaltningssystem har haldt fram sidan 2020, men det har vore vesentlege forseinkingar og auka kostnadar i prosjektgjennomføringa, i hovudsak som følgje av koronapandemien. Etter reforhandlingar, reduksjon av omfanget av avtalen med leverandøren og betydeleg meir eigeninnsats enn forventa, vurderte Husbanken at uvisse om framdrifta var for stor. Husbanken har derfor valt å avslutte avtalen med leverandøren. Det går føre seg ein rettsleg prosess om det økonomiske oppgjeret. Husbanken legg opp til å forlengje levetida til eksisterande system, sam-

stundes som systema for lån og tilskot blir vidareutvikla og fornya.

Prosjektfasen for Kobo vart avslutta ved utgangen av 2023. I 2024 deltok 48 kommunar i innføringsløpet, som bestod av seks digitale samlingar. Ved utgangen av 2024 hadde 122 kommunar signert avtale om å ta systemet i bruk. Ved utgangen av juli 2025 gjaldt dette 133 kommunar. Husbanken jobbar med å få fleire kommunar til å ta i bruk løysingane, og forbetrar og vidareutviklar funksjonaliteten kontinuerleg.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2026

Husbanken skal sørge for vedlikehald og sikker drift av systema sine, og fortsette å vidareutvikle dei digitale tenestene i 2026. Gode digitale løysingar bidrar til å forenkle og forbetre sakshandsaminga i kommunane og i Husbanken, og det gir betre oversikt over den bustadsosiale situasjonen. Husbanken vil òg fortsette moderniseringa av låne- og tilskotsforvaltinga, mellom anna gjennom å utvikle eit nytt sakshandsamingssystem. I 2026 skal Husbanken fortsette med å gjere Kobo kjent for kommunane slik at dei kan ta i bruk tenestene og leigetakarane kan søkje om bustad og få handsama søknaden enkelt og raskt i eit digitalt system.

Etter kvart som fleire digitale løysingar no er på plass, går meir av digitaliseringsarbeidet over i ein forvaltings-, drifts- og vedlikehaldsfase. Det blir derfor foreslått å flytte 35 mill. kroner til post 01.

Det blir foreslått å innføre eit nytt tilskot til oppgradering av eigen bustad, jf. kap. 760, post 72 under Helse- og omsorgsdepartementet. Tiltaket krev utvikling av nye system i Husbanken. Det blir foreslått å auke løyvinga med 9 mill. kroner.

Samla blir det foreslått å løyve 47 mill. kroner.

Post 71 Tap på lån

Posten omfattar staten sitt brutto tap på utlånsverksemda til Husbanken.

Ved utgangen av 2024 forvalta Husbanken ein samla låneportefølje på om lag 187,4 mrd. kroner. Tapa på utlånsverksemda i Husbanken er låge, og utgjorde 0,18 pst. av uteståande lån i 2024. Brutto tap var 33,1 mill. kroner.

Tapa på lånegjeld (hovudstol) fordelte seg med 2,7 mill. kroner på startlån og 30,4 mill. kroner på resten av låneordningane. Tilbakeførte restkrav var 2,4 mill. kroner i 2024. Samla netto tap var 30,7 mill. kroner, mot 16,7 mill. kroner i 2023. Auken i tap i 2024 kjem av auka tap på barnehagelån i 2024. Husbanken har dei siste åra sett

i verk fleire tiltak for å redusere risikoen for tap på nye lån og den totale tapsrisikoen.

I tillegg til tapa som staten dekker, dekker òg kommunane tap på startlån. Kommunane førte tap på 22,8 mill. kroner på startlån i 2024. I 2025 er brutto tap anslått til 26 mill. kroner.

Tapsanslaga blir berekna ut frå gjennomsnittlege tap dei siste fem åra og storleiken på utlånsporteføljen. Berekninga gir ein reduksjon i tapsanslaga på 1 mill. kroner frå 2025 til 2026.

Det blir foreslått å løyve 25 mill. kroner.

Post 72 Rentestøtte

Posten omfattar rentestøtte som følgje av at eldre lån med særvilkår har eitt prosentpoeng lågare rente enn ordinære lån. Husbanken gav slike lån fram til og med 1996.

I 2024 førte Husbanken rekneskap for 0,4 mill. kroner på posten. Restgjelda for låna med særvilkår var per 31. desember 2024 på om lag 30 mill. kroner, mot 55 mill. kroner året før.

Det blir foreslått å løyve 200 000 kroner.

Post 90 Nye lån, overslagsløyving

Løyvinga dekker utbetaling av nye lån, i tillegg til berekna, opptente, ikkje betalte renter på låna.

Lån frå Husbanken skal vere eit supplement til dei private kredittinstitusjonane, og skal bidra til å nå bustadpolitiske mål som elles ikkje ville blitt nådd. Husbanken gir følgjande lån:

- Startlån skal bidra til at personar med langvarige bustadfinansieringsproblem kan skaffe seg ein eigna bustad og behalde han.
- Lån til utleigebustader skal bidra til fleire eigna utleigebustader for vanskelegstilte på bustadmarknaden.
- Lån til bustadkvalitet skal bidra til enten fleire miljøvenlege bustader, eller bustader med betre tilgjengelegheit enn det som elles ville blitt bygd.
- Lån til studentbustader skal bidra til eit rimeleg og føreseieleg butilbod for studentar.

Rapport

I 2024 var låneramma til Husbanken på 32 mrd. kroner, etter ei auke på 3 mrd. kroner i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2024. Husbanken gav tilsegn for heile låneramma i 2024. Låneramma var 32 mrd. kroner i saldert budsjett for 2025, og vart auka med ytterlegare 2 mrd. kroner til 34 mrd. kroner som ei eittårig auke i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2025.

Startlån

I 2024 gav Husbanken tilsegn om startlån for 17,2 mrd. kroner til kommunane. Kommunane gav i sin tur startlån for 17 mrd. kroner til 8 027 husstandar. Gjennomsnittleg startlån var 2,1 mill. kroner, og 60 pst. av startlåna i 2024 gjekk til barnefamiljar. Ved utgangen av juli 2025 hadde kommunane betalt ut ordinært startlån for 9,5 mrd. kroner til 4 389 husstandar, og 324 mill. kroner gjennom ei forsøksordning med startlån til 115 førstegongsetablerarar.

Lån til utleigebustader

I 2024 gav Husbanken tilsegn om lån til utleigebustader for 814,8 mill. kroner. Det innebar oppføring og kjøp av 333 utleigebustader. Kommunane kan disponere 98 av dei. Ved utgangen av juli 2025 har Husbanken gitt tilsegn om lån for 224 mill. kroner til 107 utleigebustader.

Lån til bustadkvalitet

I 2024 gav Husbanken tilsegn om lån til bustadkvalitet til 3 858 bustader for 11,3 mrd. kroner. Det vart gitt tilsegn om lån til oppføring av 2 477 miljøvenlege bustader og 240 livsløpsbustader. Husbanken gav òg tilsegn om lån til oppgradering av eksisterande bustader for 809 mill. kroner. Av dei 1 141 bustadene som fekk lån til oppgradering, tilfredsstilte 71 pst. krava til både energi og tilgjengelegheit, 2 pst. av bustadene tilfredsstilte berre krava til tilgjengelegheit, og 27 pst. tilfredsstilte berre krava til energi. Ved utgangen av juli 2025 har Husbanken gitt tilsegn om lån til bustadkvalitet for 10,8 mrd. kroner til 2 707 bustader.

Lån til studentbustader

I 2024 gav Husbanken tilsegn om 2,6 mrd. kroner til oppføring og oppgradering av 2 624 studentbustader. Ved utgangen av juli 2025 har Husbanken gitt tilsegn om lån for 1,1 mrd. kroner til 771 studentbustader.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2026

Regjeringa foreslår ei låneramme på 32 mrd. kroner i 2026, for å bidra til at fleire kan eige sin eigen bustad, og til fleire eigna bustader i heile landet. Dette inneber ei vidareføring av låneramma frå saldert budsjett for 2025.

Innanfor gjeldande ramme skal Husbanken prioritere etter denne rekkefølga:

- Startlån. Innanfor startlån skal kommunane prioritere barnefamiljar og personar med utviklingshemming.
- Lån til utleigebustader til vanskelegstilte.
- Lån til bustadkvalitet.
- Lån til studentbustader.

Husbanken kan gjere unntak frå reglane for lånegrad i område av landet der private kredittinstitusjonar i lita grad finansierer nybygging. Husbanken kan prioritere inntil 1 mrd. kroner av låneramma til lån til bustadkvalitet og lån til utleigebustader i distriktskommunar i klasse 5 og 6 i sentralitetsindeksen til Statistisk sentralbyrå. I 2026 kan Husbanken gi tilsegn om startlån for 19 mrd. kroner, hvorav 2 mrd. kroner er øyremerkt forsøksordninga med startlån til førstegongsetablerarar, og tilsegn om lån til studentbustader for 2,1 mrd. kroner, under føresetnad at det finst tilfredsstillande søknader.

Husbanken betalar i hovudsak ut startlån det året tilsegn er gitt, medan dei andre låna blir betalt ut over fleire år. Behovet for løyving aukar med 2,8 mrd. kroner, mellom anna som følge av at låneramma vart førebels auka med 2 mrd. kroner i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2025.

Kriteria for Husbanken sitt lån til bustadkvalitet skal i 2026 fornyast for å sikre at ordninga bidrar til å nå bustadpolitiske mål som elles ikkje ville blitt nådd.

Samla blir det foreslått å løyve 31,3 mrd. kroner.

Det blir foreslått ei låneramme på 32 mrd. kroner, jf. forslag til romartalsvedtak.

Kap. 5312 Husbanken

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Gebyr utlån m.m.	6 475	6 100	5 500
02	Gebyr husleigetvistar			5 947
11	Diverse inntekter	64 528	91 344	70 448
90	Avdrag	11 868 677	15 113 000	14 153 000
	Sum kap. 5312	11 939 680	15 210 444	14 234 895

Post 01 Gebyr utlån m.m.

På posten blir det ført inntekter frå etableringsgebyr, termingebyr, varslingsgebyr og tilkjende sakskostnader i misleghaldsaker med fleire. Kundane kan velje mellom to, fire eller tolv terminar i året, mellom papirbaserte og elektroniske søknader og om dei vil ha varsel om terminforfall.

Av samla inntekt i 2024 på 6,5 mill. kroner, kom 303 000 kroner frå etableringsgebyr, 5,7 mill. kroner frå forvaltingsgebyr og 430 000 kroner frå varslingsgebyr. Dette er noko lågare enn i 2023.

Ved utgangen av 2024 forvalta Husbanken om lag 25 190 lån, mot 27 550 på same tidspunkt året før. Det blir lagt til grunn at talet på lån i utlånsporteføljen vil vere lågare i 2026, noko som vil gi ein reduksjon i gebyrinntekter på 0,6 mill. kroner.

Det blir foreslått å løyve 5,5 mill. kroner.

Post 02 Gebyr husleigetvistar (ny)

Posten omfattar gebyrinntekter for handsaming av klager i Husleigetvistutvalet (HTU) og var tidlegare budsjettert under kap. 3585, post 01. Sakshandsamingsgebyret er 0,2 gonger rettsgebyret når ei klage blir fremja av ein leigetakar. Når ei klage blir fremja av ein utleigar, er gebyret lik rettsgebyret.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2026

Det blir foreslått å auke sakshandsamingsgebyret for utleigarar som skal få saka si handsama i HTU. HTU har aldri hatt ein så stor saksinnangang som no, frå om lag 1 800 saker i 2020 til om lag 4 300 saker i 2024. Både talet på saker i restanse og sakshandsamingstida har auka kraftig, trass i at HTU har effektivisert sakshandsaminga betydeleg. Før HTU vart landsdekkande i 2021, var For-

liksrådet alternativ klageinstans. Gebyret til Forliksrådet er derimot høgare enn i HTU, og er satt til 1,54 gonger rettsgebyret (1,54R), jf. rettsgebyrloven §7. Sjølv om HTU no dekker klager frå heile landet, er det liten grunn til at gebyr for utleigarar skal avvike frå Forliksrådet. Det blir foreslått å auke gebyret for utleigar frå 1 til 1,54 gonger rettsgebyret (1,54R). Det medfører at gebyret aukar frå 1 345 kroner til 2 071 kroner. Gebyra vil framleis vere lågare enn sakshandsamingskostnadane, og dermed i tråd med R-112/2015 Bestemmelser om statlig gebyr og avgiftsfinansiering.

Endringa inneber at gebyrinntektene og tilhøyrande driftsutgifter aukar med 1,9 mill. kroner.

Det blir foreslått å løyve 5,9 mill. kroner.

Post 11 Diverse inntekter

På posten blir det ført diverse inntekter, mellom anna tilbakebetaling av rettsstridig utbetalt bustøtte og andre tilskot, tilbakeførte restkrav frå startlån og restkrav i særskilde og kompliserte tapssaker, såkalla spesialengasjementsaker.

I 2024 var inntektene i hovudsak bustøtte og andre tilskot som er betalte tilbake.

Det blir foreslått å redusere inntektene med 20,9 mill. kroner, hovudsakleg på grunn av større treffsikkerheit i utbetalingane av bustøtte. Dette har medført færre nye krav om tilbakebetaling av bustøtte, og inntektene har derfor avtatt og stabilisert seg dei seinaste åra.

Det blir foreslått å løyve 70,4 mill. kroner.

Post 90 Avdrag

Posten omfattar ordinære og ekstraordinære avdrag og andre innbetalningar, tilbakebetaling av opptente, ikkje betalte renter og tap.

I 2024 vart det inntektsført 11,9 mrd. kroner. Av dette var om lag 6,8 mrd. kroner ordinære innbetalningar, 4 mrd. kroner var ekstraordinære innbetalningar, og om lag 1,1 mrd. kroner var tilbakebetaling av opptente, ikkje betalte renter og tap.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 960 mill. kroner, som følgje av at anslaget på inntekter frå ekstraordinære innbetalningar er redusert.

Det blir foreslått å løyve 14 153 mill. kroner.

Kap. 5615 Husbanken

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
80	Renter	7 317 571	7 661 000	8 480 000
	Sum kap. 5615	7 317 571	7 661 000	8 480 000

Post 80 Renter

Posten omfattar betalte renter på lån, opptente, ikkje betalte renter og rentestøtte, jf. kap. 2412 Husbanken, post 72 Rentestøtte. Husbanken tilbyr lån med flytande og faste renter med bindingstid på 3, 5, 10 eller 20 år. Gjennomsnittleg utlånsrente for låneporteføljen var 4,05 pst. i 2024, mot

2,99 pst. i 2023. Ved utgangen av 2024 var restgjelda for lån med avtalar om fast rente om lag 59 mrd. kroner, og utgjorde 16 pst. av samla utlån.

Som følgje av auka renteforesetnader og auken i låneramma i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2025, aukar behovet for løyving med 819 mill. kroner i 2026.

Det blir foreslått å løyve 8 480 mill. kroner.

Programkategori 13.90 Planlegging, byutvikling og geodata

Utgifter under programkategori 13.90 fordelte på kapittel

					(i 1 000 kr)
Kap.	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026	Endring i pst.
590	Planlegging og byutvikling	222 073	221 111	231 660	4,8
595	Statens kartverk	1 382 862	1 481 201	1 471 364	-0,7
	Sum kategori 13.90	1 604 935	1 702 312	1 703 024	0,0

Inntekter under programkategori 13.90 fordelte på kapittel

					(i 1 000 kr)
Kap.	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026	Endring i pst.
3595	Statens kartverk	834 157	850 614	868 305	2,1
5635	Electronic Chart Centre AS	2 389	3 000	3 000	0,0
	Sum kategori 13.90	836 546	853 614	871 305	2,1

Innleiing

Kommunal- og distriktsdepartementet har ansvar for at landet har ein heilskapleg, framtidsretta og samordna arealpolitikk, og skal bidra til at den kommunale og regionale samfunns- og arealplanlegginga fungerer effektivt. Ansvaret omfattar både utviklings- og forvaltingsoppgåver, og rolla som plan- og avgjerdsmyndigheit i enkeltsaker. Departementet skal legge til rette for gode og effektive planprosessar, og for betre samspel mellom forvaltingsnivåa på tvers av administrative grenser og ulike sektorar. Utvikling og formidling av nasjonale mål og interesser i planlegginga er ein del av dette ansvaret.

Departementet forvaltar og utviklar lover og forskrifter om planlegging og konsekvensutgreiingar. Plan- og bygningslova legg, saman med kart- og planforskrifta og forskrift om konsekvensutgreiing, rammer for samfunns- og arealplanlegginga. For omtale av lova sin bygningsdel blir det vist til programkategori 13.80 Bustad, bomiljø og bygg.

Eit aktivt planarbeid er avgjerande for god samfunns- og arealutvikling. Når ein skal planlegge for utvikling av samfunnet og bruken av areal, skal ulike interesser vegast opp mot kvarandre. Statlege, regionale og kommunale planar må vere samordna slik at dei bidreg til å nå dei same overordna måla for berekraftig samfunnsutvikling. Planlegginga skal gi grunnlag for vedtak om bruk og vern av ressursar. Openheit, føreseielegheit og medverknad er avgjerande for kvaliteten på og tilliten til planane.

God rettleiing om plansystemet er ein viktig del av departementet sitt ansvar. Rettleiarar og rundskriv er avgjerande for å spreie kunnskap om god planlegging, nasjonal politikk og forpliktingar gjennom internasjonale avtalar og andre føringar. Statlege og regionale styresmakter skal bidra med oppdatert kunnskap på fagområda sine ved å delta og rettleie i planprosessane, og ved å legge til rette for og kvalitetssikre data i den nasjonale geografiske infrastrukturen.

Kommunane har hovudansvaret for sine areal og ressursar. Dei må finne heilskaplege og gode løy-

singar i samfunns- og arealplanlegginga ut frå lokale forhold og prioriteringar, samstundes som nasjonale og viktige regionale interesser blir ivareteke.

For at kommunane skal kunne utføre planoppgåvene sine på ein god måte, treng dei eit oppdatert kunnskapsgrunnlag og gode verktøy. Departementet legg til rette for kompetansebygging i kommunane, mellom anna gjennom å utvikle og gjere tilgjengeleg digitale verktøy til bruk i planlegginga. Statsforvaltarane og andre etatar støttar opp under kommunal og regional planlegging, og rettleiar saman med fylkeskommunane på vegne av departementa. Når myndigheitene deltek i planprosessar, skal dei kome med tidlege og tydelege signal om viktige interesser og omsyn. Fylkeskommunane har ansvar for å rettleie og hjelpe kommunane, og skal bidra med eit regionalt kunnskapsgrunnlag.

Kommunale plansaker med motsegner som ikkje har blitt løyst lokalt, og regionale planar der det har kome innvending, blir avgjorde i departementet. Når viktige statlege, regionale eller andre samfunnsmessige omsyn tilseier det, kan departementet utarbeide statleg reguleringsplan eller arealdel til kommuneplanen.

Departementet har ansvar for staten sin kartpolitikk. Ansvaret omfattar både kart, lovgjeving, forvalting og tilrettelegging innan fagområda geografiske data (geodata) og eigedomsinformasjon (matrikkel og tinglysing).

Statens kartverk (Kartverket) er nasjonal geodatakoordinator og organiserer kartlegginga av Noregs land- og sjøareal. Kartverket skal legge til rette for bruk av dette kunnskapsgrunnlaget, mellom anna ved å sørge for at det offentlege kartgrunnlaget er standardisert og tilgjengeleg for alle. Deling av data i samsvar med geodatalova skjer i samarbeid med sektorstyresmakter. Etaten har òg ansvaret for tinglysing av fast eigedom og burett, og for å forvalte matrikkelen i samarbeid med kommunane.

Electronic Chart Centre (ECC), som er eit statleg selskap under Kommunal- og distriktsdepartementet, leverer tenester til det internasjonale PRIMAR-samarbeidet, i form av drift og utvikling av ein global database for sjøkart. Selskapet er eitt av to som leverer slike tenester i verda. Arbeidet legg grunnlag for ein sikker og effektiv sjøtransport gjennom forvalting og tilgjengeleggjering av autoriserte elektroniske navigasjonsdata.

Departementet har oppfølgingsansvaret for tilskot til stiftinga Design og arkitektur Norge (DOGA). DOGA skal fremje kvalitet, innovasjon og auka verdiskaping innanfor offentleg og privat sektor, ved bruk av design og arkitektur i utviklinga av omgivnader, produkt og tenester.

Mål for programkategorien

1. Planlegging fremjar berekraftig samfunnsutvikling og arealbruk
2. Eit velfungerande plansystem fremjar effektivitet og kvalitet i planlegginga
3. Effektiv tilgang til oppdatert kart- og eigedomsinformasjon gir grunnlag for verdiskaping og utvikling

Mål 1 Planlegging fremjar berekraftig samfunnsutvikling og arealbruk

Alle kommunar skal ha moglegheita til å utvikle gode samfunn. Gjennom samfunns- og arealplanlegging fastsett kommunane arealbruken i heile kommunen. Gode prosessar for samordning og medverknad, skal bidra til at regionale og nasjonale mål blir nådde i kommunanes samfunns- og arealplanlegging.

Gjennom arbeidet med samfunnsdelen av kommuneplanen og regional planstrategi skal kommunar og fylkeskommunar synleggjere viktige utfordringar og forankre strategiske val. Kommunane skal sikre sentrale samfunnsforhold som utbygging av bustader, at transportbehov blir reduserte, omsyn til klima og natur, folkehelse, barn og unge og kvalitet i bygde miljø.

Regional plan er både ein reiskap for å ta i vare fylkeskommunen sin regionalpolitiske rolle, og eit instrument for å sikre ei god tilpassing av statleg politikk i fylka. God og tydeleg rolleavklaring, tidleg avklaring av konflikhtar og effektivt samarbeid er viktig.

Regjeringa har høge ambisjonar for bustadpolitikken, og har eit mål om igangsetting av 130 000 nye bustader innan 2030. Regjeringa tar ei rekke grep for å nå dette målet. Blant desse grepa er å sjå nærare på tekniske krav, tydeleggjere at bustadbygging er eit viktig omsyn og innføring av nye fristar i planprosessane.

Regjeringa sine viktigaste prioriteringar for samfunns- og arealplanlegginga er omtalt i *Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging*. Med heimel i plan- og bygningslova blir det og utarbeidd statlege planretningslinjer for viktige temaområder. Nye planretningslinjer ble vedtatt i desember 2024 og januar 2025.

Departementet samarbeider breitt med andre departement om korleis nasjonale mål knytt til mellom anna miljø, klima, jordvern, energi, grøn næringsutvikling og forsvarsinteresser kan ivaretakast i planlegginga.

I planlegginga av landbruks-, natur-, friluft-, reindrifts- og sjøområde er klimatilpassing og

effektiv og berekraftig forvaltning viktige omsyn. Planlegging i byer og tettstadar skal bidra til regjeringas mål om å auke takten i bustadbygginga. Planlegginga skal bidra til kvalitet i det bygde miljøet, slik at den grønne omstillinga med krav til betre ressursbruk og fortetting med kvalitet, skjer med verdi for menneske og samfunn.

Sjå nærare omtale av løyvingar og verkemiddel som støttar opp under mål 1 under kap. 590, postane 63, 65, 71, 72 og 81, og kap. 500, 21 og 72.

Mål 2 Eit velfungerande plansystem fremjar effektivitet og kvalitet i planlegginga

Kommunal- og distriktsdepartementet set ramme for ei god og kunnskapsbasert samfunns- og arealplanlegging og effektive planprosessar gjennom lovverk, rettleiing og tilrettelegging av data, arealstatistikk, kart- og eigedomsdata og kompetanse. Departementet legg til rette for kompetansebygging i kommunane, mellom anna gjennom å utvikle og gjere tilgjengelege digitale verkøy og rettleiingar til bruk i planlegginga. Dette gjer det enklare å bruke geografisk informasjon, ulik statistikk mv. for å rekne ut klimateffektar, setje opp arealregnskap, vurdere konsekvensar og nytte av ulike planalternativ osv.

Rettleiingar og rundskriv er avgjerande for å spreie kunnskap om god planlegging og nasjonal politikk og føringar. Regjeringa legg og vekt på rettleiing og informasjon skal vere digitalt tilgjengeleg.

Stortinget har nyleg vedteke eit lovforslag frå regjeringa om grunneigarfinansiert infrastruktur. Dette kan gi utbyggarane meir føreseielege kostnader ved store og kompliserte utbyggingsprosjekt som tar lang tid.

Oppdatert plangrunnlag, god og tydeleg rolleavklaring, tidleg avklaring av konflikhtar og effektivt samarbeid, er viktig for å sikre føreseielege og effektive planprosessar. Sidan 2016 har gjennomsnittleg tid brukt til sakshandsaming av plansaker auka. Dette er eit problem som regjeringa vil gripe fatt i. Regjeringa vurderer nye tidsfristar, og vil gjere det tydeleg for kommunane og partane i planprosessane at planane ikkje må vere for detaljerte. For å oppfylle regjeringas mål om å igangsette 130 000 nye bustader, er det nødvendig å få ned planleggingstida, samstundes som det ikkje går utover kvaliteten på planane og kvaliteten i bygde miljø. Regjeringa har i eit brev til kommunar, byggenæringa og statlege styresmakter bedt om felles innsats for auka bustadbygging.

Når det blir fremja motsegn, er det viktig med gode prosessar mellom kommunane, styresmakta som kom med motsegn, og statsforvaltarane som

meklar for å finne løysingar. Regjeringa vil i tida framover kome med tiltak som skal bidra til raskare planprosessar. Særleg vil regjeringa vurdere korleis ordninga med motsegner blir praktisert.

Sjå nærare omtale av løyvingar og verkemiddel som støttar opp under mål 2 under kap. 590, postane 72 og 81, og kap. 500, 21, 70 og 72.

Mål 3 Effektiv tilgang til oppdatert kart- og eigedomsinformasjon gir grunnlag for verdiskaping og utvikling

Tilgang til påliteleg og oppdatert kart- og eigedomsinformasjon er eit viktig grunnlag for planlegging, utbygging, næringsutvikling og samfunnsstryggleik, og påverkar alt frå bustadutvikling til infrastrukturtiltak og krisehandtering.

Regjeringa vil vidareutvikle dei nasjonale kart- og eigedomsregistera for å sikre at offentleg forvaltning, næringsliv og innbyggjarar får rask og enkel tilgang til kvalitetssikra geografisk informasjon. Dette inkluderer kontinuerleg oppdatering av kartdata, modernisering av digitale tenester, og betre integrasjon mellom ulike datasett.

Effektiv kart- og eigedomsforvaltning reduserer saksbehandlingstid i planprosessar på fleire måtar. Digitalisering og automatisering av rutineoppgåver gjer at saksbehandlarar får rask tilgang til oppdatert informasjon om eigedomsforhold og arealbruk utan manuell søking. Kompatible system mellom forvaltingsnivå gjer parallell saksbehandling og rask digital utveksling av høyringsfråsegner mogleg. Dette kortar tida frå søknad til vedtak, noko som kjem både private utbyggarar og det offentlege til gode gjennom reduserte administrative kostnader og raskare samfunnsutvikling. Vidare digitalisering skal legge til rette for innovasjon og nye tenester som nyttar geografisk informasjon, skapar arbeidsplassar og verdiskaping i heile landet, styrkjer sikkerheita i samfunnet og bidrar til vidareutvikling av velferdsstaten.

Investeringar i moderne kart- og eigedomsinformasjon er ei investering i Noregs konkurransekraft og eit grunnlag for berekraftig utvikling av samfunnet vårt.

Regjeringa vil sørgje for at kart, geodata og eigedomsinformasjon med tilfredsstillande kvalitet er tilgjengeleg for offentlege og private brukarar. Regjeringa vil betre sjølvbeteningsløysingane for offentlege kartdata, plandata og bygnings- og eigedomsinformasjon, legge til rette for meir bruk av digitale løysingar, og skape eit enklare møte med ein døgnopen offentleg sektor. Matrikkelen er Noregs eigedomsregister og skal ha god kvalitet, og bidra til effektiv planlegging og forvaltning.

Deling av offentlege data er ein føresetnad for utvikling av samanhengande tenester på tvers av sektorar og forvaltingsnivå. Det er avgjerande at sikkerheita i løysingane tar vare på både samfunns-sikkerheita og enkeltmennesket sitt personvern. For omtale av informasjonssikkerheit blir det vist til programkategori 01.40 Forvaltningsutvikling, IT- og ekompolitikk, jf. Prop. 1 S (2025–2026) for Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet.

Tilgang til kart- og eigedomsinformasjon er avhengig av godt samarbeid mellom ulike statsetatar, kommunar og næringsliv. Ein stor del av løyvinga til Kartverket er derfor finansiert av inntekter frå andre partar. Kartverket sitt arbeid er avhengig av gode samarbeidsformer for å sikre at Noreg framleis er verdsleiar på kart- og eige-

domsinformasjon, og at desse dataa kjem innbyggjarar og næringslivet til gode.

Regjeringa vil sikre at styresmaktene har tilstrekkeleg oversikt over kven som eig og ervervar fast eigedom i Noreg. Dette er viktig for å ivareta nasjonal sikkerheit, forhindre økonomisk kriminalitet, oppretthalde eit velfungerande eigedomsmarknad og effektivisere offentlege tenester. Kartverket har, i samarbeid med Skatteetaten, levert ei konseptvalutgreiing (KVU) som skal legge til rette for sikker registrering, lagring og deling av opplysningar for å sikre oversikt over fast eigedom. Regjeringa vil følgje opp arbeidet med oversikt over fast eigedom vidare.

Sjå nærare omtale av løyvingar og verkemiddel som støttar opp under mål 3 under kap. 595, kap. 3595, kap. 5635 og kap. 500, post 21.

Kap. 590 Planlegging og byutvikling

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
63	FutureBuilt			5 000
65	Områdesatsing i byar, <i>kan overførast</i>	152 650	145 950	144 850
71	DOGA	43 813	44 813	51 048
72	Bustad- og områdeutvikling i byar, <i>kan overførast</i>	18 909	20 469	20 527
81	Kompetansetiltak innan planlegging og geodata, <i>kan overførast</i>	6 701	9 879	10 235
Sum kap. 590		222 073	221 111	231 660

Post 63 FutureBuilt

Mål for ordninga

Hovudføremålet med tilskotet frå Kommunal- og distriktsdepartementet er å realisere klimavenlege og kostnadseffektive forbildeprosjekt i byggsektoren og å stimulere til innovasjon og kunnskapsoverføring, slik at metodane som blir utvikla kan bli vanlig praksis.

Tilskotet støttar opp om Mål 1 Planlegging fremjar berekraftig samfunnsutvikling og arealbruk.

Kriterium for måloppnåing

Kriteria som er relevante for å vurdere måla for tilskotet er:

- Igangsette og realiserte forbildeprosjekt som oppfyller FutureBuilt sine kriterium
- Berekning av reduksjon i klimagassutslepp i FutureBuilt sine pilotprosjekt i forhold til ordinære prosjekt
- Korleis dei nye prosjekta oppfyller FutureBuilt sine kvalitetskriterier og korleis kriteria kan utviklast for å setje nye mål
- Korleis FutureBuilt sitt arbeid med erfaringsformidling bidrar til spreining, inspirasjon og læring i bransjen, inkludert vektlegging av korleis prosjekta både kan redusere klimagassutslepp og redusere byggekostnader

Oppfølging og kontroll

FutureBuilt skal rapportere på bruken av tilskotet.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2026

Regjeringa har nyleg lagt fram ein arkitekturstrategi med mål om å betre by- og stadutvikling gjennom vakrare, meir berekraftige og inkluderande omgivnader. For å bidra til å realisere klimavenlege og kostnadseffektive forbildeprosjekt i byggsektoren og stimulere til innovasjon og kunnskapsoverføring blir det foreslått eit tilskot til innovasjonsprogrammet FutureBuilt. Tilskotet går i sin heilskap til det nasjonale sekretariatet som er organisert i Oslo kommune. Det finst ikkje andre aktuelle mottakrarar som oppfyller måla for ordninga.

Det blir foreslått å løyve 5 mill. kroner.

Post 65 Områdesatsing i byar, kan overførast

Områdesatsingar er ein felles ekstra innsats mellom stat og kommune for betre levekår og nær- og bumiljø i byområde med konsentrasjon av levekårsutfordringar. Det vert gitt tilskot til områdesatsing over fleire departement sine budsjett, jf. tabell 5.6. Statlege tilskot til områdesatsingar blir sett i samanheng med kommunal innsats.

Mål for ordninga

Tilskotet over kap. 590, post 65 skal bidra til å jamne ut sosiale skilnader ved at fleire som bur i område med særskilde levekårsutfordringar kan bli økonomisk sjølvstendige gjennom arbeid, og bli aktive deltakarar i lokalsamfunn og storsamfunn. Tilskotet skal òg bidra til varige forbetringar av tenester, og betre fysiske og sosiale nærmiljøkvalitetar i levekårsutsette område.

Tilskotet støttar opp om Mål 1 Planlegging fremjar berekraftig samfunnsutvikling og arealbruk.

Kriterium for måloppnåing

Kriteria som er relevante for å vurdere om måla for tilskotet er nådd er mellom anna:

- om det er blitt betre fysiske kvalitetar og auka sikkerheit og livskvalitet
- om det er utvikla arbeidsformer og verkemiddel som bidrar til betre offentlege tenester tilpassa lokale behov, og gode bu-, oppvekst- og nærmiljø
- om satsingane bidrar til å fremje deltaking og medverknad på ulike samfunnsarenaer
- om det er betre kopling mellom overordna byutvikling og nærmiljøarbeid i områdesatsingane.

Tildelingskriterium

Kommunar med avtale om områdesatsing får eit årleg tilskot i avtaleperioden, føresett årlege budsjettvedtak i Stortinget. I 2025 og 2026 går midlane til kommunar med avtale, jf. prioriteringar og budsjettforslag nedanfor. Tilskotet skal gå til å gjennomføre ein årleg handlingsplan for områdesatsinga.

Etter kvart som dei eksisterande avtaleperiodane går ut, blir det gjort ei vurdering av om den enkelte avtala om områdesatsing skal forlengast, eller om dei frigjorde midlane skal fordelast etter søknad.

Oppfølging og kontroll

Kommunal- og distriktsdepartementet forvaltar tilskotet og koordinerer innsatsen i områdesatsingar der fleire sektorar/departement deltar. Kommunane må levere årsrapportar og rekneskapsrapportar. Departementet kan krevje tilbake tilskot frå kommunane som er brukt i strid med føresetnadene. Kommunane gjennomfører evalueringar av dei enkelte områdesatsingane. Departementet har òg fått evaluert områdesatsing som statleg verkemiddel gjennom eit eksternt oppdrag, og er i gang med å følge opp tilrådingane.

Rapport

I stortingsperioden har regjeringa utvida talet på kommunar med avtale om områdesatsingar frå 4 til 14 kommunar. Tilskota til kommunane har gått til mellom anna tiltak for fysiske og sosiale nærmiljøkvalitetar, til å utvikle betre tilpassa tenester særleg på områda kvalifisering og sysselsetting, utdanning og oppvekst, til tiltak for betre integrering og folkehelse og til ulike jobbtilbod for ungdom.

Mange av tiltaka er gjort i samarbeid med frivilligheita i utsette lokalområde. Kommunane rapporterer om at områdesatsingane har bidratt til at sosial berekraft og levekår har blitt ein viktigare del i arbeidet med overordna byutvikling enn tidlegare.

I 2024 vart det løyvd 152,7 mill. kroner på post 65. Midlane er fordelt med 57,6 mill. kroner til Oslo, 11,5 mill. kroner til Drammen, 11 mill. kroner til Bergen og 10,8 mill. kroner til Trondheim. Stavanger fekk 6,7 mill. kroner til områdesatsinga på Storhaug, som varte ut 2024. Vidare fekk Fredrikstad, Sarpsborg, Skien, Kristiansand, Larvik, Gjøvik, Halden, Indre Østfold og Tromsø 5 mill. kroner kvar, medan Stavanger fekk 10 mill. kroner til ny avtale om to nye område. Avtalen med Trondheim vart i 2024 forlenga og utvida til eitt nytt område.

I 2025 er det løyvd 146 mill. kroner. Midlane er fordelt med 57,6 mill. kroner til Oslo, 11 mill. kroner til Bergen, 11,5 mill. kroner til Drammen, 10 mill. kroner til Stavanger, 10,85 mill. kroner til Trondheim og 5 mill. kvar til kommunane Fredrikstad, Gjøvik, Halden, Indre Østfold, Kristiansand, Larvik, Sarpsborg, Skien og Tromsø.

Departementet har i 2025 mottatt ei ekstern evaluering av områdesatsing som statleg verke-middel. Av evalueringa går det mellom anna fram at områdesatsingar er eit viktig verkemiddel for å utløyse lokal eksperimentering på tvers av sektor-grenser og forvaltingsnivå. Samstundes peikar evalueringa på at dei langsiktige gevinstane avhenger av i kva for grad eksperimenteringa fører til nye løysingar og tenester, som kan over-førast til ordinær drift i kommunane og vidarefør-

ast utover områdesatsingane. Evalueringa har òg forslag til korleis staten kan styrkje arbeidet med områdesatsingane, mellom anna gjennom betre statleg koordinering, og erfaringsdeling mellom kommunar og direktorat. Departementet er i gang med å følgje opp evalueringa. Mellom anna har Kommunal- og distriktsdepartementet og dei sju andre departementa som er involvert i områ-desatsingane arrangert eit politisk dialogmøte i 2025 med dei 14 områdesatsingskommunane.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2026

Det blir foreslått å løyve 144,9 mill. kroner.

Det blir foreslått at løyvinga fordelast på kom-munar med intensjonsavtalar slik det går fram av tabell 5.5.

Tabell 5.5 Fordeling av post 65 på kommunar og områder (i mill. kroner)

	Tilskot 2026	Avtaleperiode
Oslo – Groruddalen, Oslo indre aust og Oslo sør	56,5	2017–2026
Bergen – Loddefjord og Olsvik	11	2019–2026
Drammen – Strømsø	11,5	2020–2030
Fredrikstad – Holmen/Seut/sentrum øst og vest, Nøkleby/Lisleby og Sellebakk/Sorgenfri	5	2023–2027
Gjøvik – Hunndalen	5	2024–2028
Halden – sentrum	5	2024–2028
Indre Østfold – Mysen	5	2024–2028
Kristiansand – sentrum og sentrum vest	5	2023–2027
Larvik – Torstrand	5	2024–2028
Sarpsborg – Østre bydel	5	2023–2027
Skien – Gulset	5	2023–2027
Stavanger – Hillevåg og Kvernevik	10	2024–2028
Tromsø – Kroken bydel	5	2024–2028
Trondheim – Lademoen, Tempe-Sorgenfri og Møllenberg	10,85	2022–2028
SUM	144,85	

Som ein del av arbeidet med områdesatsingane vil departementet i 2026 setje av 3,5 mill. kroner til koordinering, utgreiingar, kunnskapsformidling og nettverksarbeid på kap. 500, post 21 Særskilde driftsutgifter.

Det blir òg løyvd midlar til områdesatsingar over departementet sitt budsjett på kap. 590, post 72 Bustad- og områdeutvikling i byar.

Samla tildeling til områdesatsingar

I 2026 blir det foreslått til saman om lag 276 mill. kroner til områdesatsingar over departementa sine budsjett, jf. tabell 5.6 og nærare omtale i pro-posisjonane frå dei enkelte departementa.

Tabell 5.6 Områdesatsing – forslag til tildeling for 2026 (i mill. kroner)

	KDD	AID	HOD	KD	KLD	KUD	SUM
	Område- satsing og bustad- og områdeut- vikling i byar	Kvalifisering til arbeid, sosiale tenester, sosialt entre- prenørskap, integrering	Føre byggande og helsefrem- jande tenes- ter og sosialt berekraftige bu- og nær- miljø	Oppvekst og utdanning, barnehage og skole	Blå-grøn infra- struktur	Frivillig- heit, kunst og kultur mv.	
Bergen	18,7		0,33				19,03
Drammen	11,5	1,16	0,33				12,99
Fredrikstad	5	4	0,33				9,33
Gjøvik	5		0,33				5,33
Halden	5		0,33				5,33
Indre Østfold	5		0,33				5,33
Kristiansand	5		0,33				5,33
Larvik	5		0,33				5,33
Oslo	66,5	66,44	10	10,5	5	5	163,44
Sarpsborg	5	4	0,33				9,33
Skien	5		0,33				5,33
Stavanger	10		0,33				10,33
Trondheim	13,95		0,33				14,28
Tromsø	5		0,33				5,33
SUM	165,65	75,6	14,3	10,5	5	5	276,05

I tillegg kjem:

1 mill. kroner frå Arbeids- og inkluderingsdepartementet til Østfold fylkeskommune til samordning av områdesatsingane i fylket.

2,5 mill. kroner i spelemiddel frå Kultur- og likestillingsdepartementet til Oslo.

15,5 mill. kroner frå Kunnskapsdepartementet til auka bemanning på skular i levekårsutsette område.

216,6 mill. kroner frå Kunnskapsdepartementet til auka bemanning og auka pedagogtettleik i barnehagar i levekårsutsette område.

Post 71 DOGA

Mål for ordninga

Hovudføremålet med tilskotet frå Kommunal- og distriktsdepartementet er å fremje berekraftige og attraktive lokalsamfunn, og auka kvalitet på dei bygde omgivnadene. Tilskotet skal òg legge til rette for innovasjon i offentleg sektor. Innsatsen skal særskild bidra til auka kompetanse i samfunnet om stadutvikling, arkitektur og kvalitet i dei bygde omgivnadene, og innovasjon i kommunesektoren. Kunnskapsproduksjon, formidling, prosjektutvikling og samarbeid som fremjar kvalitet, verdiskaping og nytenking, er viktig for å nå måla.

Tilskotet støttar opp om mål 1 Planlegging fremjar berekraftig samfunnsutvikling og arealbruk.

DOGA skal òg utløyse verksemds- og samfunnsøkonomisk lønsam næringsutvikling i Noreg. Tilskot til dette blir løyvd over Nærings- og fiskeridepartementet sitt budsjett.

Kriterium for måloppnåing

Kommunal- og distriktsdepartementet og Nærings- og fiskeridepartementet har saman med DOGA utarbeida eit felles mål- og resultatstyringssystem (MRS). MRS-systemet skal sikre ei heilskapleg styring av tilskota frå departementa, basert på styringsindikatorar som er knytt til delmåla for tilskotet. Mellom anna blir det henta inn informasjon om oppnådd endring i åtferd og innovasjonsnivå hos målgruppene, og spreingseffekt av tiltak.

Tildelingskriterium

Tilskotet går i sin heilskap til stiftinga Design og arkitektur Norge (DOGA). Stiftinga skal fremje kvalitet, innovasjon og auka verdiskaping innanfor offentleg og privat sektor, ved bruk av design og arkitektur i utviklinga av omgivnader, produkt og tenester. Det finst ikkje andre aktuelle mottakarar som oppfyller måla for ordninga.

Oppfølging og kontroll

DOGA skal rapportere om bruken av tilskotet gjennom tertialvise rapportar og årsrapportering. Rapporteringa skal innehalde ei vurdering og analyse av måloppnåinga for tilskotet basert på styringsindikatorar, støttande analysar, evalueringar og annan tilgjengeleg informasjon. Måla og prioriteringane som gis i tilskotsbrev skal følgjast opp gjennom dialogen med departementet.

Rapport

DOGA fekk 71,6 mill. kroner i offentleg tilskot i 2024, av desse var 43,8 mill. kroner frå Kommunal- og distriktsdepartementet og 27,8 mill. kroner frå Nærings- og fiskeridepartementet.

DOGA har i 2024 bidratt til å fremje nytenking og nye løysingar i utvikling av berekraftige og attraktive byar, tettstadar og lokalsamfunn gjennom ei rekke innovasjonsprogram og aktivitetar. Eit nytt og styrka Gnist-program vart lansert for å styrkje kommunane si evne til å jobbe strategisk med lokalsamfunnsutvikling, og DOGA har hjelpt nye kommunar med områdesatsing, òg utvikla eit nasjonalt knutepunkt for innovasjon og kunnskapsutvikling for klimanøytrale og smarte byar.

DOGA driv programmet Stimulab saman med Digitaliseringsdirektoratet. Programmet tilbyr tverrfagleg innovasjonskompetanse og økonomisk støtte til kommunar og statlege verksemder for å stimulere til gode og brukarretta tenester. DOGA har òg utvikla eigne kompetanseverkemiddel og kurs i designdriven innovasjon, medan DOGA sine prisar og DOGA-merket for design og arkitektur bidrar til å stimulere næringslivet og offentleg sektor til å ta i bruk metodar frå design- og arkitekturfaga for berekraftig verdiskaping.

For resultat på mål om auka konkurranseevne i næringslivet blir det vist til omtale under kap. 930, post 70 i Prop. 1 S (2024–2025) for Nærings- og fiskeridepartementet.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2026

DOGA skal i 2026 fortsette arbeidet med å styrkje arkitektur-, plan- og innovasjonskompetansen til kommunesektoren for å fremje berekraftige og attraktive lokalsamfunn. DOGA skal fortsette arbeid med innovasjonsprogram, kompetanse- og kurstilbod, verktøy og erfaringsspreiing, og følgje opp nasjonal plattform for klimanøytrale og smarte byar.

DOGA skal styrkje rollen som nasjonalt kompetansemiljø for stadutvikling og arkitektur og vere pådrivar for auka kvalitet på dei bygde omgivnadene. Ein viktig prioritet er å bidra i oppfølginga av regjeringa sin nye nasjonale arkitekturstrategi. DOGA skal vere ein brubyggjar og møteplass på tvers av forvaltingsnivå, sektorar og fag, og mellom anna bidra til revitalisering av Forum for stadsutvikling i samarbeid med det statlege verke-middelapparatet og fylkeskommunane. DOGA skal òg utvikle verktøy for lokale arkitektur- og byformingsstrategiar.

Det er behov for ei meir heilskapleg innovasjonsordning for offentlig sektor. Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet har tatt initiativ til ei utgreiing der evaluering av Stimulab inngår. DOGA må følgje opp eventuelle endringar i innretning av innovasjonsverkemidla saman med det resterande verkemiddelapparatet.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 4,6 mill. kroner til arbeid med oppfølginga av regjeringa sin nye arkitekturstrategi. Arbeidet skal bidra til oppfølging av strategien, mellom anna ved å auke kompetansen i kommunane til å arbeide med stadutvikling og arkitektur i samfunns- og arealplanlegginga for å medverke til betre prosessar og løysingar lokalt.

Det blir foreslått å løyve 51 mill. kroner. I tillegg blir det foreslått å løyve 19,5 mill. kroner til designretta næringsutvikling på kap. 930, post 70 under Nærings- og fiskeridepartementet.

Post 72 Bustad- og områdeutvikling i byar, kan overførast

Mål for ordninga

Tilskotet skal bidra til å forbetre bustadmiljøet, deriblant å løyse lokale utfordringar for innbyggjarane i område med levekårsutfordringar.

Tilskotet støttar opp om mål 1 Tilgang på eigna bustader og trygge buforhold i heile landet under programkategori 13.80 Bustad, bumiljø og bygg. Tilskotet støttar òg opp om mål 1 Planlegging fremjar berekraftig samfunnsutvikling og arealbruk og Mål 2 Eit velfungerande plansystem fremjar effektivitet og kvalitet i planlegginga under programkategori 13.90.

Kriterium for måloppnåing

Kriterium for måloppnåing er samansett av fleire indikatorar, som betre fysiske kvalitetar ved bumiljøet, auka oppleving av sikkerheit og sosial deltaking i nærmiljøet.

Tildelingskriterium

Tilskotet går til kommunane sin områderetta innset i Oslo, Bergen og Trondheim. Kommunane skal bruke tilskotet til fysiske tiltak som bidrar til å auke kvaliteten i bygningar og uteområde, og til utvikling av nye tiltak for bumiljøet, bustadkonsept og liknande som bidrar til å forbetre eit område fysisk og sosialt. Kommunane kan òg bruke tilskotet til kunnskaps-, informasjons- og kompetansetiltak.

Oppfølging og kontroll

Husbanken forvaltar ordninga og følgjer opp tiltaka fagleg og økonomisk, mellom anna basert på rapportar frå dei involverte kommunane.

Rapport

I 2024 tildelte Husbanken totalt 20 mill. kroner i tilskot til bustad- og områdeutvikling i byar. Av dette fekk Oslo 9,6 mill. kroner, Bergen 7,4 mill. kroner og Trondheim 3 mill. kroner. Mange av tiltaka som er gjennomførte, er resultat av samarbeid mellom fleire kommunale einingar og lokalt næringsliv.

Oslo kommune har støtta prosjekt i seks bydelar, mellom anna «Heilskapleg bumiljø på Vestli», med grep retta mot vanskelegstilte på bustadmarknaden som bor i utsette bumiljø. Gjennom prosjektet er det og utvikla trivselstiltak med sameiger, testa leigebustadteneste med småskalautleigarar, og drive aktivitetar og møteplassar med frivillige. Prosjektet «Bu godt på Sletteløkka» har tiltak i fysisk utviklingsplan for å forbetre barn og ungdom sine moglegheiter til å bruke uteområda. Prosjektet «Bumiljøprosjektet Furuset» har jobba med oppvekstmiljø gjennom samarbeid med lokalsamfunn og bydelstenester.

Bergen kommune har i hovudsak støtta nærmiljøkontor for Slettebakken og Solheim, òg ulike aktivitetar for barn og unge og eit trygg skolevegprosjekt i dei same områda.

Trondheim kommune har støtta tiltak om utvikling av leikeareal, møteplassar, nye uterom og parkar, som skal bidra til betre levekår på Lademoen og Tempe-Sorgenfri.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2026

Posten blir budsjetttert med tilsegnssramme, tilsegnssfullmakt og løyving.

Det blir foreslått å løyve 20,5 mill. kroner og ei tilsegnssfullmakt på 22,8 mill. kroner, jf. forslag til romartalsvedtak. Løyvinga og tilsegnssfullmakta gir ei tilsegnssramme på 20,8 mill. kroner.

Post 81 Kompetansetiltak innan planlegging og geodata, kan overførast

Mål for ordninga

Målet med ordninga er å auke kompetansen innan planlegging, kart og geodata. Dette skal bidra til å auke effektiviteten og kvaliteten på den lokale planlegginga etter plan- og bygningslova og utvikling av nye hjelpemiddel til bruk i pro-

sessen. Kompetansetiltaka skal kome aktørar i planprosessar etter plan- og bygningslova til gode, som avgjerdstakarar, planleggarar, organisasjonar, innbyggjarar og næringsliv. Ordninga er nedfelt i forskrift om tilskudd til kompetansetiltak innan plan, kart og geodata, gjeldande frå 01.07.2025.

Tilskotet skal støtte opp om Mål 2, Eit velfungerande plansystem fremjar effektivitet og kvalitet i planlegginga.

Kriterium for måloppnåing

Målet med ordninga er å auke kompetansen innan planlegging, kart og geodata. Tilskota skal kome aktørar i planprosessar etter plan- og bygningslova til gode.

Prosjektet eller tiltaket skal bidra til berekraftig utvikling med vekt på det sosiale og miljømessige og støtte opp under berekraftsmåla, særleg berekraftsmål 11 om berekraftige byer og lokalsamfunn. Prosjektet eller tiltaket skal bidra til auka kvalitet og effektivitet i planarbeidet. Prosjektet eller tiltaket skal bidra til å auke kunnskapen om krava i plan- og bygningslova, omsyn, moglegheiter og avgrensingar.

Prosjektet eller tiltaket skal bidra til auka teknisk og/eller juridisk plankompetanse hos målgruppene

Tildelingskriterium

Det kan tildelast tilskot til tiltak eller prosjekt som bidreg til å nå målet sett i §1 i forskrifta, ved å;

- bidra til læring og samarbeid i nettverk og partnerskap på tvers av fagområde, sektorar, forvaltningsnivå og geografiske grenser.
- bidra til å auke og formidle kunnskap om plan- og bygningslova sine krav, omsyn, moglegheiter og avgrensingar
- bidra til å auke og formidle kunnskap om utarbeiding og bruk av mellom anna kart og geodata
- bidra til å auke og formidle kunnskap om samordning plan-/byggesak, digitalisering av produkt og prosessar
- bidra til å fremje gode arbeidsmåtar og samarbeidsmodellar

Tilskotet kan tildelast søkjarar frå privat og ideell sektor som representerer eller yter tenester innan planlegging, kart og geodata. Det kan for eksempel vere avgjerdstakarar, organisasjonar, næringsliv, planleggarar og innbyggjarar. Søkjar må vere registrert med organisasjonsnummer i Brønnøys-

sundregistra. Tiltaket kan gjennomførast i samarbeid med ein offentlig aktør.

Deler av tilskotet går til Bylivsenteret i regi av Norske Arkitektars Landsforbund (NAL) til arbeid med kompetansetiltak og stadutvikling i kommunar, og til Sekretariatet for etter- og vidareutdanning i samfunnsplanlegging (SEVS) for å styrkje planleggingskompetanse gjennom kurs om samfunnsplanlegging (SAMPLAN). Det er ikkje andre aktuelle mottakarar.

Oppfølging og kontroll

Mottakarar av tilskot skal sende inn rapport og rekneskap for bruk av tilskotsmidlane etter dei krav og fristar som vert sett i vedtaket om tilskot. Departementet har dialog med mottakarane undervegs og i etterkant av gjennomføringa, både om det faglege opplegget og dei formelle rammene for tildelinga. Departementet kan krevje at midlar som ikkje vert nytta i tråd med målet for ordninga skal betalast tilbake.

Rapport

I 2024 vart det løyvd 6,7 mill. kroner. 2 mill. kroner ble løyvd til namngjevne mottakarar, og 4,7 mill. kroner var tilgjengeleg som søkbare midlar. I 2025 vart det løyvd totalt 9,9 mill. kroner, derav 2 mill. kroner til namngjevne mottakarar og 7,9 mill. kroner som søkbare midlar. I 2025 var det totalt 58 søkjarar som søkte om til saman 37,8 mill. kroner.

Bylivsenteret, i regi av Norske arkitekters landsforbund, NAL, fekk eit namngjeve tilskot på 1 mill. kroner kvart av åra 2024 og 2025 til gjennomføring av ulike kompetansetiltak og arbeid med stadutvikling i ei rekke kommunar. NAL er ein fagideell medlemsorganisasjon for arkitektur i Noreg.

Sekretariatet for etter- og vidareutdanning i samfunnsplanlegging, SEVS, er eit samarbeid mellom stat og kommunesektor, og fekk 1 mill. kroner kvart av åra 2024 og 2025 for å styrkje kapasitet og kompetanse innan planlegging og samfunnsutvikling. Midlane er nytta til kurs og samlingar, mellom anna etterutdanninga SAMPLAN. Sekretariatet ligger hos Kommunesektorens organisasjon KS, og dagens samarbeid gjeld for perioden 2026–2029.

I både 2024 og 2025 vart det gitt støtte til om lag tjue prosjekt og tiltak. Rapportar og dokumentasjon syner at tiltaka har styrkt kompetansen innan plan, kart og geodata, både hos søkerane og målgruppene deira. Kompetansehevinga har

skjedd gjennom kurs, arrangement, rettleiingsmateriell og artiklar, som òg har bidrege til erfaringsutveksling og nye arbeidsmåtar. Nokre prosjekt har utvikla tenester basert på offentleg tilgjengelege kartdata. Erfaringane er formidla gjennom departementet sine digitale kanalar, prosjektnett-sidene planlegging.no og på portalen tilskudd.no, og nytta i politikkkutvikling og kompetansearbeid.

Det blir vidare foreslått 1 mill. kroner til Bylivsenteret i regi av Norske Arkitektars landsforbund (NAL), og vel 1 mill. kroner til Sekretariatet for etter- og vidareutdanning i samfunnsplanlegging (SEVS), for å tilby kurs og kompetansetiltak innan stadutvikling og planlegging. Begge arbeider hovudsakleg for å auke den offentlege plankompetansen.

Samla blir det foreslått å løyve 10,2 mill. kroner.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2026

Det blir foreslått å lyse ut tilskot på 8,2 mill. kroner.

Kap. 595 Statens kartverk

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 21 og 45</i>	1 035 502	1 051 683	1 105 429
21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast, kan nyttast under post 01 og 45</i>	321 438	396 218	332 935
30	Geodesiobservatoriet, <i>kan overførast</i>	25 922	33 300	33 000
	Sum kap. 595	1 382 862	1 481 201	1 471 364

Kartverket er statens fagorgan for kart, geodata og eigedomsinformasjon. Kartverket skal dekke eit felles databehov hos mange brukarar for kart, stadfesting og annan geografisk informasjon. Kartverket skal bygge og vedlikehalde ein nasjonal geografisk infrastruktur for sjø og land, og samarbeide med kommunane, statlege etatar og andre som bidrar til det offentlege kartgrunnlaget. Hovudmål for drifta er oppdaterte grunnkartdata for norske land- og sjøområde, forsvarleg og effektiv tinglysing, matrikkel med god kvalitet, og effektiv tilgang til, og bruk av, kart og eigedomsinformasjon.

Kartverket er statens viktigaste verktøy for å nå mål 3, Effektiv tilgang til oppdatert kart- og eigedomsinformasjon gir grunnlag for verdiskaping og utvikling.

Tilgang til kart- og eigedomsinformasjon er avhengig av godt samarbeid mellom ulike stats-etatar, kommunar og næringsliv. Ein stor del av løyvinga til Kartverket er derfor finansierte av inntekter frå andre partar. Kartverket sitt arbeid er avhengig av gode samarbeidsformer for å sikre at Noreg framleis er verdslende på kart- og eigedomsinformasjon, og at desse dataa kjem innbyggjarar og næringslivet til gode.

Gjennom samarbeid med og rettleiing av kommunane spelar Kartverket ei sentral rolle i forbetring av kommunale tenester, særskilt i dei minste kommunane.

Kartverket har om lag 800 tilsette og er organisert i divisjonane geodesi, land, sjø og eigedom. Hovudkontoret er lokalisert på Hønefoss. I tillegg har etaten 12 fylkeskartkontor, ein sjødivisjon i Stavanger, tinglysing av burettslagsdelar og kundesenteret for Kartverket i Ullensvang og eit jordobservatorium i Ny-Ålesund på Svalbard.

Post 01 Driftsutgifter, kan nyttast under post 21 og 45

Løyvinga skal dekke Kartverkets utgifter til løn, varar og tenester, pensjon, husleige, IKT og andre faste driftsutgifter. Utgiftene er knytte til heile Kartverkets ansvarsområde, mellom anna drift av matrikkel og tinglysing, den geografiske infrastrukturen i Noreg og sjømåling.

Delar av utgiftene på posten, mellom anna utgifter knytte til geodataarbeidet og koordinering av samfinansieringsprosjekt, blir finansierte av inntekter frå sal og abonnement og frå samfinansiering, jf. omtale under kap. 3595, post 02 og post 03.

Rapport

Ny styringsmodell for Noreg digitalt-fellesløysingar vart etablert 1. januar 2024. Styringsmodellen inneber eit partssamarbeid som er organisert med ei overordna samordningsgruppe, eit styre, produktråd og fagforum. Modellen sikrar at avgjerder om å vidareutvikle funksjonalitet, drift og forvaltning av fellesløysingane blir tatt av Noreg digitalt-partane. Det er òg etablert eit samarbeid med privat sektor for å kartlegge deira behov. Ein slik styringsmodell bidreg til auka samfunnsøkonomisk nytte og sikrar at utviklinga skjer innanfor tilgjengelege økonomiske rammer gjennom prinsippa for kostnadsbasert utvikling. Styringsmodellen har resultert i ein markant auke av involvering av brukarane av kart og kartdata, og auka innsikt i behovet til brukarane.

Geodataportalen Geonorge har hatt ein auke i bruk på 34 prosent frå 2023 til 2024. Talet på oppslag hos Kartverkets kart auka frå 8,7 milliardar i 2018 til 21 milliardar i 2024, som er eit uttrykk for kor mykje dei konkrete karttenestene blir brukt. Moderniseringa av matrikkelen har gjort at bruken av denne statlege felleskomponenten aukar. Nasjonal inndelingsbase (NIBAs) har fått vidareutvikla funksjonalitet for å støtte opp under ein trygg gjennomføring av Stortingsvalet 2025. Vidare er systemet for kommuneregistrering (Komreg) vidareutvikla og brukt til å mellom anna å regulere kommunegrensa mellom Risør og Tvedestrand.

73,8 prosent av tinglysingssakene vart i 2024 no sendt inn digitalt, mot 42 prosent i 2019.

Noreg var i 2024 igjen prega av ekstremvær, og saman med beredskapsaktørane Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE), Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) og Statsforvaltaren, har Kartverket identifisert tiltak for å styrkje bruken av geografiske data i framtidig kriser knytt til naturfare.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2026

Regjeringa foreslår eit femårig prosjekt for å vidareutvikle Kartverkets fellesløysingar og utvikle ein moderne samhandlingsplattform for å gjere det lettare å forvalte og bruke geografiske data. Kostnadsramma er til saman 338,4 mill. kroner. Saman med driftsutgiftene er prosjektet rekna til å koste 489 mill. kroner over fem år. Varig auke i dei årlege driftsutgiftene vil vere på 65 mill. 2026-kroner frå 2031. Av dette vil til saman 20 mill. kroner vere brukarfinansiert av partane som brukar løysingane. Prosjektet gjennomførast som eit design-to-cost prosjekt¹¹.

I 2025 vart løyvinga auka med 30 mill. kroner for å halde drifta av fellesløysingane for geografisk infrastruktur i Kartverket ved like. For 2026 blir det foreslått at desse midlane, saman med ein ytterlegare auke på 17 mill. kroner, skal gå til å vidareutvikle løysingane. Fellesløysingane leverer kart og kartdata for viktige samfunnsområde som sikkerheit og beredskap, klima og miljø, plan- og byggesaksprosessar, samferdsle og privat næringsliv. Ny finansierings- og styringsmodell vil sikre at dei mest sentrale brukarbehova blir prioritert, med «design to cost» som eit sentralt styringsprinsipp. Modellen legg opp til brukarinvolvering i vidareutviklinga, og skal legge til rette for berekraftig finansiering gjennom auka grad av kostnadsdeling mellom aktørane.

Tiltaket skal sikre vidare drift og utvikling av fellesløysingane, samstundes som det styrkjer IT-sikkerheit og møter både noverande og framtidige behov hos brukarane. Fellesløysingane som omfattast distribuerer høgdedata, flyfoto, informasjon om vasstand, stadnamn, luftfartshinder, administrative grenser, landsdekkande sjø- og landkart, detaljerte kartdata, geodetisk referanseramme, den nasjonale portalen for geodata Geonorge, og kartløysinga Norgeskart.

Som følge av forskriftsending i forskrift om rapportering, registrering og merking av luftfartshinder frå 1. januar 2023, har tal på luftfartshindre som skal innrapporterast i Nasjonalt register over luftfartshindre (NRL) økt betydeleg. For at Kartverket skal kunne fortsette arbeidet med å sikre automatisering av dataflyt til NRL og vidare til luftfartsaktørane, i tillegg til å arbeide med sikkerheitstiltak og oppfølging av resultata frå verdurderinga av NRL, blir det foreslått å auke løyvinga med 8 mill. kroner, mot tilsvarende reduksjon av løyvinga på Samferdselsdepartementets budsjett.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 5,3 mill. kroner som følge av reduserte inntekter frå sal av abonnement/tenester og samfinansiering.

Samla blir det foreslått å løyve 1 105,4 mill. kroner.

Det blir foreslått at løyvinga kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3595, post 02 og 03, jf. forslag til romartalsvedtak.

¹¹ Fellesløysingane blir utvikla innanfor tildelte kostnadsrammer, samstundes som funksjonalitet, kvalitet og yting blir ivareteke. I staden for å tilpasse budsjett etter spesifisert funksjonalitet, tilpassast funksjonalitet til budsjett på ein slik måte at funksjonaliteten som gjev størst samfunnsøkonomisk verdi blir utvikla først. Styringsramma blir då satt lik kostnadsramma.

Det blir foreslått ei kostnadsramme for investeringar til vidareutvikling av Kartverkets fellesløysingar på 338,4 mill. 2026-kroner, jf. forslag til romartalsvedtak.

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast, kan nyttast under post 01 og 45

Løyvinga skal i hovudsak dekke tidsavgrensa prosjekt og kjøp av tenester frå private leverandørar. Dette gjeld mellom anna fotografering og laser-skanning frå fly, men òg tilarbeiding av data og andre tenester frå geodatabransjen.

Kartverket har ansvar for mange samfinansierte kartleggingsprogram over heile Noreg. Dette gjeld ei rekke lokale og regionale initiativ der Kartverket organiserer kartlegging av område der fleire interessentar har samanfallande behov for oppdaterte data. Grunnlaget er fleirårige regionale geodaplanar og Geovekst-samarbeidet. Inntektene frå dei samarbeidande partane blir førte på kap. 3595, post 03. Det gjeld òg inntekter knytt til flyfotografering (omløpsfotografering), som gjennomførast ved hjelp av bidrag Kartverket får frå andre offentlege etatar og kommunar.

Delar av utgiftene på posten blir òg dekkja med inntekter frå sal og abonnement over kap. 3595, post 02. Det gjeld mellom anna abonnement til posisjonstenester og sal av geodata.

Inntektene som Kartverket tar imot til samfinansierte prosjekt og frå sal og abonnement, går i all hovudsak til kjøp av varer, utstyr og eksterne tenester. Kartverket sine bidrag i prosjekta er ressursar/prosjektleiingar i form av årsverk som blir finansiert på post 01.

Rapport

Saman med Skatteetaten arbeider Kartverket med å modernisere matrikkelen ytterlegare og utvikle ein ny bygningsdel som kjelde for eigedomsdata om fritidsbustad, sjå omtale under kap. 1618 Skatteetaten på Finansdepartementets budsjett. Ny innsynsløysing er lansert og er tilgjengeleg i Eienomsregisteret. I 2024 fekk Kartverket i oppdrag å lage ei konseptvalutgreiing (KVU) om innsamling, lagring og deling av opplysningar for å sikre tilstrekkeleg oversikt over eigarskap til fast eigedom. Kartverket overleverte utgreiinga 16. juni i år. Kartverket har òg bidratt til å ferdigstille konseptvalutgreiinga om eigarskap til aksjar saman med Skatteetaten og Brønnøysundregistra.

Som ein oppfølging av oppmodningsvedtak nr. 35, 2. desember 2021, vedtak 757, 12. juni 2024 og

vedtak 756, 12. juni 2024 har Kartverket i samarbeid med Skatteetaten gjennomført ei konseptvalutgreiing (KVU) om eigarskap til fast eigedom. Utgreiinga har identifisert moglege løysningar for å sikre at myndigheitene har tilstrekkeleg oversikt over og kontroll over kven som eiger og ervervar fast eigedom i Noreg.

Prosjektet med eigenregistrering i matrikkelen avsluttast sommaren 2025 og oppstart av pilot for eigenregistrering starta i august. Løysinga gir private eigarar innsyn i data frå matrikkelen, og høve til sjølv å enkelt registrere utvald informasjon i matrikkelen. Det vart gjennomført offentleg høyring med forslag til endringar i matrikkelforskrifta, og endringane trådde i kraft 1. august 2025. Eigenregistrering i matrikkelen vil komplimentere matrikkelen der den manglar opplysningar og gi betre tilgang til opplysningar for eigar. Korrekt og tilgjengeleg matrikkeldata bidrar til ein meir digital byggesaksbehandling.

Det har vore høg aktivitet i IT-prosjektet Nautilus i 2024. Prosjektet skal gi eit moderne, kostnadseffektivt og samordna system for forvaltninga av sjømåling og betre og meir oppdaterte sjøkart. Fleire nyttige verktøy er utvikla og satt i produksjon, mellom anna ein sjølvutvikla forvaltningsløysing for djupnedata. Det er utvikla ny og modernisert funksjonalitet for datamottak, lagring, punktskyetablering, visning, redigering og metadatahandtering. Det femårige prosjektet vart starta opp i 2022 og har ei samla ramme på 121,2 mill. kroner. Nautilus vil gi meir effektiv handsaming og distribusjon av marine geodata mellom Kartverket og viktige brukarar og samfunnspartnarar. Prosjektet vil mellom anna kunne bidra til å bygge opp under ny næringsutvikling langs kysten ved å raskare distribuere sjømålte data.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2026

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 16,2 mill. kroner som følgje av reduserte inntekter frå sal av abonnement/tenester og samfinansiering.

Vidare blir det foreslått ein reduksjon på 1,8 mill. kroner i tråd med framdriftsplanen for IT-prosjektet Nautilus, ein reduksjon på 5 mill. kroner i tråd med framdriftsplanen for prosjektet sikkert nasjonal eigedomsregister, og ein reduksjon på 53 mill. kroner som følgje av slutten av utviklingsfasen på prosjektet om verdsetting av fritidsbustader.

Samla blir det foreslått å løyve 332,9 mill. kroner.

Det blir foreslått at løyvinga kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3595, post 02 og 03, jf. forslag til romartalsvedtak.

Det blir foreslått at Kartverket kan setje i gong samfinansierte prosjekt før finansieringa i sin heilskap er innbetalt, føresett at det er inngått ein bindande avtale med forsvarleg sikkerheit om innbetaling mellom partane og for inntil 90 mill. kroner, jf. forslag til romartalsvedtak.

Det blir foreslått ei fullmakt på inntil 40 mill. kroner til å bestille kartgrunnlag og kartleggingstenester og inngå avtalar om kartleggingsarbeid som går over fleire år, jf. forslag til romartalsvedtak.

Post 30 Geodesiobservatoriet, kan overførast

Midlane går til det tidsavgrensa prosjektet med etablering av eit nytt geodetisk observatorium i Ny-Ålesund. Prosjektet skal etablere ein moderne stasjon for geodetiske målingar som kan verke saman med eit nettverk av nokre dusin tilsvarende målestasjonar fordelt over heile verda.

Rapport

Prosjektet starta opp i 2012. Frå 2020 har arbeidet i hovudsak bestått i å få begge dei nye antennene i full drift og gjennomføre ein periode med samkøyring av ny og gammal antenne. Dette har vore utfordrande, men drifta av den gamle antenna på Rabben er no avslutta og antenna riven.

I 2024 vart det gjennomført 182 målingssesjonar mot fjerntliggande kvasarar¹² i Ny-Ålesund, koordinert med anlegg frå resten av verda. Til samanlikning vart det gjennomført 163 målingssesjonar i 2023. Desse dannar grunnlaget for å bestemme nøyaktig kvar jordas kjerne er til ein kvar tid, og dermed til å etablere den globale posisjonsramma som all stadfesting er avhengig av. Det er mellombelse utfordringar med radioforstyringar i Ny-Ålesund frå både turisme og lokalbefolkninga, som gjer at ikkje alle måleseriane kan nyttast i den vidare produksjonskjeda for berekning av det geodetiske rammeverket for jorda. Kartverket bidrar i eit FN-samarbeid og internasjonalt samarbeid for å sikre dei geodetiske verdikjedane som dette observatoriet er eit

ledd i, som nyttar desse i alt frå klimaobservasjonar, elektronisk kommunikasjon, navigasjon og posisjonstenestar på mellom anna mobiltelefon.

Det har vore krevjande å få på plass lasermålingsinstrument (SLR) i Ny-Ålesund, då ein er avhengig av framdrifta i eit større amerikansk prosjekt der Ny-Ålesund er det einaste ikkje-amerikanske anlegget. Dei første delane av dette instrumentet er montert i Ny-Ålesund.

Vidare har det vore noko større utfordringar knytt til grunnforholda enn venta, grunna smelting av permafrosten.

2026 er det siste året av prosjektperioden og jordobservatoriet skal gå over i full drift med alle instrument.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2026

I 2026 kjem dei siste delane til SLR på plass ved jordobservatoriet. Det skal jobbast vidare med å rette opp gangbanane ved observatoriet, sidan dei har blitt skeive på grunn av tining av permafrost. Arbeidet med å setje arbeidslokala på Rabben i stand fortsette i 2026. Når SLR blir ferdig montert i 2026 og dei siste utbetringane av Rabben og gangbanane er utført, vil observatoriet vere i full drift og endeleg etablert.

Under oppgraderinga av arbeidslokala på Rabben vart det funne sopp i taket, og grunna dei uventa kostnadene knytt til dette blir det foreslått å auke løyvinga med 5 mill. kroner.

For å redusere effekten av anskaffingar eksponert for valutasvingingar blir det lagt til grunn årlege valutajusteringar. Det blir derfor foreslått ein ny pris- og valutakorrigert styrings- og kostnadsramme på høvesvis 404,2 mill. kroner og 464,7 mill. kroner i prisnivå per 01. juli 2025, jf. forslag til romartalsvedtak.

Det blir foreslått å løyve 33 mill. kroner.

Post 45 Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald, kan overførast

Posten dekker anskaffingar av store anleggsmidlar. Det er ikkje planlagt nokon anskaffingar av store anleggsmidlar i 2026. Det blir derfor ikkje foreslått nokon løyving i 2026.

Det blir foreslått at posten kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under 3595, post 04, jf. forslag til romartalsvedtak.

¹² galakse der det sentrale området stråler svært kraftig.

Kap. 3595 Statens kartverk

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Gebyrinntekter tinglysing	436 641	464 700	489 139
02	Sal og abonnement m.m.	186 837	168 074	171 966
03	Samfinansiering	210 679	217 840	207 200
	Sum kap. 3595	834 157	850 614	868 305

Post 01 Gebyrinntekter tinglysing

På posten blir det ført inntekter knytt til gebyr for rettsregistrering av burettar og tinglysing i fast eigedom. Gebyra er fastsett i forskrift.

Omfanget av gebyrinntekter er i hovudsak gitt av omsetninga i bustadmarknaden. Det er større usikkerheit rundt desse prognosane i åra framover. Inntektene frå gebyra blir foreslått auka med 24,4 mill. kroner, grunna høgare omsetning i eigedomsmarknaden.

Statens utgifter til tinglysing og matrikkel er i forslag til statsbudsjettet for 2026 på om lag 520 mill. kroner. I 2026 fortsett eit prosjekt på sikkerheit i matrikkelen og tinglysing. Det bidrar til at statens utgifter til tinglysing og matrikkel er noko høgare enn inntekter i budsjettåret 2026.

Det blir foreslått å løyve 489,1 mill. kroner.

Post 02 Sal og abonnement m.m.

På posten blir det ført inntekter frå ulike sal og abonnement i Kartverket. Inntektene er i hovudsak knytte til sal av posisjonstenester, mellom anna CPOS, og sal av geodata. I tillegg kjem inntekter knytte til internasjonalt arbeid, betaling for delar av Kartverkets arbeid med formidling av elektroniske sjøkart (PRIMAR) og diverse andre sjøprodukt.

Salet i 2024 var godt, mellom anna på grunn av auka etterspørsel etter posisjonstenester til nye føremål.

Posten blir foreslått redusert med 2,5 mill. kroner som følge av reduserte inntekter knytt til ei rekke pågåande prosjekt i Kartverket og ECC deriblant inntekter i PRIMAR.

Det blir foreslått å løyve 172 mill. kroner.

Post 03 Samfinansiering

På posten blir det ført inntekter knytte til tidsavgrensa prosjekt i Kartverket som skal samfinansierast. Inntektene frå samfinansiering kjem frå statsetatar, kommunar og private aktørar. Dette er hovudsakeleg kartleggingsprosjekt, der Kartverket leiar arbeidet og i nokre tilfelle òg utfører arbeidet sjølv. Inntektene er mellom anna knytte til kartleggingssamarbeidet Geovekst, vedlikehald av Felles kartdatabase (FKB) og omløpsfoto-grafering.

Det blir foreslått ein reduksjon på 10,6 mill. kroner, mellom anna knytt til mindre deltaking i Geovekst-samarbeid. Dette kan sjåast som eit uttrykk for redusert etterspørsel frå kommunar og statsetatar etter geodata og noko mindre kartleggingsaktivitet.

Det blir foreslått å løyve 207,2 mill. kroner.

Post 04 Sal av anleggsmiddel

På posten blir det ført inntekter frå sal av store anleggsmidlar. Det vart ikkje gjennomført sal i 2025 og det er ikkje planlagt nokre sal i 2026. Det blir derfor ikkje foreslått nokon løyving i 2026.

Kap. 5635 Electronic Chart Centre AS

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
85	Utbytte	2 389	3 000	3 000
	Sum kap. 5635	2 389	3 000	3 000

Post 85 Utbytte

Hovudaktiviteten til Electronic Chart Centre (ECC) er distribusjon av elektroniske sjøkart (ENCar) for det internasjonale PRIMAR-samarbeidet som Kartverket er operatør for. Frå 2022 har ECC eit sektorpolitisk mål om sjøsikkerheit.

I 2024 vart det utbetalt 4,382 mill. kroner i utbytte, som bokførast på denne posten i 2025. Framover vil ECC måtte prioritere middel til vedlikehald og oppgradering av eksisterande tekniske løysingar. Det blir foreslått 3 mill. kroner i anslått utbytte i 2025.

Endeleg utbytte blir avklart etter at selskapets årsregnskap for 2025 er kjent.

Del III
Omtale av særlege tema

6 Sannings- og forsoningskommisjonens rapport – oppfølging av oppmodingsvedtak

Stortinget ber regjeringa melde tilbake til Stortinget i samband med budsjettproposisjonen kvart år, om korleis arbeidet overfor urfolk og nasjonale minoritetar blir følgd opp i dei ulike departementa sine ansvarsområde.

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaka er Dokument 19 (2022–2023) *Rapport til Stortinget fra Sannings- og forsoningskommisjonen* og Innst. 30 S (2024–2025).

Under er det ei samla oversikt over departementa si oppfølging av oppmodingsvedtaka knytt til Sannings- og forsoningskommisjonens rapport. For handsaming av vedtaka visast det til ansvarleg departement for kvart vedtak.

Vedtak 16, 12. november 2024

«Stortinget ber regjeringen utrede en organisering av et nasjonalt kompetansesenter om fornorskingspolitikk og urett, med ansvar for forskning, dokumentasjon, formidling og forsoningsarbeid. Arbeidet må bygge videre på eksisterende kompetanse-, forsknings- og formidlingsmiljøer og gjøres i tett dialog med samiske, kvenske/norskfinske og skogfinske miljøer.»

Kunnskapsdepartementet vil be Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet om å greie ut mogleg organisering av eit nasjonalt kompetansesenter om fornorskingspolitikk og urett. Dette er i tråd med føresetnadene frå Stortinget om å bygge på eksisterande fagmiljø, og i tett dialog med samiske, kvenske/norskfinske og skogfinske miljø. Regjeringa tilrår å tildele 7 millionar kroner på kapittel 260, post 50, til arbeid med kompetansesenteret.

Vedtaket er under oppfølging.

Vedtak 17, 12. november 2024

«Stortinget ber regjeringen gjennomgå status for aktive, lokale språk- og kulturarenaer for urfolk og nasjonale minoriteter og vurdere hva som er

nødvendig for å sikre slike arenaer stabil drift over tid.»

Kommunal- og distriktsdepartementet har sett i gang arbeidet med å gjennomgå status for kultur- og språkarenaer og foreslår på denne bakgrunn at rapporteringa blir avslutta.

Vedtak 18, 12. november 2024

«Stortinget ber regjeringen gjennomgå språkopplæringen i samisk og kvensk, og iverksette tiltak for at flere barn skal lære språkene i opplæringsløpet. Samarbeidet mellom språksentre, kommuner, fylkeskommuner og andre relevante aktører innen språkopplæring bør styrkes. I dette arbeidet må hindringer identifiseres og tiltak for rekruttering av samisk og kvensk språkkompetanse til barnehage og skole forbedres..»

Kunnskapsdepartementet har valt å sjå oppmodingsvedtaka 18, 20 og 21 under eitt og dermed sjå oppfølginga av desse tre vedtaka i samanheng.

For samisk fell oppfølginga av vedtaka saman med oppfølginga av innsatsområda i Meld. St. 13 (2022–2023) *Samisk språk, kultur og samfunnsliv. – Kompetanse og rekruttering i barnehage, grunnopplæring og høgere utdanning*.

For kvensk vil Kunnskapsdepartementet mellom anna følgje opp oppmodingsvedtaka gjennom handlingsplanen for kvensk språk.

Kunnskapsdepartementet vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte.

Vedtak 19, 12. november 2024

«Stortinget ber regjeringen se på de økonomiske rammene for kommuner og fylkeskommuner sitt ansvar for språkutvikling.»

Kommunal- og distriktsdepartementet vil sjå på dei økonomiske føresetnadene kommunar og fylkeskommunar har for å ivareta språkutvikling og

foreslår på denne bakgrunn at rapporteringa blir avslutta.

Vedtak 20, 12. november 2024

«Stortinget ber regjeringen raskt komme tilbake til Stortinget med forslag til en nasjonal satsing på gjennomgående språkopplæring for kvensk og samiske språk fra barnehage til voksenopplæring.»

Kunnskapsdepartementet svarer ut dette vedtaket ved å vise til rapporteringa på oppmodningsvedtak 18.

Kunnskapsdepartementet vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte.

Vedtak 21, 12. november 2024

«Stortinget ber regjeringen aktivt støtte opp under teknologiutvikling og nye undervisningsmuligheter som kan bidra til bedre tilgang på utdanning i og på kvensk og samiske språk, og komme tilbake til Stortinget på egnet måte.»

Kunnskapsdepartementet svarer ut dette vedtaket ved å vise til rapporteringa på oppmodningsvedtak 18.

Kunnskapsdepartementet vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte.

Vedtak 22, 12. november 2024

«Stortinget ber regjeringen sørge for at kompetansemiljøet rundt det skogfinske museet gis ressurser til å arbeide videre med skogfinnenes språkhistorie.»

Norsk skogfinsk museum (NSM) får fast driftstilskot over budsjettet til Kultur- og likestillingsdepartementet, kap. 328, post 78. Driftstilskotet i 2025 var 9,8 mill. kroner, og tilnærma dubla frå 2024 for å setje museet i stand til å opne og drive det nye formidlingsbygget på Svullrya. NSM prioriterer bruken av ressursane, og opplyser i samband med budsjettøknad for 2025 at dei finansierer ei halv prosjektstilling – «finskspåkleg stiling» – ved museet. Regjeringa vil vurdere ressurssituasjonen ved museet gjennom dei årlege budsjettbehandlingane.

Kommunal- og distriktsdepartementet vil hausten 2025 starte arbeidet med ein handlingsplan for skogfinsk språk og kulturarv med språk-

lege element. Norsk skogfinsk museum og dei skogfinske organisasjonane er inviterte til å delta i ei referansegruppe som skal gi innspel i arbeidet med handlingsplanen. Handlingsplanen er òg ein del av oppfølginga av oppmodningsvedtak 29.

Kultur- og likestillingsdepartementet reknar oppmodningsvedtak 22 som følgd opp.

Vedtak 23, 12. november 2024

«Stortinget ber regjeringen følge opp Sannhets- og forsoningskommisjonens forslag til tiltak under pilar 3 og komme tilbake til Stortinget med forslag til prioriteringer i statsbudsjettet for 2026.»

Kultur- og likestillingsdepartementet vil forlengje prosjektet Dávvirat Duiskkas – Gjenstandar i Tyskland - med to år, jf. kap. 328, post 78. Formålet er å få oversikt over samiske samlingar i tyske museum, og gi det samiske folket tilgang til eigen kulturarv. Prosjektet skal òg bidra til kunnskapsbasert formidling av samisk kultur nasjonalt og internasjonalt.

I 2026 foreslår regjeringa å auke tildelinga til det samiske kunstarkollektivet Dáiddádallu med 1,2 mill. kroner, som i samarbeid med Riddu Riddu Festivála opprettar eit eksportkontor/Agency for samisk kunst, jf. kap. 325, post 72. Eksportkontoret skal fungere som eit samisk agentur og koordinerande instans for internasjonal formidling av samisk kunst.

Regjeringa foreslår å auke tilskotet til Internasjonalt samisk filminstitutt (ISFI) med 3 mill. kroner, som ei oppfølging av tilrådinga til departementet om å gi ISFI eit særleg ansvar for samisk film i Noreg, jf. kap. 334, post 78.

Prioriteringane til regjeringa for 2026 vil på ulike måtar styrkje samiske kulturnæringar og kunstnarar, og bidra til auka samarbeid over landegrensene og til internasjonal formidling av samisk kunst og kultur.

I 2025 har ei ny forskrift om tilskot til samiske nyheits- og aktualitetsmedium vore på høyring. Den nye forskrifta skal erstatte dagens forskrift om tilskot til samiske aviser. Dei foreslåtte forskriftsendringane er i tråd med kommisjonsforslaget under pilar 3 om å utvikle medietilbodet til urfolk og nasjonale minoritetar, og sikre tilgangen på viktig informasjon på morsmåla deira. Målet er at ny forskrift trer i kraft 1. januar 2026.

Regjeringa vil vurdere vidare tiltak under pilar 3 gjennom dei årlege budsjettbehandlingane, og gjere greie for status og vidare oppfølging av tiltak

under pilar 3 i stortingsmeldinga om forsoningspolitikken som skal leggst fram for Stortinget i 2027, jf. oppmodingsvedtak 31.

Kultur- og likestillingsdepartementet reknar oppmodingsvedtaket som følgt opp, og rapporteringa blir avslutta.

Vedtak 24, 12. november 2024

«Stortinget ber regjeringen oppfordre nasjonale institusjoner til å etablere tettere samarbeid med samiske, kvenske/norskfinske og skogfinske institusjoner og til å bidra til synliggjøring, ivaretagelse og formidling av samisk, kvensk/norskfinsk og skogfinsk kultur.»

Regjeringa bidrar i dag til at etatar og tilskotsmottakarar ivaretar og synleggjer samars, og nasjonale minoritetars språk og kultur gjennom retningslinjer, oppdrag og mål.

Kulturdirektoratet har sidan 2020 hatt rolla som nasjonal koordinator for auka mangfald i kultursektoren. Samane og nasjonale minoritetar er blant målgruppene, og Kulturdirektoratet utviklar oppdraget sitt i dialog med dei. I kjølvatnet av rapporten frå Sannings- og forsoningskommisjonen har direktoratet både intensivert og systematisert dette arbeidet.

Kultur- og likestillingsdepartementet stiller krav til alle underliggjande etatar om «mangfald, likestilling og deltaking». Kulturtanken og Norsk filminstitutt har i tillegg fått spesifikke oppdrag om å styrkje samisk og nasjonale minoritetars kultur, språk og identitet, gjennom samarbeid og innholdsproduksjon. Eit hovudmål for Språkrådet er å «verna og fremja» nasjonale minoritetspråk.

NRKs oppdrag inneheld krav om at NRK skal styrkje samisk språk, identitet og kultur. NRK skal ha daglege sendingar for den samiske befolkninga og program for nasjonale og språklege minoritetar. Språkoppdraget til NRK er styrkt frå 2023 med eit krav om å tilby innhald på samisk og nasjonale minoritetsspråk. NRK skal òg ha program for barn og unge på samisk. I samband med nye fireårige styringssignal for mediestøtta vil regjeringa vurdere endringar i oppdraget til NRK i budsjettproposisjonen for 2027.

Regjeringa vil halde fram dette arbeidet i 2026, og gjere greie for status og vidare oppfølging av tiltak under pilar 3 i stortingsmeldinga om forsoningspolitikken som skal leggst fram for Stortinget i 2027, jf. oppmodingsvedtak 31.

Kultur- og likestillingsdepartementet reknar oppmodingsvedtaket som følgt opp, og rapporteringa blir avslutta.

Vedtak 25, 12. november 2024

«Stortinget ber regjeringen ta ansvar for at det etableres en helhetlig forvaltning av kunstverkene Sannhets- og forsoningskommisjonen overleverte til Stortinget, på en slik måte at disse også kan brukes i formidlingen av fornorskingshistorien.»

Kultur- og likestillingsdepartementet har gitt KORO - Kunst i offentlege rom, i oppdrag å forvalte kunstverka. KORO er godt rusta til å legge til rette for bruk av kunstverka i formidlinga av fornorskingshistoria.

Kultur- og likestillingsdepartementet reknar oppmodingsvedtaket som følgt opp, og rapporteringa blir avslutta.

Vedtak 26, 12. november 2024

«Stortinget ber regjeringen gjennomgå og vurdere endringer i navneloven, slik at etterkommere av urfolk og/eller nasjonale minoriteter lettere kan ta tilbake sin families opprinnelige etternavn.»

Vedtaket er under handsaming. Justis- og beredskapsdepartementet vil kome tilbake til Stortinget på eigna måta.

Vedtak 27, 12. november 2024

«Stortinget ber regjeringen utarbeide et forslag til endring i kulturminneloven som sikrer automatisk fredning av kvenske/norskfinske og skogfinske kulturminner i tråd med bestemmelsen for samiske kulturminner.»

Klima- og miljødepartementet vil følge opp oppmodingsvedtaket i handsaminga av NOU 2025: 3 *Ny kulturmiljølov*. Utvalet har greidd ut og foreslått ei ny kulturmiljølov. Ifølge mandatet skulle utvalet mellom anna vurdere varetaking av samiske og nasjonale minoritetars kulturmiljø.

Klima- og miljødepartementet vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte.

Vedtak 28, 12. november 2024

«Stortinget ber regjeringen ta ansvar for en regelmessig oppdatering av offentlig ansattes kunnskap om urfolks og nasjonale minoriteters rettigheter, språk, kultur og tradisjoner.»

Kommunal- og distriktsdepartementet har eit e-læringsprogram for offentleg tilsette om samar og nasjonale minoritetar, sist oppdatert i 2024. Departementet vil sjå på andre måtar å nå ut med informasjon om e-læringsprogrammet, i tillegg til å vurdere andre tiltak for å spreie informasjon om gruppene blant offentlege tilsette.

Kommunal- og distriktsdepartementet arbeider med å revidere rettleiar for kommunar og fylkeskommunar om konsultasjonar med samiske interesser.

Departementet foreslår på denne bakgrunn at rapporteringa blir avslutta.

Vedtak 29, 12. november 2024

«Stortinget ber regjeringen vurdere effektene av gjeldende virkemiddelapparat og å utforme forpliktende handlingsplaner for å styrke språkene som ble utsatt for fornorsking, med et tilpasset ambisjonsnivå, for henholdsvis levende og utdødde språk.»

Vedtaket er under oppfølging. Kommunal- og distriktsdepartementet har starta arbeidet med ein handlingsplan for kvensk språk. Det er etablert ei referansegruppe med representantar frå kvenske organisasjonar og institusjonar og ei samarbeidsgruppe med deltakarar frå relevante departement og etatar. Det er enno ikkje sett dato for når handlingsplanen skal vere ferdig.

Kommunal- og distriktsdepartementet har starta arbeidet med ein handlingsplan for skogfinsk kulturarv med språklege element hausten 2025. Det er etablert ei referansegruppe med representantar frå dei skogfinske organisasjonane og institusjonane, og ei samarbeidsgruppe med deltakarar frå relevante departement og etatar.

Kommunal- og distriktsdepartementet har planar om å sette i gang arbeid med handlingsplanar for dei samiske språka.

Vedtak 30, 12. november 2024

«Stortinget ber regjeringen om en regelmessig rapportering om utviklingen av kvensk språk etter modell av dagens rapportering for de samiske språkene, og en vurdering av hva som er et hensiktsmessig omfang av en slik rapportering.»

Det er i dag inga regelmessig rapportering om utviklinga av dei samiske språka som kan brukast som modell for rapportering på kvensk språk. Kommunal- og distriktsdepartementet svarer på dette vedtaket ved å vise til rapporteringa på oppmodningsvedtak 29.

Noreg har ratifisert Den europeiske pakta om regions- eller minoritetsspråk og rapporterer kvart femte år til Europarådet om oppfyllinga av forpliktingane, mellom anna når det gjeld kvensk språk og dei samiske språka.

Kommunal- og distriktsdepartementet foreslår på denne bakgrunn at rapporteringa blir avslutta.

Vedtak 31, 12. november 2024

«Stortinget ber regjeringen melde tilbake til Stortinget ved fremleggelse av budsjettet hvert år om hvordan arbeidet overfor urfolk og nasjonale minoriteter følges opp i de respektive departementers ansvarsområder. Det skal i tillegg legges frem en helhetlig melding om forsoningspolitikken og status i oppfølgingsarbeidet. Meldingen legges fram for Stortinget en gang i hver stortingsperiode, første gang i 2027.»

Regjeringa sin politikk overfor samar og nasjonale minoritetar og oppfølginga av oppmodningsvedtaka går fram av dei årlege budsjettproposisjonane til departementa.

Kommunal- og distriktsdepartementet vil starte arbeidet med ei stortingsmelding om forsoning og status for oppfølginga oppmodningsvedtaka på nyåret 2026, slik at meldinga kan leggest fram i 2027.

Kommunal- og distriktsdepartementet foreslår på denne bakgrunn at rapporteringa blir avslutta.

7 Klima- og miljøprofil

Regjeringa sin klima- og miljøpolitikk bygger på at alle samfunnssektorar har eit sjølvstendig ansvar for å legge miljøomsyn til grunn for aktivitetane sine og for å medverke til at ein kan nå dei nasjonale klima- og miljømåla. For omtale av regjeringa sine samla klima- og miljørelevante saker, sjå Klima- og miljødepartementets fagproposisjon.

Fleire viktige verkemiddel og verktøy for å ta omsyn til klima og miljø ligg i Kommunal- og distriktsdepartementet. Departementet har mellom anna ansvar for plan- og bygningslova, samelova, kommuneøkonomi, lokalforvalting og regional- og distriktspolitikken. Gjennom vidareutvikling av desse verkemidla arbeider Kommunal- og distriktsdepartementet, i samarbeid med andre departement, for ein heilskapleg og effektiv klima- og miljøpolitikk.

Areal- og samfunnsplanlegging

Areal- og samfunnsplanlegginga legg rammene for bruk av areala i Noreg, og har gjennom det stor innverknad på korleis naturen blir ivareteke og kor mykje klimagassar som blir sloppe ut. Som planmyndigheit har kommunane ei viktig rolle i å bidra til at Noreg når dei nasjonale natur- og klimamåla, samstundes som ulike sektorar, oppgaver og interesser blir sett i samanheng. Regjeringa har i 2024 og 2025 lagt fram stortingsmeldingar om klima og natur, som begge beskriv klima- og naturpolitikken til regjeringa, og kommunane si rolle i å ta klima- og naturomsyn¹.

Nye utbyggingar av næring, bustader, fritidsbustader og infrastruktur kan føre til inngrep i naturen. Nokre av omsyna som må bli tatt i arealplanlegginga er verknaden av foreslått arealbruk på naturmangfald, landskap, jordvern, friluftslivsinteresser, og samisk natur- og kulturgrunnlag. I regionale planar, kommuneplanar og reguleringsplanar som kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn, skal verknader for miljø og

samfunn konsekvensutgreiast i tråd med regelverket om konsekvensutgreiingar. Konsekvensutgreiingar skal sikre at styresmaktene har eit godt og dekkande kunnskapsgrunnlag når planar blir vedtatt. Der planane får følgjer for naturmangfald eller vassmiljø, skal dei òg vurderast etter naturmangfaldlova og vassforskrifta. Klima- og miljødepartementet og Kommunal- og distriktsdepartementet arbeider med å revidere forskrift om konsekvensutredningar med sikte på å sende eit forslag på høyring i løpet av 2025.

Areal- og samfunnsplanlegging og byggesaksbehandling etter plan- og bygningslova kan vere med på å avgrense utslepp av klimagassar frå transport, arealbruksendringar, bygg og energibruk. Planar etter plan- og bygningslova skal ta klimaomsyn, slik det mellom anna går fram av føremålsparagrafen, § 3-1. Regjeringa har starta ei utgreiing av korleis omsynet til klima i plan- og bygningslova kan styrkjast. Nærare omtale av dette går fram av St. Meld. 25 (2024–2025) *Klimamelding 2035 – på vei mot lavutslippssamfunnet*.

Regjeringa sine nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023–2027 gir kommunane og fylkeskommunane oversikt over dei viktigaste føringane frå staten, og skal vektleggast i all planlegging etter plan- og bygningslova. I dokumentet legg regjeringa mellom anna vekt på at planlegginga skal bygge opp under berekraftsmåla og dei nasjonale klima- og miljømåla. Grøn omstilling, jordvern og samfunnssikkerheit og beredskap er òg framheva som viktige tema. Det er lagt vekt på at planlegginga skal tilpassast regionale og lokale forhold. Dei konkrete føringane for korleis klima skal ivaretakast i planar går mellom anna fram av statlege planretningslinjer for klima og energi.

Regjeringa fastsette i desember 2024 reviderte planretningslinjer der det går tydelegare fram korleis klimaomsynet skal ivaretakast i planlegging og anna verksemd i kommunane, og ansvarsdeling mellom forvaltingsnivå. Eit av føremåla med retningslinjene er å sørge for at klimagassreduksjon, klimatilpassing, energi og natur sjåast i samanheng.

¹ Meld. St. 35 (2023–2024) *Bærekraftig bruk og bevaring av natur – Norsk handlingsplan for naturmangfold* og Meld. St. 25 (2024–2025) *Klimamelding 2035 – på vei mot lavutslippssamfunnet*

Kommunal- og distriktsdepartementet har òg vedteke nye retningslinjer for arealbruk og mobilitet. Dei nye retningslinjene skal fremje eit samfunn med låge utslepp gjennom utvikling av berekraftige, kompakte og attraktive byar og tettstader. Dei skal bidra til at vi planlegg slik at vi tar vare på kulturmiljø, og hindrar at dyrka mark, natur-, villrein- og friluftsområde og karbonrike areal blir bygd ned.

Arealplanlegginga er òg avgjerande for å førebygge framtidige skadar forårsaka av klimaendringar. Kommunane som planmyndigheit må ta klimaomsyn gjennom tilpassing til framtidige klimaendringar, og legge klimaframskrivingane til grunn når dei vurderer korleis eit planområde vil bli påverka av framtidige klimaendringar.

Kommunal- og distriktsdepartementet arbeider målretta med å forbetre rettleiinga for å styrkje planlegginga i kommunane. Rettleiingsarbeidet gjeld alle delar av planlegginga, med vekt på heilskapleg og berekraftig arealplanlegging der òg omsyn til miljø og klima blir ivaretatt. Kommunal- og distriktsdepartementet saman med Miljødirektoratet har i 2024 og 2025 hatt ein webinarserie for å rettleie om klima og natur i planlegging etter plan- og bygningslova. Miljødirektoratet og Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) utarbeider oppdatert rettleiing til dei nye statlege planretningslinjene for klima og energi. Kommunal- og distriktsdepartementet sin rettleiar om nye statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet er formidla gjennom eigne kanalar, og departementet vil fortsette med dette i tida framover.

Kommunal- og distriktsdepartementet har òg gitt ut ein rettleiar om arealrekneskap i kommuneplan. Dette skal legge grunnlaget for felles metodikk for bruk av arealrekneskap i kommuneplanprosessar, som òg omfattar tema som natur og klima, og for lettare tilgang til relevante data om arealutvikling. Planar skal vere realistiske og gjennomførlege, og arealrekneskap er eit verktøy som er nyttig for å kunne gjere vurderingar rundt disponering av areal og omsyn til klima og natur i kommuneplan. Det skjer mykje rundt bruk av ulike typar arealrekneskap i planprosessar, og dette er første versjon av rettleiaren. Framover vil departementet oppdatere rettleiinga.

Strandsona langs sjøen og langs vatn og vassdrag er viktig for naturmangfald, friluftsliv, næringsliv og busetnad. At miljøverdiar og allmenne interesser blir tatt vare på, er eit viktig nasjonalt omsyn som dei statlege planretningslinjer for differensiert forvalting av strandsona langs sjøen skal bidra til. I delar av landet er strandsona langs sjøen under stort utbyggingspress, og store

delar av strandsona er lite tilgjengeleg. Her må det førstast ein restriktiv praksis når det gjeld ny utbygging. Arealbruken i strandsona langs sjøen og langs vatn og vassdrag skal vurderast i eit heilskapleg og langsiktig perspektiv. Mange enkeltinngrep i strandsona påverkar naturen og landskapet over tid, og reduserer kvalitetane til områda. Arealbruken må i størst mogleg grad avklarast gjennom planlegging, og ikkje gjennom dispensasjonar.

Planlegging i kystnære sjøområde er framleis eit tema som blir følgt tett opp. Sjølv om det er utarbeidd både rundskriv og rettleiar om planlegging i sjøområda, er det behov for å avklare nærare forholdet mellom planlegging etter plan- og bygningslova og sektorlover. I Havbruksmeldinga (Meld. St. 24 (2024–2025)) som vart handsama av Stortinget våren 2025, har regjeringa varsla at det skal utarbeidast statlege planretningslinjer for planlegging i kystnære sjøområde. Regjeringa vil følgje opp dette.

Kommunal- og distriktsdepartementet samarbeider med Klima- og miljødepartementet om bruk av plan- og bygningslova for å ta vare på naturmangfald. Dette omfattar mellom anna oppfølging av tiltaksplanen for Oslofjorden og dei regionale vassforvaltingsplanane etter vassforskrifta, i tillegg til dei regionale planane for villreininfjella. Nesten heile den europeiske villreinbestanden held til i Noreg, og er ein viktig del av norsk natur og kultur. Klassifiseringar etter kvalitetsnorm i 2022 viste dårleg tilstand i alle dei kartlagde villreinområda. Stortingsmeldinga om villrein (Meld. St. 18 (2023–2024)) vart lagt fram i april 2024 og departementet deltar i oppfølginga mellom anna gjennom evaluering av regionale og kommunale planar. Evalueringa skal gi råd om betre bruk av arealplanar. Departementet samarbeider òg med Klima- og miljødepartementet om oppfølginga av Stortingsmeldinga om natur (Meld. St. 35 (2023–2024)) og Noregs forpliktingar under den globale naturavtalen.

God planlegging er nøkkelen til berekraftig bruk og vern av fjell- og utmarksområda. Fritidsbustader og reiseliv er viktig for verdiskaping og økonomisk berekraft i mange distriktskommunar, men kan òg kome i konflikt med eksisterande næringar som reindrift og landbruk. Slike inngrep kan òg få negative konsekvensar for friluftsliv, landskap og naturmangfald. Derfor er det viktig at planlegginga blir vurdert i eit regionalt perspektiv, slik at arealbeslaget blir balansert. I fjellområda er det særleg viktig å ta vare på større, samanhengande område utan bygningar. Ny utbygging bør skje i tilknytning til eksisterande byggeområde og

infrastruktur og bør tilpassast bygningar, landskap og terreng. Det er viktig å unngå ny, omfattande fritidsutbygging i viktige landbruks-, natur-, friluft- og reindriftsområde og utbygging på myr. Særleg bør ein unngå ny fritidsbusetnad i og over skoggrensa og på myr, då slike inngrep truer sårbar natur, svekker viktige karbonlager og medverkar til auka risiko for flaum.

Potensialet for fortetting eller utviding av eksisterande fritidsbustadområde bør vurderast før det blir lagt til rette for utbygging i nye område, særleg der det er utbyggingspress, for å redusere inngrep i urørt natur og sikre ei meir heilskapleg arealforvaltning.

Bustad- og bygningspolitikk

Bygge-, anleggs- og eigedomsnæringa står direkte og indirekte for ein stor del av klimagassutsleppa i Noreg, og er òg den største enkeltkjelda til avfall. Byggenæringa har eit stort potensial for å kutte utsleppa, mellom anna ved å bruke klimavenleg materiale og ombruk av byggevarer.

Bygningsregelverket skal sørge for at bustader og bygg er sikre, energieffektive og miljøven-

lege. Regjeringa er opptatt av at bygging skal bli meir klimavenleg. Samstundes er det viktig å halde byggekostnadene så låge som mogleg. Forslag til krav i byggeteknisk forskrift som kan redusere klimafotavtrykket frå bygging og legge til rette for auka energieffektivitet, energifleksibilitet og lokal energiproduksjon, vil bli sende på høyring. Regjeringa, ved kommunal- og distriktsministeren og klima- og miljøministeren, inngjekk i 2024 eit klimapartnerskap med byggenæringa for ein periode på to år. Klimapartnerskapsavtalen med byggenæringa skal synleggjere korleis klimaavtrykket frå bygging kan reduserast, og kva som må til for at verdikjeda i næringa som heilskap skal lykkast med grøn omstilling. Med avtalen har staten forplikta seg til tettare involvering av byggenæringa i arbeidet med klima- og energikrav til bygg og digitalisering. Direktoratet for byggkvalitet (DiBK) og Husbanken bidrar i arbeidet frå staten si side. I samband med klimapartnerskapet bidrar regjeringa med finansiering til næringa si kunnskaps- og kompetanseutvikling om redusert klimafotavtrykk frå bygging.

8 Oppfølging av berekraftsmåla

Berekraftsmåla vart vedtatt av FN sine medlemsland i 2015. Det er til saman 17 mål og 169 delmål. Måla handlar om vekst og velstand, helse og utdanning, miljø og klima, fred, sikkerheit og samarbeid. Alle land har eit ansvar for å oppfylle berekraftsmåla innan 2030. Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet har ansvar for koordineringa av det nasjonale arbeidet med berekraftsmåla. I juni 2021 vart Meld. St. 40 (2020–2021) *Mål med mening. Norges handlingsplan for å nå bærekraftsmålene innen 2030* lagt fram. I juli 2021 presenterte Noreg sin andre rapport om nasjonal implementering av Agenda 2030 i FN. Kommunal- og distriktsdepartementet er koordinerande departement for berekraftsmål 11. Kapitlet omtalar innsatsen for å nå berekraftsmåla som er finansierte over budsjettet til Kommunal- og distriktsdepartementet.

Delmål 1.2) Innan 2030 minst halvere prosentandelen av menn, kvinner og barn i alle aldrar som lever i fattigdom, i samsvar med nasjonale definisjonar

Dei nasjonale indikatorane er andelen personar i hushald med vedvarande låginntekt, andelen barn i hushald med vedvarande låginntekt og andelen innvandrarar i hushald med vedvarande låginntekt. Frå 2012 til 2017 økte desse andelane. Sidan 2019 har alle gått ned, men er enno på eit høgare nivå enn i 2015. Andelen personar over 16 år med fattigdomsproblem har derimot gått opp.

I enkelte byar og område med konsentrasjon av levekårsutfordringar har staten og kommunane avtalebaserte samarbeid om felles ekstra innsats, kalla områdesatsingar. Områdesatsingar er eit verkemiddel for å gjere ein ekstra innsats for tenesteutvikling og betre nærmiljøkvalitetar i levekårsutsette område, som mellom anna kan ha ein høgare andel innbyggjarar med låg inntekt enn andre område. I stortingsperioden 2021–2025 er talet på kommunar med avtale med staten om områdesatsing auka frå 4 til 14. At fleire kommu-

nar no får støtte til å gjennomføre slike satsingar, er eit viktig steg i arbeidet med å redusere ulikskap og styrkje samfunnsdeltaking i utsette område.

Delmål 1.3) Innføre nasjonalt tilpassa sosiale velferdsordningar og tiltak for alle, inkludert minste-standardar, og innan 2030 oppnå ei vesentleg dekning av fattige og sårbare

Regjeringa har sett i verk ei rekke tiltak for å motverke effekten av auken i levekostnader, mellom anna gjennom å auke bustøtta. Den statlege bustøtta skal sikre at husstandar med låge inntekter og høge buutgifter kan bu i ein trygg og god bustad. Frå desember 2021 til mars 2024 var regelverket mellombels endra, slik at opp til 25 000 fleire enn vanleg fekk bustøtte. Dei som fekk bustøtte, fekk òg ekstra utbetalingar som hjelp til å dekke høge straumrekningar i fleire omgangar i denne perioden. I samband med revidert nasjonalbudsjett for 2024 vart det vedtatt at alle bustøttemottakarar som ikkje betalar for oppvarming gjennom husleige eller fellesutgifter, skal få lagt 590 kroner til buutgiftene kvar månad ved berekning av bustøtte. Tiltaket vart iverksett frå og med september 2024 og er varig.

I tillegg vart det gjort ei rekke andre endringar i bustøtta i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2024. Det vart mellom anna vedtatt å auke dei årlege buutgiftstaka med 4 000 kroner, og frå og med oktober 2024 har ikkje inntekta til 18- og 19-åringar telt med i berekninga av bustøtte, viss dei ikkje er hovudperson i eiga hushald. Dette gjer at unge vaksne kan tene pengar utan at det går utover foreldras bustøtte. Desse tiltaka vart gjort varige i samband med statsbudsjettet for 2025. Frå januar 2025 er det òg innført ei skjeringsordning som hindrar at dei som har inntekt frå arbeidsavklaringspengar og dagpengar får mindre eller mistar bustøtta når dei får tre utbetalingar i same kalendermånad.

Delmål 1.4) Innan 2030 sikre at alle menn og kvinner, særleg fattige og sårbare, har lik rett til økonomiske ressursar og tilgang til grunnleggjande tenester, til å eige og kontrollere jord og andre former for eigedom, og til arv, naturressursar, ny teknologi og finansielle tenester, inkludert mikrofinansiering

Offentlege velferdstenester skal bidra til at alle får nødvendig bistand, slik at dei kan delta i arbeidslivet og på andre arenaer i samfunnet. Universelle og gode velferdsordningar bidrar til like moglegheiter og til å redusere forskjellar i levekår.

Trygge og gode buforhold er viktig for å jamne ut forskjellar i levekår og sikre gode oppvekstvilkår for barn og unge. Den sosiale bustadpolitikken skal førebygge at folk får utfordringar på bustadmarknaden, og gi hjelp til dei som ikkje sjølve klarar å skaffe seg og behalde ein eigna bustad. Bustøtte, startlån og lån til utleigebustader er viktige bustadsosiale verkemiddel.

Om lag tre firedelar av husstandane i Noreg bur i ein bustad dei eig sjølv. Startlån frå Husbanken og lån til utleigebustader gjer at fleire kan kjøpe ein eigen bustad og at det blir tilgang på fleire eigna utleigebustader. Regjeringa har foreslått at låneramma til Husbanken blir 32 mrd. kroner for 2026. Låneramma går mellom anna til startlån og lån til utleigebustader for vanskelegstilte. Regjeringa gjer òg eit forsøk der kommunane kan gi startlån til førstegongsetablerarar som er noko betre økonomisk stilte enn dei som får startlån i dag.

Regjeringa la våren 2024 fram ei melding til Stortinget om ein heilskapleg bustadpolitikk. Meldinga tar mellom anna for seg eige- og leigemarknadane, bustadutfordringar i distrikts- og pressområde og arbeidet for særskilt sårbare grupper. I meldinga legg regjeringa fram fire innsatsområde for bustadpolitikken: 1) Fleire skal få høve til å eige eigen bustad; 2) Leigemarknaden skal vere trygg og føreseieleg; 3) Ta vare på bustadene vi har, og bygge dei vi treng og 4) Forsterka innsats for dei som ikkje sjølve klarer å skaffe seg og behalde ein eigna bustad.

Delmål 4.1) Innan 2030 sikre at alle jenter og gutar fullfører gratis og likeverdig grunnskule og vidaregåande opplæring av høg kvalitet som kan gi dei eit relevant og reelt læringsutbytte

Romane er éin av fem nasjonale minoritetar i Noreg. Kommunal- og distriktsdepartementet finansierer skulelosordninga som blir drifta av

Oslo kommune. Skulelosane følgjer opp romske elevar som bur i Oslo, Lørenskog og andre nærliggjande kommunar. Skulelosane arbeider for å styrkje læringsutbyttet for elevane, redusere frávær og auke talet på elevar som fullfører grunnopplæringa. Skulelosane hjelper mellom anna til i koordineringa mellom skolen, eleven og heimen.

Delmål 5.5) Sikre kvinner fullstendig og reell deltaking og like moglegheiter til leiande stillingar på alle nivå der det blir teke avgjerder, i det politiske, det økonomiske og det offentlege livet

Regjeringa arbeider kontinuerleg med å oppnå likestilling i det politiske livet generelt og i leiande stillingar og verv spesielt. Som eit av dei første landa i verda, innførte Noreg røysterett og rett til å stille til val ved kommunestyreval for kvinner. Det var ein viktig milepæl for å bli eit fullverdig demokrati.

Etter lokalvalet i 2019 var delen kvinner i kommunestyra for første gang på 40 pst. i landsgjennomsnitt, og 35 pst. av ordførarane i landet var kvinner. Ved lokalvalet i 2023 var det i gjennomsnitt 41 pst. kvinner i kommunestyra, og 37 pst. av ordførarane var kvinner. Utviklinga går rett veg, og Noreg har kome langt òg når det gjeld å bruke dei formelle rettane i praksis. Vi er likevel ikkje i mål når det gjeld kjønnsbalanse i politiske verv i lokalpolitikken. Det er store variasjonar mellom kommunane. For å få merksemd om dette, har departementet laga eit representasjonsbarometer på regjeringa.no. For å skape merksemd om kjønnsbalansen i lokaldemokratiske organ og i leiande verv i lokalpolitikken fram mot nominasjonane til lokalvalet i 2023, relanserte departementet representasjonsbarometeret 8. mars 2022. Barometeret viser kjønnsamansetninga i kommunestyre og formannskap, og om ordføraren er kvinne eller mann, i alle kommunane i landet. I tillegg viser det delen kvinnelege kandidatar som partia ga stemmetillegg på vallistene til 2019-valet. Barometeret vil bli oppdatert med resultata frå 2023-valet.

Tal frå Statistisk sentralbyrå viser at ved lokalvalet i 2023 var 42 pst. av alle kandidatane kvinner, mot 43 pst. i 2019. Blant kandidatane som fekk stemmetillegg av partiet, er 43 pst. kvinner, medan 33 pst. av kandidatane på førsteplass på listene er kvinner. Det er store variasjonar mellom partia når det gjeld kvinner både på listene som heilskap, og på dei øvste plassane med stemmetillegg.

Delmål 8.3) Fremje ein utviklingsretta politikk som støttar produktive aktivitetar, oppretting av anstendige arbeidsplassar, entreprenørskap, kreativitet og innovasjon, og stimulere til formalisering av og vekst i talet på svært små, små og mellomstore bedrifter, mellom anna ved å gi dei tilgang til finansielle tenester

Under berekraftsmål 8 har departementet fleire næringspolitiske verkemiddel retta mot utvikling av verksemdar, innovasjon og sysselsetting over heile landet. Verkemidla gir verksemdene tilgang på kapital, rådgiving og nettverk, med mål om vekst i sysselsetting, lønnsamd og produktivitet. Fleire av ordningane har òg som mål å bidra til å realisere det grøne skiftet, og ruste norsk økonomi for framtida. Ordningane kan vise til gode resultat for økonomisk utvikling, innovasjon og sysselsetting, og mange prosjekt har konkrete resultat for kutt av klimagassutslepp, energieffektivitet og avfallsreduksjon.

Delmål 9.1) Utvikle påliteleg, berekraftig og solid infrastruktur av høg kvalitet, inkludert regional og grensekryssande infrastruktur, for å støtte økonomisk utvikling og livskvalitet med vekt på overkomeleg pris og likeverdig tilgang for alle

Regelverket på bygningsområdet, byggteknisk forskrift (TEK17) og byggesaksforskrifta (SAK10), skal vere enkelt å forstå og bruke. Digitalisering av plan- og byggesakprosessar er med på å legge til rette for meir effektive byggeprosessar. God flyt av digital data i verdikjeda er sentralt. Gjennom digitalisering og vidareutvikling av regelverket, bidrar Direktoratet for byggkvalitet (DiBK) til å omstille næringslivet til å bli meir berekraftig, med meir effektiv bruk av ressursar.

Delmål 10.3) Sikre like moglegheiter og redusere skilnader i levekår, mellom anna ved å avskaffe diskriminerande lover, politikk og praksis og ved å fremje lovgiving, politikk og tiltak som er eigna til å nå dette målet

Berekraftsmål 10 har som mål å redusere ulikskap i og mellom land. Gjennom tilskot til fylkeskommunane ønsker regjeringa å auke kompetansen hos fylkeskommunane og kommunane til å planlegge for eit universelt utforma samfunn som ikkje diskriminerer fysisk og kognitiv funksjonshemming. Statens kartverk får årleg tilskot til kartlegging av tilgjengelegheit i kommunesentra og friområde for å gjere desse tilgjengelege for alle.

Trygge og gode buforhold er viktig for å jamne ut skilnader i levekår. Den statlege bustøtta

skal sikre husstandar med låge inntekter og høge buutgifter ein høveleg bustad. I 2024 fekk i snitt 99 400 husstandar bustøtte kvar månad. Startlån skal bidra til at personar med langvarige bustadfinansieringsproblem kan skaffe seg ein eigna bustad og behalde han. Husbanken formidlar startlån til kommunane, og i 2024 vidareformidla kommunane startlån til om lag 8 030 husstandar. Barnefamiliar og personar med funksjonshemming er prioriterte grupper for startlån. Fleire studiar har dokumentert diskriminering på leigemarknaden og i bustadmarknaden. Diskriminering er ifølgje husleigelova forbode. Husleigelovutvalet drøfta i NOU 2024: 19 *Ny boligleielov* tiltak som kan bidra til å redusere diskriminering på leigemarknaden. Kommunal- og distriktsdepartementet arbeider med å følgje opp NOU-en. Kommunale bustader er eit verkemiddel for hushald som ikkje klarer å skaffe seg ein bustad på eiga hand, til dømes på grunn av diskriminering. Kommunane disponerte totalt 117 598 leigebustader per 1. januar 2024.

Mykje tyder på at levekåra for den nasjonale minoriteten romar er langt dårlegare enn i befolkninga elles. Kommunal- og regionaldepartementet finansierer Romano Kher, som er både eit kultursenter og eit ressursenter for romar. Ressurssenteret skal arbeide for at romar får likeverdige tenester gjennom helse- og sosialfagleg innsats.

Kommunal- og distriktsdepartementet finansierer òg tiltak i Lørenskog kommune for å redusere utfordringane som romar opplever i møte med det kommunale tenesteapparatet og i nærmiljøet. I 2024 har kommunen vore opptatt av å nå barn og unge med tiltaka og legge til rette for god tilknytning til skulen.

Delmål 11.1) Innan 2030 sikre at alle har tilgang til tilfredsstillande og trygge bustader og grunnleggande tenester til ein overkomeleg pris, og betre forholda i slumområde

Berekraftsmål 11 handlar om å gjere byar og lokalsamfunn trygge, robuste og berekraftige, og delmål 11.1 går ut på å sikre at alle har tilgang til tilfredsstillande og trygge bustader til ein overkomeleg pris. Regjeringa vil at folk skal kunne bu i ein eigna bustad i heile landet. Gjennom bustadpolitikken vil regjeringa legge til rette for velfungerande bustadmarknader, slik at terskelen for å kunne skaffe seg ein eigna bustad ikkje blir for høg. Bustøtteordninga skal sikre personar med låge inntekter og høge buutgifter ein høveleg bustad. Startlån frå Husbanken gjer at fleire kan kjøpe ein eigna bustad, og lån til utleigebustader

frå Husbanken bidrar til fleire eigna utleigebustader. Husleigetvistutvalet (HTU) bidrar til ein tryggar og meir velfungerande leigemarknad i heile landet gjennom informasjon og rettleiing om rettar og plikter til leigetakarar og utleigarar. Husbanken har ein innsats for bustadutvikling i distriktskommunar. Husbanken skal òg medverke til å skaffe fleire eigna bustader til eldre, og har personar med nedsett funksjonsevne og utviklingshemming som ei prioritert målgruppe. For å samle og styrkje verkemidla på leigemarknaden, har regjeringa bestemt å slå saman HTU og Husbanken frå 1. januar 2026. Det vil bidra til gjere sakshandsaminga av husleigetvistar meir robust, og Husbanken og HTU kan saman bruke meir ressursar på å førebygge konflikhtar.

Den nasjonale indikatorane er mellom anna talet på personar i førebels butilbod og andelen av hushaldsinntekta som går til kommunale tenester. Sistnemde er stabil på om lag 1,5 pst. Det har vore ein klar auke i folk som bur i førebelse butilbod i meir enn tre månader.

Det er ingen slumområde i Noreg, men nokre byar har område med opphopping av dårlege levekår. I 2025 har staten avtalar med 14 kommunar om ein ekstra innsats for levekårsutsette område gjennom områdesatsingar.

Delmål 11.2) Innan 2030 sørgje for at alle har tilgang til trygge, tilgjengelege og berekraftige transportsystem til ein overkomeleg pris og betre tryggleiken på vegane, særleg ved å legge til rette for kollektivtransport og med særleg vekt på behova til personar i utsette situasjonar, kvinner, barn, personar med nedsett funksjonsevne og eldre

Gjennom arbeidet med byvekstavtalane vil regjeringa framleis satse på kollektivtransport, sykling og gange i dei store byområda. Kommunal og regional arealplanlegging må sikre ein effektiv arealbruk og tilstrekkeleg bustadbygging i tråd med nullvekstmålet, og bidra til god by- og stadutvikling. Regjeringa vil derfor arbeide med å få areal- og parkeringspolitikken betre integrert med anna verkemiddelbruk i byvekstavtalane. Areal- og parkeringspolitikken er derfor ein integrert del av byutgreiingane. Resultat frå utgreiingane vil danne eit betre kunnskapsgrunnlag for reforhandlingar og oppfølging av avtalane.

Delmål 11.3) Innan 2030 styrkje inkluderande og berekraftig urbanisering og legge til rette for deltakande, integrert og berekraftig samfunnsplanlegging og forvaltning i alle land

Byar og lokalsamfunn skal vere for alle og gi grunnlag for at òg barn, eldre og personar med funksjonshemming kan delta. Medverknad er integrert i all planlegging og sikra i plan- og bygningslova.

Delmål 11.5) Innan 2030 oppnå ein vesentleg reduksjon i talet på dødsfall og talet på personar som blir ramma av katastrofar, inkludert vassrelaterte katastrofar, og i vesentleg grad minske dei direkte økonomiske tapa i det samla bruttonasjonalproduktet i verda som følgje av slike katastrofar, med vekt på vern av fattige og personar i utsette situasjonar

Klimaendringar fører til stigande temperaturar, meir nedbør og havnivåstiging, og aukar risikoen for naturfarar som flaum og skred, overfløymingar ved stormflo og overvatn ved ekstremnedbør. Sjølv om det er relativt få dødsfall i Noreg som følgje av naturkatastrofar, forårsakar naturhendingar som skred og flaum betydelege samfunnsøkonomiske tap kvart år. Klimaendringane vil føre til at konsekvensane ved naturfarar som flaum og skred vil auke i alvor framover, og det er behov for å gjere kommunane betre rusta til å ta omsyn til naturfarar i arealplanlegging og byggesak.

Tilgang til oppdatert informasjon og geografiske data er avgjerande for å ta omsyn til naturfarar i arealplanlegging. Ein ny paragraf 2-4 i plan- og bygningslova, gjeldande frå 1. januar 2025, set krav til innmelding av grunnundersøkingar og naturfareutgreiingar til Noregs geologiske undersøking og Noregs vassdrags- og energidirektorat. Lovendringa følgjer opp ei av tilrådingane frå Gjerdrumutvalet for å førebygge kvikkleireskred og vil gi betre kunnskap om grunnforhold og naturfarar.

Delmål 11.6) Innan 2030 redusere negativ påverknad på miljøet frå byar og lokalsamfunn (målt per innbyggjar), med særleg vekt på luftkvalitet og avfallshandtering i offentleg eller privat regi

Ei samordna bustad-, areal- og transportplanlegging er eit tiltak for å redusere dei nasjonale klima- og miljøutfordringane. For å bidra til å nå målet om nullvekst i persontrafikken i byane og til å redusere utslepp av lokal forureining og klimagassar, har regjeringa inngått byvekstavtalar. Ni byområde er omfatta av ordninga med byvekstav-

tar. Det er i dag inngått avtalar for sju av desse: Oslo-området, Bergensområdet, Trondheimsområdet, Nord-Jæren, Tromsø, Nedre Glomma og Kristiansandsregionen. I tråd med Nasjonal transportplan 2025–2036 vil det på sikt òg vere aktuelt å invitere Buskerudbyen (Drammensområdet) og Grenland til forhandlingar. Den forventade vidare veksten i og rundt dei største byane vil krevje effektiv arealbruk og ei relativt sterk utbygging av alle typar infrastruktur. Kompakt byutvikling er ein viktig strategi for å redusere klimagassutslippa og fremje gode livsvilkår for innbyggjarane òg i små og mellomstore byar. Norske byar har i internasjonal samanheng relativt lite luftforureining, og Noreg er blant landa i Europa som har minst risiko for tidleg død på grunn av lokal luftforureining frå vegtrafikken.

Delmål 11.7) Innan 2030 sørge for at alle, særleg kvinner og barn, eldre og personar med nedsett funksjonsevne, har tilgang til trygge, inkluderande og tilgjengelege grøntområde og offentlege rom

Tilgang til grøntområde i byen er viktig for helse, trivsel og livskvalitet. I 2024 vart eit nasjonalt grønsturkart lansert. Gjennom tilskot frå Kommunal- og distriktsdepartementet gir Statens kartverk kommunar, fylkeskommunar og frivillige organisasjonar opplæring i kartlegging av tilgjengelegheit i kommunale offentlege uterom, friområde, parkar og område i marka. Med denne kartlegginga blir manglar oppdaga og tiltak iverksett for å gjere alle desse områda tilgjengelege, og nokre, dessutan universelt utforma. Denne kartlegginga blir vidareført.

Regjeringa la i juni 2025 fram ein nasjonal arkitekturstrategi *Rom for kvalitet*. Strategien handlar om utforming av byar og nabolag, og framhevar tydinga av kvalitet i dei bygde omgivnadene for kvardagen til folk og for samfunnsutviklinga.

Regjeringa gir støtte til fylkeskommunane til opplæring i eigen organisasjon og i kommunane i universell utforming i planlegging, og bidrar slik til at samfunnet blir universelt utforma og får trygge, inkluderande og tilgjengelege grøntområde og offentlege rom.

Delmål 11.a) Støtte positive økonomiske, sosiale og miljømessige samband mellom byområde, omland og spreiddbygde område ved å styrkje nasjonale og regionale planar

Planlegging er det viktigaste verktøyet kommunen og fylkeskommunen har når dei skal prioritere oppgaver og fastsetje areal for utbygging i by og bygd.

I Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023–2027 blir det lagt vekt på at kommunane og fylkeskommunane legg berekraftsmåla til grunn for planlegginga. Departementet la i 2022 ut ei oppdatert rettleiing om korleis berekraftsmåla kan takast i bruk i planlegging etter plan- og bygningslova på nettsida planlegging.no.

Dei siste åra har Distriktssenteret arbeidd mykje med lokalt og regionalt planarbeid for berekraftig samfunnsutvikling. Rettleiaren enkelplanlegging.no bidrar til at planleggarar i små distriktskommunar gjer gode val og har gode prosessar for planlegging i kommunen. I 2025 vart rettleiaren utvida med rettleiing om kommunal arealplanlegging. I prosjektet «Opplæring i plan for politikarar» i Møre og Romsdal testar Distriktssenteret saman med statsforvaltar og fylkeskommunen ut nye samarbeidsmåtar med distriktskommunar i fylket, for å gjere kommunane i betre stand til å utøve rolla som samfunnsutviklar i medhald av plan- og bygningslova. Fleire fagmodular er relevante og tilgjengelege for alle kommunar i heile landet.

Delmål 11.c) Støtte dei minst utvikla landa i å føre opp berekraftige og solide bygg ved bruk av lokale materiale, mellom anna gjennom økonomisk og fagleg støtte

Rask urbanisering bidrar til meir luftforureining, utilstrekkeleg infrastruktur og mangel på nødvendige tenester. Noreg gir støtte til å kutte utslipp i byar og tettstader gjennom Verden handelsorganisasjon, Verdsbanken og Koalisjonen for klima og rein luft. Noreg arbeider for robuste og berekraftige byar i dei minst utvikla landa gjennom dei multilaterale utviklingsbankane og budsjetteringsprogram. Noreg støtter òg tiltak for smarte byar, klimatilpassing og betre buforhold gjennom FN's busettingsprogram i Ghana og Mosambik.

Delmål 12.5) Innan 2030 redusere avfallsmengda vesentleg gjennom førebygging, reduksjon, attvinning av materiale og ombruk

Bygg og byggeverksemd spiller ei rolle i å gjere økonomien meir fornybar, sirkulær og berekraftig. Direktoratet for byggkvalitet (DiBK) jobbar aktivt med å utvikle regelverket i byggtknisk forskrift (TEK17) og informere om regelendringar som tillèt meir ombruk. Bruk av byggemateriale på ein måte som reduserer avfall på byggeplassen, handtering av avfall og digitale avfallsplanar er òg sentralt i DiBK sitt arbeid.

Delmål 13.2) Innarbeide tiltak mot klimaendringar i politikk, strategiar og planlegging på nasjonalt nivå

Regjeringa la våren 2025 fram ei stortingsmelding om klima jf. St. Meld. 25 (2024-2025) *Klimamelding 2035 - på vei mot lavutslippssamfunnet*. I stortingsmeldinga blir det lagt fram klimatiltak på fleire av Kommunal- og distriktsdepartementet sine ansvarsområde. Mellom anna er kommunane si rolle i klimaomstillinga, og arealpolitikk viktige delar av meldinga.

Regjeringa har fastsett reviderte statlege planretningslinjer for areal og mobilitet, og for klima og energi. I dei reviderte planretningslinjene om klima og energi går det tydelegare fram korleis klimaomsynet skal ivaretakast i planlegging og anna verksemd i kommunane, og ansvarsdelinga mellom forvaltingsnivå. Retningslinjene om arealbruk og mobilitet skal mellom anna fremje eit samfunn med låge utslepp gjennom utvikling av berekraftige, kompakte og attraktive byar og tettstader, og skal bidra at vi planlegg for å avgrense at mellom anna dyrka mark, natur og karbonrike areal blir bygd ned.

Å fremje berekraftig byggeverksemd er ei prioritert oppgåve for Direktoratet for byggkvalitet (DiBK). Direktoratet har fått oppdrag om å greie ut moglege krav i byggt teknisk forskrift som kan bidra til at klimaavtrykket frå bygging blir redusert. Gjennom klimapartnerskap med byggenæringa er det etablert dialog om redusert klimafotavtrykk frå bygging. Vidare gir Husbanken lån til å oppgradere og bygge miljøvenlege bustader, og regjeringa vil vurdere å oppdatere kriteria for slike lån. Endringar i plan- og bygningslova, som gir kommunane betre verkemiddel for tiltak mot overvatn, er døme på tiltak for å styrkje evna til å stå imot og tilpasse seg klimarelaterte farar.

For næringspolitiske verkemiddel har regjeringa innført prinsippet om at all støtte skal bidra til at Noreg blir eit lågutsleppssamfunn innan 2050. Prinsippet er implementert både strategisk og operativt. Kommunal- og distriktsdepartementet har fleire slike verkemiddel, som òg omfattar arbeidet med å utvikle klassifisering og rapportering av berekraftige prosjekt i næringslivet.

Delmål 16.7) Sikre lydhøyre, inkluderande, deltakingsbaserte og representative avgjerdsprosessar på alle nivå

Moglegheita til å medverke i planprosessar styrker og utviklar lokaldemokratiet. Det sikrar at viktige omsyn kjem fram og gir den enkelte moglegheit til å påverke avgjerder om samfunnsutviklinga og arealbruken. Planprosessar som er opne og kan

etterprøvast er dessutan viktig for tilliten mellom innbyggjarar og styresmakter. Medverknad gir såleis betre planar, færre konflikhtar og ei meir effektiv gjennomføring av planar som er vedtatt.

For spørsmål som kan påverke samiske interesser, er det eigne reglar om konsultasjonar. Stortinget vedtok våren 2021 å lovfeste plikta til å konsultere Sametinget og samiske interesser i saker som gjeld dei. Lova, som vart sett i kraft 1. juli 2021, forankrar konsultasjonsplikta for alle forvaltingsnivå, òg kommunar og fylkeskommunar. Lova legg til rette for gode demokratiske prosessar og skal sikre at samiske interesser kjem tidleg inn i prosessane, slik at dei har moglegheit til å påverke avgjerdene. Departementet reviderer no rettleiaren for kommunane for å sikre at dette blir gjennomført på ein god måte.

Myndigheitene bidrar til å styrkje organisasjonane til nasjonale minoritetar, mellom anna gjennom drifts- og prosjekttilskot, slik at dei sjølve kan delta og påverke i saker som angår dei. Dialogen mellom myndigheitene og organisasjonane skjer i Kontaktforum mellom nasjonale minoritetar og sentrale myndigheiter, gjennom årlege dialogmøte med organisasjonane enkeltvis og gjennom kontakt i konkrete spørsmål som organisasjonane er opptatt av.

Delmål 17.17) Stimulere til og fremje velfungerande partnerskap i det offentlege, mellom det offentlege og private og i det sivile samfunn som bygger på partnerskapane sine erfaringar og ressursstrategiar

Husbanken bidrar til mål 17, som handlar om å stimulere til og fremje velfungerande partnerskap i det offentlege, mellom det offentlege og det private og i det sivile samfunnet gjennom sitt samarbeid med mellom anna kommunar, brukar- og interesseorganisasjonar, bustadbyggelag, utbyggjarar og andre velferdsdirektorat. Tverrsektorielt samarbeid på direktoratsnivå sikrar at kommunane får god informasjon og opplæring på det bustadsosiale feltet. Samarbeidet gjeld mellom anna innsatsen retta mot ulike utsette grupper på bustadmarknaden.

Gjennom avtaler med kommunar om område-satsingar om ekstra innsats i levekårsutsette område bidrar Kommunal- og distriktsdepartementet til partnerskap i det offentlege og mellom det offentlege, sivilsamfunn og private.

DOGA sitt arbeid med eit nasjonalt knutepunkt for innovasjon og kunnskapsutvikling i EU-samfunnsoppdraget om klimanøytrale og smarte byar bidrar til samarbeid mellom ulike aktørar om å kutte klimagassutslepp.

9 Nordområdepolitikken

Nordområda er Noreg sitt viktigaste strategiske satsingsområde. Nordområdepolitikken omfattar både innanriks-, sikkerheits- og utanrikspolitikk, og strekk seg over forvaltingsnivå, sektorar og landegrenser. Dei siste åra har vore prega av geopolitiske omveltingar, krig i Europa og stadig større konsekvensar som følgje av klimaendringar. Utviklinga har aktualisert behovet for å løfte nordområda høgare på den politiske dagsordenen. Russland sin folkerettsstridige fullskala-krig mot Ukraina har ført til den mest alvorlege sikkerheitspolitiske trusselen mot Europa og Noreg sidan andre verdskrig, og understrekar behovet for ein styrkt og samordna nordområdepolitikk. I tillegg grip konsekvensane direkte inn i samfunns- og næringsliv i nordområda. Nordområdepolitikken til regjeringa er omtala i strategien *Norge i nord – Nordområdepolitikken i en ny virkelighet*. Kommunal- og distriktsdepartementet har hovudansvar for koordineringa av nordområdepolitikken til regjeringa. Arbeidet skjer i samarbeid med Utanriksdepartementet.

Strategi for nordområdepolitikken

Regjeringa har lagt fram strategien *Norge i nord – Nordområdepolitikken i en ny virkelighet*. Strategien set retning for regjeringa sin politikk i nordområda framover, og skal legge grunnlaget for styrka samarbeid lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt. Busetting og næringsaktivitet i nordområda er avgjerande for å verne om norsk suverenitet og for å sikre berekraftig forvaltning av naturressursane. Det overordna målet i strategien er at Nord-Noreg skal ha livskraftige lokalsamfunn der folk ønskjer å bu, og som bidrar til sikkerheit og beredskap. Samstundes peikar strategien på fleire strukturelle utfordringar som pregar landsdelen. Avstandar, folketalsnedgang og ein demografi med mange eldre gjer situasjonen krevjande for mange kommunar. Desse forholda stiller store krav til både lokal og nasjonal politikk, og evna til å utvikle løysingar som styrkjer den heilskaplege samfunnsstrukturen i Nord-Noreg.

Regjeringa prioriterer innsatsen på fem område:

- Norsk handlefridom og innverknad i nordområda.
- Eit totalforsvar som skaper sikkerheit, aktivitet og beredskap.
- Gode og trygge lokalsamfunn.
- Infrastruktur som bygger samfunn.
- Eit næringsliv som skapar verdier.

Norsk handlefridom og innverknad

Økt geopolitisk spenning, klimaendringar og miljøutfordringar påverkar Noreg si evne til å handheve suverenitet, samt fremje stabilitet og berekraftig utvikling. Noreg vil framleis vere tent med eit sterkt internasjonalt samarbeid basert på folkeretten og felles verdier. Samarbeidet i Arktisk råd er ei viktig prioritering for Noreg, som har hatt leiarskapen i Arktisk råd i perioden mai 2023–mai 2025, med dei fire prioriterte områda «Hav», «Klima og miljø», «Berekraftig økonomisk utvikling» og «Folk i nord». I tillegg vil regjeringa styrkje samarbeidet med nordiske og europeiske allierte, USA og Canada.

For å legge til rette for langsiktig vidareføring av miljør samarbeidet i nord, foreslår regjeringa ei rammeoverføring av midlar til nordområda som tidlegare er stilt til rådigheit i form av ei belastningsfullmakt frå Utanriksdepartementet. Midlane skal òg legge til rette for aktiv norsk deltaking i Arktisk råd på prosjekt- og ekspertnivå, vidareføring av langsiktig miljøovervaking i nordområda, og samarbeid om internasjonalt kunnskapsgrunnlag om klima og miljø i Arktis og Barentsregionen.

Kommunal- og distriktsdepartementet overtar ansvaret for Utanriksdepartementet si Arktis 2030-ordning, og vil jobbe vidare med ein målretta innsats i nord som bygger opp under regjeringa sin nordområdestrategi. Grensesnittet mot andre relevante ordningar vil òg vurderast.

Interreg-programma som gjeld nordområda (Interreg Nordlig Periferi og Arktis samt Interreg Aurora) har innovasjon og entreprenørskap, miljø og klima, utdanning, kultur og berekraftig reiseliv, samt styrkt administrativ kapasitet til utvikling og grenseoverskridande samarbeid som viktige sat-

singsområde. Programma støttar samarbeid mellom FoU-institusjonar, offentlege aktørar og næringsaktørar i nordområda, og bidrar mellom anna til det grøne skiftet, kapasitetsbygging og utvikling av lokalsamfunn.

I 2024 vart ansvaret for tilskotsmidlane som det norske Barentssekretariatet forvaltar overført frå Utanriksdepartementet til Kommunal- og distriktsdepartementet. Ordninga dei forvaltar er retta mot internasjonalt samarbeid i Nord-Noreg og aktørar i finske og svenske regionar i nord, inkludert urfolkssamarbeid i heile Sápmi. Målet med ordninga er å fremje samfunnsutvikling i Nord-Noreg gjennom grensekryssande samarbeid i Barentsregionen.

Noreg er ein leiande polarnasjon. Regjeringa vil styrkje norsk forskning i arktiske farvatn, og støttar forskingsprosjektet *Polhavet 2050* med 1 mrd. kroner over ti år. Prosjektet består av Noreg sine fremste polarforskarar frå 18 ulike institusjonar og vil stadfeste Noreg som ein av dei fremste polarforskningsnasjonane dei neste ti åra. Det vil òg styrkje forskingsmiljøa i Nord-Norge.

Dei raske klimaendringane i polarområda aukar behovet for oppdatert miljøkunnskap som grunnlag for forvaltning, klimatilpassing og samfunnsplanlegging. Regjeringa vil styrkje Norsk Polarinstitutt med til saman 50 mill. kroner for å oppretthalde instituttet sitt forskingsfaglege nærvær i polarområda. Satsinga omfattar forskingsinfrastruktur i polarområda, med vekt på det isgåande forskingsfartøyet Kronprins Haakon, og styrkt norsk forskingsleiing på Svalbard.

Eit totalforsvar som skaper sikkerheit, aktivitet og beredskap

Våren 2025 la regjeringa fram *Nasjonal sikkerhetsstrategi 2025 – en helhetlig tilnærming til et trygge Norge*, som skal sikre eit fritt og sjølvstendig Noreg, eit sterkt demokrati og eit samfunn prega av sikkerheit og tillit. Strategien legg vekt på å styrkje forsvarsevna raskt, og styre utviklinga av strategisk viktige område, inkludert nordområda. Gjennom strategien tar regjeringa eit heilskapleg grep for å møte ei meir uføreseieleg og farleg verd, og for å sikre at Noreg står sterkt – både i fred, krise og krig.

Den alvorlege sikkerheitspolitiske situasjonen i Europa gjer nordområda si geografiske plassering til eit strategisk viktig område for Forsvaret. Stortinget vedtok i Innst. 426 S (2023–2024) å styrkje forsvarsbudsjettet til ei samla økonomisk ramme på 1 635 mrd. 2024-kroner fram til 2036. Det er ei betydeleg satsing på Forsvaret i Nord-

Noreg, som òg får ringverknader for andre sektorar i landsdelen. Regjeringa vil sørge for at forsvarsløftet skal gi regionale ringverknader og skape sterke og attraktive lokalsamfunn i tilknytning til Forsvaret sine aktiviteter.

Regjeringa styrkjer det militære nærværet i Nord-Noreg gjennom Forsvarsløftet, med auka nærvær av NATO og etablering av eit nytt luftoperasjonssenter i Bodø. Finnmark landforsvar skal utvidast til ein brigade innan 2032, og Heimevernet får nye innsatsstyrkar i Troms og Finnmark. Samarbeidet med USA blir intensivert gjennom avtalar som opnar for auka amerikansk nærvær i Bardufoss og Setermoen. I tillegg blir det satsa på felles øvingar med nordiske land for å styrkje beredskapen.

Regjeringa legg til rette for å sikre kompetanseheving og leverandørutvikling i lokalt næringsliv, slik at små og mellomstore verksemder i regionen er godt rusta til å bli leverandørar til Forsvaret. Leverandørutvikling retta mot Forsvaret sine investeringar og aktiviteter vil vere viktig for å få fram fleire lokale og regionale leverandørar, noko som styrkjer både den sivile beredskapsevna og lokalsamfunnet. Regjeringa styrkjer samarbeidet mellom forsvarskommunar. Dette skal bidra til å utvikle attraktive bustadkommunar gjennom å kombinere Forsvaret sin lokale innsats med kommunen, og andre aktørar sin innsats.

I starten av 2025 la regjeringa fram Meld. St. 9 (2024–2025) *Totalberedskapsmeldingen*. I meldinga peikar regjeringa ut retning for omlegginga av den sivile delen av totalforsvaret, og for arbeidet med den sivile motstandskrafta. I møte med kriser og krig, er det avgjerande å ha eit sivilsamfunn som støttar opp under militære aktiviteter og tar vare på sivile behov. Det er viktig med samfunnsstrukturar som handterer utfordringane og kan tilpassast desse. Ei satsing på beredskap i nord er avgjerande for nasjonal og lokal sikkerheit.

Regjeringa vil utvikle ei nasjonal tiltakssone for beredskap i Troms og Finnmark, med utgangspunkt i NATO sine grunnleggjande forventningar til motstandskraft i kritiske sivile samfunnsfunksjonar. Regjeringa vil auke det statlege nærværet på beredskapsfeltet i Aust-Finnmark, gjennom å opprette ein statleg samlingsstad i Kirkenes for ulike sektorars arbeid med sivil motstandskraft og sivilt-militært samarbeid i nordområda. Dette inneber å auke totalforsvarssamarbeidet med Finland og Sverige, styrkje kommunane i Aust-Finnmark sitt beredskapsarbeid og styrkje Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap sitt arbeid med totalforsvar og oppfølging av totalberedskapsmeldinga.

Gode og trygge lokalsamfunn

Regjeringa har gjennom regjeringsperioden styrkt dei personretta verkemidla i innsatssona med vel 700 mill. kroner. Innsatssona, som omfattar alle kommunane i Finnmark og Nord-Troms, har spesifikke økonomiske og personretta verkemiddel som skal skape ein meir attraktiv region å bu, arbeide og drive næringsverksemd i. For 2026 utgjer verkemidla i innsatssona vel 7 mrd. kroner, og fritak frå arbeidsgjevaravgift er det største verkemiddelet. For 2026 foreslår regjeringa å auke gjeldslette av utdanningslån med 60 000 kroner per år, samt å auke Finnmarksfrådraget (skattefrådrag) frå 30 000 til 45 000 kroner. I tillegg er det tidlegare innført gratis barnehage, og eit Finnmarkstillegg i barnetrygda som utgjer 6 000 kroner per barn, per år. Den totale innsatsen i sona er foreslått auka med 350 mill. kroner for budsjettåret 2026.

Regjeringa har inngått fire bygdevekstavgifter i Nord-Noreg. Bygdevekstavgifter er eit distriktspolitisk verkemiddel som skal bidra til busetting, tilgang på kompetent arbeidskraft og framtidretta næringsliv i dei minst sentrale regionane i Noreg. Bygdevekstpiloten i Midt-Finnmark (Nordkapp, Porsanger, Gamvik og Lebesby) har gått saman med Forsvaret, fylkeskommunen, Utdanningsdirektoratet og den vidaregåande skulen for å utforske moglegheitene for oppretting av ei forsvarslinje med studiespesialisering.

Bustader tilpassa innbyggjarane og lokalsamfunnet sine behov er eit viktig fundament for å styrkje kommunane i Nord-Noreg sin attraktivitet. Regjeringa styrkjer derfor arbeidet med å legge til rette for tilstrekkeleg og variert bustadbygging og -utvikling i Nord-Noreg. Husbanken får ei større rolle med å betre samhandlinga mellom kommunane, statlege aktørar og næringsliv i dei nordlegaste fylka for å stimulere til bustadutvikling lokalt.

Regjeringa har inngått regionvekstavgift med Nordland fylkeskommune om grøn industriutvikling. Avtalen inneber ein ny måte å jobbe saman på, som tar utgangspunkt i årlege politiske samråd. Gjennom avtalen ønskjer regjeringa å styrkje fylkeskommunen si rolle som samfunnsutviklar og som bindeledd mellom nasjonal politikk og lokal gjennomføring.

Gode arenaer for samarbeid mellom utdanning- og kompetansemiljø, arbeidsgivarar og dei som søker utdanning, blir viktig for å møte utfordringane med manglande kapasitet og kompetanse. I perioden 2023–2026 er det sett i gang tiltak for å styrkje fagskuletilbodet i Aust-Finnmark, gjennom Aust-Finnmark kunnskapssenter, studie-

tilbodet ved Samisk høgskole og UiT Noregs arktiske universitet. Regjeringa foreslår i tillegg å løyve 65 mill. kroner i 2026 til forprosjekt for Noregs arktiske universitetsmuseum.

Regjeringa har sendt forslag om endring i opplæringslova på høyring. Forsøket i Finnmark, kalla «Lokal Opplæring i Samarbeid med Arbeidslivet» (LOSA), har fått lov til å bruke meir fjernundervisning enn opplæringslova gir høve til. For at slike tilbod skal kunne bli ei fast ordning, foreslår regjeringa å utvide høvet til å bruke fjernundervisning på yrkesfaglege utdanningsprogram, avgrensa til område med få folk og store avstandar.

Regjeringa har innvilga eit pedagogisk forsøk med grunnskulelærarutdanning ved Nord universitet. Ordninga skal gjere det lettare for små skular å rekruttere lærarar med undervisningskompetanse i fleire fag og på fleire trinn. Regjeringa har tildelt midlar til evaluering av ordninga for å dokumentere verknadane og dele erfaringane. Hausten 2025 er eit pilotprosjekt med desentralisert politiutdanning i Alta etablert. Målet med prosjektet er å sikre stabil og god rekruttering til dei nordlegaste politidistrikta.

Nord-Noreg har mangfaldige samfunn, med store språklege og kulturelle skilnader. For å styrkje kunnskapen om samisk helse og levkår, har det vore løyvd totalt 95,5 mill. kroner til helse- og levkårsundersøkinga SAMINOR 3 frå arbeidet starta i 2023 og ut 2025. Regjeringa foreslår å løyve 13,9 mill. kroner i 2026 til etterarbeid og oppfølging.

Regjeringa har støtta utviklingssenteret for sjukeheimar og heimetenester i Finnmark, som mellom anna skal fremje samisk kulturoverføring, utvikle læringsmaterieill og spreie kunnskap om samiske helse- og omsorgstilhøve. Det visast til omtale av utviklingssentera i Helse- og omsorgsdepartementets Prop. 1 S (2025–2026).

Helse Nord RHF har særskilde utfordringar, og har behov for endring og omstilling. I statsbudsjettet for 2025 vart det løyvd 573 mill. kroner ekstra til Helse Nord RHF. Dette kjem i tillegg til dei ordinære løyvingane. Økonomien til Helse Nord RHF er styrkt mellom anna for å kunne oppretthalde kirurgisk akuttberedskap i Narvik og Lofoten, styrkje samhandlinga mellom sjukehus og kommunar, og for å nå målet om redusert ventetid. Klinik Alta er òg styrkt for å sikre fødetilbodet og for å styrkje poliklinikk, psykisk helsevern og andre dagtilbod. Helse Nord RHF er i Tilleggsdokument til Oppdragsdokument 2025 bedt om å utarbeide ein forpliktande plan for vidare utvikling av Klinik Alta – inkludert ein opptrappingsplan

for å auke aktiviteten for funksjonar som blir brukt ofte av innbyggjarane i området.

For idrettslag og idrettsutøvarar i Nord-Noreg er reisekostnadene ved å delta på ordinære aktivitetar, arrangement, turneringar og seriar svært høge. Regjeringa vil styrkje innsatsen for å redusere kostnader knytt til deltaking i idrettsaktivitet.

Infrastruktur som bygger samfunn

Transportsystemet i Nord-Noreg har særskilde utfordringar. Eit velfungerande transportsystem er viktig for å gjere arbeidskvardagen til innbyggjarane enklare, for å binde regionen saman med resten av landet, og som ei transportåre til naboland. I mars 2024 la regjeringa fram Meld. St. 14 (2023–2024) *Nasjonal transportplan 2025–2036*.

Vegnettet har stor betydning for befolkninga og næringslivet i Nord-Noreg. Det går føre seg ein betydeleg utbyggingsaktivitet langs vegnettet i nord som vil bidra til å auke framkomsten og trafikktryggleiken, mellom anna langs E6 Helgeland sør i Nordland, E10/rv. 85 Tjeldsund–Gullefjordsbotn–Langvassbukta i Nordland og Troms, og E8 Sørbotn–Laukslett i Troms. Anleggsarbeida på prosjektet E6 Megården–Sommerset i Nordland starta opp i august 2025. Med budsjettforslaget er det lagt opp til anleggsstart på prosjektet E45 Kløfta i Finnmark i løpet av 2026.

Jernbanen i nord har fått ei viktigare rolle som del av den grunnleggjande nasjonale transportfunksjonen, og for å gjere transporten av varer og personar langs vest-aust og nord-søraksen tilgjengeleg og trygg. Betydinga av Ofotbanen har auka, både for sivil og militær beredskap. For å auke kapasiteten til gods- og persontransport skal det difor byggast meir infrastruktur. Aktuelle tiltak er forlenging av kryssingsspor, samt å auke aksellasta frå 31 til 32,5 tonn.

Lufthamnene og det regionale flyrutetilbodet spelar ei viktig rolle i den økonomiske utviklinga av næringslivet og busettinga i distrikta. Det er planlagt to store lufthamnprosjekt i Nordland: ny lufthamn Mo i Rana og flytting av Bodø lufthamn.

Eit næringsliv som skapar verdier

Nord-Noreg treng eit lønsamt og mangfaldig næringsliv som bidrar til busetting, verdiskaping og beredskap. Regjeringa har etablert Statens fond i Tromsø, som gir viktige arbeidsplassar til Nord-Noreg. Fondet styrker kapitalforvaltingsmiljø og kompetansen om næringslivet i nord, og gjer det meir attraktivt for andre forvaltarar å etablere seg i regionen.

Klimaendringar påverkar arktisk natur og næringsliv, og regjeringa vil ta med lokalkunnskap om nordområda i sitt vidare arbeid. Innan 2050 skal Noreg vere eit lågutsleppssamfunn, jf. Meld. St. 25 (2024–2025) *Klimamelding 2035 – på vei mot lavutslippssamfunnet*. Samstundes må samfunnsplanlegging i nord ta høgde for klimarisiko og klimatilpassing.

Sjømatnæringa i Nord-Noreg må handtere utfordringar som kvotenedgang og sesongvariasjonar. Sjømatindustrien konkurrerer på ein global marknad, og ovannemnte utfordringar gjer det utfordrande å oppretthalde heilårleg drift med god lønsemd. For å møte utfordringane satsar regjeringa på omstilling, innovasjon og bruk av artar som tidlegare ikkje har blitt brukt i særskild grad. Regjeringa har mellom anna avgjort å setje ned eit utval som skal vurdere pliktsystemet for torsketrålarane. Vidare vil regjeringa følgje opp tiltak knytt til sjømatindustrien i kvotemeldinga, og opprette ei ekspertgruppe som skal foreslå konkrete tiltak for å auke råstoffkvaliteten.

Havbruksnæringa i dei nordlegaste produksjonsområda har fått auka produksjonskapasitet grunna låg miljøpåverknad. Regjeringa vil kartlegge økosystem og sjøbotn, mellom anna i Varangerfjorden, for å legge til rette for berekraftig sameksistens. Slik kan det på ein trygg måte opnast for ny næringsaktivitet innan sektoren.

Jordbruket og næringsmiddelindustrien i Nord-Noreg er viktig for beredskap, busetting og matproduksjon. Regjeringa har hatt ei sterk satsing på landbruket i Nord-Noreg på fleire område. Jordbruksavtalen i 2025 bygger vidare på denne satsinga. Regjeringa satsar på berekraftig landbruk, med styrkt investeringstilskot og tiltak for å sikre rekruttering og økonomisk sikkerheit for produsentane. Det er sett av ei eiga rekrutteringskvote på 4 mill. liter kumjølke for Troms og Finnmark. For investeringsverkemidla er tilskotsandelen for investeringar i omlegging til lausdrift og i svinproduksjon heva til 65 pst. i heile Nord-Noreg. I tillegg er den særskilde satsinga på berekraftig matproduksjon og verdiskaping i nord vidareført. Satsinga skal bidra til å styrkje sårbare produsentmiljø i nord, motverke bruksnedgang, og utnytte regionale fortrinn og moglegheiter innan arktisk landbruk.

Reindriftsnæringa utnyttar marginale utmarksressursar i nordområda, og næringa er avgjerande for å bevare samisk kultur og språk. Reindriftsavtalen for 2025/2026 prioriterer dei direkte tilskota til næringa, ivaretaking av reindriften sine areal, rådgiving, klimatilpassing og beredskap. Regjeringa vil legge til rette for å vidareutvikle

reindrifta som ei berekraftig næring, og gjennomføre tiltak i tiltakspakka for reindrift og energi for å legge til rette for betre ivaretaking av reindrifta sine beiteareal. Reindriftslova er endra for å støtte økonomisk, økologisk og kulturell berekraft. Regjeringa legg òg til rette for næringsutvikling basert på samisk kultur og kreativ næring, mellom anna innan samisk filmproduksjon og reiseliv.

Reiselivsnæringa i nord veks raskt og gir store moglegheiter for lokal verdiskaping. Samstundes fører auka turisttrafikk til press på infrastruktur og fellestenester. For å gi kommunane eit verktøy til å møte desse utfordringane, har Stortinget vedtatt besøksbidragslova som gir kommunar med særleg stor belastning frå reiselivet høve til å innføre overnattingsavgift. Lova gir òg regjeringa ein heimel til å innføre ei cruiseavgift. Målet er å sikre god besøksforvaltning og berekraftig utvikling av reiselivet.

Snøhvit Future-prosjektet og utbygging av kraftlinjer til Melkøya er viktige industrisatsingar som gir store regionale sysselsettingseffektar og reduserer CO₂-utslepp. Samstundes blir det lagt til rette for vidare olje- og gassverksemd i nordlege havområde, med mål om langsiktig verdiskaping og arbeidsplassar.

Gjennom olje- og gassaktivitetar på sokkelen blir nordnorsk leverandørindustri involvert gjennom leveransar av varer og tenester til sektoren. Verksemdene er lokaliserte langs heile kysten av Nord-Noreg. I regjeringsperioden 2021–2025 er det tatt betydelege avgjerder om å investere i nye og eksisterande felt i Norskehavet og Barentshavet, til dømes utbyggingsprosjekt tilknytt Snøhvit, Norne, Skarv og Aasta Hansteen. Johan Castberg-feltet kom i produksjon våren 2025 med ein forventa driftsperiode på 30 år. Feltet har driftsorganisasjon i Harstad og forsynings- og helikopterbase i Hammerfest. Dette gir moglegheiter for leverandørindustrien og aktivitet, sysselsetting og ringverknader på land i Nord-Noreg. Det vil gi eit auka aktivitetsnivå i dei nordlege havområda, og bidra til eit meir stabilt grunnlag for leverandørverksemdene i ein lang driftsfase.

Som eit første trinn i kraft- og industriløftet fekk Statnett i august 2025 konsesjon for ei ny 420 kV-leidning frå Skaidi til Lebesby. Forsyningstryggleik var vektlagt i konsesjonsvurderinga. Tiltaket kan òg legge til rette for ny kraftproduksjon og, saman med oppfølgingstiltak, auka forbruk i Aust-Finnmark. NVE og Statnett er bedt om å lage ein felles framdriftsplan for handsaminga av leidninga lenger austover i Finnmark. Statnett er vidare bedt om å prioritere arbeidet med utgreiing og eventuell søknad om ei ny styringseining som

gjør det mogleg å utnytte leidninga mellom Aust-Finnmark og Finland betre. Dette tiltaket legg til rette for nytt og auka forbruk i Aust-Finnmark.

Regjeringa følgjer opp strategiar for mineralutvinning på sokkelen og på land. Mineralprosjekt som Nussir og Sydvaranger gruve kan bli realisererte dei nærmaste åra og skape ny aktivitet i landsdelen. Ei ny minerallov for mineralressursar på land skal gjere det enklare å utvikle prosjekt, samstundes som samiske rettar blir ivarettatt.

Romverksemd og jordobservasjon er i vekst i nord, med Andøya Spaceport som sentralt knutepunkt. Regjeringa styrkjer tryggleiken og rammevilkåra for romrelatert næring, og har fremja ei ny lov for å støtte innovasjon og næringsutvikling. Regjeringa har etablert ei ny ordning som skal støtte opp om eit nasjonalt senter for jordobservasjon i Tromsø. Senteret skal bidra med kunnskap om klima, naturfare og aktivitet i nordområda.

Utbygging av fornybar energi, næring og infrastruktur er viktig for å utvikle livskraftige lokalsamfunn i nord, men må skje med omsyn til natur, samiske interesser og anna arealbruk. Regjeringa vil sikre gode og føreseielege prosessar med brei medverknad. Tiltakspakka for reindrift og energi skal styrkje medverknad, betre konsekvensutgreiingar og kompensere for ulemper. Samstundes har regjeringa sett mål om å redusere nedbygging av viktige naturareal innan 2030 og har fremja prinsipp for berekraftig arealforvaltning, der samfunnskritisk infrastruktur skal vektast tungt ved eventuelle arealkonfliktar.

Svalbard

Langsiktig forvaltning av Svalbard er i tråd med dei stortingsforankra måla, og medverkar til sikkerheit for befolkninga, stabilitet og ei føreseieleg utvikling i regionen.

I mai 2024 la regjeringa fram Meld. St. 26 (2023–2024) *Svalbard*. Svalbardmeldinga signaliserte regjeringa sine mål og moglege tiltak på Svalbard, tilpassa samfunnsutviklinga og andre relevante utviklingstrekk. Heilskaplege meldingar til Stortinget om Svalbard legg grunnlaget for ei stabil og føreseieleg forvaltning og legg føringar for aktiviteten framover. Meldinga inneheld to gjennomgåande tema som eit einstemmig Storting har slutta seg til: sterkare statleg styring og nasjonal kontroll på Svalbard, samt styrking av Longyearbyen for å halde oppe det norske familiesamfunnet.

Nasjonal kontroll bidrar mellom anna til å nå dei stortingsforankra måla for svalbardpolitikken. Å halde oppe norske samfunn på øygruppa er eitt

av desse måla, og mykje av stortingsmeldinga er retta mot dette målet. Den praktiske oppfølginga av svalbardmeldinga skjer ved gjennomføring av konkrete tiltak og i arbeidet med svalbardsaker i departementa. Sjå nærare omtale av meldinga i Prop. 1 S (2025–2026) *Svalbardbudsjettet*.

Jan Mayen

Norsk nærvær på Jan Mayen blir halde ved lag. Verksemda på Jan Mayen medverkar til norsk nordområdepolitikk, mellom anna innan meteorologi- og kommunikasjonstenester. Plasseringa gjer øya godt eigna for referansestasjonar for satellittbaserte navigasjonssystem. Delar av verksemda på Jan Mayen er direkte knytt til oppfølging av internasjonale pliktar, som drift av bakke-

stasjonar for satellittnavigasjonsprogramma til EU, og ein seismisk målestasjon for overvaking av avtalen om prøvestans. Forsvaret driftar Samfunnet Jan Mayen på oppdrag frå Justis- og beredskapsdepartementet.

Forsvarsbygg bygger nytt hovudbygg, ny stor-garasje og to naust på Jan Mayen, slik at aktiviteten på øya kan vidareførast. Arbeidet starta opp våren 2025. Ein ventar at nytt hovudbygg blir fullført i 2028.

Regjeringa foreslo i Prop. 47 S (2024–2025) å etablere nytt sjøfibersamband mellom Svalbard, Jan Mayen og fastlandet. Stortinget slutta seg til forslaget, jf. Innst. 174 S (2024–2025). Nytt sjøfibersamband har ei kostnadsramme på 2,8 mrd. kroner og skal etter planen vere operativt i 2028.

10 Lønsvilkår o.a. til leiarar i heileigde statlege verksemdar

Electronic Chart Centre AS

Lønnskostnaden for administrerande direktør utgjorde 1 362 030 kroner i 2024. Andre ytingar utgjorde 16 208 kroner, medan pensjonskostnaden var 170 254 kroner. Pensjonsordninga er sikra gjennom Statens Pensjonskasse. Det er ikkje avtalt noko etterlønnsordning for administrerande direktør.

Kommunalbanken AS

Administrerande direktør fekk utbetalt fastløn på 3 693 000 kroner i 2024, og fekk i tillegg 251 000 kroner i resultatbasert variabel løn. Andre ytingar

utgjorde 70 000 kroner. Pensjonskostnaden var 216 000 kroner. Administrerande direktør har som andre tilsette ei innskotsbasert pensjonsordning inntil 12 G, og er omfatta av den same ordninga for resultatbasert variabel løn som andre tilsette. Ordninga er avgrensa til 1,5 månadsløner og føreset at styrefastsette måltal er nådd.

Administrerande direktør har ei etterlønsavtale tilsvarande eitt års fastløn som blir utløynt etter særskilde vilkår. Opplysningar om godtgjersle til administrerande direktør går fram av lønsrapport for leiande tilsette i Kommunalbanken for 2024. Rapporten er publisert på Kommunalbanken si nettside.

11 Likestilling i verksemdene

Tabell 11.1 gir ei tilstandsrapportering om likestillingssituasjonen i Kommunal- og distriktsdepartementet og underliggende verksemdar.

Kjønnsbalansen i departementet når ein ser alle stillingskategoriar under eitt, er 66 pst. kvinner og 34 pst. menn. Departementet arbeider for lik løn mellom kjønna innan alle stillingskategoriar. Delen som arbeider deltid har gått opp for kvinner, men har gått ned for menn. Delen som er

mellombels tilsett har auka både for kvinner og menn. I 2024 var det berre kvinner som tok ut foreldrepermisjon, men både kvinner og menn har høve til å tilpasse arbeidstida i småbarnsperioden. Framleis har kvinner noko høgare legemeld sjukefråvær enn menn.

For nærare omtale av dei underliggende verksemdene blir det vist til årsrapportane deira.

Tabell 11.1 Tilstandsrapportering i departementet og underliggende verksemdar

		Kjønnsbalanse			Kvinner løn i % av menn	Deltid		Mellombels tilsetting		Foreldre- permisjon (fordeling)		Legemeld sjukefråvær	
		M%	K%	Total	(kr/%)	M%	K%	M%	K%	M%	K%	M%	K%
Kommunal- og distriktsdepartementet	2024	34	66	250	96,5	1,2	4,2	4,3	4,8	0	100	0,8	3,8
	2023	39	61	375	98,4	2,1	2,3	1,3	2,8	20	80	3,41	5,13
Direktoratet for byggkvalitet	2024	40	60	93	94	2,7	7,1	2,7	5,4	10	90	2,2	6,5
	2023	40	60	92	92	2,7	1,8	0	1,8	0	100	2,7	4,9
Kompetansesenter for distriktsutvikling	2024	30	70	27	100,4	0	0	0	0	0	100	0	5,5
	2023	32	68	28	101	3,7	0	0	0	0	100	0	9
Husbanken	2024	46,5	53,5	303	90,4	4,3	7,4	2,1	0	39	61	3,2	5,3
	2023	48,1	51,9	285	91,4	4,4	8,8	2,9	1,4	37	63	2,5	5,8
Husleigetvistutvalet	2024	21	79	42	81,7	0	3	11,1	15,2	0	100	0,6	4,4
	2023	25,7	74,3	35	87	0	7,7	11,1	7,7	25	75	0	8,2
Internasjonalt reindriftssenter	2024	55	45	11	81	9,1	18,2	18,2	18,2	0	0	18,2	9,1
	2023	54	46	13	73,1	57,1	50	28,6	66,7	0	100	5,7	23,9
Kartverket	2024	48,7	51,3	803	90,9	1,5	5,9	1,9	2,4	44,3	55,7	3	6,2
	2023	48,5	51,5	808	91	1,2	5,8	1,8	1,1	34,6	65,4	2,5	6,1
Valdirektoratet	2024	63,9	36,1	35	100,3	0	0	4,3	15,4	56,2	43,8	3,8	6,1
	2023	59,5	40,5	33	100,9	0	0	9,1	13,3	100	0	0,3	1,3

Kommunal- og distriktsdepartementet

t i l r å r :

I Prop. 1 S (2025–2026) om statsbudsjettet for år 2026 blir dei forslag til vedtak førde opp som er nemnde i eit framlagt forslag.

Forslag

Under Kommunal- og distriktsdepartementet blir i Prop. 1 S (2025–2026) statsbudsjettet for budsjettåret 2026 dei forslag til vedtak som følgjer førde opp:

Kapitla 500–595, 2412, 3500–3595, 5312, 5615, 5616 og 5635

I

Utgifter:

Kap.	Post		Kroner	Kroner
Administrasjon				
500		Kommunal- og distriktsdepartementet		
	01	Driftsutgifter	316 223 000	
	21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast, kan nyttast under post 70</i>	54 111 000	
	50	Forskingssenter	10 400 000	
	70	Diverse føremål, <i>kan overførast, kan nyttast under post 21</i>	3 376 000	
	72	Noregs forskingsråd, <i>kan overførast</i>	78 735 000	462 845 000
		Sum Administrasjon		462 845 000
Distrikts- og regionalpolitikk				
553		Regional- og distriktsutvikling		
	60	Kompetanse og arbeidskraft i distrikta	74 674 000	
	61	Mobiliserande og kvalifiserande næringsutvikling	793 553 000	
	63	Interreg, Arktis 2030 og det norske Barentssekretariatet	163 400 000	
	65	Omstilling og utvikling i område med særlege distriktsutfordringar	129 000 000	
	66	Bygdeveksttaler, <i>kan overførast</i>	73 963 000	
	67	Utviklingstiltak i Andøy kommune	25 000 000	
	69	Mobilisering til forskingsbasert innovasjon	6 386 000	
	76	Nordisk og europeisk samarbeid, <i>kan overførast</i>	18 659 000	1 284 635 000
554		Kompetansesenter for distriktsutvikling		
	01	Driftsutgifter	39 297 000	
	73	Merkur, <i>kan overførast</i>	79 573 000	118 870 000
		Sum Distrikts- og regionalpolitikk		1 403 505 000

Kap.	Post		Kroner	Kroner
Samiske føremål				
560	Samiske føremål			
	50	Samisk språk, kultur og samfunnsliv	772 881 000	
	51	Divvun	13 893 000	
	55	Samisk høgskule	9 302 000	796 076 000
563	Internasjonalt reindriftssenter			
	01	Driftsutgifter	7 017 000	
	21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	3 377 000	10 394 000
		Sum Samiske føremål		806 470 000
Nasjonale minoritetar				
567	Nasjonale minoritetar			
	60	Romar, <i>kan overførast</i>	7 475 000	
	70	Nasjonale minoritetar, <i>kan overførast</i>	12 433 000	
	72	Dei jødiske samfunna i Noreg	17 958 000	
	73	Kvensk språk og kvensk/norskfinsk kultur, <i>kan overførast</i>	25 120 000	
	74	Kultur- og ressurscenter for norske romar	21 197 000	
	75	Romanifolket/taterane, <i>kan overførast</i>	6 264 000	90 447 000
		Sum Nasjonale minoritetar		90 447 000
Kommunesektoren mv.				
571	Rammetilskot til kommunar			
	21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	23 999 000	
	60	Innbyggartilskot	198 136 710 000	
	61	Distriktstilskot Sør-Noreg	812 005 000	
	62	Distriktstilskot Nord-Noreg	2 670 719 000	
	64	Skjønstilskot	1 030 000 000	
	66	Veksttilskot	125 923 000	
	67	Storbytilskot	688 358 000	203 487 714 000
572	Rammetilskot til fylkeskommunar			
	60	Innbyggartilskot	54 711 049 000	
	62	Nord-Noreg-tilskot	842 724 000	55 553 773 000
575	Ressurskrevjande tenester			
	60	Toppfinansieringsordning, <i>overslagsløyving</i>	14 249 945 000	
	61	Tilleggskompensasjon	95 899 000	14 345 844 000
577	Tilskot til dei politiske parti			
	01	Driftsutgifter	8 333 000	

Kap.	Post		Kroner	Kroner
	70	Sentrale organisasjonar	403 887 000	
	71	Kommunale organisasjonar	42 156 000	
	73	Fylkesorganisasjonar	92 124 000	
	75	Fylkesungdomsorganisasjonar	33 375 000	
	76	Sentrale ungdomsorganisasjonar	16 387 000	596 262 000
578		Valdirektoratet		
	01	Driftsutgifter	78 046 000	78 046 000
579		Valutgifter		
	01	Driftsutgifter	8 832 000	8 832 000
		Sum Kommunesektoren mv.		274 070 471 000
		Bustad, bumiljø og bygg		
581		Bustad- og bumiljøtiltak		
	70	Bustøtte, <i>overslagsløyving</i>	4 280 000 000	
	72	Etablering og tilpassing i distriktskommunar, <i>kan overførast</i>	11 000 000	
	76	Utleigebustader, <i>kan overførast</i>	26 664 000	
	78	Bustadtiltak, <i>kan overførast</i>	39 242 000	4 356 906 000
587		Direktoratet for byggkvalitet		
	01	Driftsutgifter	173 865 000	
	22	Kunnskapsutvikling og informasjonsformidling, <i>kan overførast</i>	45 859 000	219 724 000
		Sum Bustad, bumiljø og bygg		4 576 630 000
		Planlegging, byutvikling og geodata		
590		Planlegging og byutvikling		
	63	FutureBuilt	5 000 000	
	65	Områdesatsing i byar, <i>kan overførast</i>	144 850 000	
	71	DOGA	51 048 000	
	72	Bustad- og områdeutvikling i byar, <i>kan overførast</i>	20 527 000	
	81	Kompetansetiltak innan planlegging og geodata, <i>kan overførast</i>	10 235 000	231 660 000
595		Statens kartverk		
	01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 21 og 45</i>	1 105 429 000	
	21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast, kan nyttast under post 01 og 45</i>	332 935 000	
	30	Geodesiobservatoriet, <i>kan overførast</i>	33 000 000	1 471 364 000
		Sum Planlegging, byutvikling og geodata		1 703 024 000

Kap.	Post	Kroner	Kroner
Statsbankane			
2412	Husbanken		
	01 Driftsutgifter	523 352 000	
	21 Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	12 879 000	
	45 Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	47 079 000	
	71 Tap på lån	25 000 000	
	72 Rentestøtte	200 000	
	90 Nye lån, <i>overslagsløyving</i>	31 317 000 000	31 925 510 000
	Sum Statsbankane		31 925 510 000
	Sum departementets utgifter		315 038 902 000

Inntekter:

Kap.	Post	Kroner	Kroner
Kommunal- og distriktsdepartementet			
3563	Internasjonalt reindriftssenter		
	02 Diverse inntekter	3 377 000	3 377 000
3587	Direktoratet for byggkvalitet		
	04 Gebyr	41 088 000	
	85 Diverse inntekter	115 000	41 203 000
3595	Statens kartverk		
	01 Gebyrinntekter tinglysing	489 139 000	
	02 Sal og abonnement m.m.	171 966 000	
	03 Samfinansiering	207 200 000	868 305 000
	Sum Kommunal- og distriktsdepartementet		912 885 000
Ymse inntekter			
5312	Husbanken		
	01 Gebyr utlån m.m.	5 500 000	
	02 Gebyr husleigetvistar	5 947 000	
	11 Diverse inntekter	70 448 000	
	90 Avdrag	14 153 000 000	14 234 895 000
	Sum Ymse inntekter		14 234 895 000
Renter og utbytte mv.			
5615	Husbanken		
	80 Renter	8 480 000 000	8 480 000 000
5616	Kommunalbanken AS		
	85 Aksjeutbytte	700 000 000	700 000 000
5635	Electronic Chart Centre AS		
	85 Utbytte	3 000 000	3 000 000
	Sum Renter og utbytte mv.		9 183 000 000
Sum departementets inntekter			24 330 780 000

Fullmakter til å overskride gitte løyvingar

II

Meirinnteksfullmakter

Stortinget samtykker i at Kommunal- og distriktsdepartementet i 2026 kan:

overskride løyvinga under	mot tilsvarende meirinntekter under
kap. 500 post 01	kap. 3500 post 01
kap. 554 post 01	kap. 3554 post 01
kap. 563 post 21	kap. 3563 post 02
kap. 587 post 01	kap. 3587 post 04
kap. 595 post 01	kap. 3595 postane 02 og 03
kap. 595 post 21	kap. 3595 postane 02 og 03
kap. 595 post 45	kap. 3595 post 04
kap. 2412 post 01	kap. 5312 post 02

Meirinntekt som gir grunnlag for overskriding, skal òg dekke meirverdiavgift knytt til overskridinga, og påverkar derfor òg kap. 1633, post 01 for dei statlege forvaltingsorgana som inngår i nettoordninga for meirverdiavgift. Meirinntekter og eventuelle mindre-inntekter blir tatt med i berekninga av overføring av ubrukt løyving til neste år.

III

Forskot på rammetilskot

Stortinget samtykker i at Kommunal- og distriktsdepartementet i 2026 kan utgiftsføre utan løyving:

1. inntil 500 mill. kroner på kap. 571 Rammetilskot til kommunar, post 90 Forskot på rammetilskot som forskot på rammetilskot for 2027 til kommunar.
2. inntil 200 mill. kroner på kap. 572 Rammetilskot til fylkeskommunar, post 90 Forskot på rammetilskot som forskot på rammetilskot for 2027 til fylkeskommunar.

IV

Fullmakt til forskotering i eksternt
finansierte prosjekt og postering mot
mellomverande med statskassa

Stortinget samtykker i at Kommunal- og distriktsdepartementet i 2026 kan gi Internasjonalt reindriftssenter fullmakt til å starte opp prosjekt før ekstern finansiering i si heilheit er innbetalt, så framt Internasjonalt reindriftssenter har fått bindande tilsegn om tilskot frå eksterne partar. Fullmakta avgrensast opp til 5 mill. kroner og gjelder utgifter som vil bli ført på kap. 563 Internasjonalt reindriftssenter, post 21 Spesielle driftsutgifter mot tilsvarende meirinntekter ført på kap. 3563 Internasjonalt reindriftssenter, post 02 Diverse inntekter.

Kommunal- og distriktsdepartementet kan gi Internasjonalt reindriftssenter fullmakt til å føre utgifter knytt til eksternt finansierte prosjekt mot mellomverande med statskassa inntil ekstern finansiering blir mottatt. Deretter utliknast fordringa i mellomverande ved utgiftsføring på kap. 563, post 21 og mottatt ekstern finansiering inntektsførast på kap. 3563, post 02.

V

Samfinansiering Statens kartverk

Stortinget samtykker i at Kommunal- og distriktsdepartementet i 2026 kan gi Statens kartverk fullmakt til å setje i gang samfinansierte prosjekt før finansieringa i sin heilskap er innbetalt til Statens kartverk, så framt det er inngått ein bindande avtale med forsvarleg sikkerheit om innbetaling

mellom partane. Fullmakta blir avgrensa opp til 90 mill. kroner og gjeld utgifter ført på kap. 595 Statens kartverk, post 21 Særskilde driftsutgifter mot inntekter ført på kap. 3595 Statens kartverk, post 03 Samfinansiering.

Fullmakter til å pådra staten forpliktingar utover gitte løyvingar

VI

Bestillingsfullmakter

Stortinget samtykker i at Kommunal- og distriktsdepartementet i 2026 kan gi Statens kartverk fullmakt til å foreta bestillingar av kartgrunnlag ut over gitt løyving under kap. 595 Statens kartverk,

post 21 Særskilde driftsutgifter, men slik at ramma for nye bestillingar og gammalt ansvar ikkje overstig 40 mill. kroner.

VII

Tilsegnfullmakter

Stortinget samtykker i at Kommunal- og distriktsdepartementet i 2026 kan gi tilsegn om tilskot ut over gitte løyvingar, men slik at samla ramme for nye tilsegn og gammalt ansvar ikkje overstig følgande beløp:

Kap.	Post	Nemning	Samla ramme
500		Kommunal- og distriktsdepartementet	
	72	Noregs forskingsråd	236,4 mill. kroner
567		Nasjonale minoritetar	
	74	Kultur- og ressurscenter for norske romar	4,5 mill. kroner
581		Bustad- og bumiljøtiltak	
	78	Bustadtiltak	28 mill. kroner
590		Planlegging og byutvikling	
	72	Bustad- og områdeutvikling i byar	22,8 mill. kroner

VIII

Fullmakt til å pådra staten forpliktingar i investeringsprosjekt
Stortinget samtykker i at Kommunal- og distriktsdepartementet i 2026 kan gjennomføre investeringsprosjekta, medrekna å gjere bestillingar, innanfor kostnadsrammer som vist nedanfor:

Prosjekt	Etat	Samla ramme
Jordobservatorium i Ny-Ålesund	Kartverket	464,7 mill. kroner
Fellesløysingar i den geografiske infrastrukturen	Kartverket	338,4 mill. kroner

Fullmaktene gjeld òg forpliktingar som blir inngått i seinare budsjettår og innanfor kostnadsrammene for prosjekta. Kostnadsrammene er i prisnivå per 1. juli 2026. Kommunal- og distriktsdepartementet blir gitt fullmakt til å prisjustere kostnadsrammene i seinare år.

Andre fullmakter

IX

Husbankens låneramme

Stortinget samtykker i at Husbanken i 2026 kan gi tilsegn om lån for 32 mrd. kroner. Låna vil bli utbetalt i 2026 og seinare år.

X

Tilskot utan krav om tilbakebetaling

Stortinget samtykker i at Kommunal- og distriktsdepartementet i 2026 kan tildele midlar til fylkeskommunane som tilskot utan krav om tilbakebetaling under kap. 553 Regional- og distriktsutvikling, post 60 Kompetanse og arbeidskraft i distrikta, post 61 Mobiliserande og kvalifiserande næringsutvikling, post 63 Interreg, Arktis 2030 og det norske Barentssekretariatet, post 65 Omstilling og utvikling i område med særlege distriktsutfordringar og post 69 Mobilisering til forskingsbasert innovasjon.

XI

Overføring av udisponert beløp

Stortinget samtykker i at Kommunal- og distriktsdepartementet kan overføre udisponert beløp på kap. 567 Nasjonale minoritetar, post 75 Romani-folket/taterane frå 2026 til 2027.

XII

Fullmakt til postering mot mellomværet med statskassa

Stortinget samtykker i at Kommunal- og distriktsdepartementet i 2026 kan gi Husbanken fullmakt til å føre utbetalningar knytt til utlegg i låne- og tilskotsforvaltninga og tilhøyrande refusjonar mot mellomværet med statskassa.


Vedlegg 1

Den breie distriktpolitikken

Omtalen skal vise statleg innsats og tiltak under departementa sine budsjett som er viktige for å nå regional- og distriktpolitiske mål.

Mange landsdekkande ordningar er viktige for å nå dei regional- og distriktpolitiske måla. Det gjeld til dømes fleire ulike samferdselstiltak, høgare utdanning, forskning og utvikling, arbeidsmarknadstiltak og generelle overføringar til kommunane. Desse er likevel ikkje tatt med i oversikta, fordi det er problematisk å skilje ut regional- og distriktpolitiske delar frå heilskapen.

For 2026 foreslår regjeringa at det blir løyvd om lag 1,4 mrd. kroner over programkategori 13.50. Dette må sjåast i samanheng med omfanget av den breie distriktpolitikken, som i forslaget for 2026 utgjer om lag 75,6 mrd. kroner. Dette er ein auke på 3,9 pst. samanlikna med saldert budsjett for 2025. Figur 1.1 viser korleis den breie distriktpolitikken har utvikla seg sidan 2010.



Figur 1.1 Utvikling i den breie distriktpolitikken 2010–2026

Tiltaka er delte i to kategoriar:

- Kategori A: Tiltak og ordningar som har grunngiving i distriktpolitiske mål, eller som favoriserer distriktsområde, ut over å jamne ut, for å oppnå likeverdige tilbod.
- Kategori B: Tiltak og ordningar som skal jamne ut og kompensere mellom geografiske område, eller som er særleg viktige for verdiskaping, sysselsetting eller busetting i distriktsområde.

Økonomisk politikk

Økonomisk politikk utgjør om lag 43 pst. av innsatsen. Den differensierte arbeidsgivaravgifta er det største enkelttiltaket, med eit anslått provenytap på 25,2 mrd. kroner i 2026. Sjå òg tabell 1.5 og 1.6 for økonomisk politikk.

Tabell 1.1 Økonomisk politikk

(i 1 000 kr)						
Tiltak/ordning	Dep.	Kat.	Kap./post	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
Differensiert arbeidsgivaravgift i privat sektor	FIN	A	inntektstap	12 910 000	13 480 000	14 020 000
Differensiert arbeidsgivaravgift i offentlig sektor	FIN	A	inntektstap	10 290 000	10 740 000	11 170 000

Næringspolitikk

Størstedelen av tabell 1.2 viser tilskotsordningar til landbruket. Viktige tiltak retta mot fiskerinæringa er òg tatt med.

Landbruk er tradisjonelt ei av dei viktigaste næringane i distrikta. I dei årlege jordbruksoppgjera blir det forhandla om storleiken på tilskota til landbruket. Ein del tilskot innanfor landbruket har distriktpolitisk grunngeving, til dømes pristilskota for mjølk og kjøt og distriktstilskot for frukt, bær, grønsaker og poteter. Desse tilskota går derfor inn under kategori A.

Tabell 1.2 Næringspolitikk

(i 1 000 kr)						
Tiltak/ordning	Dep.	Kat.	Kap./post	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
Pristilskot mjølk	LMD	A	1150/73.13	1 299 405	1 532 928	1 565 914
Pristilskot grøntsektoren	LMD	A	1150/73.17	354 105	361 052	379 652
Pristilskot kjøt	LMD	A	1150/73.15	1 657 668	1 758 024	1 920 956
Distriktstilskot egg	LMD	A	1150/73.16	5817	5 400	6 499
Driftstilskot mjølk og kjøt	LMD	B	1150/74.11	2 791 207	2 925 113	2 926 615
Tilskot husdyr	LMD	B	1150/74.14	4 709 945	4 959 373	5 047 661
Pristilskot ull	LMD	B	1150/73.11	109 749	117 740	117 740
Areal- og kulturlandskapstilskot	LMD	B	1150/74.17	5 567 300	6 072 052	6 136 300
Frakttilskot	LMD	B	1150/73.18	484 074	547 000	569 000
Frådrag i positiv næringsinntekt for jordbruk	FIN	B	inntektstap	810 000	850 000	850 000
Til gjennomføring av reindrifftsavtala	LMD	B	1151	200 000	225 000	250 000
Tiltak for berekraftig reindrift	LMD	B	1142/71	3 106	5 926	5 918

Tabell 1.2 Næringspolitikk

(i 1 000 kr)						
Tiltak/ordning	Dep.	Kat.	Kap./post	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
Frådrag i positiv næringsinntekt for reindrift	FIN	B	inntektstap	11 000	12 000	12 000
Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL)	LMD	B	1150/50	200 000	220 000	230 000
Tilskot til drenering	LMD	B	1150/50	142 000	148 000	151 000
Tilskot til dyreavl m.m.	LMD	B	1150/77.11	117 075	147 496	157 770
Tilskot til regionale miljøprogram	LMD	B	1150/74.19	1 006 100	1 106 100	1 146 100
Bedriftsretta midlar til investering og utvikling	LMD	B	1150/50	1 220 500	1 275 500	1 312 500
Regionale tilretteleggingsmidlar ¹	LMD	B	1150/50	41 000	61 000	64 000
Skattefritak for investering i landbruket (IBU-midlar) under LMD	FIN	A	inntektstap	310 000	310 000	310 000
Skattefritak for distriktsretta investeringsstøtte	FIN	A	inntektstap	200 000	200 000	200 000
Høgare avskrivingssats for husdyrbygg	FIN	B	inntektstap	40 000	40 000	40 000
Skogfondsordninga	FIN	B	inntektstap	260 000	280 000	280 000
Direkte utgiftsføring av skogsveginvesteringar	FIN	B	inntektstap	50 000	50 000	50 000
Låg skogfaktor i formuesskatten	FIN	B	inntektstap	9 000	9 000	9 000
Rentestøtte – utbetalningar	LMD	B	1150/50	40 000	35 000	33 900
Verdiskapingsprogrammet for fornybar energi og teknologiutvikling i landbruket	LMD	B	1150/50	222 000	237 000	228 000
Skogbruk	LMD	B	1150/50	270 000	275 000	279 000
Administrasjonsstøtte for distriktsretta såkornfond	NFD	B	952/70	8 159	8 400	8 400
Tilskot til kommunar og fylkeskommunar ²	NFD	B	919/60	4 695 403	1 244 000	1 563 200
Tilskot til kommunale ungdomsfiskeprosjekt	NFD	B	919/61	1 655	2 200	2 281
Tilskot for kompensasjon for CO ₂ – avgift	NFD	B	919/73	346 800	500 400	640 400
Tilskot til næringstiltak i fiskeria	NFD	A	919/75	53 988	22 940	38 766
Testfasilitetar i distrikta	NFD	B	2426/71	214 342	218 490	218 496
Særskilt frådrag for fiskarar	FIN	B	inntektstap	240 000	250 000	250 000

Tabell 1.2 Næringspolitikk

(i 1 000 kr)						
Tiltak/ordning	Dep.	Kat.	Kap./post	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
Berekraftig matproduksjon i nord	LMD	B	1150/50	17 000	25 000	20 000
Fjellandbruket	LMD	B	1150/50	3 000	3 000	4 000
Regionale kompetansenettverk for lokalmat	LMD	B	1150/50	14 700	15 000	21 000
Utsira kommune – havvindutvikling	ED	B	1800/60	0	0	3 000
Fordeling av inntekt frå avgift på vindkraft	ED	B	1820/62	278 630	371 000	360 000

¹ Auken skuldast delvis at tilskotsramma for regionale kompetansemidlar på 14 mill. kroner er innlemma i ordninga.

² Kommunane og fylkeskommunane sin del av vederlag for tildelte oppdrettsløyve.

Infrastruktur

Samferdsle handlar mellom anna om å knyte landsdelar saman og å korte ned avstandar, kostnader og reisetid mellom by og land. Satsinga i transportsektoren har over tid gitt kortare reisetider på veg og jernbane, og transporttilbodet i distrikta er blitt meir attraktivt mellom anna gjennom lågare prisar på ferjer og regionale flyruter.

Tabell 1.3 viser fleire tiltak som skal medverke til å redusere ekstrakostnader som følgje av avstandsulempar. Tabellen viser òg tiltak til førebygging og krise- og hastetiltak i samband med flaum og skred.

Tabell 1.3 Infrastruktur

(i 1 000 kr)						
Tiltak/ordning	Dep.	Kat.	Kap./post	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
Kjøp av innanlandske flyruter	SD	B	1310/70	2 062 976	2 427 100	2 498 800
Rentekompensasjon for transporttiltak i fylka	SD	B	1320/61	501 300	450 700	400 000
Tilskot til skulevegar og nærmiljø	SD	B	1320/66	17 158	40 000	41 500
Militær mobilitet på fylkesvegar	SD	B	1320/67	0	50 000	102 000
Kjøp av sjøtransporttenester på strekninga Bergen–Kirkenes	SD	B	1330/70	1 240 260	1 228 400	1 238 300
Kjøp av posttenester	SD	B	1370/70	1 767 629	1 890 500	2 012 000
Tilskot til breibandutbygging	DFD	B	1541/60	400 031	415 632	34 110
Tilskot til telesikkerheit og -beredskap	DFD	B	1543/70	187 992	195 136	421 161
Funksjonell internettgang og telefoneneste til alle	DFD	B	1543/71	10 573	5 975	10 000
Tilskot til fiskerihamneanlegg	NFD	B	916/60	31 235	80 514	83 493

Tabell 1.3 Infrastruktur

(i 1 000 kr)						
Tiltak/ordning	Dep.	Kat.	Kap./post	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
Tilskot til effektive og miljøvenlege hamner	NFD	B	916/71	58 193	128 660	133 292
Flaum- og skredførebygging	ED	B	1820/22	338 226	353 000	383 000
Krise- og hastetiltak i samband med flaum- og skredhendingar	ED	B	1820/25	69 307	100 000	150 000
Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald	ED	B	1820/45	20 797	32 000	39 000
Tilskot til flaum- og skredførebygging	ED	B	1820/60	33 801	100 000	210 000
Tilskot til krise- og hastetiltak i samband med flaum- og skredhendingar	ED	B	1820/61	108 383	100 000	0
Tilskot til flaum- og skredførebygging	ED	B	1820/72	8 653	0	0
Tilskot til utjamning av overføringstariffar	ED	B	1820/73	18 000	18 000	0
Tilskot til energitiltak i kommunale bygg	ED	B	1825/60	23 472	450 000	300 000
Tilskot til verdiskapingstiltak i skogbruket	LMD	B	1149/71	53 237	53 603	37 932
Tilskot til grøn skipsfart ¹	KLD	B	1420/62	33 674	34 027	20 000

¹ I tillegg blir det foreslått ei tilsegnsfullmakt på 616,5 mill. kroner, av dette er 200 mill. kroner til nye tilsegn til hurtigbåtprogrammet i 2026.

Velferd, oppvekst, sikkerheit, rettstryggleik og miljø

Det er eit overordna mål at helsetenestetilbodet skal vere likeverdig, uavhengig av bustad, alder, kjønn og sosial status. Dette blir sikra gjennom midlar til spesialisthelsetenesta og gjennom rammeoverføringer til kommunesektoren. Viktige tiltak er tilskot som skal medverke til å styrkje stabiliteten og rekrutteringa til allmennlegetenesta og andre helsetenester i distrikta.

På kulturområdet viser tabell 1.4 ordningar som i hovudsak er knytt til tilbodet i distrikta og i landsdelar utanfor det sentrale Austlandet. Generelle landsdekkande velferdsordningar, som arbeidsmarknadstiltak, er ikkje tatt med i oversikta.

Det vart i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2024 gitt auka løyving til eit løft for rettstryggleiken, mellom anna for å sikre nærleik til domstolane og dermed god rettstryggleik i heile Noreg. Tiltaka er foreslått vidareførte i 2025 og 2026.

Regjeringa etablerer ei ny gjeldssletteordning i Lånekassen for personar som er busette og arbeider i distrikta. Regjeringa foreslår å løyve 268 mill. kroner til ordninga i 2026.

Tabell 1.4 Velferd, oppvekst, sikkerheit, rettstryggleik og miljø

(i 1 000 kr)						
Tiltak/ordning	Dep.	Kat.	Kap./post	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
Tilskot til apotek ¹	HOD	B	717/70	5 434	7 302	
Rekruttering og fagleg utvikling i allmennlegetenesta	HOD	B	760/71	6 000	6 200	5 700
Fraktfusjonsordning for legemiddel ¹	HOD	B	717/70	3 899	4 194	
Sjukestovefinansiering, Finnmark ²	HOD	A	732/70	11 700	12 230	12 600
Tilskot til legevaktordning i distrikta	HOD	A	760/60	70 000	72 100	73 500
Landsdelsmusikarordninga i Nord-Noreg	KUD	A	323/60	25 400	26 390	27 360
Musikk- og scenekunstinstitusjonar	KUD	B	323/70	2 852 495	3 045 520	3 185 785
Det nasjonale museumsnettverket	KUD	B	328/70	2 523 800	2 615 711	2 722 065
Riksteateret	KUD	B	323/01	105 740	106 760	107 018
Riksteateret – turnéverksemd	KUD	B	323/21	70 000	72 000	74 516
Kulturtanken (tidl. Rikskonsertane)	KUD	B	325/01	68 457	69 300	74 803
Regionale kulturfond	KUD	B	325/60		75 000	40 000
Regionale filmtiltak m.m.	KUD	A	334/73	145 000	150 400	154 180
Film- og dataspeltiltak	KUD	A	334/78	39 265	39 010	40 330
Erstatning for beitedyr tekne av rovvilt	KLD	B	1420/72	162 657	148 878	163 878
Tilskot til rovvilttiltak	KLD	B	1420/73	73 148	71 706	51 706

Tabell 1.4 Velferd, oppvekst, sikkerheit, rettstryggleik og miljø

(i 1 000 kr)						
Tiltak/ordning	Dep.	Kat.	Kap./post	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
Tilskot til verdiskapingsarbeid på kulturmiljøområdet	KLD	B	1429/77	7 986	12 148	20 425
Tilskot til klimatiltak- og klimatilpassing i kommunane ³	KLD	B	1420/61	153 594	273 300	250 735
Tilskot til bustadtiltak i distrikta ⁴	KDD	A	581/78	21 000	21 000	0
Tilskot til tilpassing og etablering i distriktskommunar	KDD	A	581/72		17 000	11 000
Ytterlegare redusert makspris i barnehage i kommunar med sentralitetsindeks 5 og 6 ⁵	KDD	A	571/60	72 340	173 700	174 500
Pilot for desentralisert politiutdanning i Alta	JD	B	442/01	15 500	15 500	15 500
Desentralisert deltidsstudium for fengselsbetjentar	JD	B	430/01 432/01			61 600
Styrking av intensivberedskap ved Kirkenes sjukehus	HOD	A	732/70	15 000	15 700	16 200
Rekrutterings- og samhandlingstilskot	HOD	B	732/70	40 000	286 000	334 200
Endringar i domstolstrukturen – vidareføring av auken i revidert nasjonalbudsjett 2024 ⁵	JD	A	410/01		50 300	28 100
Tilsynsråd for kriminalomsorga – etablering av sekretariat i Vardø ⁵	JD		473/01		12 500	1 669
Tilskot til næringsmiddelbedrifter i Troms og Finnmark	LMD	B	1142/81		14 000	0
Beredskapslager matmjøl	LMD	B	1142/80		1 000	0
Driftskostnader gjeldssletteordning i distrikta	KD	A	2410/01		13 000	7 000
Gjeldssletteordning i distrikta	KD	A	2410/73			268 000

¹ Summane for 2026 blir avklart i tildelingsbrev.

² Det blir ikkje ført rekneskap for enkelttilskot på kap. 732, post 70. Tala viser løyving frå HOD i 2024.

³ I tillegg blir det foreslått ei tilsegnfullmakt på 444,8 mill. kroner, av dette er 8 mill. kroner til å inngå nye tilsegn.

⁴ Frå 2026 foreslår regjeringa å legge om ordninga til følgjande to tilskot: tilskot til bustadtiltak og tilskot til leigebuarorganisasjonar. Tilskot til bustadtiltak skal framleis gå til utvikling av nye arbeidsmetodar, bustadkonsept, løysingar og kunnskap som møter lokale bustadpolitiske utfordringar i byar og distrikt, men øyremerkinga av tilskot til distrikt går ut.

⁵ Tala viser auken samanlikna med saldert budsjett for 2024.

Spesielle tiltak for innsatssona i Nord-Troms og Finnmark fylke

Tabell 1.5 viser ei oversikt over viktige ordningar som berre gjeld for innsatssona i Nord-Troms og Finnmark fylke. Dei viktigaste ordningane er innanfor skatte- og avgiftspolitikken. Regjeringa foreslår å auke Finnmarksfrådraget frå 30 000 kroner til 45 000 kroner i 2026, sjå Prop. 1 LS (2025–2026) *Skatter og avgifter 2026*. Den mest omfattande ordninga er fritaket for arbeidsgivaravgift, som kjem inn under den samla summen for differensiert arbeidsgivaravgift i tabell 1.1.

Tabell 1.5 Særskilde tiltak for Finnmark og Nord-Troms

(i 1 000 kr)							
Politikkområde	Tiltak/ordning	Dep.	Kat.	Kap./post	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
Økonomisk politikk	Lågare skatt på alminneleg inntekt ¹	FIN	A	inntektstap	830 000	880 000	920 000
	Særskilt frådrag i alminneleg inntekt (Finnmarksfrådraget) ¹	FIN	A	inntektstap	360 000	360 000	550 000
	Låg sats og fritak for el-avgift i innsatssona	FIN	A	inntektstap	467 000	444 000	129 000
	Frådrag i positiv næringsinntekt for skiferdrivarar i innsatssona	FIN	A	inntektstap	1 000	1 000	1 000
	Differensiert arbeidsgivaravgift	FIN	A	inntektstap	4 660 000	4 860 000	5 060 000
Utdanning og omsorg	Ettergiving av utdanningslån	KD	A	2410/73	175 444	179 789	348 828
	Ettergiving av utdanningslån for kvalifiserte grunnskulelærarar i innsatssona	KD	A	2410/73	7 695	7 572	7 695
	Gratis barnehagar	KDD	A	571/60	151 871	130 900	97 800
	Ekstra barnetrygd (Finnmarkstillegget)	BLD	A	854/70		27 000	103 000

¹ Samspelsverknader i LOTTE-Skatt gjer at inntektstapet av desse skattetilaka sett under eitt er høgare enn summen av tiltaka kvar for seg.

På fleire politikkområde er det etablert særordningar og prioritet i verkemiddelbruken for Nord-Noreg, i tillegg til ordninga for innsatssona. Sjø del 3 for oversikt over regjeringa sine tiltak og prioriteringar i Nord-Noreg.

Tabell 1.6 viser fordelten av fritak for meirverdiavgift på straum og rammetilskot i kommuneøkonomien. Postane under kap. 571 er nærare omtalte under programkategori 13.70.

Tabell 1.6 Tiltak som prioriterer Nord-Noreg og rammetilskot til kommunar og fylkeskommunar

(i 1 000 kr)						
Tiltak/ordning	Dep.	Kat.	Kap./post	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
0-sats for meirverdiavgift ved forbruk av elektrisk kraft og energi frå andre fornybare energikjelder i Nord-Noreg	FIN	A	inntektstap	936 000	737 000	791 000
Rammetilskot til kommunar, Distriktstilskot Sør-Noreg	KDD	A	571/61	874 619	833 224	812 005
Rammetilskot til kommunar, Distriktstilskot Nord-Noreg	KDD	A	571/62	2 429 852	2 576 545 2 670 719	
Rammetilskot til fylkeskommunar, Nord-Noreg-tilskot	KDD	A	572/62	773 174	812 094	842 724

Bestilling av publikasjonar

Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa
publikasjoner.dep.no
Telefon: 22 24 00 00

Publikasjonane er også tilgjengelege på
www.regjeringen.no

Trykk: Aksell AS – 10/2025

